9	Etablere sosiale møtestadar i sentrum med sitjeplassar og leikeområde		
10	Gjere delar av sentrum bilfritt		
11	Det skal leggst til rette for bustadbygging i alle bygdelag	X	
12	Etablere eit eldresenter i sentrum		
13	Byggje ungdomsbustadar i sentrum	X	
14	Kommunen skal opparbeide seg tilstrekkeleg kommunal bustadmasse for å dekkje eigne behov		
15	Det skal leggst til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg	X	
16	Utvikle grøntområder i sentrum og aktivisere Parken		
17	Utvikle kai og strandområdet på Leikong	X	
18	Vidareutvikle Heid tursti og området rundt	X	
19	Opparbeide trapp frå Ura til Heid	X	

20	Vidareutvikle og betre turstien rundt Djupvikvatnet	X	
21	Promotere tilbodet om bygdevandring med lokalhistorikar i tilknytning til dei årlege festivalane		
Infrastruktur			
1	Etablere hurtigbåtanløp: Fosnavåg by – Ålesund	X	
2	Vurdere å etablere djupvasskai i Fosnavåg	X	
3	Skape ei meir framtidsretta løysing for kryssing av Vaulane mellom Bergsøya – Nerlandsøya og Leinøya – Remøya	X	
4	Busetting skal etablerast i størst mogleg grad i tilknytning til kommunikasjonsaksane i kommunen	X	
5	Kommunen skal ha eit tettare samarbeid med nabokommunane om infrastrukturutvikling		
6	Arbeide for ei realisering av Hafast		
7	Etablere gangsti rundt Myklebustvatnet	X	
8	Vurdere innføring av hamneavgift		
9	Realisere eit samband mellom Vågsholmen og sentrum		
10	Mudring og miljøopprydding av Fosnavåg hamn		
11	Starte opp arbeid med opprusting av Dragsundbrua saman med Ulstein kommune	X	
12	Starte opp arbeid med ny veg frå Koppen, langs sørsida av Skinneset og bru over Frøystadvågen til Mjølstadneset	X	
13	Realisering av innfartsveg til Fosnavåg		
14	Det skal vere god standard på dei kommunale vegane gjennom forsvarleg vedlikehald		
15	Herøy kommune skal arbeide for ein ferjefri kyststamveg		
16	Herøy kommune skal leggje til rette for at bygdelag kan etablere gangstiar og helseløyper for å fremje folkehelsa	X	
17	Vurdere organisatorisk overtaking av vassverka		
18	Utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn		
19	Organisere reinhald i sentrum		
20	Planlegge og byggje ut ei samanhengande hamnepromenade frå indre til ytre del av Vågen		
21	Etablere ei ordning med bybuss og buss mellom bygdene og sentrum for barn, ungdom, eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne		
22	Betre tilkomsten til Fosnavåg, fjerne «flaskehalsar»		
23	Tilrettelegging for å nytte masseuttak og deponi på ein forsvarleg måte	X	
24	Kommunen vil arbeide for å gjere sentrum meir tilgjengeleg for mennesker med nedsett funksjonsevne		
25	Etablere nye parkeringsplassar i sentrum		

26	Etablere gangforbindelse mellom Fosnavåg sentrum og kulturhusområdet		
27	Bygge saman midtre og vestre kai på Mjølstadneset		
Kompetanse og næringsutvikling			
1	Herøy kommune skal bygge sterke fagmiljø i organisasjonen		
2	Skape kopling mellom næringslivet i Herøy og kompetansemiljøa i Volda og Ålesund		
3	Synleggjere og satse på høgt utdanna kvinner		
4	Vidareutvikle næringsbygg for utleige		
5	Etablere felles næringshage/inkubator for unge gründerar		
6	Mobilisere og bygge opp under eldsjeler		
7	Sterkare satsing på «ungt entreprenørskap» i skulen		
8	Satse på miljøvenleg turismeretta næring	X	
9	Utvikle strategisk handlingsplan for å knyte forretning mot dei kreative og kunstneriske kreftene i kommunen		
10	Styrke den internasjonale orienteringa innan den vidaregåande skulen		
11	Behalde og vidareutvikle utdanningsprogram på Herøy vidaregåande skule som dekkjer den lokale og regionale arbeidsmarknaden sine behov		
12	Styrke spisskompetansen innan næringsutvikling i kommunen og etablere stilling som «næringssjef»		
13	Legge til rette for gode næringsareal	X	
14	Bevare og vidareutvikle havbruksnæringa	X	
15	Etablere eit inkubasjonsmiljø for å trekke til seg høgt utdanna arbeidskraft		
16	Ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorg		
17	God drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse		
18	Kulturhuset skal renoverast i planperioden		
19	Kulturhuset skal utviklast til eit «kompetansesenter» for kreative krefter		
20	Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv som er attraktivt for jenter		
21	Herøy VGS skal vere ein attraktiv arbeidsplass med tilsette med høgteknologisk kompetanse innan helse og maritim sektor		
22	Vere med i eit felles prosjekt for Søre Sunnmøre om felles arbeidsmarknadstrategi og utarbeide informasjonsbrosjyre til studentar ved vidaregåande og høgskule		
23	Ta i bruk området sør for Fv. 654 i Myrvåg til massedeponi/næringsføremål		

Rekruttering, busetting og inkludering			
1	Herøy kommune skal vere aktivt ute og nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå dei rette målgruppene og promotere kommunen som ein attraktiv bu- og arbeidsstad		
2	Nytte den kompetansen som arbeidsinnvandrarar har med seg frå heimlandet		
3	Rekruttere høgt utdanna arbeidskraft frå utlandet og Noreg til kommunen		
4	Det skal vere god kvalitet på norskopplæringa til innvandrarane		
5	Fremje arbeid, bustad og serviceregionen med fokus på den arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg		
6	Langsiktig satsing på ungdomen som framtidig arbeidskraft og kompetanse		
7	Etablere ein vennskapsby i td. Litauen, Latvia, Estland eller Polen		
8	Tilflyttarar skal kunne busette seg både i Fosnavåg og på bygdene	X	
9	Der skal vere attraktive tomter i alle bygdelag	X	
10	Bustadmarknaden i Myrvåg skal vidareutviklast	X	
11	Bulystprosjektet skal auke kunnskapen knytt til andre kulturar og forholdet til innvandring		
12	Talet på arbeidsinnvandrarar som vel å busette seg i kommunen skal aukast		
13	Drive opplysningsarbeid og spreie informasjon om moglegheiter for stipend og andre ordningar		
14	Styrke samarbeidet mellom næringslivet og vidaregåande skule om td. simulatoropplæring		
15	Få tilbake utdanningsprogramet teknisk teikning ved Herøy VGS		
16	Utveksle vidaregåande elevar med utlandet og ta i mot utvekslingselevar frå andre land		
17	Meir aktiv oppfølging av Herøyværingar som reiser ut for å ta utdanning		
Barn, unge og identitetsbygging			
1	Barnehage og skule skal inkludere alle barn og unge på ein god måte med tilrettelagt informasjonsmatriell		
2	Kommunen skal ha god dekning av helsetenester for alle barn og unge		
3	Kommunen skal intervernere tidleg der barn og unge har problem		
4	Rekruttere personar med førskulelærarutdanning i alle pedagogiske stillingar i barnehagane		

5	Kommunen vil arbeide for å få fleire profesjonar innan barnehage og skule		
6	Auke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette i barnehagane		
7	Utarbeide tiltak for å imøtekome krava til fysisk utforming av barnehagar og skulebygg		
8	Styrke spesialiseringa for vern av barn		
9	Auke og vidareutvikle kompetansen til lærarar og førskulelærarar		
10	Tydeleggjere samanhengane mellom barns oppvekst, skule, vidaregåande og inngangen til arbeidslivet		
11	Ta i bruk ny teknologi i barnehage og skule		
12	Herøy kommune vil leggje til rette for at barn og unge får informasjon om Herøy si fortid og notid og etablerar ein indentitetskjensle til kommunen		
13	Etablere ordning med ungdomsbuss på kvelds-/nattestid		
14	Innføre kinesisk som valfag i skulen		
15	Styrke yrkesretteleinga i skulen mot lokale bedrifter		
16	Ny skule i området ved Blåhaugen		
17	Rekruttere fleire mannlege rollemodellar i barnehage og skule		
18	Planlegge ny idrettshall ved Einedalen skule		
19	Etablere moderne badeplassar		

5.2 Innbyggjarundersøkinga 2017:

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om **møte med kommunen** (3,7) og **tillit** (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultata samsvarar også med resultata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

Når det gjeld frie kommentarar, vert hotell, konserthus, kino, badeland og turstiar trekte fram av mange som område der kommunen har lukkast. Når det gjeld område kommunen ikkje har lukkast, er Skarabakken, Fosnavåg hamn, pumpehuset på Almenningen, bruene, NAV og vedlikehald av vegar gjengangarar.

5.3 Lokaldemokratiundersøking 2017

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og

landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla. Vi har størst avvik på fylgjande spørsmål:

- Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4).
- Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5).
- I denne kommunen behandlar politikarane kvarandre med **respekt** (-0,7).

<http://www.bedrekommune.no/bk/lokaldemokrati/>

6. Fokusområde Organisasjon

Kommunen gjennomførte Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast med økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi. Til dømes: digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommunekompasset.	Oppfølging arbeidsgjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommunekompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	-
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	-
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	8,3 %	65 år = 50% 67 år = 33,33%


6.1 Organisasjonsutvikling

Resultata av evalueringa etter Kommunekompasset er jamt over middels gode. Det kan vere at kommunen har ein vesentleg gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

KS-K rår til at kommunen systematiserer styringsinformasjonen som allereie finst, med fokus på resultat og indikatorstyring. I tillegg bør ein hente inn og systematisere brukarperspektivet, innbyggjarperspektivet og medarbeidarperspektivet i langt større grad. Konsulenten rår til at denne styringsinformasjonen vert sett inn i ei årshjultekning for oppfølging, dialog, evaluering og utvikling basert på brukar-, medarbeidar- og innbyggjarundersøkingar kombinert med objektiv informasjon om kvalitet og økonomi. Dette for at kommunen får utvikle seg i eit heilskapleg styrings- og utviklingsperspektiv. På denne måten kan ein få lagt eit godt grunnlag for både å

utvikle dialogen og samspelet med innbyggjarane, men også ein god prosess saman med politikarane med planarbeid og tilbakerapportering på korleis kommunen jobbar, kva ein prioriterer og kva som vert levert av resultat. Dermed ser ein ikkje berre på mengda, men også kvaliteten på dei tenestene som vert leverte.

I tillegg bør ein sette systematisk fokus på kommunen sitt arbeid med demokrati, deltaking og serviceperspektivet, då skåren på desse områda er vesentleg under landsgjennomsnittet.



Alle områda vil vere viktig for utviklingsarbeidet i Herøy kommune, men i perioden denne utviklingsstrategien fokuserer på (2017-2019), så ynskjer vi å ha særleg fokus på områda vedtekne i K-sak 142/16 :

- Område 1 Offentlegheit og demokrati
- Område 2 Tilgjengeleg, innbyggjar- og brukarorientering
- Område 4 Leiarskap, ansvar og delegasjon
- Område 5 Resultatfokus og effektivitet

Dette arbeidet er fylgd opp i 2017.

6.2 Personalpolitikk og opplæring

Sjukefråverstala og resultat frå medarbeidarundersøkingar, arbeidsplass- og arbeidshelseundersøkingar vert nytta som indikatorar på trivsel og motivasjon.

Det vart i 2016 bestemt at ein skal gjennomføre medarbeidarundersøkinga 10-Faktor i første halvår av 2017.

Medarbeidarundersøkinga (10-Faktor) 2017

Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. I forhold til landssnittet kjem kommunen best ut når det gjeld

oppgåvemotivasjon og fleksibilitetsvilje. Med oppgåvemotivasjon meiner ein motivasjon for oppgåva i seg sjølv, dvs om oppgåvene vert opplevde som ei drivkraft og som spanande og stimulerande. Med fleksibilitetsvilje meiner ein medarbeidaren si vilje til å vere fleksibel på jobb og tilpasse måten sin å jobbe på til nye behov og krav.

I forhold til landssnittet kjem kommunen dårlegast ut i forhold til relevant kompetanseutvikling. Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidarane til ei kvar tid er best mogleg rusta til å utføre oppgåvene sine med høg kvalitet, og er avgjerande for kvaliteten på dei tenestene som vert leverte, uansett kva type teneste vi snakkar om.

Herøy kommune til liks med landssnittet scorar total sett lavast på faktoren relevant kompetanseutvikling og høgast på faktoren nytteorientert motivasjon. Nytteorientert motivasjon er motivasjon for å gjere noko nyttig og verdifullt for andre, også kalla prososial motivasjon. Det er ei viktig drivkraft for mange og har ei rekkje godt dokumenterte, positive effektar.

Tabell 1

Viktige aktivitetar og tiltak i 2017
1. Personalleiarnettverket i Sjustjerna gjennomførte på våren HMS-kurs for vernetenesta og leiarar . Kurset var eit tverrfagleg samarbeid der ressursar frå kommunane og bedriftshelsetenesta stod for det faglege innhaldet.
2. Herøy kommune har i samarbeid med Datawaves tilbydt og gjennomført data- og norskkurs for medarbeidarar.
3. Herøy kommune, saman med kommunane i Sjustjerna og SSIKT, gjennomførte på våren ei oppgradering med personal-, løns- og økonomisystemet Agresso .
4. Kontaktutvalet sette ned ei partsamansett arbeidsgruppe hausten 2016. Arbeidsgruppa starta arbeidet med å revidere arbeidsgjevarepolitikken og andre retningslinjer på personalområdet. Den partssamansette arbeidsgruppa fortsette dette arbeidet i 2017, og vil halde fram dette arbeidet så lenge det er føremålstenleg med omsyn til revideringa av aktuelle dokument som gjer seg gjeldande for alle leiarar og medarbeidarar i Herøy kommune.
5. Personal- og organisasjonsavdelinga har utarbeidd overordna kompetanse- og informasjonshandbok for leiararar og medarbeidarar – Bestikken . Boka tek utgangspunkt i intern organisering og ansvar, mål og strategidokument, rutinar og retningslinjer innan ulike område. Våren 2017 vart det gjennomført opplæring for alle leiarar i «Bestikken»
6. Våren 2017 vart det gjennomført intern opplæringsløp for leiarar og nyttilsette medarbeidarar .
7. Administrasjonen har i løpet av 2017 vidareutvikla og revidert HMS-handboka i tråd med Arbeidstilsynet sine krav til internkontroll.
8. Kommunalsjef Stab saman med Personal- og organisasjonsavdelinga gjennomførte i 2017 medarbeidarundersøkinga 10-faktor.

Sjukefråvær

Målet for sjukefråværet for 2017 var 7,5% eller lågare. Det vil sei eit nærvær på 92,5% eller høgare.

Det totale sjukefråværet for 2017 enda på 8,3%. %. Dette er ein auke frå 2016 på 1,11 %. Målet på 92,5 % nærvær (7,5 % sjukefråvær) er såleis ikkje nådd for 2017. Sjå tabell 2.

Av tertialmålingane ser vi at sjukefråværet 1. tertial var monaleg mykje høgare enn 2. og 3. tertial, sjå tabell 3 og 4. Dette syner seg vere eit fast mønster frå eine året til det andre, og har naturelge forklaringar.

Oversyn over utvikling sjukefråvær:

Tabell 2

Sjukefråvær	Korttid	Langtid	Totalt
2002	3,0	7,6	10,6
2003	3,0	6,9	9,9
2004	2,8	5,9	8,7
2005	3,4	5,7	9,1
2006	2,8	6,1	8,8
2007	2,0	7,3	9,7
2008	2,0	6,3	8,6
2009 ¹	-	-	9,0
2010	1,7	8,0	9,7
2011	2,1	6,3	8,4
2012	1,9	6,4	8,3
2013	1,9	5,6	7,5
2014	1,85	6,13	7,98
2015	2	6,42	8,42
2016	1,97	5,22	7,19
2017	1,85	6,45	8,3

Tabell 3


Sjukefråvær i prosent 2009-2017 – Mål for 2017 7,5% eller lågare				
År / Kvartal	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal
2009 ²	-	9,8	8,1	9,5
2010	10,9	10	8,6	9,4
2011	10,1	8,7	6,5	8,1
2012	9,7	7,8	6,2	8,9
2013	9,7	8,6	5,2	5,64

¹ Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.

² Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.

2014	7,78	7,85	7,28	7,52
År / Tertial	1.tertial	2.tertial	3.tertial	Totalt
2015 ³	10,53	7,25	7,52	8,42
2016	8,61	5,57	7,39	7,19
2017	9,05	6,83	9,32	8,3

Tabell 4



Sjukefråværstala og resultat frå medarbeidarundersøkingar, arbeidsplass- og arbeidshelseundersøkingar vert nytta som indikatorar på trivsel og motivasjon.

I første halvår 2017 gjennomførte Herøy kommune medarbeidarundersøkinga 10-Faktor, og denne undersøkinga har vore gjenstand for det vidare arbeidet med arbeidsmiljøet, der medarbeidarar, leiarar, tillitsvalde og verneteneste har vore involverte.

I regi av bedriftshelsetenesta vart det gjennomført sju undersøkingar i ulike avdelingar. Herøy kommune har fått bistand innan systematisk HMS-arbeid, livsstil, arbeidshelse, helsekontrollar, arbeidsmiljø og yrkeshygiene. Stamina har også vore involvert i arbeidsmiljøprosessar. Herøy kommune har valt sette inn ressursane frå bedriftshelsetenesta der vi har sett at behovet har vore størst, og på den førebyggjande delen av tenestene som til dømes ergonomi, kurs i yrkeshygiene og trening/opplæring.

³ Frå og med 2015 er det rapportert per tertial, slik at ein rapporterar like intervallar i tertailrapportar og til AMU.

Resultata frå medarbeidarundersøkinga 10-faktor tyder på at mykje er bra, men at vi kan verte betre. Kommunen har i stor grad lukkast i arbeidet med at medarbeidarane skal trivast og vere motiverte. I større og komplekse organisasjonar vil det vere små og store utfordringar i einskilde avdelingar/einingar. Slik er det også i vår organisasjon i 2017. Undersøkingane som vert gjort i samarbeid med bedriftshelsetenesta er med på å avdekkje og analysere eventuelle arbeidsmiljøutfordringar. Desse undersøkingane vert gjort både førebyggjande og der det er uttalte utfordringar. Denne kunnskapen gjer organisasjonen betre i stand til å handtere og løyse desse utfordringane.

Inkluderande arbeidsliv (IA)

Herøy kommune har vore inkluderande arbeidslivserkjenningsordning sidan juli 2003. I juni 2014 vart IA-avtalen resignerte. Herøy kommune kan syne til systematisk og kontinuerlig IA-arbeid, gjennom bl.a. faste møter i IA-utvalet og deltaking på kurs og seminar i regi av NAV Arbeidslivssenteret.

Delmål 1) Sjukefråvær

Målet er nærværprosent på 92,5 % for 2017

- Med eit nærvær på 91,7 % er målet for 2017 ikkje nådd.
- Vi registrerar òg at sjukefråværet fyl det historiske sjukefråvæersmønsteret i løpet av året

Gravide skal gjennomsnittleg stå i arbeid til veke 30

- Med eit snittmål på 22 veker er målet ikkje nådd i 2017, sjå tabell 5
- Talet på 22 veker er lik tala i 2014 og 2015

Det er vanskeleg å gje ei presis forklaring på variasjonen frå det ein året til det andre, men arbeidsstad, arbeidsoppgåver og/eller faktisk sjukdom under svangerskapet er openbare faktorar som påverkar snittalet.

Tabell 5

Gravide i arbeid					
Målepunkt i % og veker / År	2013	2014	2015	2016	2017
Ikkje sjukmeld før fødselspermisjon	7,1%	30%	0%	18%	8%
Sjukmeld før veke 30	21,4%	50%	78,94%	68%	77%
Sjukmeld etter veke 30	71,5%	20%	21,06%	14%	15%
Snitt veker i arbeid (mål veke 30)	Veke 30	Veke 22	Veke 22	Veke 25	Veke 22

Delmål 2) Personar med redusert funksjonsevne:

Aktivitetsmål er dokumentering av tilretteleggingstiltak, at desse er vurdert, forsøkt eller gjennomført

- Organisasjonen fylgjer i all hovudsak NAV sine retningslinjer for oppfølgingsplan, aktivitetskrav og dialogmøte
- Gjennomføring av dialogmøte er systematisert og organisasjonen har høve til å nytte fagkompetanse frå Personal- og organisasjonsavdelinga

- Det er lagt til rette for å nytte bedriftshelsetenesta i einskildsaker
- Arbeidsavklaringsutval (AAU), som er eit rådgjevande organ. Det skal medverke til å leggje til rette arbeidet slik at arbeidstakar, som er blitt hemma i sitt yrke på grunn av sjukdom eller skade, skal kunne fortsette i arbeid så langt som det er mogleg

Ta imot 28 personar frå NAV (inkludert praksis / tiltaksplassar)

- Herøy kommune har stilt plassar til disposisjon, so langt det har vore mogleg sett i lys av ressursar og tenesteleveranse m.m.
- Herøy kommune er ei kunnskapsverksemd, der det vert stilt krav til spesifikk kunnskap. Administrasjonen registrere at førespurnader om praksisplassar ofte er knytt opp til merkantile- og sakshandsamaroppgåver. Førespurnadane kjem difor somme tider i konflikt med det ansvaret Herøy kommune har for å legge til rette for eigne medarbeidarar, som også ynskjer slike stillingar. Dette er ei kjent problemstilling, og er kommunisert til NAV
- Det er difor slik at ikkje alle plassane har blitt nytta, men somme plassar har blitt nytta fleire gongar

Delmål 3: Avgangsalder

Aktivitetsmålet er at flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år, sjå tabell 6. Dette måler vi ved å samanlikne tal på medarbeidarar som var 63 år to år før rapportåret, med tal på medarbeidarar som var 65 år på rapportåret.

- I 2015 var 22 medarbeidarar 62 år
- 12 medarbeidarar var 63 år
- 4 medarbeidarar var 64 år
- Av dei 22 medarbeidarar som var 62 år i 2015 er framleis 11 medarbeidarar i arbeid 2017

Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år, sjå tabell 6. Dette måler vi ved å samanlikne tal på medarbeidarar som var 65 år to år før rapportåret, med tal på medarbeidarar som var 67 år på rapportåret.

- I 2015 var 18 medarbeidarar som var 65 år
- 1 medarbeidar var 66 år
- Av dei 18 medarbeidarane som var 65 år i 2015 er det framleis 6 medarbeidarar i arbeid 2017, det året dei fylte 67 år
- I tillegg til dette hadde organisasjonen 7 medarbeidarar som var over 67 år eller eldre ved utgangen av 2017

Måltala for avgang i seniorperioden er ikkje eintydige og dette skuldast både at utgangspunktet for målingane og tala som har vore nytta frå år til år ikkje er like. Tala for 2017 og som går fram i tabell 6, viser kor mange prosent av dei som var 62 år i 2015 som framleis er i arbeid i 2017. Likeeins viser tabellen kor mange av dei som 65 år i 2015 som er i arbeid ved utgangen av 2017.

Tabell 6

Målepunkt i % / År	2009 ⁴	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017 ⁵
I arbeid ved 65 år	84,6	94,7	89,8	92,9	90,9	77,6	67,7	-	50
I arbeid ved 67 år	68,8	38,9	68,8	81,8	88,2	40,0	45,5	-	33,33

Likestilling

I den vedtekne arbeidsgjevarpolitikken er det utarbeidd mål og verkemiddel for auka likestilling mellom kjønna. Likestilling i høve, etnisk tilhøyr og personar med nedsett funksjonsevne er og innbakt i arbeidsgjevarpolitikken. Administrasjonsutvalet er likestillingsutval. I medarbeidarundersøkinga frå 2010, var der mellom anna spørsmål om arbeidsplassen er integrerande når det gjeld kjønn, etnisk tilhøyr, religion osv. Svaret er 4,95 på ein skala frå 1 til 6, der 6 var beste indikator og 1 var dårlegast. Herøy kommune har dei siste 4 åra tilsett personar frå mellom 15-20 ulike land.

Kjønnsbalanse

Den kjønnsmessige fordelinga på stillingar har endra seg lite over tid, sjølv om der er noko variasjonar frå år til år. Framleis er det slik at det er stor kvinneleg dominans i dei tradisjonelle pleie- og omsorgsyрка og blant reinhaldarane. Det er mannleg dominans innan dei tekniske faga og i brannvernet. Vi registrerer likevel at fleire menn enn tidlegare søker stillingar knytt til stab- og støttefunksjonar. Sjå meir i tabell 7 nedanfor.

Tabell 7

Målepunkt	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009 ⁶	Snitt
Talet på årsverk *	541,2	532,3	520	527,2	524	525	589	597	642	557
Talet på tilsette **	831	728	815	835	760	735	714	854	1225	833
Talet på kvinner **	699	607	678	679	624	582	575	685	956	673
% del kvinner	84,11	83,4	83,2	81,3	82,1	79,6	80,5	80,2	78,0	81
Talet på menn **	132	121	137	156	136	153	139	169	269	160
% del menn	15,89	16,6	16,8	18,7	17,9	20,4	19,5	19,8	22,0	19
Talet på kvinner i høgare stillingar	35	35	35	33	34	33	30	29	28	32
% del kvinner i høgare stillingar	70	71,4	63,6	66	70,8	66	63,8	61,7	60,9	66
Talet på menn i høgare stillingar	15	14	20	17	14	17	17	18	18	17
% del menn i høgare stillingar	30	28,6	36,3	34	29,2	34	36,2	38,3	39,1	34

⁶ Tala for 2009 er feil, usikre eller vantar pga. omlegging av datasystem.

Tal på tilsette i deltidsstillingar	564	453	562	584	516	487	464	622	-	527
Tal på kvinner i deltidsstillingar	497	408	499	511	456	419	411	537	-	463
% del kvinner i deltidsstillingar	88,12	90,1	88,8	87,5	88,4	86	88,5	86,3	-	88
Tal på menn i deltidsstillingar	67	45	63	73	59	68	53	85	-	64
% del menn i deltidsstillingar	11,88	9,9	11,2	12,5	11,6	14	11,4	13,7	-	12
Undervisningspersonell***	148	147	137	151	151	147	144	155	269	163
Turnuspersonell	292	273	299	290	275	253	260	278	607	317
Anna personell	391	308	379	394	334	335	310	421	349	354

* Årsverk pr. 31.12.2017

** Tilsette pr. 31.12.2017

*** Undervisningspersonell i grunn- og kulturskulen

Når det gjeld leiande stillingar ser ein at menn har vore underrepresentert, både i rådmannen si leiargruppe og blant mellomleiarane, sjå tabell 8 og 9. I 2017 er fordelinga mellom menn og kvinner i rådmannen si leiargruppe lik mellom kvinner og menn.

Samanliknar ein desse tala med fordeling av tilsette samla sett i Herøy kommune, er det prosentvis fleire menn som har leiande stillingar enn kvinner, sml. tabell 7, 8 og 9.

Tabell 8

Utvikling i kjønnsballansen på leiarnivå	Kvinner 2014	Menn 2014	Kvinner 2015	Menn 2015	Kvinner 2016	Menn 2016	Kvinner 2017	Menn 2017
Leiarar i rådmannen si leiargruppe	8 av 14	6 av 14	7 av 12	5 av 12	6 av 10	4 av 10	2 av 4	2 av 4
Mellomleiarar	26 av 36	10 av 26	26 av 36	10 av 36	29 av 38	9 av 38	33 av 46	13 av 46

Tabell 9

Utvikling i kjønnsballansen på	Kvinner 2014	Menn 2014	Kvinner 2015	Menn 2015	Kvinner 2016	Menn 2016	Kvinner 2017	Menn 2017
--------------------------------	--------------	-----------	--------------	-----------	--------------	-----------	--------------	-----------

leiarnivå i %								
Leiarar i rådmannen si leiargruppe	57,1	42,9	57,1	42,9	60	40	50	50
Mellomleiarar	72,2	27,8	72,2	27,8	76,3	23,7	71,74	28,26

Likelønn

Det vart gjennomført lokalt lønsoppgjer for alle tilsette i 2017, som etter HTV omfatta alle gruppene i kap. 3, 4, og 5. Oppgjeret i 2017 ynskja partane å vidareføre det langsiktige arbeidet med likelønn. I tillegg hadde partane fokus på rekruttering, behalde kompetanse og at utdanning skal løne seg.

Vi ser at lønsskilnadane mellom kvinner og menn har gått ned i perioden 2015 til 2017. Dette med unntak av rådmannen si leiargruppe, der vi ser ein auke. Det største skilje mellom kvinner og menn dette året har vi blant fagarbeidarane, med ein avstand på 3,5%. Den tydlegaste nedgangen har vi blant høgskuleutdanna, som vi ser har ein nedgang på 7,6% i avstanden mellom kvinner og menn. Det samla lønsskilje har likevel gått ned med eitt prosentpoeng, og er likt med året 2015.

På toppleiarnivå har likestillingstrenden vore positiv dei siste åra, der kvinnene i 2016 tener 0,3 % meir enn menn i 2016. I høve undervisningspersonell er differansen stabilt lågt. Det har vore ein positive trend i høve likelønn på fagarbeidarnivå, men vi ser at i 2016 er det på ny ein prosentvis større skilnad mellom menn og kvinner i menn sin favør. Om ein samanliknar tala frå 2015 til 2016, er det ei endring på heile 5,9 % i favør menn. Det er vert å merkje seg at det ikkje var lokale forhandlingar 2016, for kapittel 4 der fagarbeidarstillingane er lønsplassert.

Tabell 10

	2015			2016 ⁷			2017 ⁸		
Gjennom- snittslønn	Menn	Kvinner	Diff. i favør menn i %	Menn	Kvinner	Diff. i favør menn i %	Menn	Kvinner	Diff. i favør menn i %
Rådmannen si leiargruppe	652 920	644 500	1,3	674 250	676 167	-0,3	791 950	779 150	1,6
Mellom- leiarane	588 940	568 642	3,6	597 200	585 003	2,1	621 130	610 476	1,7
Fagarbeidar- stillingar	415 729	421 674	-1,4	415 889	397 943	4,5	427 965	413 131	3,5
Høgskule	470 420	436 141	7,9	494 954	450 767	9,8	492 747	481 892	2,2

⁷ Tala i rådmannen si leiargruppe er utrekna utan løna til rådmannen, og utan løna til assisterande rådmann. Løna til assisterande rådmann er òg teke ut av høgskulegruppa sidan ein i 2015 og 2016 ikkje har hatt assisterande rådmann.

⁸ Tala i rådmannen si leiargruppe er utrekna utan løna til rådmannen, og utan løna til assisterande rådmann. Løna til assisterande rådmann er òg teke ut av høgskulegruppa sidan ein i 2015 og 2016 ikkje har hatt assisterande rådmann.

⁹ Undervisningspersonell er i felles gruppe med høgskuleutdanna.

Undervisning-personell	485 083	485 484	-0,1	491 152	490 320	0,2			
Utvikling samla sett i snitt			2,3			3,3			2,3

Arbeidstid

Tilsette som ikkje har ynskja deltid kan variere frå eit år til eit anna, alt etter samansettinga av personalgruppa. Ein ser at ynskje i høve stillingsstørrelse i noko grad er livsfaseorientert.

I organisasjonen vert det ført oversyn over kven som ynskjer å auka si fasta stilling. Kartlegginga vert basert på at den einskilde medarbeidar i lag med sin næraste leiar rapporterer til Personal- og organisasjonsavdelinga. Dette kan fører til nokon avvik og manglande informasjon.

Herøy kommune har vedteke mål om at alle tilsette innan 01.01.17 skal minimum ha ei stilling på 60%. Dette med unntak av reine rekrutterings- og helgestillingar og stillingar i brannvernet.

Målet er diverre ikkje nådd, men det er gjort ein god innsats i høve til å redusere «ikkje ynskja deltid».

Herøy kommune har dei siste 4 år redusert «ikkje ynskja deltid» med heile 59,7% blant kvinner, frå 62 i 2014 til 25 i 2017. Det var ingen menn som var definert under uønska deltid i 2017, slik tabell 11 viser. Dette er eit svært godt resultat, og syner at heile organisasjonen tek dette arbeidet på alvor.

Tabell 11

Ikkje ynskja deltid pr. avdeling	Menn 2014	Menn 2015	Menn 2016	Menn 2017	Kvinne 2014	Kvinner 2015	Kvinner 2016	Kvinner 2017
Skuleavdelinga lærarar	0	0	0	0	0	0	0	0
Skuleavdelinga assistentar	0	0	0	0	4	4	4	4
Eigedomsavdelinga, reinhald	0	0	0	0	1	5	3	1
Pleie og omsorgsavdelinga, sjukepleiarar	0	1	0	0	12	7	4	4
Pleie og omsorgsavdelinga, fagarbeidar	0	1	1	0	26	19	16	12
Bu og habiliteringsavdelinga	0	1	1	0	18	9	8	4
Administrasjon og andre avdelinga	0	0	0	0	1	3	0	0

Totalt	0	3	2	0	62	47	37	25
--------	---	---	---	---	----	----	----	----

Tabell 12

Ikkje ynskja deltid totalt sett i heile organisasjonen	2012	2013	2014	2015	2016	2017
	82	78	62	50	39	25

Foreldrefråvær

Statistikken viser prosent av dei tilsette fordelt på kjønn som er heime med sjukt barn. Fråværet er rekna ut i frå tal på menn og kvinner som jobbar i organisasjonen. I høve tilsette menn og kvinner har kvinner tradisjonelt meir fråvær enn menn p.g.a. sjukt born, slik også i 2017, sjå tabell 13 og 14.

Foreldrefråvær

Tabell 13

Kjønn / År	M 2014	K 2014	M 2015	K 2015	M 2016	K 2016	M 2017	K 2017
Tal på tilsette som har hatt fråvær p.g.a. sjuke born	21	114	27	122	21	131	25	157

Tabell 14

Kjønn / År	M 2014	K 2014	M 2015	K 2015	M 2016	K 2016	M 2017	K 2017
Fråvær i % p.g.a. sjuke born	13,5	16,8	19,7	18,0	17,4	21,6	20,49	25,82

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

Hovudmålet for HMS- arbeidet er at dei tilsette skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Gjennom ei slik målsetjing vil ein oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette, og i sin tur betre kvalitet på tenestene som kommunen leverer til innbyggjarane.

Herøy kommune har eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta (BHT) og hovudverneombod (HVO). I 2017 har HVO vore tilsett i 50% stilling. Dette har gjeve ytterlegar styrke inn mot det overordna HMS-arbeidet i organisasjonen. Gjennom blant anna etablering av ny versjon av overordna HMS-plan (HMS-handbok), handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta, målretta arbeidshelseundersøkingar, kurs og samlingar arbeider vi aktivt og systematisk med arbeidsmiljøet i organisasjonen. Avvik vert rapportert og følgt opp i avdelingane.

Herøy kommune har eit Arbeidsmiljøutval (AMU) som arbeider for eit fult ut forsvarleg arbeidsmiljø i organisasjonen. AMU tek del i planlegging og oppfylginga av verne- og HMS-arbeidet i organisasjonen. Arbeidsavklaringsutvalet er eit underutval av AMU.

I tillegg til det som omfattar lovpålagt HMS-arbeid har Herøy kommune som målsetting å ha fokus på folkehelse i «alt ein gjer». Fokus er heile mennesket

gjennom desse delområda: biologi (fysisk helse), kultur (ånd, skjel og psykisk helse) og politikk (samhaldet og fordeling av godane

Tillitsvalde

Føremålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet vert baserast på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike rollar.

Det er avgjerande for eit godt resultat at dei tilsette og deira organisasjon vert involvert så tidlig som mogleg når omstilling og reform skal gjennomførast. Tenester av god kvalitet som er tilpassa brukaren sitt behov, føreset gode prosessar og medverknad. Hovudavtalen skal gjennom ordninga med tillitsvalde gje arbeidstakarane reell innflytelse på korleis arbeidsplassen skal organiserast og korleis arbeidsmetodane skal utviklast. Slik innflytelse bidreg til ein fleksibel og brukarvenleg tenesteyting.

I Herøy møtes dei tillitsvalte og kommuneadministrasjonen ein gong i månaden i Kontaktutvalet. Det vert òg sett ned partsamansette arbeidsgrupper ved behov, t.d. under omorganisering og revideringsarbeidet av personalpolitiske tiltak. I 2015 byrja Kontaktutvalet eigenevaluering, sjå tabell 15.

Tabell 15

EVALUERING AV KONTAKUTVALET			
Spørsmålsstillingar/målepunkt	Resultat 2015	Resultat 2016	Resultat 2017
Innkallingsmåte	8,9	8,8	8,8
Agenda	7,1	8,8	7,9
Oppmøte og deltaking	4,6	6,1	6,1
Gjennføring av sjølve møte	8,1	7,9	7,8
Ansvarsfordeling	6,9	8	7,5
Samhandling mellom partane	6	8,1	7,6
Referat	8,6	9	8
Oppfølging av det som vert bestemt i møte	7,3	6,7	7,1
Er Kontaktmøte føremålsteneleg?	9	9,3	9,2
Snitt resultat per år	7,4	8,1	7,8
Respondentar	8	12	12

Etter ei samla vurdering konkluderte Kontaktutvalet med at utvalet fungerer godt etter sitt føremål. Det vart vidare konkludert med at det ikkje var naudsynt å gjere store endringar.

I Herøy kommune er det tillitsvalte/kontaktpersonar i 16 ulike arbeidstakarorganisasjonar. I organisasjonen er det 5 personar frå 4 arbeidstakarorganisasjonar som er kjøpt fri, heilt eller delvis, for å drive med tillitsvaldarbeid. Frikjøpet er berekna ut frå berekningsnøkkel jamfør Hovudavtalen.

Arbeidstakarorganisasjonar som har frikjøp er:

- Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Sjukepleiarforbundet og Delta

Arbeidsgjevar og tillitsvalde har gjensidig plikt for å skape og oppretthalde eit godt samarbeid. Arbeidsgjevar har både informasjons- og drøftingsplikt med dei tillitsvale, og det er i samarbeid oppretta gode rutinar for å innfri dette. Nokre avdelingar involverer tillitsvalte meir bevisst enn andre, men stadig fleire avdelingar ser nytten av eit nært og godt samarbeid mellom leiar og tillitsvalt.

Ein har òg eit IA-utval der bedriftshelsetenesta, NAV Arbeidslivssenter og NAV Herøy, arbeidsgjevar og tilsette er representert. Hovudfokuset er å arbeide med tiltak og oppfølging av delmåla i IA-avtalen.

Partane er samde om at det er viktig å arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv (IA) til beste for den enkelte arbeidstakar, arbeidsplass og samfunnet elles. Målet er redusert sjukefråvær og reduserte tal på dei som fell ut av arbeidslivet/blir ståande utanfor arbeidslivet.

Arbeidsgjevarpolitikk

«Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune» presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. I denne er det også nedfelt forventingar til leiarar og medarbeidararar.

Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp retta mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Den er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå. Arbeidsgjevarpolitikken har eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen.

Ei partssamansett arbeidsgruppe byrja i 2016 med å utarbeide ny arbeidsgjevarpolitikk for Herøy kommune. Forslaget til arbeidsgjevarpolitikk skal handsamast og godkjennast av Kommunestyret.

Seniorpolitikk

Målsetting for Herøy kommune er at 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

Målet med seniorpolitikken er å auke den gjennomsnittlige avgangsalderen. Å jobbe for økt avgangsalder er i samsvar med IA-avtale og kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk. At folk står lenger i arbeid er gunstig i forhold til å bevare opparbeidd kompetanse lengst mogleg i organisasjonen, noko som er økonomisk gunstig for arbeidsgjevar. Vi har tru på at ein god, raus og samla arbeidsgjevarpolitikk legg til rette for og motiverer vår medarbeidarar til å stå lenger i arbeid.

7. Fokusområde Økonomi

Kommunen har teke i bruk ein slik økonomisk HANDLINGSREGEL:

- Netto dr. res. 1,75 % av samla driftsinntekter (om lag 11,35 mill.)
- Driftsfond 5 % av samla driftsinntekter (om lag 32,5 mill.)
- 20 % egenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i høve til inntektene.
- Lave frie inntekter (vi har ikkje eigedomsskatt)
- Lånegjelda er høg.


Mål 2017	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020.	Driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2017	1,47 %	39.642.000 (6,1%)
Ambisjon 2020	1,75 %	65.000.000 (10,0%)
Resultatmål 2018	1,60 %	48.500.000 (7,5%)

7.1 Nøkkeltal

Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond:


	Lånegjeld	Disp fond
2017	840.732.000	39.642.000
2016	840.261.000	19.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

Netto driftsutgifter




Netto driftsutgifter i Herøy i 2017 var kr 56.599,- per innbyggjar. Grafen viser netto utgift per innbyggjar og tenesteområde. Prosent viser tenesteområdet sin del av netto driftsutgifter. Summen viser netto driftsutgift per innbyggjar. Summane er justert med privatskuledel og vertskommune tilskott PU. Korrigerert for utgiftsbehov var utgiftene kr 56.359,- per innbyggjar. Det er omlag kr 2.382,- meir enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8, men betre enn Hareid og Volda av samanlikningskommunane.

Oversikt innsparingsmulighet ift sammenligningskommuner (mill. kr)




Figuren over syner ulikskapar i kostnader mellom Herøy og andre kommunar i million kroner. Vi ser kor mykje Herøy kan spare ved å drive med same kostnadsnivå som dei andre kommunane. Samla behovskorrigerte netto driftsutgifter i Herøy var 21,9 millioner kroner høgare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2017 (i 2016 var differansen 24,0 mill kr). Figuren viser også kva tenester som der dyre og billige i Herøy, samanlikna med Kommunegruppe 8 og dei andre kommunane. I høve til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på desse tenestene: Pleie- og omsorg (1,7 mill), Adm styring og fellesutg (4,2 mill), Sosiale tenester (1,1 mill), kommunehelse (1,0 mill) kultur og idrett (4,4 mill) og andre tenester 14,6 mill (brann og ulykkesvern, kommunale bustadar, samferdsle, næringsforvaltning og kyrkje). Utgiftene er lågare innafor grunnskole (0,6 mill), barnehage (1,3 mill), barnevern (3,1 mill) og plan, kulturminner, natur og nærmiljø (0,1 mill kr).

Utgiftsbehov




Kommunale rekneskap må korrigerast for ulikskap i utgiftsbehov før samanlikning. I denne tabellen utarbeidd av Framsikt analyse brukar ein behovsberekninga i statsbudsjettet (utgiftsutjamninga). Utgiftsbehovet gjeld ulikskapar i demografi, geografi og sosiale forhold. KMD har berekna Herøy sitt behov til 99,8 % av landsgjennomsnittet per innbyggjar. Herøy har fire tenester med behov over 100% (landsgjennomsnittet). Det er grunnskule, PLO, helse og administrasjon (sjå figuren over). Ein meiner at behovet er nokon lunde likt i alle kommunar når det gjeld tekniske tenester og kultur/kyrkje.

Ressursbruk



Ressursbruk er høve mellom kommunen sine egne utgifter på tenesteområdet og landsgjennomsnittet korrigert for kommunens eige utgiftsbehov. Er ressursbruken høgare enn 100% så bruker kommunen meir pengar enn landsgjennomsnittet korrigert for kommunen sitt utgiftsbehov. Vi ser at det er tilfelle innan sosiale tenester og kultur og idrett.

Kvalitet




Grafen viser kommunen sin kvalitetsindeks per tenesteområde. Kvalitetsindeksen viser kor gode tenestene er i prosent av landsgjennomsnittet. Indeks over 100 prosent betyr bedre enn gjennomsnittet. Her skorer Herøy bra på barnevern, sosiale tenester og samferdsel, medan plan, kulturminner, natur og nærmiljø samt kommunale bustadar og vatn, avløp og renovasjon skorer vi dårlegare på. Det siste kan skuldast at alle vannverka i Herøy kommune er private.

7.2 Hovudtal drift


Godt driftsresultat, mykje driftsreservar og låg netto lånegjeld er viktige teikn på sunne kommunale finansar. Herøy har ikkje spesielt gode finansar. Finansane er dårlegare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2017. Netto driftsresultat er lavare enn gjennomsnittet, reservane (disposisjonsfondet) er små og kommunen har stor netto lånegjeld.

Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



For Herøy sin del et tala inkludert RDA midlane for 2014-2016. I 2017 har vi ført RDA i investeringsrekneskapen slik at den ikkje influerer på økonomiske nøkkeltal. Korrigert for RDA midlane hadde vårt netto driftsresultat i 2014 vore -1,1%, i 2015 1,1% og i 2016 3,8%. Herøy kommune har ikkje eigedomsskatt, slik alle samanlikningskommunene har. Det er den største grunnen til at vi har eit driftsresultat som er dårlegare enn Kostragruppe 8. Det gjennomsnittlege netto driftsresultatet dei siste 4 åra har vore på om lag 1,3 %. Det er litt under bransjenormen på 1,75 prosent.


Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



Disposisjonsfondet er kommunen sine reserver for å dekke uføresette utgifter og sviktende inntekter. Det bør utgjøre 10 % av driftsinntektene.

Herøy har eit disposisjonsfond på 6,2 %. Det er eit lågt resultat på landsbasis og det er svakt i høve til kommunegruppa. Det gledelege er at fonda har auka bra dei siste 2 års. Gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 er 9,2 prosent. Herøy er nest lågast blant samanlikningskommunane. Dersom ein nyttar heile mindreforbruket i 2017 til å styrkje disposisjonsfondet vil det utgjere om lag 7,7 prosent av kommunens driftsinntekter i 2017.


Økonomi - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



Netto lånegjeld bør holdast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 % av årlege driftsinntekter.

Herøy har stor lånegjeld. Netto lånegjeld i konsernet er nær 109% av driftsinntektene i 2017. Det er 13,8 prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa og nest høgast av samanlikningskommunane. Lånegjelda (gjeldsgraden) har auka kraftig dei siste fire åra. Frå 2016 til 2017 har Herøy kommune si gjeld auka med i underkant av 1,0 mill kr. Likevel ser vi av tabellen og grafen over at Herøy kommune si lånegjeld har auka med 3,3% i høve brutto driftsinntekter. Grunnen til dette er at RDA inntektene (øyremerka statstilskot) var med i driftsrekneskapen i 2016. desse utgjorde vel 34,0 mill kr og gjorde at våre brutto driftsinntekter i 2016 var betydeleg høgare enn i 2017.

Frie inntekter i kr per innbygger



Tidlegare var vi ei skattesterk kommune, men dei siste åra har vi gradvis nærma oss snittet og i 2017 hamna vi like under 100% av landsgjennomsnittet.

Vi ser vidare av tabellen at vi i 2014 var den av samanlikningskommunene (dei lokale) som hadde høgast frie inntekter per innbygger medan vi i 2017 er den med lavast frie inntekter per innbygger.

7.3 Rekneskapsprinsipp

Herøy kommune fører rekneskapen sin etter dei kommunale rekneskapsprinsippa nedfelt i Kommunalova § 48 og rekneskapsføreskriftene § 7. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og tilseier at tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd, skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og resultat for året. Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån med meir, samt korleis desse er finansiert.

Kommunen sin driftsrekneskap syner årlege avskrivningar som er årlege kostnader som følgje av forbruk av driftsmidlar. Avskrivningane har betydning for kommunen sitt brutto driftsresultat, men blir utnulla slik at netto driftsresultat ikkje er påverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med årets

avdrag som er den utgifta som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Grunnen til at avskrivningane blir vist i rekneskapen er blant anna at dei som tek avgjerder, (adm. leiarar og politikarar) og dei som brukar rekneskapen, skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den i høve til kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter.

I 2017 vart RDA midlane for første gang ført i investeringsrekneskapen. Det gjer at nøkkeltala for perioda 2014-2016 og 2017 ikkje er samanliknbare for Herøy kommune sin del. Fordelen med omlegginga er at vi no er samanliknbare med andre kommunar når det gjeld økonomiske nøkkeltal.

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det tyder at det ikkje er gjort frådrag i inntekter for tilhøyrande utgifter og heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette tyder at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett sum.

7.4 Rammevilkår/resultat

Herøy kommune har eit brukbart betra brutto- og netto driftsresultat i 2017, sjølv om det ikkje kan måle seg med 2016. Netto driftsresultat er positivt med vel 9,5 mill. kr (1,47%). Staten sitt mål er at netto driftsresultat skal utgjere 1,75 % av driftsinntektene (reduisert frå 2,0%). Netto driftsresultat er med det 0,28 % eller nær 2,82 mill. kr lavare enn målsetjinga

Alle tal i 1.000 kr

År	2013	2014	2015	2016	2017
Brutto driftsres	(45.577)	(43.265)	(2.161)	31.014	(2.080)
Netto driftsres	(35.245)	(43.405)	1.150	41.783	9.533
Brutto driftsres eks RDA	2.490	(9.132)	3.876	14.282	(2.080)
Netto driftsres eks RDA	19.249	(6.373)	6.845	24.582	9.533

Som ein ser av tabellen over har RDA-midlane stor betydning når det gjeld brutto- og netto driftsresultatet for perioden 2013-2016.

I rekneskapen per 31.12.2017 utgjer kommunen sine disposisjonsfond om lag 39,6 mill. kroner. Sett i høve til 31.12.2016 er dette ein auke på om lag 21,78 mill. kr. Dersom ein brukar heile mindreforbruket i 2017 til å styrke disposisjonsfonda aukar desse til om lag 49,7 mill kr.

Herøy kommune har dei siste åra hatt bra samsvar mellom budsjett og rekneskap for det som gjeld drifta. Det syner at kommunen har gode budsjettprosessar med involvering frå avdelingar, administrasjon og politikarar. Likevel har kommunen eit forbettringspotensiale når det gjeld å få avsett/brukt ulike bundne og ubundne driftsfond.

Når det gjeld kommunen sitt rekneskapsmessige resultat varierer det mykje frå år til år. Faktorar som har spelt ei avgjerande rolle her dei siste åra (både positive og negative) er momskompensasjon investeringar, finansavkastninga, svingande

skatteinntekter og i perioden 2010-2016 også RDA-midler (sjå ovanfor). Drifta av kommunen er på eit nøkternt nivå, men investeringane har tidvis vore store og det gjer at gjeldsbyrda er stor. Auka finanskostnader framover vil ha som konsekvens at drifta må reduserast på einskilde områder.

7.5 Hovudtalsanalyse


Den kommunale rekneskapen er delt i tre:

1. Driftsrekneskapen
2. Investeringsrekneskapen
3. Balansen

Driftsinntekter

- Skatteinntekter (formues- og inntektsskatt)
- Rammetilskott frå staten
- Andre statstilskott (også øyremerka)
- Andre driftsinntekter som bl.a. vert inntektsført direkte på avdelingane som t.d. refusjonar, brukarbetalingar osv

Fordelinga av inntektene kan ein setje opp slik (mill kr):



Skatt er den største inntektsposten. I 2017 utgjorde denne inntekta nær 40,3% av dei samla kommunale driftsinntektene eks. finans. I 2016 utgjorde dei nær 39,8 % av inntektene.

Skatteinntekter

Skatteoppkrevjaren i Herøy fekk i 2017 kommunale skatteinntekter på om lag 261,5 mill. kr. Det er ein auke i høve til 2016 på nær 1,5 mill. kr.

Skatteinntektene i Herøy kommune var (i mill. kroner) slik:

	Rekneskap 2017	Justert Budsjett 2017
Inntekt	261,5	275,0
% av landsgjennomsnittet per innbyggjar	98,0	
Inntekteutjamning (netto) i mill kr	-0,3 mill kr	


Herøy kommune sine skatteinntekter (forskotspliktige) er vanskelege å budsjettere og har variert mykje få år til år. Tendensen er likevel klar. Vi har gått frå å vere ei skattesterk kommune til å bli ei normalkommune når det gjeld skatteinntektene. 2017 er det første året Herøy har hatt skatteinntekter under landsgjennomsnittet (98%). Går vi tilbake til 2012 var skatteinntektene våre heile 115,7% av landsgjennomsnittet.

Driftsutgifter

Herøy kommune sine driftsutgifter (eksklusive interne overføringar) består av:

- Lønn- og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjonen
- Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjonen
- Andre utgifter som t.d. tilskott, overføringar, bidrag
- Finans (renter, avdrag, kurstap etc.)

Fordelinga (kr) eks finanskostnadane kan ein setje opp slik:



Driftsutgiftene (eks fordelt utgifter) auka med 3,7 mill kr frå 2016 til 2017 (0,55 %). Løn og sosiale kostnader auka med nær 22,8 mill. kroner (5,7 %) frå 2016 til 2017. Tek ein omsyn til refusjon sjukeløn var auken på nær 20,8 mill kr.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde om lag 66,5 % av totale driftsutgifter (eks. interne overføringer, finansieringsutgifter og utbetalte RDA-midlar) for 2017, medan tilsvarende tal for 2016, 2015, 2014, 2013, 2012, 2011, 2010 og 2009 var hhv 65,5% - 66,0 % - 63,3 % - 64,2 %, 64,3 % - 64,3 % - 66,2 % og 66,4 %. Dei siste to åra har lønsrelaterte kostnader auka mykje i kroner sett i høve til andre driftsutgifter. Det kan tyde på at avdelingane har vore flinke til å kutte i andre driftsutgifter desse åra.

Nøkkeltal	2017	2016	2015
Sum driftsinntekter	-648.776	-687.849	-646.270
Sum driftsutgifter	650.856	656.835	648.432
Brutto driftsresultat	2.080	-31.014	2.161
Finansinntekter	-11.672	-12.356	-9.461
Finansutgifter	36.180	36.712	39.269
Motpost avskrivningar	-36.121	-35.126	-33.120
Netto driftsresultat	-9.533	-41.783	-1.150
Bruk av avsetnader	-28.088	-13.966	-12.736
Avsetnader	27.652	33.257	6.614
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-10.060	-22.493	-7.273
Brutto driftsresultat i % av driftsinntekter	-0,32	4,51	-0,33
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	1,47	6,07	0,17

Netto driftsresultatet i 2017 vart positivt med omlag 9,5 mill. kr. Dette vart nær 10,1 mill. kr betre enn justert budsjett. I driftsrekneskapen brukte vi nær totalt 28,1 mill kr av avsetningane. Av dette brukte vi 0,7 mill. kroner av disposisjonsfonda og nær 4,9 mill. kr av dei bundne fonda. Vi avsette totalt 27,65 mill. kroner i driftsrekneskapen for 2017. Desse vart nytta til avsetjing til bundne fond med nær 5,1 mill. kr, til avsetjing til disposisjonsfond med nær 22,5 mill. kr (det rekneskapsmessige mindreforbruket i 2016, slik at det rekneskapsmessige mindreforbruket i 2017 blir om lag 10,06 mill kr.

Brutto driftsresultat i 2017 vart negativt med nær 2,1 mill. kr. Sidan 2003 er det berre 2006 og 2009, 2010, 2011, 2012 og 2016 som har gitt eit positivt brutto driftsresultat.

Kommunen må gjennomføre pliktige avsetnader og bruk av eksterne midlar som til dømes næringsfond, øyremerka statstilskott (bundne fond) og liknande.

Resultatet etter desse transaksjonane vert kalla rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk. I 2016 fekk vi eit rekneskapsmessig mindreforbruk på om lag 25,556 mill. kroner. Det gir oss slike tal:

	2017	2016	2015
Netto driftsresultat (i 1.000 kr)	-9.533	-41.783	-1.150

Pluss			
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	-22.493	-7.406	
Bruk av disposisjonsfond	-715	-579	-5.035
Bruk av bundne fond	-4.880	-5.981	-7.701
Sum bruk av avsetnader	-28.088	-13.966	-12.736
Minus			
Overført til investeringsrekneskapen			
Avsett til tidlegare års meirforbruk			935
Avsetnader til disposisjonsfond	22.493	10.456	2.008
Avsetnader til bundne fond	5.069	22.801	3.671
Sum avsetnader	27.562	33.257	6.614
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-10.060	-22.493	-7.273
Rekneskapsmessig meirforbruk			

Det rekneskapsmessige resultatet har ein tendens til å svinge mykje frå år til år i Herøy. I 2017 vart skatteinntektene og rammetilskotet (samla) lavare enn regulert budsjettert (om lag 2,0 mill. kroner). Avdelingane hadde eit samla mindreforbruk på om lag 3,27 mill kr i høve til regulert budsjett. I tillegg vart kommunens netto finanskostnadar om lag 3,95 mill kr lavare enn budsjettert. Resten skuldast lavare pensjonskostnadar enn budsjettert.

Arbeidskapital

Dette er differansen mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld. Ved utgangen av 2017 hadde kommunen ein arbeidskapital på 142,2 mill. kr. Dette er ein reduksjon i høve til 2016 på om lag 7,0 mill. kr. Korrigerer ein tala for premieavviket på pensjon vert tala for 2017 114,7 mill. kr og for 2016 om lag 120,3 mill. kr – ein reduksjon på om lag 5,6 mill. kr.

Likviditet

Kommunen sin likviditet var brukbar i 2017. Per 31.12.2017 hadde kommunen om lag 174,5 mill. kr plassert i bankinnskott, aksjar notert på Oslo Børs, sertifikatinnskott og obligasjonar. Dette er ein *reduksjon i høve 2016 på om lag 38,4 mill kr men betre enn både i 2014 og 2015.*

- Likviditetsgrad 1 måler tilhøvet mellom omlaupsmidlar (eks. premieavvik) og kortsiktig gjeld. Det vil seie at den måler kommunen si evne til å dekke sine betalingsplikter etter kvart som dei forfell. Likviditetsgrad 1 bør vere over 2 og i Herøy kommune var den på 2,2. I 2016 og 2015 var den på hhv 1,9 og 2,1.
- Likviditetsgrad 3 seier noko om tilhøvet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide midlane i dette tilfellet er reine bankinnskott. Likviditetsgrad 3 bør vere på minst 0,33 for å vere tilfredsstillande, og i Herøy kommune syntenøkkeltalet 0,96. I 2016 og 2015 var den på hhv 1,06 og 0,97. Den har såleis vore stabil dei siste åra.

Likviditeten har vore god dei siste par åra og vi må tilbake til 2014 for å finne sist kommunen måtte nytte trekkretten i Danske Bank ASA.

Finanspostar i driftsrekneskapen

Ifølgje rekneskapen var netto finanskostnadar i 2017 på om lag 24,5 mill kr. I 2016 utgjorde netto finanskostnadane 24,4 mill kr og i 2015, 2014, 2013, 2012 og 2011

var den på hhv 29,8 mill. kr 29,6 mill. kr, 14,2 mill. kr, 21,6 mill. kr og 28,9 mill. kr. Det syner at finansinntektene og finanskostnadane kan endre seg mykje i løpet av kort tid. Grunnen til dette finn ein i det vesentlege i dei plasseringane kommunen har i aksje- og obligasjonsmarknaden. I 2017 hadde vi eit netto vinst på 4,7 mill. kr opp 1,0 mill sett i høve til 2016. I 2015 hadde vi eit netto tap på 1,2 mill. kr, i 2014 var gevinsten på beskjedne 0,65 mill. kr medan den i 2013 var på heile 8,1 mill. kr.

I tillegg til dette kjem aksjeutbyttet frå Tussa AS som i 2017 var på om lag 4,1 mill kr – opp om lag 0,8 mill kr sett i høve til 2016.

Rentenivået har synt ein fallande tendens i fleire år. Det har ført til at rentekostnadane har vore nærast uendra trass i ei auka lånegjeld. I 2017 auka imidlertid avdragskostnadane med 1,6 mill kr. Dette skuldast i første rekke auka avskrivingsgrunnlag i balansen. Vi ser også ein reduksjon i renteinntektene. Dette skuldast bl.a lavare gjennomsnittleg innestående på konti samt eit redusert rentenivå.

Tal i mill. kroner

	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Renteinntekter/utbytte	11,7	12,3	9,5
Av dette:			
Aksjeutbytte Tussa AS	4,1	3,2	2,8
Kursvinst/utbytte andre aksjar	5,5	5,1	2,7
Andre renteinntekter	2,1	4,0	4,0

Herøy kommune si lånegjeld aukar berre marginalt i 2017. Dei totale rentekostnadane har imidlertid ikkje auka tilsvarende gjeldsveksten. Dette skuldast eit låg rentenivå og at kommunen i samarbeid med Bergen Capital Management har vore aktive i marknaden og fått gode rentevilkår med bankar og finansinstitusjonar. Når det gjeld **reine** rentekostnadar var desse i 2016 på 14,4 mill. kr. I 2015 utgjorde dei 14,7 mill. kr. I 2014 utgjorde dei 14,9 mill. kr. I 2013, 2012, 2011, 2010 og 2009 var dei på hhv 16,5 mill. kr, 18,4 mill. kr, 17,3 mill. kr, 16,2 mill. kr og 17,7 mill. kr. Vi har aldri hatt så stor gjeld og heller ikkje hatt så låge faktiske rentekostnadar på nær 10 år.

Dei totale finanskostnadane kan ein sette opp i ein slik tabell:

Tal i mill. kroner.

	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Renteutgifter	13,9	14,4	14,7
Tap/verdireduksjon aksjar og obligasjonar	0,5	2,0	3,6
Avdragsutgifter	21,8	20,3	20,8

Langsiktig gjeld og pensjon

Kommunane er pålagde å føre pensjonane etter liknande reglar som det bedrifter som følgjer rekneskapslova gjer. Dette fører til at kommunane må skaffe til veie ei aktuarberekning ved årsskiftet der det etter nærare fastsette reglar vert berekna kva som er kommunen si utgift dersom drifta skulle opphøre per 31.12. Dette stiller ein opp mot midlane ein finn i fonda (hjá oss KLP og SPK). Tala syner ei teoretisk over- eller underdekning i ordningane.

Ingen av ordningane syner dekning i og med at AFP-krava (forpliktingane) ikkje kan

forsikrast, men i det teoretiske tilfellet vil dei vere eit krav. Litt grovt kan ein seie at skilnaden mellom berekna krav (forplikting) og pensjonsmidlar syner noverdien av AFP-krava (forpliktningane).

Fordeling av brutto og netto driftsutgifter per sektor

Kommunestyret i Herøy gav gjennom budsjettvedtaket for 2017 ei netto driftsramme til i alt 18 ulike sektorar/avdelingar. Utviklingsavdelinga si netto ramme var ei summering av dei gamle ansvarsområda Utviklingsavdelinga, Anleggs- og driftsavdelinga og Brannvern og feiing. Netto ramme i budsjettvedtaket for desse 3 var samla på 21,93 mill kr, men dette vart gjennom budsjettendringar korrigert til 24,28 mill kr (tiltakspakken). Rekneskapen synte netto brukte midlar på 25,55 mill kr.

Oversikt over brutto og netto utgifter og inntekter fordelt på ansvarsområder slik det er oppsett i budsjettvedtaket				
Avdeling	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Sektor STAB				
Utgifter	3 762 005	3 943 974	181 969	11,05
Inntekter	-1 096 476	-983 974	112 502	
Servicetorget	2 665 529	2 960 000	294 471	
	Mindreforbruk på kr 294.471,-			
Utgifter	2 260 532	2 302 709	42 177	10,37
Inntekter	-285 423	-122 709	162 714	
Dokumentsenter og politisk sekretariat	1 975 109	2 180 000	204 891	
	Mindreforbruk på kr 204.891,-			
Utgifter	5 808 326	5 945 826	137 500	4,39
Inntekter	-391 062	-295 826	95 236	
Økonomiavdeling	5 417 264	5 650 000	232 736	
	Mindreforbruk på kr 232.736,-			
Utgifter	10 278 829	9 940 765	-338 064	4,68
Inntekter	-2 818 087	-2 130 765	687 322	
Personal- og organisasjonsavdelinga	7 460 742	7 810 000	349 258	
	Mindreforbruk på kr 349.258,-			
Utgifter	6 975 768	7 404 635	428 867	6,96
Inntekter	-655 815	-644 635	11 180	
Informasjonsteknologi	6 319 953	6 760 000	440 047	
	Mindreforbruk på kr 440.047,-			
Utgifter	41 706 421	43 644 058	1 937 637	-1,01
Inntekter	-17 489 775	-19 671 245	-2 181 470	
Eigedomsavdelinga	24 216 646	23 972 813	-243 833	
	Meirforbruk på kr -243.833,-			
SUM STAB (netto)	48 055 243	49 332 813	1 277 570	2,66
	Mindreforbruk Stab på kr 1.277.570,-			
Sektor OPPVEKST				
Utgifter	71 356 837	72 480 359	1 123 522	2,87
Inntekter	-6 091 269	-5 340 359	750 910	
Barnehagar	65 265 568	67 140 000	1 874 432	
	Mindreforbruk på kr 1.874.432,-			
Utgifter	138 143 440	142 071 613	3 928 173	1,13
Inntekter	-26 298 316	-28 971 613	-2 673 297	
Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	111 845 124	113 100 000	1 254 876	
	Mindreforbruk på kr 1.254.876,-			
SUM OPPVEKST (netto)	177 110 692	180 240 000	3 129 308	1,77
	Mindreforbruk Oppvekst på kr 3.129.308,-			
Sektor HELSE OMSORG				
Utgifter	55 069 679	50 674 077	-4 395 602	
Inntekter	-14 250 642	-11 874 077	2 376 565	

Barn, familie og helse	40 819 037	38 800 000	-2 019 037	-4,94
	Meirforbruk på kr 2.019.037,-			
Utgifter	146 706 245	138 639 686	-8 066 559	
Inntekter	-34 537 669	-29 319 686	5 217 983	
Pleie og omsorgsavdelinga	112 168 576	109 320 000	-2 848 576	-2,54
	Meirforbruk på kr 2.848.576,-			
Utgifter	57 692 531	56 727 443	-965 088	
Inntekter	-18 030 290	-15 747 443	2 282 847	
Bu- og habiliteringsavdelinga	39 662 241	40 980 000	1 317 759	3,32
	Mindreforbruk på kr 1.317.759,-			
Utgifter	20 784 030	20 945 096	161 066	
Inntekter	-15 031 298	-11 545 096	3 486 202	
Sosial og flyktning	5 752 732	9 400 000	3 647 268	63,40
	Mindreforbruk på kr 3.647.268,-			
SUM HELSE OG OMSORG (netto)	198 402 586	198 500 000	97 414	0,05
	Mindreforbruk Helse og omsorg kr 97.414,-			
Sektor SAMFUNNSUTVIKLING				
Utgifter	21 335 034	18 805 512	-2 529 522	
Inntekter	-11 373 255	-10 195 512	1 177 743	
Kulturavdelinga	9 961 779	8 610 000	-1 351 779	-13,57
	Meirforbruk på kr 1.351.779,-			
Utgifter	12 363 765	11 696 318	-667 447	
Inntekter	-5 146 971	-3 857 697	1 289 274	
Utviklingsavdelinga	7 216 794	7 838 621	621 827	8,62
	Mindreforbruk på kr 621.827,-			
Utgifter	32 957 869	28 808 339	-4 149 530	
Inntekter	-23 916 615	-20 738 933	3 177 682	
Anleggs- og driftsavdelinga	9 041 254	8 069 406	-971 848	-10,75
	Meirforbruk på kr 971.848,-			
Utgifter	10 938 418	9 646 107	-1 292 311	
Inntekter	-1 645 744	-1 272 095	373 649	
Brannvern og feiing	9 292 674	8 374 012	-918 662	-9,89
	Meirforbruk på kr 918.662,-			
SUM SAMFUNNSUTVIKLING (netto)	35 512 501	32 892 039	-2 620 462	-7,38
	Meirforbruk Samfunnsutvikling på kr 2.620.462,-			
Andre OMRÅDER				
Utgifter	4 379 493	4 437 261	57 768	
Inntekter	-426 774	-387 261	39 513	
Folkevalde	3 952 719	4 050 000	97 281	2,46
	Mindreforbruk på kr 97.281,-			
Utgifter	2 649 403	3 903 654	1 254 251	
Inntekter	-273 584	-523 654	-250 070	
Administrativ leiing	2 375 819	3 380 000	1 004 181	42,27
	Mindreforbruk på kr 1.004.181,-			

Utgifter	14 384 703	14 600 858	216 155	
Inntekter	-1 766 021	-1 340 858	425 163	
Overføringer	12 618 682	13 260 000	641 318	5,08
Mindreforbruk på kr 641.318,-				
Utgifter	892 429	919 425	26 996	
Inntekter	-1 703 002	-2 085 655	-382 653	
Ø-hjelp, mottak	-810 573	-1 166 230	-355 657	-43,88
Meirforbruk på kr 355.657,-				
Utgifter	79 958 697	77 843 609	-2 115 088	
Inntekter	-557 176 366	-558 332 231	-1 155 865	
Skatt, ramme, finans, tilskot	-477 217 669	-480 488 622	-3 270 953	0,69

Totalt var det sju avdelingar som hadde meirforbruk i 2017 (5 i 2016) på i alt 4,9 mill. kr, medan 13 (15 i 2016) avdelingar hadde eit mindreforbruk på i alt 8,2 mill. kr. Totalt netto mindreforbruk i høve regulert budsjett var såleis på om lag 3,3 mill. kr noko som seier at avdelingane samla sett har synt god budsjettdisiplin.

7.6 Hovudoversikt

Hovudoversikt drift

Økonomisk oversikt - Drift				
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2017	Regulert budsjett 2017	Opprinnelig budsjett 2017	Rekneskap 2016
DRIFTSINNTEKTER				
Brukerbetalinger	-28 393	-26 813	-26 813	-28 339
Andre salgs- og leieinntekter	-47 014	-48 942	-48 892	-49 565
Overføringer med krav til motytelse	-49 908	-53 699	-31 593	-58 687
Rammetilskudd	-214 703	-203 200	-203 200	-211 084
Andre statlige overføringer	-46 323	-39 436	-31 796	-74 595
Andre overføringer	-931	-53	-53	-5 533
Inntekts- og formuesskatt	-261 503	-275 000	-275 000	-260 046
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	-648 776	-647 143	-617 347	-687 849
DRIFTSUTGIFTER				
Lønnsutgifter	331 119	328 756	311 640	312 648
Sosiale utgifter	87 970	96 777	90 530	83 656
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	87 795	81 212	74 410	81 987
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	89 069	89 760	89 660	98 290
Overføringer	34 530	29 625	29 690	51 211
Avskrivninger	36 121	33 812	33 812	35 126
Fordelte utgifter	-15 747	-6 252	-6 333	-6 083
Sum driftsutgifter	650 856	653 690	623 409	656 835
Brutto driftsresultat	2 080	6 547	6 062	-31 014
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				

Renteinntekter og utbytte	-6 163	-7 275	-6 775	-6 408
Gevinst finansielle instrumenter	-5 483	-4 025	-4 025	-5 935
Mottatte avdrag på lån	-27	-202	-202	-13
Sum eksterne finansinntekter	-11 672	-11 502	-11 002	-12 356
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter og låneomkostninger	13 856	16 665	16 665	14 435
Tap finansielle instrumenter	492	200	200	2 044
Avdrag på lån	21 832	22 850	22 850	20 233
Utlån	0	250	250	0
Sum eksterne finansutgifter	36 180	39 965	39 965	36 712
Resultat eksterne finanstransaksjoner	24 508	28 463	28 963	24 356
Motpost avskrivninger	-36 121	-34 400	-34 400	-35 126
Netto driftsresultat	-9 533	610	625	-41 783
BRUK AV AVSETNINGER				
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-22 493	-22 493	0	-7 406
Bruk av disposisjonsfond	-715	-1 530	-715	-579
Bruk av bundne fond	-4 880	-2 061	-2 061	-5 981
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	-28 088	-26 084	-2 776	-13 966
AVSETNINGER				
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0
Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	22 493	22 993	0	10 456
Avsatt til bundne fond	5 069	2 482	2 152	22 801
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetninger	27 562	25 475	2 152	33 257
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	-10 060	0	0	-22 493

Ser ein på hovudpostane (sum inntekter, sum utgifter, sum finansinntekter etc) er det ikkje så store avvik mellom rekneskap og regulert budsjett. På einskildpostar er det imidlertid store differansar. Det ser vi på skatt, rammetilskott og også andre statlege overføringer. For den siste posten sin del skuldast differansen øyremerkta tilskott ressurskrevjande brukarar.

På utgiftssida ser ein at lønskostnadane (ink. sosiale utgifter) har eit positivt avvik på om lag 6,5 mill. kr sett i høve til regulert budsjett. Sjølve lønskostnadane vart imidlertid 2,5 mill høgare enn budsjettet.

Brutto lønskostnadar i 2017 er nær 6,0% høgare enn i 2016. Grunnane til dette er bl.a. lønsoppgjeret samt auke av tal på stillingar (midlertidige) i PO pga ressurskrevjande brukarar.

Hovudoversikt Investering

I investeringsrekneskapen fører ein kjøp med ein verdi som er høgare enn kr

100.000,- og som har ei levetid på minimum 3 år. Vidare skal ein her føre inntekter ein berre får ein gong og utgifter av spesiell karakter. I 2017 har vi hatt utfordringar knytt til investering kontra vedlikehald og evt tap som følge av tomtsal.

Økonomisk oversikt - Investering				
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2017	Regulert budsjett 2017	Opprinnelig budsjett 2017	Regnskap 2016
INNTEKTER				
Salg driftsmidler og fast eigedom	-1 651	0	0	-2 095
Andre salgsinntekter	0	0	0	-630
Overføringer med krav til motytelse	-8 036	-20 409	-9 650	-15 603
Moms-kompensasjon	0	0	0	0
Statlige overføringer	-20 645	0	0	-100
Andre overføringer	-1 277	-60	0	-815
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-322	0	0	0
Sum inntekter	-31 931	-20 469	-9 650	-19 243
UTGIFTER				
Lønnsutgifter	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	42 642	124 268	46 400	76 291
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjensteprod.	828	1 593	1 400	1 154
Overføringer	20 198	20 773	9 650	15 395
Renteutgifter og omkostninger	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	-300
Sum utgifter	63 669	146 633	57 450	92 540
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER				
Avdrag på lån	3 368	0	0	3 376
Utlån	17 047	5 000	5 000	23 495
Kjøp av aksjer og andeler	1 788	1 350	1 350	1 705
Dekning av tidligere års udekkede merforbruk	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	703	0	0	0
Avsatt til bundne fond	7 820	0	0	0
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	30 726	6 350	6 350	28 576
Finansieringsbehov	62 463	132 514	54 150	101 874
FINANSIERING				
Bruk av lån	-57 919	-119 864	-45 300	-97 086
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponerte mindreforbruk	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-1 949	0	0	-4 358
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-178	-300	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-2 418	-12 350	-8 850	-430
Bruk av bundne fond	0	0	0	0
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum finansiering	-62 463	-132 514	-54 150	-101 874
Udekket / Udisponert	0	0	0	0

Herøy kommune investerte for om lag 65,5 mill. kr i 2017 inkludert kjøp av aksjer og andelar (eigenkapitalinnskott i KLP) på 1,79 mill. kr. I 2017 vart prosjekt som Eggesbøtun ferdig og tatt i bruk. I tillegg vart det brukt om lag 8,6 mill kr på Myrabakken Bustadfelt på Moltu. Elles er det investert i ei mengd mindre prosjekt som IKT, gravplassar, oppgradering av Bergsøy skule Borge, oppgradering av Herøy omsorgssenter osb. Det meste av investeringane vart finansiert ved bruk av lån.

Balanserekneskapen

Balansen syner eigedelar som likvidar, fordringar, anleggsmidler og korleis desse er finansiert. Finansieringa i balansen vert delt i 3 – kortsiktig gjeld, langsiktig gjeld og eigenkapital.

Balanseregnskapet		
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2017	Regnskap 2016
EIENDELER		
ANLEGGSMIDLER		
Faste eiendommer og anlegg	895 634	882 750
Utstyr, maskiner og transportmidler	37 314	39 825
Utlån	96 666	69 620
Aksjer og andeler	90 791	87 689
Pensjonsmidler	718 597	673 198
Sum anleggsmidler	1 839 003	1 753 081
OMLØPSMIDLER		
Kortsiktige fordringer	35 695	49 545
Premieavvik	27 545	28 943
Aksjer og andeler	82 587	66 622
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	91 879	146 329
Sum omløpsmidler	237 705	291 439
Sum eiendeler	2 076 708	2 044 520
EGENKAPITAL OG GJELD		
EGENKAPITAL		
Disposisjonsfond	-39 642	-17 864
Bundne driftsfond	-46 460	-38 241
Ubundne investeringsfond	-7 025	-8 918
Bundne investeringsfond	-2 277	-2 488
Regnskapsmessig mindreforbruk	-10 060	-22 493
Regnskapsmessig merforbruk	0	0
Udisponert i investeringsregnskapet	0	0
Udekket i investeringsregnskapet	0	0
Likviditetsreserve	0	0
Kapitalkonto	-143 356	-110 979
Endring rekneskapsprinsipp AK (drift)	0	0
Endring rekneskapsprinsipp AK (investering)	0	0
Sum egenkapital	-248 820	-200 983

GJELD		
LANGSIKTIG GJELD		
Pensjonsforpliktelser	-883 165	-852 575
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	-840 732	-840 261
Sum langsiktig gjeld	-1 723 897	-1 692 837
KORTSIKTIG GJELD		
Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-92 405	-138 260
Premieavvik	-3 132	-3 987
Sum kortsiktig gjeld	-95 537	-142 247
Sum egenkapital og gjeld	-2 068 254	-2 036 066
Ubrukte lånemidler	40 709	50 621
Andre memoriakonti	68	68
Motkonto for memoriakontiene	-40 777	-50 689
Sum memoriakonti	0	0

Dei fleste omlaupsmidlane fekk redusert verdi i 2017. Spesielt kontantbeholdninga viste ein stor reduksjon ved dette årsskiftet sett i høve til 31.12.2016. Dette skuldast mange ting bl.a. ei overføring frå kontantar til aksjar og andelar samt at unytta lånemidler har blitt redusert.

Kommunen sine ulike driftsfond vart også styrka, medan investeringfonda vart tappa litt. Når det gjeld dei bundne fonda skuldast det aller meste av auken at vi fekk tilført meir i RDA-midler i 2017 enn vi betalte ut.

Den langsiktige gjelda auka er nær uendra sett i høve til 2016 og ved årsskiftet utgjorde den om lag 840,8 mill. kr eller om lag kr 93.700,- per innbyggjar.

8. Fokusområde Tenester

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Leverer tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Det er formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene**.

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2015	Ikkje målt.	Manglar data.
Ambisjon 2020	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
Resultatmål 2017	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.

8.1 Kommunebarometeret

Plasseringa er førebels, ettersom ein del data først blir publisert i juni. Dersom vi ser bort frå kommunane sitt ulike økonomiske utgangspunkt, kjem Herøy på ein 310. plass, 159. plass justert for inntekstnivå. Nøkkeltalla er litt betre enn økonomiske føresetnader skulle tilseie. Endeleg tabell blir offentleggjort 21.juni. Herøy er inne på Topp 100-lista innan einingskostnader, sosialteneste og barnevern. Kommunen har sine svakaste plasseringar innan helse (389. plass), økonomi (357. plass) og pleie og omsorg (345. plass). Kommunal Rapport gjer nokre endringar i metoden kvart år. Nye og betre nøkkeltall kjem til, medan andre vert fjerna. Dette påverkar kommunen. Det er i tillegg viktig å hugse at mange ting ikkje blir målt. Ei god plassering eit enkelt år kan skuldast tilfeldigheter - på same måte som ei dårleg plassering. Likevel: I hovudsak vil kommunar som ligger langt nede på ein tabell, som regel ha ein del å lære av kommunane som er i toppen av den same tabellen.

Utvikling over tid (sammenliknbar serie)

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Nøkkeltallene alene	318	41	329	307	354	311	367	279	255
Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger	217	74	316	279	308	244	313	210	159
Grunnskole				93	152	180	222	221	126
Pleie og omsorg		319	303	251	356	378	403	363	345
Barnevern				242	224	83	215	287	99
Barnehage	259	322	366	377	350	275	331	121	197
Helse		387	404	417	350	361	368	359	389
Sosial	87	158	115	121	179	132	108	138	86
Kultur	269	363	374	355	326	286	263	292	271
Økonomi			343	276	275	343	372	259	357
Kostnadsnivå				105	97	111	94	58	71
Miljø og ressurser		282	212	264		284	280	276	186
Saksbehandling						51			

Vann, avløp og renovasjon

Plasseringene i denne tabellen er oppdatert med nøkkeltallene som er brukt i 2018-barometeret. Plasseringene vil derfor AVVIKE fra det som ble rapportert for ett eller flere år siden. På den annen side er tidsserien så sammenliknbar som det er mulig å få den.

Herøy målt mot egne naboer

KOMMUNE	PLASS	G.SKOLE	P.O.	BARNEV.	BARNEH.	HELSE	SOSIAL	ØKONOMI	ENH.KOST
Volda	42	181	207	248	9	123	148	142	241
Vanylven	56	43	379	304	171	176	58	50	172
Ulstein	59	54	132	331	120	239	207		
Giske	148	110	14	374	411	248	61	398	78
Herøy (M. og R.)	159	126	345	99	197	389	86	357	71
Sande (M. og R.)	232	65	400	317	386	91	81	339	206

Grunnskulen:

Avgangskarakterane på 10. trinn i Herøy har vore omtrent middels dei siste fire åra. Resultata i fjor var omtrent på same nivå som snittet dei siste fire åra. 30 prosent av elevane på 5. trinn dei siste fire åra ligg på lavaste meistringsnivå (av fem). Det er omtrent som normalen for Kommune-Noreg. På ungdomsskulen oppfyller 69 prosent av lærarane i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordjuping i faga. Snittet for heile landet er 68 prosent.

Pleie og omsorg:

I Herøy har 72 prosent av dei tilsette fagutdanning. Snittet for landet er 74 prosent. I dei beste kommunane er andelen minst 84 prosent. Andelen er litt lavare nå enn for eitt år sidan. Målt mot kor mange over 80 som faktisk bor på sjukeheim, har kommunen ein middels andel plassar avsett til demente. Nasjonalt er anslaget at fire av fem gamle på sjukeheim er demente. I Herøy er 52 prosent av plassane meint for demente. Kommunane skal gi eit tilbod til funksjonshemma også utanom arbeid og studier. I Herøy er det 67 prosent som har fått oppfylt sitt behov. Andelen er ganske høgt målt mot resten av landet. Snittet i Kommune-Noreg er 60 prosent. Dei beste ligg på 85 prosent.

Barnevern:

Når vi korrigerer andelen av barn som er i barnevernet for behovet, er andelen i Herøy ganske lav målt mot resten av landet. Sjølv om Herøy ligger betre an enn normalkommunen, er det framleis nokre saker som tar lang tid å behandle. Kommune-Noreg har blitt betre dei siste åra, snittet er nå 87 prosent. Vi har ikkje oppdaterte tall for kor stor andel av barna i barnevernet som er plassert i fosterheim eller institusjon. Snittet i Kommune- Norge er 27 prosent.

Barnehage:

Bemanninga i barnehagane i Herøy er lav målt mot dei som har best tall her. Som regel er bemanninga lavare jo større kommunen blir. Snittet er 6 barn per årsverk. 40 prosent av tilsette i kommunale barnehagar har pedagogisk utdanning. Landsgjennomsnittet er 36 prosent. Nokre få menn jobbar i barnehagane i kommunen. Kvifor er ikkje rekrutteringa betre? 85 prosent av barna med minoritetsbakgrunn går i barnehage, ifølgje talla. Det er bra. Snittet for landet er 77 prosent. Ulike telletidspunkt for barn i barnehage og antall minoritetsspråklige barn er ei marginal feilkjelde.

Helse:

Legedekninga i Herøy er litt lavare enn i mediankommunen. Kommunestorleik har stor betydning på dette punktet. Det er ledig plass på 40 prosent av fastlegelistene. Dekning av helsesøster målt mot talet på småbarn i kommunen er middels. Målt mot folketalet er det svært få tilsette som er registrert med vidareutdanning innan psykisk helsearbeid.

Sosialteneste:

Unge mottakarar går litt kortare tid på sosialhjelp i Herøy enn i normalkommunen. I barometeret vert kort stønadstid rekna som bra. Det må vere positivt at sosialhjelp er ei mellombels løysing på veg mot noko meir permanent. Blant dei under 25 år, er andelen på sosialhjelp korrigert for behovet på 4 prosent, mens snittet i Kommune-Norge ligger på 3,7 prosent. Sosialstønad vert gitt i over 10 månader til 9 prosent av dei som mottar støtte. Andelen er ikkje høg, kommunen er på 18. plass på denne tabellen. Andelen mottakarar som har sosialhjelp som hovudinntekt er normal. I barometeret er det positivt at få har sosialhjelp som hovudinntekt.

Økonomi:

Korrigert netto driftsresultat var 1,4 prosent i fjor. Mange kommunar leverte betre marginalar. Teknisk berekningsutval tilrår ein pluss på 1,75 %. Herøy hamner på 147. på denne tabellen for 2017. Målt over dei siste fire åra har drifta gått i pluss. Netto renteesponert gjeld er meir enn dobbelt så høg som landsgjennomsnittet (45 prosent), målt mot brutto driftsinntekter. Investeringsnivået har vore omtrent middels i Herøy dei fire siste åra.

Kostnadsnivå:

Netto utgifter til grunnskulen (korrigert for utgiftsbehovet) i Herøy er lave. Kommunen er på 78. plass på denne tabellen. Innan pleie og omsorg ligger kostnadane litt under det som er normalnivået. Barnehagekostnadane er litt under det som er normalnivået. Kostnadane innan barnevernet ligger nærare de billigaste enn dei dyraste kommunane.

8.2 Brukarundersøkingar 2017:

- **Barnehage**

Gjennomsnittresultatet ved dei to førre målingane var 5,3. (1 er dårlegast, 6 er best) Gjennomsnittresultatet i landet i 2017 er 5,2. I Herøy er gjennomsnittresultatet 5,4.

- **Legeteneste**

Brukarundersøking er gjennomført ved den private legetenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge og informasjon.

- **Fysioterapi**

Brukarundersøking er gjennomført ved den private fysioterapitenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge.

- **PU**

Herøy kommune får ein poengscore på 4,4 poeng, mot landet som har 4,6 poeng.

På kategorien trivsel, som er kategorien Herøy kommune scorar desidert lågast på samanlikna med landet, gjeld dette tilbakemeldingar på jobb/dagaktivitet, fritid og ferietilbod. Det er særskilt på ferietilbod vi kjem dårleg ut, med ein score på 2,9 poeng mot landet som har 4,1 poeng på dette spørsmålet. Trivselen i bustaden er derimot høg, med ein score på 5,1.

Når det gjeld brukarmedverknad, som er den kategorien med lågast poengscore totalt sett både i Herøy og i landet, kjem vi betre ut enn landet på spørsmål om brukaren er med å bestemme innhaldet i individuell plan og om brukaren veit kven som er koordinator. Det spørsmålet vi kjem dårlegast ut på i Herøy, er om brukarmedverknad vert ivaretatt på annan måte enn gjennom individuell plan. Her får vi ein score på 3,6 medan snittet i landet er 4,4.

- **Institusjon (sjukeheim)**

Resultat frå brukarundersøking våren 2017. I denne kartlegginga er det næraste pårørande som har svart på vegne av bebuar på institusjon. Herøy kommune kjem totalt sett betre ut enn landssnittet.

- **Ungdata**

Ungdata er eitt av fleire verktøy som gir oss informasjon om status i oppvekstmiljøet. Vi har i tillegg andre både kvantitative og kvalitative verktøy som vi må nytte når vi skal oppsummere status som grunnlag for strategiar og tiltak.

Resultata frå Ungdata vil bli brukt vidare både på leiarnivå i den enkelte fagavdeling, samt i det tverrfaglege arbeidet, med analyse og vurdering av årsaker og tiltak. I dette arbeidet vil den rapporten som vert kalla Trendrapport Herøy 2017 vere nyttig. Denne viser ei samanlikning mellom svara i 2014 og 2017, og viser dermed positiv og negativ utvikling.

- **Innbyggjarundersøking**

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgde med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultata samsvarar også med resultata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet

8.3 Tilsyn og klagesaker.

Så langt i 2017 har det vore gjennomført 23 tilsyn med til saman 60 avvik. 19 tilsyn har gått på bygningar, 1 på skatt, 1 på sentraladministrasjon og 1 på ROP (rus/psykiatri).

Det ligg ikkje føre ein samla oversikt over klagesaker i 2017.

8.4 Årsrapport sektor Stab

Tenester og oppgaver i sektoren

I 2017 har Sektor Stab omfatta kommunalsjef, Dokumentsenter og politisk sekretariat, innkjøp, Servicetorget, Personal- og organisasjonsavdelinga, Økonomiavdelinga, Egedomsavdelinga og IKT-avdelinga⁹ som utgjør til saman 6 avdelingar. Kommunalsjef Stab er leiar for sektoren og har eiga leiargruppe.

Sektor Stab har som primæroppgåve å syte for interne tenester i organisasjonen innanfor ulike fagfelt. For å levere gode tenester må Stab samhandlar og samarbeider på ulike organisatoriske nivå, med leiarar, medarbeidarar, tillitsvalde og politisk leiing.

Dokumentsenter, politisk sekretariat, innkjøp og leiing:

Dokumentsenter og politisk sekretariat skal yte merkantil internservice til driftseiningane, dei andre stab- og støttefunksjonane, ordføraren, andre folkevald og politiske utval. Dokumentsenter og politisk sekretariat er primært eit internt serviceorgan. Eksterne tenester dreier seg stort sett om utskrifter frå postlista på nett, status for innsende dokument og spørsmål om politiske vedtak. Dokumentsenter og politisk sekretariat er sekretariat for politisk utval medrekna valstyret og har ansvar for gjennomføringa av kommune- og stortingsvala. Kommunen har sentralarkiv og all post til sak/arkivsystemet vert scanna, journalført og arkivert. Avdelinga har også ansvar for møteinnkallingar, trykking og distribuering av saklister og møtebøker til dei politiske utvala.

Servicetorget:

Servicetorget har bl.a. ansvar for publikumsmottaket, sentralbord og ekstern informasjonsarbeid. Avdelinga syt for oppdateringar både på Herøy kommune si nettside, intranettside og Facebook. Dei skriv nyhendeartiklar, lagar videosnuttar og informasjonsmateriale. I tillegg til dette utfører avdelinga sakshandsaming for andre avdelingar.

Personal- og organisasjonsavdelinga:

Personal- og organisasjonsavdelinga har stab og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane. Avdelinga har ansvar for lønnsutbetaling, søknad om tenestepensjon frå Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) samt innkrevjing av refusjon sjukepengar. Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråværsoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen. Ei viktig oppgåve er og å gi leiarane støtte og hjelp i personalfaglege spørsmål og i utøvinga av leiarane sitt personalansvar, samt å være kontaktledd mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

⁹ IKT-avdelinga som eiga avdeling vart ved årsskifte 2018 overført og inkorporert i SSIKT.

Økonomiavdelinga:

Avdelinga fører rekneskapen for Herøy kommune, Søre Sunnmøre Landbrukskontor (2017), Opplæringskontoret, Herøy kyrkjelege fellesråd, Ytre Herøy sokn, Indre Herøy sokn og Leikanger sokn. Frå 01.01.2018 fell Søre Sunnmøre landbrukskontor vekk som eige selskap og i staden tek avdelinga rekneskapsføringa til Sande kyrkjelege fellesråd.

Avdelinga syter for utsending av kommunale krav (fakturaer) og innfordring av desse. Skatterekneskapen inklusiv kontroll og innfordring (særnamsmannskompetanse). Avdelinga har også ansvar for sakshandsaming, finans (lån og plasseringar) og opplæring innan økonomiområdet.

Eigedomsavdelinga:

Forvaltning omfattar personal- og økonomiforvaltning, inn- og utleige av formålsbygg, utarbeiding av forsikringsavtalar og oppfølging av forsikringssaker innanfor tingsområdet, utarbeiding og revisjon av kommunedelplan for bustadpolitikk og klimatiltak, oppfølging av offentlege tilsyn og pålegg og strategisk vidareutvikling av kommunale bygg.

Byggdrift

Byggdrift omfattar alle oppgåver som er naudsynte for at kommunale formålsbygg og utleigebustadar fungerer som tiltenkt i det daglege.

Bustadforvaltning, startlån og tilskot:

Bustadforvaltning omfattar inn- og utleige av kommunale utleigebustadar samt handsaming av søknadar om startlån og tilskot til etablering og/eller tilpassing.

Reinhald og Kantine

Kantinedrift ved Herøy rådhus. Reinhald omfattar dagleg og periodisk reinhald samt hovudreingjering i kommunale formålsbygg og einskilde kommunale utleigebustadar.

Prosjekt

Prosjekt omfattar planlagde vedlikehaldstiltak, byggeprosjekt (nybygg, tilbygg og totalrehabilitering av kommunale bygg) og andre mindre investeringstiltak i tilknytning til kommunale bygg. Ansvarsområdet omfattar om lag 64 000 m² BTA bygningsmasse, fordelt på om lag 54 000 m² formålsbygg og 10 000 m² utleigebustadar. Det er ikkje utarbeida nøkkeltal for eigedomsforvaltninga. Forslag til målstyring etter nøkkeltal er under utarbeiding som del av årsplanen for 2017.

IKT-avdelinga

Avdelinga har ansvar for drift, vedlikhald og investering innanfor ansvarsområdet, i tett samarbeid med dei andre sektorane og Søre Sunnmøre IKT.

Det vert syn til prosjekttiltaksplan 2017.

Årsverk

Stillingsheimlar inklusiv vakanse	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Personal- og organisasjonsavdelinga	4,50	5,00	5,00	5,10	5,30	4,70	4,45
Økonomiavdelinga	7,00	7,0	7,3	8,3	-	-	-
Servicetorget	5,5	5,5	5,5	5,5	-	-	-
Eigedomsavdelinga	30,1	30,1	30,1	30,1	-	-	-
Dokumentsenter og politisk sekretariat	2,5	2,5	2,5	2,5	-	-	-
Innkjøp	1,0	1,0	1,0	1,0	-	-	-
Leiging	0,5	-	-	-	-	-	-
IKT-avdelinga	3,0	3	3,0	4	-	-	-
Totalt	54,1	54,1	54,4	56,5	-	-	-

Vakanse i sektoren ved årskifte 2017/2018 var 2,4 stillingsheimlar.

Tenestene:

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.	Oppfylging
Tiltak i Personal- og organisasjons-avdelinga	Gjennomføre 10-faktor (medarbeidarundersøking)	Implementere og ta i bruk nytt tidsregistreringssystem tidBANK	Gjennomført og rapportert i Kommunestyret. Gjennomført leiaropplæring og oppfylging.
	-	Implementere og ta i bruk elektroniske skjema i høve løn. (Føresetnad: samarbeid med SSIKT og tekniske høve)	Er i kontinueleg dialog med SSIKT.
	-	Ta del på prioriterte kurs innan personal- og organisasjonsfaget	Evrykurs for lønsmedarbeidar er gjennomført.
	-	Gjennomføre opplæring for leiarar	Del 1 av opplæring. Gjennomført.
Tiltak i Økonomi-avdelinga	-	Kursaktivitet bl.a. knytt til nytt mva-regelverk	Teke del på momskurs og Evry-samling.
Tiltak i Servicetorget	Innbyggjarundersøking	Utarbeide og ta i bruk serviceerklæring	Innbyggjarundersøkinga er gjennomført og handsama politisk. Utarbeidd serviceplakat.
	Ta i bruk tilbake-meldingssystem (HappyOrNot)	Interne kurs knytt til rolla som servicevert	Gjennomført HappyOrNot-undersøking i 2017. Ikkje gjennomført interne kurs.
Tiltak i IKT-avdelinga	Måle responstid på brukarstøtte (support)	Rutinar i høve nye prosjekt og innkjøp	Målar responstid på supporttelefonen.
	Måle løysingstid på innmelde saker	Definere tenesteleveranse og SLA (Service Level Agreement) for SSIKT og lokal IKT-avdeling)	Skal prøve å ta ut Case-rapportar i slutten av året.

Tiltak Dokumentsenter og pol. Sekretariat	-	Endring av mal for saksframlegg, med samandrag av saka.	Gjennomført.
	-	Optimalisere og samordne innsyn/politikk på kommunene sine heimesider (Interkommunal arbeidsgruppe)	Gjennomført.
Tiltak i Egedoms-avdelinga (Byggdrift)	Utarbeide nøkkeltal for måling av tenesteutvikling	Alle byggmessige avvik og aktivitetar skal registrerast i avvikssystemet Famac	Er på gang med å hente inn fakta. Ynskjer 2-3 nøkkeltal. Ikkje bestemt enno, då det er på veg ein Norsk standard.
Tiltak i Egedoms-avdelinga (Bustad-forvaltning og startlån/tilskot)	-	Klargjering av bustad innan 30 dagar etter avlevering frå leigetakar	Gjennomfører faste bustadmøter med NAV, Helse og omsorg og økonomi.
	-	Utarbeiding av buopplæringsplan for alle nye kontraktshøve	Begynt å jobbe med (mal). Samarbeid md 7 stjerna i høve buopplæring..
	-	Finansinstitusjonar og brukarar skal få betre informasjon om startlån og tilskot	Planlegg møte med bankane. Gjennomført eitt møte.

Organisasjon:

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.	Oppfylging
Tiltak i Staben	Leiarutviklings-program i samband med medarbeidar-undersøking (10-faktor) i regi av KS konsulent	Med bakgrunn i resultat og faktorane i medarbeidar-undersøkinga 10-faktor, skal det utarbeidast tiltaksplanar.	Gjennomføre regelmessige IA-møte med partane i IA-uvalet	Revidering av arbeidsgjevar-politikk og rutinar på personal-området	Leiaurtviklings-programm gjennomført i regi av KS. Arbeidet med tiltakaplanar er i gang.

Samfunnsutvikling:

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.	Oppfylging
Tiltak i Stab	Obligatorisk opplæring for nyttilsette	-	-	Fyrste opplæring 24. Mars. Berre ein møtte. Må endre opplegget.
	Gjennomgang og revisjon av arbeidsgjevar-politikken	-	-	Under arbeid, i lag med gjennomgang av rutinar, retningslinjer og avtalar.

Prosjekttiltak Eigedomsavdelinga			
Nr.	Prosjekt	Aktivitet	Oppfylging
51408	Einedalen skule – fleirbrukshall	Revisjon av byggeprogram	Byggeprogram er vedteke. Prosjektet er finansiert. Planlagt bygggestart i 2018.
51412	Omsorgsbustadar og base for heimetenesta	Nybygg	Prosjektet skal økonomisk avslutta. Forseinka grunna prosjektleiars oppsigelse av stillinga.
60106	Herøy kulturhus og idrettshall	Asbestsanering	Asbestsanering og gulvlegging er ferdigstilt.
		Nye ytterdører og skalsikring	Ytterdører er skifta ut. Skalsikring er etablert.
		Soneinndeling og delvis utskifting av innerdører	Utskifting av ytterdører og soneinndeling pågår.
		Rehabilitering av lokale for Frivillegsentralen	Utført. Frivilligsentralen har flytta frå dei gamle lokala i Fosnavåg.
60604	Hovudbrannstasjon	Forprosjekt - alternative løysingar	Forprosjekt er vedteke. Prosjektet er finansiert. Planlagt bygggestart i 2018. Val av tomt gjenstår.
61302	Ny bil eigedomsavdelinga – reinhald	-	Kjøpt
61504	Herøy ressurscenter	Forprosjekt	Eigedomsavdelinga avventar overordna vurdering av det framtidige helse- og omsorgstilbodet i Herøy.
61510	Nedre Dragsund 2 - mindre rehabilitering	Tilrettelegging for utleige.	Brannteknisk prosjektering for eventuell ombygging er utført, men det vart ikkje løyvd midlar til ombygging i 2018-budsjettet. Dette er uheldig for eigedomsavdelinga som dermed misser næringsleigeinntekter for bygget.

			Fasade mot Kulturhuset er rehabilitert. Fasade mot ungdomsskolen rehabiliterast i 2018.
70016	Bergsøy skule Borga - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak – gymsal	Uteområdet mot Havila Stadion og Kulturhusområdet er fristilt for ordinær bruk. Fasade mot ungdomsskolen er fortsatt avstengt grunna fare for takras.
		Desentralisert ventilasjon – prøveprosjekt	Ferdigstilt. Meget positive resultat.
70017	Brannsikring av kommunale bygg	Lukking av branntekniske avvik	Landa tiltak 2,8 mill i midlar
70018	EPC – Energisparekontrakt	Fase 1 – Analyse	Vi førebur sak til kommunestyret vedrørende opsjon på vidare samarbeid med AF gruppen.
70020	Herøy omsorgssenter - mindre rehabilitering	Oppgradering av utvendig rømningsveg	Gjennomført.
		Nye ytterdører og skalsikring	Gjennomført.
		Rehabilitering av brannseksjonering mot Herøy helsesenter	Gjennomført.
		Bygging av mindre utebod for kjøkkenavdelinga	Gjennomført.
70021	Herøy rådhus - mindre rehabilitering	Asbestsanering	Gjennomført.
		Nye ytterdører og skalsikring	Konkurransesgrunnlag for lås og beslag er sendt ut. Konkurranse for ytterdører avventer denne utlysinga.
		Nye branndører	Konkurranse for branndører avventer utlysinga av lås og beslag.
		Ombygging av personaltoalett	Toalettet i 3. etasje er fortsatt avstengt, men skal rehabiliterast i samsvar med dagens løysing.
		Rehabilitering av personheis – forprosjekt	Norconsult har vore på synfaring med tanke på rullestolrampe, ombygging av hovudinngang og detaljprosjektering av personheisrehabilitering.
70022	Leikanger skule og grendahus	Tilbygg og rehabilitering	Økonomisk avslutning står att.
70039	Kvithaugsmyra 4 - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak	Gjennomført.
70040	Myrsnipa barnehage - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak	Gjennomført.

Planlagd vedlikehald Eigedomsavdelinga	
130 – Administrasjonslokale	
Herøy Rådhus	Montering av avfuktingsanlegg
	Reparasjon av rustsprenging – utvendig kledning.
	Montering av avfuktingsanlegg
221 – Førskulelokale	
Bergslia bhg	Reparasjon av overvannsledning og asfalterting
	Utskifting av poten til barnehagen
222 – Skulelokale	
Nerlandsøy skule	Rehabilitering av trapperomet
Stokksund skule	Maling av betongkonstruksjonar
Ytre Herøy Ungdomskule	Maling av betongkonstruksjonar
	Reparasjon rustsprenging i fasaden
Stokksund skule	Etablering av reinhaldssentral
Bergsøy skule Blåhaugen	Maling av betongkonstruksjonar
	Reparasjon av uteområdet
234 – Aktivitetstilbod	
Solheim dagsenter	Utskifting av taktekking og underkonstruksjon
241 – Helsebygg	
Herøy helsesenter	Montering av solskjerming
261 – Institusjonslokale	
Herøy omsorgssenter - raud og grøn avdeling	Maling av betongkonstruksjonar
	Generell oppussing av skyllerom og lager
	Utskifting og reparasjon av golvbelegg
	Rens av ventilasjonskanaler til kjøkken
Herøy omsorgssenter - blå avdeling	Overbygg reservestraumaggregat
Myrvåg omsorgssenter	Skifte vindu fløy A byggetrinn 1
265 – Utleigebustadar	
Sjukeheimsvegen 6	Maling av trekledningsvegg
Trolldalsvegen 16-18	Maling av trekledningsvegg
Rabbegjerdet 3	Maling av trekledningsvegg
Tjørnvågvegen 274-276	Maling av trekledningsvegg
	Vedlikehald av elektrisk installasjon
Øvre Myklebust 15	Maling av trekledningsvegg og montering levegg
Solbergvegen 2-4	Maling og reparasjon trekledningsvegg
386 – Kulturbygg	
Fosnavåg konserthus og kino	Vedlikehold av parkettgolv.

Prosjekttiltak IKT-avdelinga

Prosjekt	Aktivitet	Oppfølging
Nytt supportsystem IKT	Testfase	Ferdig. Er i full drift. Vert kopla mot SLA 2018.
Vurdering nytt skuleadministrativt system	Sjusstjernaprojekt	Avtale signert og nytt system klart for installasjon 2018. SSIKT-prosjekt.
Flytting av kulturserver/DX-billettsal	Mogleg i februar, men ventar på svar frå DX	Ferdig. Gjennomført i mars
Nytt program helsestasjon	Overgang til HsPro saman med Sande (dei andre 5 køyrer dette)	Utsett på ubestemt tid. Avgjerda ligg til avdeling for Barn, familie og helse/Helsestasjonen
WIFI- Flytte alle WIFI-antenner over til SSIKT	Starta januar - Cisco prime for wlan kontrollere vil forenkle bl.a. utdeling av gjestenett-passord	Ferdig
Flytte internettaksess	Februar/mars	Ferdig
Flytting av ISY-proaktiv	2017	Ferdig. KomTek installert.
Oppgradering av ShiftManager til ny versjon	Veke 6	Ferdig
Flytting av DB Visma barnehage	Program er flytta til driftssenteret, database ligg igjen lokalt	Ferdig
Prosjekt 10G nettverk	Kjernenettet klart for 10G linjer ut til andre kommunale bygg med fiber. Vert testa mot skular som nyttar streaming	Ferdig
Flytting fiber rådhuskjellar	Tussa og Herøy kommune sin fiber skal trekkast til telerommet i staden for gamle serverrommet. (tussa ville finne ein dato i februar). Full nedetid alle tenester	Ferdig, flytta den 15.03.18
Utrulling iPad til alle elevar på 1. og 2. trinn	Samarbeid med oppvekstavdelinga som finansierer kjøp av einingane	Ferdig
Nedbygging/avvikling serverrom på rådhuset	2017	Ferdig
Nybygg OBOBH – Eggesbøtun	Trådløs, klientar, AV osv.	Ferdig
Maskinrulling	2017	Ferdig
Nye AV-løysingar møterom rådhus	2017	Smarttavle møterom i Servicetorg. Videokonferanse til møterom 1. Smarttavle i formannskapssalen. Opplæring planlagt 2018.
ID-kort?	2017?	Bilete er lagt inn av alle på rådhuset og kort-skivar er kjøpt inn. Må avklare kven som skal produsere korta i kommunen
Flytting av låsesystem?	2017?	Utsett til 2018
Flytting av SD-anlegg?	2017?	Eigedom har eit eige prosjekt rundt dette

8.5 Årsrapport sektor Oppvekst

Tenester og oppgåver i sektoren

Sektor Oppvekst omfattar barnehage, grunnskule, kulturskule, pedagogisk- psykologisk tenestekontor og Internasjonal skule.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og lek, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjøving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Kommunen har 4 kommunale og 5 private barnehagar.

Grunnskulen arbeider etter nasjonale styringsdokument som opplæringslova m/forskrifter, læreplanverket, ulike stortingsmeldingar og rundskriv.

Grunngjeving for val av dei ulike tiltaka:

Med nasjonale vedtak om bemanningsnormer, samt budsjettvedtaket i kommunestyret om tidleg innsats og ekstra løyving til spesialundervisning, vart det lagt ei føring for mulege innsparingstiltak.

Ein legg også til grunn Kostra-tala, som viser lave driftsutgifter både i grunnskule og i barnehage.

Sektor Oppvekst har derfor sett på tiltak som ikkje går direkte på undervisning/tenester inn mot barn og unge, men heller på strukturelle og organisatoriske forhold. I forhold til rådmannen sitt krav om 4 mill, vil det resterande gå på redusert undervisningstimetall i grunnskulen - så langt ein kan gå i høve lærarnorma.

Ein har vurdert innsparingstiltak i barnehage. Strukturelle endringar kunne gitt innsparing, men ikkje så lenge ein må kjøpe tilsvarende plassar i private barnehagar.

Vurdering av tiltaka

- **Flytting av elevar frå Moltu til Stokksund.**

Vurdering og konsekvens:

Dette forslaget inneber nedlegging av Moltu skule, og skyssing av elevar til Stokksund skule.

Konsekvensar elles må utgreiast i høve forskrift om nedlegging av skular. Dette tilseier høyring av alle partar, dvs brukarar av skulen, samt ei vurdering av barnets beste, jfr barnekonvensjonen.

Med den elevtalsutvikling ein ser i dag, vil forslaget vere muleg å gjennomføre. Her er likevel ein risiko knytta til usikker elevtalsutvikling. Dette med bakgrunn i utbyggingsklare byggefelt både på Moltu og i Stokksund, samt erfaringsmessig tilflytting til bygda.

Konsekvensen kan etter kvart bli modulbygg ved Stokksund skule, der klasseromma er dimensjonerte for 19 elevar.

- **Legge ned bassenget ved Stokksund skule**

Vurdering og konsekvens:

Elevar ved skulane Stokksund, Einedalen, Moltu og Leikanger nyttar i dag bassenget i Stokksund til symjeopplæring. Tida ein leiger i Sunnmørsbadet, vil måtte fordelast på alle skulane/elevane. Dette betyr kortare periode for symjeopplæring pr.år, eventuelt at ein ikkje har symjeopplæring på alle årstrinn som no (barnehage – 8.trinn) Lovkravet om å vere symjedyktig etter 4.årstrinn, vil likevel truleg kunne oppfølgjast.

Tida for transport til og frå symjeopplæringa vert auke, og undervisningstid tilsvarende redusert.

Risikovurderinga for ekstra vedlikehald/renovering i åra framover, tilseier auka kostnader på sikt.

- **Innføre kostpris på sal av dirigenttenester**

Vurdering og konsekvens:

Tiltaket gjeld sal av dirigenttenester til vaksne kor og korps, som nyttar tilsette i kulturskulen som dirigentar.

Ved å innføre kostpris, vil fakturering skje etter faktiske lønnskostnader til dirigenten, i staden for etter faste og «subsidierte» satsar som no.

Konsekvensen vert ein høgare kostnad for kjøp av denne tenesta. Tiltaket er ei tilnærming til praksisen i nabokommunane.

- **Avslutte ordninga med korps i barnehage og skule**

Vurdering og konsekvens:

Kulturskulen har eit tilbod om korpsundervisning i barnehage og skule, i samarbeid med lokale korps. Dirigenten er tilsett i kulturskulen, barnehage og korps betaler ein del av kostnaden.

Konsekvensen ved å kutte ordninga, vert at ca 120 barn i barnehage og småskule ikkje lenger får dette tilbodet.

- **I større grad sentralisere kulturskuletilbodet**

Vurdering og konsekvens:

Kulturskuletilbodet i Herøy er i dag desentralisert, med undervisning ute i bygdene i heile kommunen.

Konsekvensen vert meir undervisning sentralt på kulturhuset og skulane på Bergsøya, med utgangspunkt i kulturskulen sin base på kulturhuset. Dette vil gi ei innsparing ved bortfall av bilavtalar og reduserte køyrekostnader/betalt køyretid. Elevane vil måtte køyrast til undervisning i større grad enn i dag, og elevtalet i kulturskulen vil kunne bli redusert.

- **Redusert skuleskyss**

Vurdering og konsekvens:

Forslaget inneber ei budsjettmessig tilpassing til det skyssopplegget kommunen allereie har i dag. I tillegg ei forventning om planlagde trafikktryggingstiltak, i dette også utbetring av Skarabakken. Det betyr også ei fortsatt «streng» forvaltning i høve søknader om ekstra skuleskyss relatert til særleg, fagleg veg.

- **Redusert bemanning/tilbod SFO**

Kommunen er i følge opplæringslova pliktig til å gi tilbod om SFO. Det er ikkje krav om SFO ved kvar skule. Tilbodet er frivillig, og føresette betaler jfr fastsett sats.

Tiltak 1: Reduksjon i kostnader ved kortare opningstid, med minimumstal på barn for å halde ope, basert på betre balanse mellom lønnskostnader og foreldrebetaling.

Konsekvens: SFO-tilbodet ved dei minste skulane vert redusert, og føresette kan få utfordringar relatert til eiga arbeidstid.

Tiltak 2: Reduksjon i kostnader ved å redusere grunnbemanninga, som i dag er 15 barn pr.tilsett.

Konsekvens: Vil kunne gjennomførast i nokre SFO'ar, men ikkje alle av omsyn til forsvarlegheit. Det må gjerast skjønnsmessige vurderingar i høve dei enkelte barnegruppene.

- Redusere undervisningstimar i grunnskulen

Vurdering og konklusjon:

Tiltaket betyr færre undervisningstimar, mindre deling av klasser, mindre tilpassa opplæring og mindre tidleg innsats. Om dette tiltaket vert meir omfattande ved at kravet om 4 mill innsparing skal oppretthaldast og andre forslag ikkje vert vedtatt, vil lovfesta lærarnorm bli utfordra.

Oppstilling av dei konkrete innsparingsforslaga:

FORSLAG	SUM	KOMMENTAR		
Flytting av elevar frå Moltu til Stokksund	1800000	Inkl vedlikehald og reinhald. Ex framtidige investeringar		
Redusere symjeopplæring	475000	Inkl vedlikehald og reinhald, ex lønn Eigedom og framtidige utgifter med vedlikehald/renovering		
Innføre kostpris dirigenttenester	275000			
Kutte Korps i bh/skule	80000			
Sentralisere tilbod i kulturskulen	100000			
Redusert skuleskyss	800000			
Redusert tilbod SFO	100000			
Kutte stillingar i grunnskulen	370000			
SUM	4000000			

Vi gjer merksam på at utgifter til reinhald og vedlikehald i utrekningsgrunnlaget, ligg under Eigedomsavdelinga sitt budsjett og utgjer samla sett ca kr.900.000. Skal vi innfri kravet om 4 mill innsparing utan å ta med dette, vil reduserte undervisningstimar i grunnskulen bli auka tilsvarande.

Med helsing

Sølvi Lillebø Remøy
Kommunalsjef Oppvekst



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Helse og omsorg

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
12.04.2018

INNSPARINGSTILTAK 2019 - HELSE OG OMSORG

Prosess:

Innsparingstiltak har vore grundig drøfta og vurdert i sektor helse og omsorg, som møtepunkta i tabellen viser. Hovudtillitsvalde og hovudverneombod har vore invitert/med i dei fleste møta.

Arena	Møte	Møte	Møte	Møte
Leiarmøte HO, med HTV og HVO invitert.	03.01.2018	31.01.2018	14.02.2018	23.03.2018
Avdelingsmøte i Tenestekoordinerer (alle tilsette)	08.01.2018	05.02.2018	19.02.2018	05.03.2018
Avdelingsmøte Barn, familie og helse		06.02.2018	20.02.2018	06.03.2018
Leiarmøte Bu og habiliteringsavdelinga	08.01.2018	05.02.2018	06.03.2018	21.03.2018
Bu og habilitering: fagdagar i alle seksjonar	25.01.2018			
Eigne seksjonsmøter: Nestunet	05.01.2018	12.01.2018		
Eigne seksjonsmøter: Solheim			28.02.2018	
Eige møte med voksenopplæringa				21.03.2018
Leiarmøter Pleie og omsorgsavdelinga	08.01.2018	22.01.2018	05.02.2018	05.03.2018
Pleie og omsorg: fagdagar i alle seksjonar	30.01.2018 blå avd	31.01.2018 Myrvåg B	01.02.2018 Grøn avd	
		31.01.2018 Raud avd	01.02.2018 Myrvåg A	
		31.01.2018 Hspl ytre	01.02.2018 Hspl indre	
			01.02.2018 Hspl ytre	
Besøk til Sula kommune i lag med HTV og HVO			26.02.2018	
Dialog med helse og omsorgskomiteen				08.03.2018

Grunngjeving og vurdering for val av tiltak:

Avdelingane har hatt mange tiltak til vurdering, dei aller fleste tiltaka som er foreslått her, vert vurdert som mogleg å gjennomføre. Det tiltaket som vil krevje størst grad av prosess, og som ikkje vil vere fullt ut på plass i 2019, er om ein vil gå vidare med omheimling av sjukeheims plassar til bukollektiv. Her må ein i tillegg pårekne ei investering knytt til bad, om ein vel grøn avdeling. Kostnaden for ei eventuell investering er ikkje rekna på.

Tiltak:

Tiltak a) Auke i inntekt knytt til statstilskot for ressurskrevjande brukarar i avdeling bu og habilitering og pleie og omsorg.

Vurdering og konsekvens:

Erfaring tilseier at vi får meir tilskot når rekneskapen vert klar, i forhold til budsjettering ut frå kjente vedtak. Det går på konkrete rekneskapstal knytt til overtid, ekstraarbeid m.m, som fyrst er kjent konkret, ved slutten av året. Tiltaket vert vurdert som realistisk og mogleg.

Tiltak b) Opprette heimel for å løyse oppgåver knytt til hjelpemiddel og utrulling av velferdsteknologi.

Vurdering og konsekvens:

Teknisk drift har frigjort ressursar til 0,5 årsverk innanfor gjeldande budsjettramme. Vi treng kun oppretting av heimel for å løyse arbeidsoppgåver som utlevering av hjelpemiddel, bidra til innføring av "trygghetsspakken". Dette vil føre til innsparing mellom anna ifht mindre betaling til eksterne. På same tid kan ergoterapeutressursane nyttast meir hensiktsmessig med meir direkte brukartid, og samstundes redusere behov for heimeteneste. Tiltaket vert vurdert som ønska omstilling for å møte behovet, slik at innbyggjarane kan bo lengst mogleg i eigen heim, og meistre kvardagen på ein god måte.

Tiltak c) Omheimling frå institusjon til bukollektiv

Vurdering og konsekvens:

Omheimling frå sjukeheim til bukollektiv kan gjere det mogleg å yte helsetenester med likt innhald og med lik bemanning som før. Vederlag fell bort og vert erstatta med husleige. Innsparing er stipulert for 40 plassar, med referanse til erfaring i Sula kommune. Effekt fullt ut vil nok ikkje vere synleg før 2020 og delvis 2021. Prosessen vert her viktig. Forankring, involvering, fokus på frivilligheit er naudsynt om ein vel dette alternativet.

Tiltak d) Redusere bruk av overtid

Vurdering og konsekvens:

Helse og omsorg har samla sett mykje høgare forbruk enn budsjetterte midlar, så ein reduksjon krev at arbeidsgivar har god planlegging, tilgang til nok personell og høg grad av nærver på jobb. Vi må sjå på kva har vi av 50% og 100% overtid, og vurdere korleis dette kan gjerast på andre måtar. Budsjetterte midlar i 2017 er i overkant av 1 million. Utvide bemanningsteam etter modell frå Myrvåg omsorgssenter stegvis til å gjelde heile sektoren? Evaluering av prosjektet i Myrvåg må takast tak i og leggst inn i saka her.

Tiltak e) Reduksjon av årsverk i samband med omorganisering og samanslåing av internasjonal skule og flyktingetenesta.

Vurdering og konsekvens:

Rådmannen har avgjort at flyktingetenesta vert slått saman med internasjonal skule, for å få betre heilskap i tenesta frå 1.januar 2019. I samband med det foreslår

vi at engasjementstilling i tenesta ikkje vert vidareført. Herøy kommune tek i mot færre flyktningar enn før, så tiltaket vert vurdert som realistisk og mogleg.

Tiltak f) Avslutte vaksenopplæring til personar som har fullført grunnskule og vidaregåande skule.

Vurdering og konsekvens:

Dei aller fleste fullfører grunnutdanning og vidaregåande utdanning i dag. I Herøy har fleire fått tilbod utover dette. Vi foreslår ein innstrammande praksis ifht tiltak etter opplæringslova. Ved behov for opplæring kan vi gje tenester etter HOL praktisk bistand, opplæring. Vi har 100% stilling i dag. Vi foreslår å kutte 80% stilling. 20% stilling vert omdefinert til miljøterapeut, som går til direkte brukartid. Tiltaket vert vurdert som realistisk og mogleg.

Tiltak g) Kutte kjøp av dagtilbodet Grøn omsorg.

Vurdering og konsekvens:

Då ein starta med Grøn omsorg i si tid var det med hensikt å få ned utagering og utfordrande åtferd. Grøn omsorg si kompetanse har visst seg positivt for å få ro rundt enkelte brukargrupper innan tenesta.

Å fjerne tilbodet kan få store konsekvensar for den det gjeld og det er fare for utagering. Kan ende opp med å bli dyrare med kompensierende tiltak.

Tiltak h) Kutte i vaktlengder i bu og habiliteringsavdelinga.

Vurdering og konsekvens:

Avdelinga har gått igjennom vaktlengder på dei ulike arbeidsplassane, og foreslår kutt/reduksjon på vaktlengder for å redusere ressursbruk. Tiltaket vert vurdert som mogleg.

Tiltak i) Kutte stillingsressurs som er vakant.

Vurdering og konsekvens:

Bu og habiliteringsavdelinga har meirforbruk av ressursar på enkelte arbeidsplassar, men foreslår likevel å saldere 10% stilling. Tiltaket vert vurdert som mogleg.

Tiltak j) Mindre bruk av vikarar.

Vurdering og konsekvens:

Helse og omsorgssektoren vil halde stillingar vakante for kortare og lengre periodar, der dette let seg gjere og er fagleg forsvarleg. Tiltaket vert vurdert som realistisk og mogleg.

Tiltak k) Auke matprisen på psykiatrisk dagsenter.

Vurdering og konsekvens:

Prisen på mat har i lengre tid vore fast ved dagsenteret innan psykisk helsevern. Ein foreslår her å ha same pris på psykiatrisk dagsenter, som ein har elles i sektor helse og omsorg. Ved å sette opp denne prisen kan ein få fråfall av brukarar, slik at innsparinga kan vere noko usikker.

Innsparingsliste:

Versjon 31.03.2018

Tiltak	Oppgåve/namn	Omtale	2 019	Merknad/konsekvens
a	Helse og omsorg - auke i inntekt	Auka inntekt ifht statstilskot for ressurskrevjande brukarar i bu og habilitering og pleie og omsorg	1 500 000	Erfaringar tilseier at vi får meir tilskot når rekneskapen vert klar, i forhold til budsjettering ut frå kjente vedtak. Det går på konkrete rekneskapstal knytt til overtid, ekstraarbeid osv.
b	Helse og omsorg - velferdsteknologi	Teknisk drift har frigjort ressursar til 0,5 årsverk innanfor gjeldande budsjettramme- Vi treng kun oppretting av heime for å løyse arbeidsoppgåver som utlevering av hjelpemiddel, bidra til innføring av "trygghetsspakken". Dette vil føre til innsparing mellom anna ifht mindre betaling til eksterne. På same tid kan ergoterapeutressursane nyttast meir hensiktsmessig med meir direkte brukartid. Redusere behov for heimetjeneste.	200 000	Legge til rette for at innbyggjarane får bruke hjelpemiddel og teknologi, for å vere lengst mogleg i eigen heim. Halv effekt i 2018. Ønskeleg for sektoren.
c	Helse og omsorg- omheimling frå institusjon til bukollektiv	Omheimling frå sjukeheim til bukollektiv kan gjere det mogleg å yte helsetenester med likt innhald og med lik bemanning som før. Vederlag fell bort og vert erstatta med husleige. Innsparing er stipulert for 40 plassar. Ref. Sula kommune	1 100 000	Effekt fullt ut vil nok ikkje vere synleg før 2020 og delvis 2021. Prosessen vert her viktig. Forankring, involvering, fokus på frivilligheit.
d	Helse og omsorg- redusere overtid	Kva har vi av 50% og 100% overtid, og kan dette gjerast på andre måtar?	200 000	Budsjetterte midlar i 2017 i overkant av 1 mill, - Organisere tenesta anleis? Utvide bemanningsteam etter modell frå Myrvåg omsorgssenter stegvis til å gjelde heile SHO. Evaluering av prosjektet i Myrvåg må takast tak i og leggst inn i saka her.
e	Omorganisering og samanslåing av internasjonal skule og flyktingetenesta	Flyktingetenesta vert slått saman med internasjonal skule for å få betre heilskap i tenesta frå 1.januar 2019. Engasjementstilling i tenesta vert ikkje vidareført. Tillitsvald og verneombod har vore med i prosessen.	750 000	Engasjementstilling vert ikkje vidareført.
f	Helse og omsorg - avslutte vaksenopplæring til personar som har fullført grunnskule og vidaregåande skule	Dei aller fleste fullfører grunnutdanning og vidaregåande utdanning i dag. I Herøy har fleire fått tilbod utover dette. Vi foreslår ein innstrammande praksis ifht tiltak etter opplæringslova. Ved behov for opplæring kan vi gje tenester etter HOL praktisk bistand, opplæring.	500 000	Vi har 100% stilling i dag. Vi foreslår å kutte 80% stilling. 20% stilling vert omdefinert til miljøterapeut, som går til direkte brukartid. Vert vurdert som mogleg.
g	Kutte dagtilbod Grøn omsorg	Ikkje lovpålagt dagtilbod, men får direkte konsekvens for 3 brukarar om vi fjerner tilbodet	520 000	Å fjerne dette tilbodet får direkte konsekvens for 3 brukarar, som dette fungerer særst godt for. Konsekvens av å fjerne er ikkje heilt klart. Kan ende opp med å bli dyrare med kompenserande tiltak

i	Buhab. Har 10 % som ikkje er i bruk, men har overforbruk på Tvakter og Tofestøvegen.	Vakanse på 10% i heimeteneste bu-hab	55 000	Saldere 10% stilling. Vert vurdert som mogleg.
j	Helse og omsorg-refusjon av sjukepengar, ved sjukdom kor det ikkje settast inn vikar.	Ved sjukdom etter arbeidsgivarperioden, settast det ikkje inn vikar, dersom det er ledigheit over tid.	200 000	Halde stillingar vakante.
k	Auke av inntekt ved å sette opp prisen på mat ved dagsenter	Prisen på mat har i lengre tid vore fast ved dagsenteret innen psykisk helsevern. Ved å sette opp denne prisen kan få frafall av brukere	20 000	Det er usikkert kor mykje ein kan spare inn ved dette tiltaket då det er uklårt om ei auke i pris vil føre til at færre vil spise på dagsenteret. Det er og slik at kommunane rundt oss har ulik pris ved mat på psykiske dagsentre.
l	Kommunehelse.Stabile utgifter dei siste 4 åra	Utgiftane til kommunehelse er høge, men har vore stabile over tid. Det er særleg utgiftene til behandling som er høg. Dette vil nok i hovudsak omfatte omfatte ei auke i kostnader som ikkje er kompensert etter samhandlingsreforma. Utfordringar med omsyn til rekruttering av fastlegar er og med. Kommunen har to kommunale legekontor og eit legevaktsamarbeid med andre kommunen. det er vel særleg natlegevakta som harført med seg kostnader. Sett ut frå moglegheiten til å rekruttere fastleger ser ein likevel denne vaktordninga som teneleg.		Vurdert. Innsparing på kommunehelse er vanskeleg å foreslå. Kommunen har utfordringar med å få tilset fastlegar i ledige heimler. Dette er ikkje berre noko Herøy slit med, men gjeld nå mange kommunar rundt i heile landet. Dei inngåtte leigeavtalene med fastlegane skal evaluerast i løpet av 2018 slik at det er for tidleg nå å forskuttere noko i den samanhengen.
m	Redusere utgiftane til sosiale tenester	Utgiftane til arbeidsrettede tiltak er særleg høg i kommunen. Dette skuldes nok at det er feilføring ved at arbeidsrettede tiltak til funksjonshemmede. Samla for sektoren helse og omsorg vil ikkje dette ha nokon verknad, men tala som samanliknas vert ikkje samanlignbare.		Området er vurdert, men ser ikkje det heilt store innsparingspotensialet.
SUM			5 285 000	
Sum innsparingskrav 2019			4 000 000	

Detaljar punkt C. omheimling:

KONSEKVENNS OMDEFINERING LANGTIDSOPPHALD I INSTITUSJON TIL HEILDØGNSBEMANNA OMSORGSBUSTADAR							
	pr plass kr/mnd	pr plass kr/år	20 plassar kr/mnd	20 plassar kr/år	40 plassar kr/mnd	40 plassar kr/år	
Gjennomsnittleg vederlag langtid	11500,00	138000,00	230000,00	2760000,00	460000,00	5520000,00	
Husleige (inkl straum og enkelt reinhald)	8000,00	96000,00	160000,00	1920000,00	320000,00	3840000,00	
Straum (betalast til pleie og omsorg inkl i leige)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	
Fullpensjon	3600,00	43200,00	72000,00	864000,00	144000,00	1728000,00	
Praktisk bistand, heimehjelp (gj.snitt frå 2017)	500,00	6000,00	10000,00	120000,00	20000,00	240000,00	
SUM	12100,00	145200,00	242000,00	2904000,00	484000,00	5808000,00	
Differanse omdefinering	600,00	7200,00	12000,00	144000,00	24000,00	288000,00	
Reduksjon medisinar				150000,00		300000,00	
Reduksjon medisinske forbruksvarer				130000,00		260000,00	
Transport				10000,00		20000,00	
Tøyvask (reduksjon 20% stilling pr 20 plassar)				110000,00		220000,00	
Straum (minus fellesareal)				0,00		0,00	
Div eigendelar lege/sjukehus				10000,00		20000,00	
				410000,00		820000,00	
Innsparing				554000,00		1108000,00	

BEREKNING BEBUARØKONOMI			
OMSORGSBUSTAD		pr mnd	pr år
Husleige (inkl. straum og reinhald)		8000,00	96000,00
Straum		0,00	0,00
Fullpensjon		3600,00	43200,00
Praktisk bistand		200,00	2400,00
Eigendel medisinar etc		208,00	2500,00
		12008,00	144100,00
Trygd		-15397,00	-184764,00
Bustøtte*		-1813,00	-21756,00
		-17210,00	-206520,00
Disponibelt		-5202,00	-62420,00
INSTITUSJON		pr.mnd	pr.år
Trygd		-15397,00	-184764,00
Vederlag		11547,75	138573,00
Disponibelt		-3849,25	-46191,00
* bustøtte utrekna med kalkulator via nav.no, 0,- i formue			

Med helsing

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef helse og omsorg

NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Sektor Stab

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
17.04.2018

INNSPARINGSTILTAK - SEKTOR STAB

Bakgrunn og utfordringsbilete

Kravet til sektor for Stab er å varig redusere utgiftene med 2. mill. kr. Dette utgjør 4,35% utgiftsreduksjon basert på budsjettal for 2018. Til samanlikning kan nemnast at kravet for sparing for 2018 er 1,75%.

Stab har 52 stillingsheimlar i bruk og ein vakanse på 2,4 stillingsheimlar, sjå tabell 1.

Tabell 1

Avdeling	Netto per avdeling i mill. kr.	Heimlar i bruk ⁱ	Vakanse ⁱⁱ	Merknader
Dokumentsenter, innkjøp og kommunalsjef stab	3 925 929,-	3,90	0,6 tom april 2018	
Økonomiavdelinga	5 690 133,-	6,20	0,8 tom april 2018	
Personal- og organisasjonsavdelinga ⁱⁱⁱ	7 425 984,-	11,67	0,00	
Serviceforretning	3 172 569,-	4,50	1,0 tom desember 2018	
Eiendomsavdelinga	19 155 781,-	33,58	0,00	
IKT ^{iv}	6 611 681,-	0,00	0,00	
Totalt	45 982 077,-	52,05	2,4	

Samarbeidsprosjektet med Vanylven gjev ei utfordring med tanke på ressursar i vid forstand. I utgangspunktet og i praksis vil samarbeidsprosjekt føre til ein fordeling av både arbeidsoppgåver og ressursar. Endeleg behov er per dags dato ikkje klart. Ei vedteken målsetting er å spare 0,5 stilling i løpet av 2 år.

I Stab er kostandane i stor utstrekning knytt til lønskostandar, for utanom Eigedomsavdelinga. Det siste året har det vore stort arbeidspress innan alle avdelingane, av ulike grunnar. Særskilt har ein merka seg at Personal- og organisasjonsavdeling ikkje er bemanna for å handtere mange og store saker samstundes.

Ein viktig føresetnad å ta med, er at endringar og kutt i kostnader i andre sektorar, vil kunne ha direkte innverknad på utgifter og ressursbruk i Stab, t.d. innan Eigedom.

Generelt vil ein kostnadsreduksjon på kort og mellomlang sikt få konsekvensar for drifta og tenesteproduksjon, t.d. færre til å utføre arbeidsoppgåvene og avgrensa tid/ressursar til å fylgje opp utover i organisasjonen.

Kort om prosessen i kvar sektor

1. Kommunalsjef gjekk fyrst igjennom budsjetta for dei ulike avdelingane i lag med respektive avdelingsleiar i løpet januar
2. Kommunalsjef har heile vegen hatt tett dialog med økonomileiar
3. Status på prosessen har vore tema på kvart Stabsleiar møte i 2018
4. Felles info-møte med HTV og avdelingsleiar gjennomført den 22. januar
5. Munnleg orientering i Formannskapet den 23. januar
6. Leiarane har gjennomført eigen prosess i sine respektive avdelingar, der TV/HTV/VO har teke del
7. Felles statusmøte med avdelingsleiarar og HTV gjennomført den 26. februar
8. Avsluttande og konkluderande møte med HTV og leiarar gjennomført den 23. mars
9. Munnleg orientering om tiltak i Formannskapet den 10. april

Vurdering av tiltaka i forhold til konsekvensar og grunngjeving for val av dei ulike tiltaka

Stab tok utgangspunkt i samla driftsbudsjett for Stab for 2018, sjå tabell 3. Dette vart gjort for å gje eit estimat på forventa innsparing i kvar avdeling.

Tabell 2

OVERSYN OVER FORDELING - SPARING 2019 =>			
Avdeling	Netto ramme for 2018*	%- fordeling på avd.budsjett	Varig reduksjon, andel 2 mill
Personal- og organisasjon	kr 7 425 984	16,1	kr 322 995
Økonomi	kr 5 690 133	12,4	kr 247 494
Dokumentsenter og kommunalsjef	kr 3 925 929	8,5	kr 170 759
Servicetorg	kr 3 172 569	6,9	kr 137 992
Eigedom	kr 19 155 781	41,7	kr 833 185
IKT****	kr 6 611 681	14,4	kr 287 576
Sum	kr 45 982 077	100,0	kr 2 000 000
	2 000 000 kr		
*Jf. budsjettvedtak 14.12.17.			

Vidare vurderte Stab faktiske vakansar og lønskostnad knytt til dei stillingane, sjå tabell 3.

Tabell 3

Vakanse per januar 2018 per avdeling	Stillingsprosentar	Årsløn konsulent	Sosiale kostnader*	Årleg kostand	Vedteken vaksne**
Servicetorget	100	kr 480 000	kr 163 950	kr 643 950	kr 663 950
Dokumentsenteret	60	kr 440 000	kr 163 950	kr 603 950	kr 165 988
Økonomi	80	kr 440 000	kr 163 905	kr 603 905	kr 221 317
Totalt	240	kr 1 360 000	kr 491 805	kr 1 851 805	kr 1 051 255
*Pensjon 18,69% og Arbeidsgjevaravgift 14,1%					
**Jf. K-vedtak. Servicetorget vakent 2018. Økonomiavdelinga og Dokumentsenteret tom mai 2018.					

Stab vurderte konkret behovet for dei vakante stillingane i dei ulike avdelingane.

Vakanse Økonomiavdelinga:

Stab har vurdert det forsvarleg å kutte vakant stilling med 30%, slik at 50% stilling vert vidareført.

Vakanse Dokumentsenter og politisk sekretariat:

Stab har meiner ein reduksjon på 10% ikkje vil være avgjerande for produksjon, slik at 50% stilling vert vidareført.

Vakanse Servicetorget:

Stab vurderte til sist 100% vakant stilling i Servicetorget. Det avgjerande er at Vanylven kommune har teke over sentralbordfunksjonen for Herøy kommune. Dette gjer at Servicetorget får redusert arbeidsmengd og ikkje lenger treng vaktordning på sentralbordet. Stab har kome til at det er fullt forsvarleg å trekkje inn stillinga.

Vurdering av yttarlegare inndraging av vakante stillingar:

Det vart gjort ei vurdering av om det var fagleg forsvarleg trekkje attende yttarlegare vakante stillingar. Dette fann Stab ikkje tilrådeleg, bl.a. med tanke på arbeidsoppgåver Stab har og kva moglege konsekvensar eit samarbeidet med Vanylven kommune vil gje. I samarbeidsfasen Stab er i no, er sektoren avhengig av fleksibilitet opp mot eventuelt ansvar- og oppgåvedeling mellom kommunane.

Stab kom til at det er tilrådeleg å trekkje attende vakante stillingar slik:

100 %	Servicetorget	640 000,-
30 %	Økonomiavdelinga	180 000,-
10 %	Dokumentsenteret	60 000,-
140%	Totalt	880 000,-

Kutt i budsjettamma:

Attståande sparekrav på vel 1,1 mill. kroner. Stab tok utgang i resultatrekneskapen frå 2017. Samla resultat for Stab var eit mindreforbruk på tett på 1,3 mill. kroner. I vurdering av dei aktuelle tiltaka vart m.a. desse høve lagt til grunn;

- Faktisk forbruk og behov
- Inntekter
- Realisme for gjennomføring
- Rettvis fordeling avdelingane i mellom
- Forsvarlege tenester

Avdelingsleiarane fekk i oppgåve leggje fram konkrete kutforslag for eiga avdeling. Forslaga vart endeleg handsam i fellesmøte den 23. mars i lag med tillitsvalde og vernetenesten, sjå tabell 4 innsparingsforslaga.

Størst utfordring er knytt til taka innanfor Eigedomsavdelinga:

Kutt i planlagt vedlikehald:

Eit kutt på kr. 400 000,- vil sjølv sagt føre til at vedlikehaldsetterslepet vert større. For å kunne støtte kravet til sparing, vart det likevel prioritert som kuttiltak i avdelinga. Dette må også sjåast i lys av at det gjennom tiltakspakkar i 2016 og 2017 er gjennomført ein god del vedlikehaldstiltak. På noverande tidspunkt er det ikkje råd å sei noko om kva konkret vedlikehald som må nedprioritert.

Kutt i klargjering av bustadar:

Eit kutt på kr. 100 000,- vart også prioritert, sjølv om konsekvensen kan vere ein auka risiko for at bustadar vert ståande tomme av di vi ikkje har midlar til å klargjere dei for ny utleige.

Andre kuttiltak:

Ut frå resultatrekneskap dei siste åra, om ein ser bort frå Eigedomsavdelinga, er det Stab si meining at dei andre tiltaka i avdelingane både er realistisk og forsvarleg å gjennomføre.

Samla finn Stab å kunne kutte budsjettramma med ytterlegare vel 1,3 mill. kroner for 2019.

Stab meiner at samla innretning på dei konkrete tiltaka både er internt balansert og rettvis fordelt, realistiske og sikrar forsvarlege tenester.

Totalt har Stab kome med kuttforslag for budsjettet for 2019 på kroner 2,2 mill. kroner, sjå tabell 4 innsparingsforslaga.

Oppstilling over dei konkrete innsparingsforslaga

Tabell 4

OVERSYN SPARETILTAK STAB 2019 =>			Rammekutt, auka inntekt og kutt i 1,4 stillingar
AVDELINGAR OG KUTTILTAK: SIST OPPDATERT 23.03.18			kr 2 200 000
Personal- og organisasjon, jf. innspel leiar	Reduksjon overtid	kr 5 000	
	Kutt i konsulenttenester	kr 130 000	
	Kutt velferdstiltak	kr 7 000	
	Kutt i leasing kopimaskin	kr 8 000	
	Kutt i felleskurs verksemd	kr 20 000	
		kr 0	kr 170 000
Økonomi, jf. innspel frå leiar	Vakanse 30% (100% stilling inkl. sos. kost = 605 000)	kr 180 000	
	Reduksjon overtid	kr 25 000	
	Kutt lisensar	kr 20 000	
	Kutt diverse andre mindre postar	kr 35 000	
	Auka inntekter (Sande kyrkjelege fellesråd)	kr 20 000	
		kr 0	kr 280 000
Dokumentsenter, innkjøp og leiging, jf. innspel leiar	Vakanse 10% (100% stilling inkl. sos. kost = 605 000,-)	kr 60 000	
	Reduksjon overtid	kr 30 000	
	Bruk av SvarUT (Reduksjon porto)	kr 50 000	
	Auka inntekt (Varig overføring NAV)	kr 40 000	
		kr 0	kr 180 000
Servicetorget, jf. innspel frå leiar	Vakanse 100%	kr 640 000	
	Kutt i kurs og kompetansetiltak	kr 9 000	
	Kutt i annonse og reklame	kr 10 000	
	Kutt i informasjonskostnader	kr 11 000	kr 670 000
Eigedom, jf. innspel frå leiar	Kutt i kurs og kompetansetiltak	kr 50 000	
	Kutt i planlagd vedlikehald	kr 400 000	
	Kutt i klargjering av bustadar	kr 100 000	
	Kutt i ikkje føresettt vedlikehald/byggedrift	kr 150 000	
	Ikkje sjukevikar 1. fråværsdag	kr 100 000	kr 800 000
IKT, jf. leiar	Kutt i datakommunikasjon/telefoni	kr 50 000	
	Kutt i serviceavtalar m.m.	kr 50 000	
	Kutt i leige/leasing	kr 30 000	kr 100 000

Med helsing

Jan Vidar Dammen- Hjelmeseeth
Kommunalsjef Stab

NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2017/715

Arkivkode
124

Dato
24.04.2018

INNSPARINGSTILTAK 2019, SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING

Innleing

Proessen med å «snu alle steinar» har hatt brei medverknad og prosessen er gjennomført av avdelingsleiarar. Tillitsvalgte har deltatt i prosessen der det har vore naudsynt.

Avdelingsleiarane har organisert sjølv prosessen på sin arbeidsplass og det er ført referat frå alle møte. Referat er lagt på avdelingsvise mapper - P:\HE Samfunnsutvikling\Kommunalsjef leiargruppe\Innsparing2018 og er tilgjengelege for alle som er involvert.

Kravet til sektor for samfunnsutvikling har vore 2 millionar kroner, men avdelingane har fått i oppdrag at ein skal vise breidde i moglege tiltak (også dei som ligg utover tidlegare stipulerte krav).

Avdeling	Ramme 2018	Varig reduksjon, andel 2 mill
Kultur	kr 8 575 000	kr 471 504
Utvikling	kr 7 630 000	kr 419 542
Anlegg og drift	kr 8 210 000	kr 451 434
Brann	kr 8 800 000	kr 483 875
Landbruk	kr 3 158 000	kr 173 645
Sum	kr 36 373 000	kr 2 000 000

Ingen avdelingar/seksjonar har vore skjerma i prosessen. Det er ikkje råd å nå innsparingskravet utan å sjå på bemanning og antall tilsette i sektoren samla sett.

Ein skal ha fokus på kva som er **forsvarlege** tenester og at vi er innanfor lov i respektive avdelingar.

Tenestene kommunen yter, må til ei kvar tid vere forsvarlege. Dei skal innehalde tilfredsstillande kvalitet, verte ytt i tide og vere av tilstrekkeleg omfang. Tenestene skal vere gode nok i forhold til kvar einskild brukar.

Det har vore ein stram framdriftsplan og formannskapet har vorte orientert om prosessen og moglege innsparingstiltak.

Resultat og tilråding

Avdelingsleiarane har lagt fram tiltak for innsparing på 3 900 000 kroner brutto. Dvs. at her finst modellar (val) for løysingar som ligg inne i denne summen. Den reelle summen av moglege tiltak ligg på om lag 3 000 000 kroner.

Etter ein samla gjennomgang vil kommunalsjefen legge fram moglege tiltak for innsparing på sektoren, mogleg maksinnsparing, om lag 2 100 000 kroner fordelt slik på avdelingane:

	Tilråding reduksjon	Varig reduksjon, andel 2 mill	Kommentar
Utvikling	kr 34 500	kr 471 504	Mindre kutt i avdelinga
Anlegg og drift	kr 370 000	kr 419 542	Interne endringar
Brann	kr 1 137 800	kr 451 434	Kutt stillingar
Kultur	kr 306 500	kr 483 875	Kutt stillingar
Landbruk	kr 300 000	kr 173 645	Kutt stilling
Sum	kr 2 148 800	Kr 2 000 000	

Utviklingsavdelinga

Oppgåve	Omtale	2 019	Forslag	Merknad avdelingsleiar	Merknad kommunalsjef
Telefonabonnement	Vi reduserer antal mobilabonnement for oppmåling.	kr 10 000	kr 10 000	Ingen/liten	ok
Planinnsyn	Ei programvare/teneste vi kjøper, men er lite nytta internt og eksternt.	kr 16 000	kr 16 000	Programvare som vi har lisens på, men er lite nytta. Innbyggjarane må no nytte planarkiv.	ok
Fastmerkeregister	Programvare for oppmåling som ikkje er nødvendig.	kr 5 500	kr 5 500		ok
HappyorNot	Prosjekt i regi servicetorget. Dette vert avslutta i 2018.		kr 3 000	Ingen konsekvens.	ok

Vurdering:

Kutta er forsvarleg og ein kan tilrå at ramme vert tatt ned med 34 500 kroner

Anlegg og driftsavdelinga

Oppgåve	Omtale	2 019	Forslag	Merknad avdelingsleiar	Merknad kommunalsjef
Privat brøyting	Ikkje tilbod om privat brøyting i kommunal regi.	kr 60 000	kr 60 000	Kan kutte 2. roder og dermed spare beredskapsgodtgjersle.	ok
Oppseiing av programvare (Focus anbud)	Har vore lite brukt siste åra, då ein i stor grad brukar konsulentar til dette arbeidet.	kr 10 000	kr 10 000	Programvare som vi har lisens på, men er lite nytta.	ok
Timebasert løn til prosjektleiarane	Føring av timelister som vert ei rettare belastning av prosjekta.	kr 300 000	kr 300 000	Vert ført meir løn på investeringsprosjekta og mindre på drifta.	ok

Vurdering:

Kutta er forsvarleg og ein kan tilrå at ramme vert tatt ned med 370 000 kroner

Landbruksavdelinga

Oppgåve	Omtale	2 019	Forslag	Merknad avdelingsleiar	Merknad kommunalsjef
Lønskostnader	50% vakanse i stilling på viltforvaltning	280 000	280 000	Stillinga har stått vakant frå 01.08.2015	ok
Porto	Redusert for overgang til SvarUt og elektronisk utsendign av møtepapir	10 000	10 000		ok
Kopimaskin	Bytte av avtale frå Haugen kontor til Kontorsystemer as	10 000	10 000		ok

Vurdering:

Kutta er forsvarleg og ein kan tilrå at ramme vert tatt ned med 300 000 kroner

Kulturavdelinga

Oppgåve	Omtale	2 019	Forslag	Merknad kommunalsjef
Lønskostnader	Reduksjon frå 1,34 til 1 heimel	kr 129 000	kr 129 000	ok
Overtid	Som fylgje av pkt a	kr 60 000	kr 60 000	ok
Ekstrahjelp	Som fylgje av pkt a	kr 40 000	kr 40 000	ok
Vedlikehald og byggetenester	Forbruket er erfaringsmessig lavare. Posten kan reduserast.	kr 30 000	kr 30 000	ok
Materialer til vedlikehald	Forbruket er erfaringsmessig lavare. Posten kan reduserast.	kr 20 000	kr 20 000	ok
Diverse utgifter	Forbruket er erfaringsmessig lavare. Posten kan reduserast.	kr 67 000	kr 27 500	ok
Billettinntekter	Innføre ein % - andel av billettinntektene frå dei som leiger seg inn i konserthuset		Ikkje kartlagt enno	ok

Vurdering:

Lønskostnadar vert redusert med 0,34 heimel. Dette inneber at her vil måtte gjennomførast organisatoriske endringar i bemanning ved kulturavdelinga. Kutta er forsvarleg og ein kan tilrå at ramme vert tatt ned med 306 500 kroner. Ein legg til grunn å auke inntektene ved å Innføre ein % - andel av billettinntektene frå dei som leiger seg inn i konserthuset i tillegg til nedskjering,

Brann og redning

Brannførebyggjande arbeid

Interne overføringar på 310.000 kr (opp 160 000 kr) som skal overførast frå 5062 (feiing) - 338 til 5061 (brann) - 338. Overføringa går til sakshandsaming, oppfølging av feie/tilsynstenesta, kontrollere bekymringsmeldingar og anna brannførebyggjande arbeid i heimar.

Dette er ei sjølvkost-teneste som skal gå i balanse - 0. Overføringa er til å dekke opp reelle kostnader som Herøy brann og redning har med tenesta.

Vurdering:

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

Gebyrbelaste gjentakande unødige brannalarmar

Foreslår å innføre gebyr på unødige/gjentakande brannalarmar. Det må fattast eit politisk vedtak om dette særskilt. Ein viser til erfaringar frå Ulstein brannvesen der ein tok inn 70.000 kr i 2017.

Konsekvens av gebyrlegging kan vere vanskelig å spå, men det er naturleg å tenke seg at antal unødige alarmar uansett går ned ved gebyrlegging pga.: Betring i vedlikehald/rutinar og instruksar. I 2017 hadde Herøy brann og redning 87 "unødige" alarmar og omlag 40 av desse var gjentakande (fleire enn 2 på samme objekt) og kunne soleis vore gebyrbelagt. Ein vurderer inntekspotensialet på om lag 90 000kr

Vurdering:

Ein tilrår forslaget.

Kurs i praktisk brannslukking

Meirinntekt ved å halde slokkekurs for verksemdar som etterspør slike kurs. Ein vurderer inntekspotensialet på om lag 10 000kr

Vurdering:

Ein tilrår forslaget.

Vikarbruk

Vikarutgifter kun når anna er uforsvarlig. Dette punktet gjeld generelt for alle avd. i Herøy kommune. Vanskelig å sette nøyaktig tal på innsparing. Brannsjef og leiar beredskap har ansvar for at Herøy brann og redning til ei kvar tid har ein forsvarlig beredskap. Innsparing på om lag 40 000 kr vert vurdert som reelt.

Vurdering:

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

Brannberedskapen

Inkluderer brannberedskap og hjelpemannskap

Alt. 1

Ta ut alle hjelpemannskap som i dag ikkje går i beredskap for stasjonane Fosnavåg og Myrvåg.

Lokal brannordning

Å ta vekk hjelpemannskap ved Myrvåg bibrannstasjon er i strid med punkt 5.1 i gjeldande og vedteken brannordning (K-sak 34/14) og gjeldande ROS-analyse vedteken i 2013.

Nasjonal forskrift

Ein slik reduksjon i brannberedskapen er ikkje i strid med kapittel 5 i: "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen".

Omfang

Det gjeld i dag 6 brannkonstablar, 4 i Myrvåg og 2 i Fosnavåg. (1 i Fosnavåg har permisjon og 1 er i vikariat som befal) Kostnadsreduksjonen er utrekna for 5 brannkonstablar (utan beredskap).

Innsparing

Ein vurderer innsparing på om lag 297 000 kr årleg

Detaljar:

Lønn (godtgjersle mm) – om lag 18 500 kr

Godtgjersle nødnetradio – 25 000 kr

Bilgodtgjersle – 6000 kr

49 500 kr x 6 mannskap =297 000 kr

Vurdering:

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

Alt. 2

Brannberedskap - Nedlegging av Myrvåg stasjon og alle hjelpemannskap som i dag ikkje går i beredskap ved Fosnavåg stasjon

Lokal brannordning

Å ta vekk hjelpemannskap ved Myrvåg bibrannstasjon er i strid med punkt 5.1 i gjeldande og vedteken brannordning (K-sak 34/14) og gjeldande ROS-analyse vedteken i 2013.

Nasjonal forskrift

Ein slik reduksjon i brannberedskapen er ikkje i strid med kapittel 5 i: "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen".

Omfang

Dette gjeld sjåførar og mannskap ved Myrvåg stasjon. Det er utrekna frå 4 sjåførar i 4-delt vakt og med 50 timar utrykning pr/år og 4 brannkonstablar. I tillegg kjem hjelpemannskap ved Fosnavåg stasjon

Innsparing

Ein vurderer innsparing på om lag 837 800 kr årleg

Detaljar:

Fastlønn (40 timer øvingar) – 8 200kr

Beredskapstillegg (vaktgodtgjersle)- 78 500 kr

Godtgjersle nødnetradio – 25 000 kr

Bilgodtgjersle – 6000 kr

50 timar utrykningar (estimat) – 17 500kr

Sjåførar : 135 200 kr x 4 mannskap = 540 800 kr

Mannskap : 45 000 kr x 6 mannskap = 297 000 kr

Samla innsparing : 837 800 kr

Vurdering:

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

Alt. 3

Brannberedskap - Beholde Myrvåg stasjon, utan fast vaktberedskap. Myrvåg stasjon vert opprettholdt som depot/reservestyrke utan radioutkalling og beredskapsvaktordning. Hjelpemannskap ved begge stasjonane går ut.

Lokal brannordning

Å ta vekk hjelpemannskap ved Myrvåg bibrannstasjon er i strid med punkt 5.1 i gjeldande og vedteken brannordning (K-sak 34/14) og gjeldande ROS-analyse vedteken i 2013.

Nasjonal forskrift

Ein slik reduksjon i brannberedskapen er ikkje i strid med kapittel 5 i: "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen".

Omfang

Forslaget inneber at ein har tankbilen stasjonert i Myrvåg og at det vert etablert branndepot m/sjåførar og utkalling via UMS-varslings.

Sjåførar vil ikkje gå i beredskap som kan bety at der ikkje er tilgjengeleg sjåfør ved alarm/utkalling. Ein legg til grunn ein antatt kostnad på 50 timar utrykking pr/år på 4 sjåførar. Det vil ikkje vere same behov for sjåførane med omsyn til øvingar. Ein viser då til "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen seier i § 7-1:

Kommunen skal sørge for at personell i brannvesenet tilfredsstiller de krav til kvalifikasjoner som denne forskrift stiller. Det skal gjennomføres praktiske og teoretiske øvelser med slik hyppighet, omfang og innhold at personellet kompetanse blir vedlikeholdt og utviklet slik at den er tilstrekkelig til at brannvesenet kan løse de oppgaver det kan forventes å bli stil overfor."

Hjelpemannskap ved begge stasjonane går ut.

Innsparing

Ein vurderer innsparing på om lag 767 800 kr årleg

Samla innsparing alt 2 :	837 800 kr
Fråtrekk for kostnadar, alt 3:	70 000 kr

Detaljar, kostnad alt. 3:
50 timar utrykningar (estimat) – 17 500kr

Sum 17 500 kr x 4 mannskap = 70 000 kr

Vurdering:

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

Oppsummering:

I F-sak 16/17 den 24.01.2017 vart det gjort følgjande vedtak som vedkjem brannberedskapen i Herøy kommune.

Sitat:

Administrasjonen får i oppdrag å legge fram eiga politisk sak med forslag til revidert brannordning og ROS-analyse innan 01.07.2017. Saka skal også omfatte økonomiske konsekvensar m.m.

Det har ikkje vore mogleg å få til ein prosess der ein kunne ha levert reviderte dokumenter for å følgje opp formannskapet sitt vedtak. Det har vore krevande å verte samde om alt frå definisjonar til konkrete løysingar for kva vegvalg ein bør legge til grunn.

Representantar for mannskap legg til grunn at det ikkje skal gjerast endringar i beredskapen, men har signalisert at hjelpemannskap kan vere mogleg å ta bort. Brannsjefen på si side legg til grunn at vi ikkje får vesentleg svekka beredskap då med visning visning til det nye naudnettet og dei gjensidige avtalar med nabokommunane. I tillegg må det påpeikast at beredskap til vassforsyning i området (Myrvåg og Leikong) er vesentleg forbetra og at sjukeheimen i Myrvåg har kompensierende tiltak. Dette gjeld og kyrkjene på Leikong og i Stokksund.

Interkommunalt samarbeid

Herøy kommune er i dialog med Vanylven kommune med omsyn til drift av brannvernet i dei to kommunane. Det ligg føre to ulike forslag til frå arbeidsgruppa med omsyn til organisering av branntenesta. Ingen av forslaga legg opp til endringar i beredskapen i forslag til samarbeidsavtale.

Det vil vere naturleg etter at prøveperiode på to år er gjennomført og evaluert å vurdere eit utvida samarbeid med Ulstein og Hareid brannvesen i større eller mindre grad.

Dimensjonering av brannberedskapen.

Dimensjonering av brann og redningsteneste i Herøy kommune er i hovudsak relatert til tettstaden Fosnavåg (3000 innbyggjarar) og sjukeheimen i ytre på Eggesbønes (ikkje gjort kompenserande tiltak). For sjukeheimen i Myrvåg er det gjennomført kompenserande tiltak med sprinkling.

Krav til utrykningstid vil då for beredskapen vere relatert til Fosnavåg sentrum og sjukeheimen i ytre. Utrykningstida skal vere 10 minutt til begge lokasjonane inklusive forspenningstid (mannskap har 4 min forspenningstid på dag og 6 minutt på natt).

Den normale utrykningstida til tettstadar elles i kommunen er 20 minutt.

Ein viser til § 4-8 i dimensjoneringsforskriften, 3. ledd:

Innsatstid i tettsteder for øvrig skal ikkje overstige 20 minutter. Innsats utenfor tettsteder fordeles mellom styrkene i regionen, slik at fullstendig dekning sikres. Innstatstiden i slike tilfeller bør ikke overstige 30 minutter.

Viser og til § 5-2 i dimensjoneringsforskriften der støttestyrke er omtalt som :

- Fører for tankbil
- Fører for snorkel/stigebil

§ 5-5 i dimensjoneringsforskriften:

Der kommunen har stige/snorkelbil som påbudt rømningsvei etter bygningslovgivningen skal vognfører ha samme beredskap som vaktlag ellers.

Kommentar: Dette er ikkje aktuelt for oss på noverande tidspunkt

I boligstrøk o.l der kommunen har vedtatt at tankbil bil kan erstatte annen tilrettelagt slokkevannforsyning, j.f. § 5-4 i forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn – Uaktuelt for oss.

Kommentar: Vi har ikkje slike vedtak.

Kart – som viser utrykningstid

Områder innen 4, 10, 20 og 30 minutters kjøretid fra Herøy brannstasjon



Områder innen 4, 10, 20 og 30 minutters kjøretid fra Ulsteinvik brannstasjon



Krav til beredskap etter lovverket for Herøy kommune

Herøy kommune sin beredskap med omsyn til dimensjonering av brannvernet skal vere i henhold til kapittel 5 i [Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen](#)

Sitat:

I tettsteder med 3.000 – 8.000 innbyggere skal beredskapen være organisert i lag bestående av deltidspersonell med dreierende vakt.

Et vaktlag skal minst bestå av:

- 1 utrykningsleder
- 3 brannkonstabler/røykdykkere.

I kommuner eller brannvernregioner med tettsteder med mer enn 2.000 innbyggere skal det være dreierende overordnet vakt.

Dette betyr at Herøy kommune vil vere innanfor lova med ei organisering med 4 vaktlag x 4 personar og ei overordna vakt med 4 personar. Dette gir totalt 20 personar i vaktberedskap.

Dersom der er ekstra moment som tilseier at det ikkje er forsvarleg med minimumsberedskap skal kommunen dimensjonere etter ROS-analyse. Lokal brannordning skal då byggast på den risiko og sårbarhet som finst i kommunen.

Hovudelementa i forskrifta som ligg til grunn for organisering og dimensjonering av brannvernet, er dei same i dag som i 2014. Det er såleis ikkje store prinsipielle skilnader mellom dagens brannordning og forslaget til revidert brannordning som har vore drøfta med representantar for mannskap og brannsjefen. Den store skilnaden går på flytting av tankbil frå Myrvåg stasjon til Fosnavåg stasjon.

Sidan 2014 har nasjonalt naudnett vorte innført og det har vorte gjort vesentlege forbetringar i vassforsyninga både i indre og ytre Herøy. M.a. er leidningsnettet til Herøy Vasslag SA og Stemmedal Vasslag SA bygt saman slik at det ved evt. leidningsbrot og andre hendingar kan leverast vatn begge vegar.

Tankbilen som i dag er plassert ved Myrvåg stasjon har som funksjon å levere vatn til hovudbrannbil ved brann og andre hendingar der det er behov for større vassmengder. Det er berre ein sjåfør i dreierende vakt som er i beredskap på tankbilen så det kan ikkje til ei kvar tid påreknast at andre mannskap rykker ut ved alarm.

I det reviderte forslaget til brannordning har ein føreslått at tankbil ved brannstasjonen i Myrvåg vert flytta til Fosnavåg stasjon utan særskild tankbilberedskap. Flytting av tankbil vil vere avhengig av at det er etablert garasje for tankbil ved Fosnavåg stasjon.

Felles bistand over kommunegrenser

Herøy har felles avtalar om bistand med kommunane Ulstein og Sande. Det er vidare viktig å presisere at etter gjeldande lovverk er dette regulert ved at i § 15 i brann og eksplosjonsvernlova.

Det er lagt til grunn at: *Kommunene skal samarbeide om lokale og regionale løsninger av forebyggende og beredskapsmessige oppgaver med sikte på best mulig utnyttelse av samlede ressurser.*

Ulstein kommune er ein naturleg samarbeidspartner med omsyn til beredskap i delar av indre områder av kommunen, herunder Myrvåg og Leikong. I andre deler vil Sande kommune ha eit ansvar å rykke ut.

Det viktig å vere klar over at utrykning av mannskap og felles ressursar mellom kommunane vert styrt av felles 110-sentral som er lokalisert i Ålesund. Dette gjeld utrykningar til stadfesta bygningsbrannar.

Naudnett vart innført i Møre og Romsdal i april 2015. Overgang til naudnett har medført ein ny kvardag med omsyn til kommunikasjon i naudsituasjonar. Med god samtaleoverføring og nye rutinar for alarmering der alle naudetatane kan snakke saman på same samband har medført vesentleg betre beredskap og samarbeid i naudsituasjonar.

Ny utalarmeringsrutinar har medført at ein raskast mogleg får fram naudsynte ressursar der dei trengst uavhengig av kommunegrenser.

M.a. er det alltid nærmast eining/brannvern som vil verte utalarmert og rykke ut ved alvorlige hendingar uavhengig av kommunegrenser. For Herøy kommune vil det sei at det til dømes ved brann/alvorleg hending i Myrvåg og Leikong vil Ulstein brannvern bli utalarmert samstundes med Herøy brannvern. Ein har alt hatt fleire hendingar der Ulstein har vorte alarmert og har rykt ut til Myrvåg-/Leikong-området.


Konklusjon:

Med bakgrunn i gjeldande krav til beredskap i dimensjoneringsforskrifta, innføring av naudnett frå 2015, betra vassforsyning vurderer ein at det er grunnlag for å endre gjeldande brannordning og beredskapen i Herøy kommune. Dette inneber at ein kan redusere beredskapsstyrken og at ein kan klare seg med ein brannstasjon i Fosnavåg. Årleg innsparingspotensiale er rimeleg stort.

Kostra:

Brann omfattar funksjonane 338 førebygging (inkl feiing) og 339 beredskap. Herøy brukte mykje pengar på brannvesenet i 2016. Netto utgifter var 4 millioner kroner høgare enn snittet i kommunegruppe 8 og høgast mellom saman likningskommunane Skaun brukte 7 millioner kroner mindre på brannvesenet i fjor enn Herøy.

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner



	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	952	1 047	997	1 148
Ulstein	724	679	678	729
Hareid	748	751	802	898
Volda	842	775	916	1 009
Skaun	418	410	445	414
Kostragruppe 08	650	670	676	712

**) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).*

Herøy brukte 1148 kroner per innbygger på brann i 2016. Det er 400 kroner meir enn snittet i kommunegruppe 8. Brannutgiftene har vært stabile siden 2013.

Funksjon 339 har gått med underskot over fleire år.

2012	-1 485 384
2013	-1 394 964
2014	-475 000
2015	-29 000
2016	-506 520
2017	-904 592

Herøy brannvern har vore inne i ei positiv utvikling dei seinare år og dagens status må seiast å vere tilfredsstillande. På mannskapssida har ein eit godt utdanna korps og på utstyrssida er det gjort nyinvesteringar i både brannbil og tankbil.

Dersom ein vel å oppretthalde beredskap ved Myrvåg stasjon må ein investere i oppgradering slik at den tilfredsstillar krava i Arbeidsmiljølova. Ved Fosnavåg stasjon er det også behov for nye og større lokalitetar for å tilfredsstille gjeldande krav og det det pågår vurderingar med sikte på å få på plass oppgradering/tilbygg til eksisterande stasjon eller nybygg. Det vil her vere snakk om vesentlege investeringar.

Brannvern er ein rimeleg stor utgiftspost på dei kommunale budsjetta både når det gjeld investering og ikkje minst drift. Samstundes er det vel heller ingen tvil om at kostnadane, både menneskeleg og materielt, kan verte vesentleg større dersom ein ikkje har eit oppegåande og slagkraftig brannvern.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling legg fram 3 ulike alternativ på innsparing på beredskapen for vurdering.

Eksempler er samarbeid på tvers internt og eksternt, samfunnsansvar, små og mellomstore bedrifter, hensyn til miljø, innovasjon m.m. Har virksomheten en klar policy vil prinsippdiskusjoner ikke være en del av enkeltanskaffelser. Velger en virksomhet å ha et mål på for eksempel økt samfunnsansvar i strategien, vil dette forplikte til å jobbe målrettet mot å øke samfunnsansvar i anskaffelsene. Hvis behovet for innkjøper er å unngå

prinsippdiskusjoner rundt samfunnsansvar i enkeltanskaffelser, kan det være riktigere å jobbe for å få på plass en anskaffelsespolicy.

Administrativ ledelse følger opp gjennom å etablere og forankre en anskaffelsesstrategi i organisasjonen. En anskaffelsesstrategi gjelder for alt anskaffelsesarbeid i virksomheten, ikke bare det som håndteres av en sentral innkjøpsfunksjon/-avdeling.

Arbeidet med implementering av anskaffelsesstrategien operasjonaliseres i handlings- og tiltaksplaner. I det daglige anskaffelsesarbeidet bruker organisasjonen anskaffelsesregelverket, håndbøker, retningslinjer og rutiner for gjennomføring av anskaffelser. For noen anskaffelser lages det kontraktstrategier, og for å ha et helhetlig perspektiv på et anskaffelsesområde etableres det gjerne en kategoristrategi for styring og oppfølging av en vare- eller tjenestekategori.

Hele veilederen finner du her:

http://www.anskaffelser.no/sites/anskaffelser/files/anskaffelsesstrategi_veileder.pdf

OM SAMARBEID MOT SVART ØKONOMI

Samarbeid mot svart økonomi (SMSØ) arbeider holdnings- og handlingsendrende mot svart økonomi.

SPLEISELAGET - UNGDOM

Ungdom trenger kunnskap om sammenhengen mellom verdiskaping, skatt og velferd, samt starthjelp om rettigheter og plikter i arbeidslivet.

Vi treffer 40 000 ungdommer årlig med undervisningsopplegget Spleiselaget i videregående skole. Vi tilbyr dataspillet Spleiselaget Byen for ungdomskole, spilt 46 000 ganger i 2015.

Vi tilbyr også regnskapsopplæring til alle ungdomsbedrifter i regi av Ungt entreprenørskap.

HANDLE HVITT – FORBRUKERE

Handle hvitt er en handlingskampanje, ikke en holdningskampanje! Vi skal gjøre det enkelt for forbrukere å handle hvitt.

I perioden 2011-2014 arbeidet vi bl.a med firmasjekken og en enkel måte å gjøre arbeid i hjemmet hvitt på, via nettstedet www.handlehvitt.no og aktiviteter i hele landet.

Vi planlegger å komme med en ny utgave av Handle hvitt-kampanjen i 2016.

NÆRINGSLIV – MOT ARBEIDSLIVSKRIMINALITET

Partene i arbeids- og næringsliv er viktige medspillere for kontrolletatene. Kontrolletatene får innspill om hvordan de kriminelle opererer, utviklingstendenser og konkrete tips om kriminelle miljøer og enkeltsaker.

Vi har under arbeid en tipsrutine der partene i arbeidslivet løpende kan tipse kontrolletatene om arbeidslivskriminalitet.

INNKJØP – BESTE PRAKSIS

SMSØ tar mål av seg til å påvirke innkjøpere i privat og offentlig sektor til å ta i bruk retningslinjer, rutiner og verktøy som holder kriminelle ute fra kontraktskjedene i bransjer som bygg og renhold.

DEBATT

SMSØ har gjennom mange år fulgt utviklingen av svart økonomi gjennom befolkningsundersøkelser. I tillegg til kunnskap om temaet, bidrar undersøkelsene til å sette agenda for samfunnsdebatten. Befolkningsundersøkelser utføres også for å avdekke hvilke tiltak befolkningen mener vil være nyttig i den videre kampen mot svart økonomi.

Vi arrangerer debatter f.eks på Arendalsuka og andre konferanser nasjonalt og lokalt. Lokalt deltar SMSØ i samfunnsdebatten gjennom kronikker, leserinnlegg mv.



SAMARBEID MOT SVART ØKONOMI

STRATEGISKE GREP FOR Å HINDRE SVART ØKONOMI OG ARBEIDSLIVSKRIMINALITET VED INNKJØP I KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

1. TA EIT KLART STANDPUNKT: VI SKAL IKKJE HA SVART ØKONOMI ELLER ARBEIDSLIVSKRIMINALITET I VÅRE KJØP

Vi skal rette ein ekstra innsats mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

Gjennom innsatsen skal vi så langt det er mogleg hindre at dei useriøse og kriminelle aktørane får tilgang til kontraktene. Dette gjer vi ved å stille ekstra høge krav til leverandørar og underleverandørar der risikoen for svart økonomi og arbeidslivskriminalitet er størst.

Vi skal ha eigne rutinar for oppfølging og sanksjonering av kontraktsbrot i desse kjøpa.

Vi rapporterer alle tilfeller av svart økonomi og arbeidslivskriminalitet til kontrollmyndighetene og/eller politiet.

2. RETT INNSATSEN INN DER RISIKOEN ER STØRST

Risikoen for svart økonomi og arbeidslivskriminalitet er etter Skatteetaten si erfaring høgast i enkelte typer innkjøp, slik som til dømes:

☑ Bygg og anlegg, rehabilitering mm

☑ Reinhald

☑ Bilvask og bilpleie

Sjølv om dette er typiske døme, må vi gjere ei konkret risikovurdering hos oss.

Når risikoen er høg, stiller vi spesielle krav i kontraktane og vi har eigne rutinar for oppfølging og sanksjonering:

Vi retter ein ekstra innsats mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

3. GÅ KONKRET TIL VERKS - DETTE SER VI ETTER:

For å sikre oss mot arbeidslivskriminalitet og svart økonomi må vi ha leverandørar og underleverandørar der:

☑ Løns- og arbeidstilhøve er i orden

☑ Registrering, oppgåvelevering og betaling av skattar og avgifter er i orden

☑ Tilstrekkeleg fagkunnskap er på plass

☑ Det er lett og oversiktleg å vite kven vi handlar med, kven som jobbar for oss, og kven vi betalar til

Vi stiller relevante kvalifikasjonskrav for å sikre oss at leverandøren har evne til å utføre kontrakten ut frå desse punkta. Dette inkluderer også lovpålagte godkjenningar, slik som t.d. godkjenning i Reinhaldsregisteret.

Billegast er ikkje alltid best. Dersom et tilbod er unormalt lavt bør dette avvisast. Dette krev at vi gjer ei konkret vurdering av tilboda. For å oppnå det beste tilhøvet mellom pris og kvalitet må det leggst til rette for å vurdere kriteriar som sosiale omsyn, kvalitet, innovasjon, miljø, livsløpskostnader, pris m.m. ved tildeling av kontraktar.

STRATEGISKE GREP FOR Å HINDRE SVART ØKONOMI OG ARBEIDSLIVSKRIMINALITET VED INNKJØP I KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

4. AVGRENS TALET PÅ LEDD I KONTRAKTKJEDA

Ved å avgrense talet på ledd i kontraktkjeda gjer vi oppfølginga lettare og meir effektiv. Samtidig blir det vanskelegare å skjule arbeidslivskriminalitet og svart økonomi.

Seriøsitetskrava for bygg- og anleggskontraktar sier at leverandøren ikkje kan ha fleire enn to ledd underentreprenørar i kjede under seg utan byggherren sitt skriftlege samtykke.

Tilsvarande eller strengare avgrensingar bør gjerast også i andre nyinnkjøp der vi vurderer risikoen som høg.

5. SETT KRAV TIL FAGKUNNSKAP

Ved å sette krav til faglærte og lærlingar sikrar vi kvalitet og seriøsitet både på kort og lang sikt. Bestemmelsar for bruk av lærlingar generelt er under utarbeiding av regjeringa.

I Seriøsitetsbestemmelsane for bygg- og anleggskontraktar er det for eksempel sett eit prosentkrav for arbeidde timar utført av personar med fagbrev, sveinebrev eller dokumentert fagopplæring, (minimum 40%). Vidare er det sett eit prosentkrav til arbeidde timar utført av lærlingar, (minimum 7%). Begge krava kan også bli oppfylt av personar som er oppmeldt etter Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 3-5.

Prosentatsane vil vere under revisjon. I enkelte regionar eller prosjekt kan det vere aktuelt å stille strengare krav. Det kan også etter lokale tilhøve vere aktuelt å stille ytterligere krav til enkelte fag. Endringar blir tilrådd drøfta med partane i arbeidslivet og bransjane lokalt.

I andre kjøp, der vi vurderer risikoen som høg, bør det stillas tilsvarande eller strengare krav til faglærte og lærlingar.

6. VIT KVEN SOM ARBEIDER FOR OSS

Vi kontraktsfestar at alle underentreprenørar i heile kontraktkjeda skal være kjent for oss før arbeidet tek til. Vidare skal alle tilsette på prosjektet være namngitt før oppmøte.

Vi kontraktsfestar at alle arbeidstakarar skal bere gyldig HMS-kort der regelverket krev det.

7. VIT KVEN VI BETALER TIL

Vi kontraktsfestar at all betaling i heile kontraktkjeda skal gå via bank, både til verksemder og til tilsette.

Difi sitt standard kontraktkrav gir eksempel på dokumentasjon som kan krevjast framlagt for å kontrollere at krava til løns- og arbeidsvilkår er oppfylt. Vi skal kunne kontrollere at løn og anna godtgjersle faktisk har gått til den personen som har gjort arbeidet.

8. KREV INNSYN I RELEVANTE SKATTEOPPLYSNINGAR

Vi kontraktsfestar at alle firma i kontraktkjeda skal gi oss fullmakt til å innhente relevante skatteopplysningar før kontraktinngåing og i heile kontraktperioden.

Dette gjer vi via Skatteetaten si ordning Registerinfo (SKAV-skjema) eller tilsvarande ordning.

Gjennom Registerinfo får vi mellom anna tilgang til opplysningar om registrering for meirverdiavgift, at merverdiavgiftsoppgåver og A-melding er levert dei siste 6 månedane, og om skattar og avgifter er betalt.

STRATEGISKE GREP FOR Å HINDRE SVART ØKONOMI OG ARBEIDSLIVSKRIMINALITET VED INNKJØP I KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

9. GJENNOMFØR KONTROLLAR

Vi gjennomfører kontrollar der risikoen er høg. Det betyr å sette inn tilstrekkelege ressursar på dokumentasjonsgjennomgang og kontroll på staden for å sikre at kontrakten sine krav blir oppfylt.

Kontrollar skal gjennomførast i heile kontraktperioden.

Difi sin tilrådde Standard kontraktkrav for løns- og arbeidstilhøve gir oss høve til å foreta varsla eller uvarsla kontrollar på staden hos leverandør/underleverandør, og ved lokasjon der tenesta blir utført. Ein slik kontroll kan inkludere tilgang til løns- og personalsystem.

Vi gjennomfører kontroll av HMS-kort og annan kontroll på arbeidsplassane.

10. BRUK DEI GODE VERKTØYA SOM FINST

Difi har samla gode verktøy for å stille og følge opp krav til løns- og arbeidstilhøve. Dette finst på nettstaden <http://www.anskaffelser.no/sosial-dumping>.

KONTRAKTSKRAV

Vi brukar Difi sitt standard kontraktsskrav om løns- og arbeidsvilkår som utgangspunkt for våre kontraktsskrav i heile kontraktkjeda

Vi skal kontraktsskrav sanksjonar i heile kontraktkjeda for brot på kontraktsskrava, medrekna også sein innsending av dokumentasjon, samt dersom leverandøren ikkje leverer eigenrapporteringsskjema innan fastsett frist. Tiltak og sanksjonar skal settast i verk ut frå kor alvorleg brotet er, og kor stort det er. Moglege sanksjonar er retting, dagbøter, tilbakehalding av kontraktssum, stans og heving.

Vi brukar bransjespesifikke seriøsitetsskrav der desse finst.

For å sikre seriøsitet i bygg- og anleggskontraktar har Difi, BNL, Fellesforbundet og KS utvikla eit sett eigne seriøsitetsskrav. Dokumentet kan brukast som eit vedlegg til kontrakten. Bestemmelsane stiller m.a. krav til faglærte handverkarar og lærlingar i prosjekta, HMS-kort, pliktig medlemskap i StartBank eller tilsvarande leverandørregister og avgrensingar i høve til bruk av underleverandørar.

OPPFØLGING

Vi brukar Difi si rettleiing om beste praksis som utgangspunkt for arbeidet vårt med oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår.

Rettleiinga om beste praksis deler inn tiltaka i kva vi må, bør og kan gjere. "Bør" og "kan"-tiltaka er meint for område med høg risiko, slik som t.d. bygg, anlegg og rehabilitering mm, reinhald, bilvask og bilpleie og andre innkjøp etter ei risikovurdering. Vi skal derfor bruke tiltaka i rettleiinga fullt ut (må, bør og kan) så langt det passar.

I tillegg til vår eiga oppfølging har både byggenæringa og bilbransjen utvikla sine eigne rettleiingar for val av seriøse underentreprenørar. Hovudleverandøren skal bruke malane og sjekklistene som ein del av sitt kvalitetsystem.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2013/550
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
83/18	Formannskapet	15.05.2018

SPØRSMÅL OM FORSKOTTERING AV GANG-/SYKKELVEG PÅ FV 61 DJUPVIKA-NYKREM.

Tilråding:

Herøy kommune vil ta sak om prioritering av gang-/sykkelveg på FV 61 Djupvika-Nykrem inn som eit innspel i samband med neste rullering av trafikktryggingsplanen.

Herøy kommune legg til grunn at tiltaket vert gjennomført av fylkeskommunen/Statens vegvesen i samsvar med vedtatt investeringsprogram.

Særutskrift:
Folkelista/SP v/Bjarne Kvalsvik

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Gang- og sykkelveg FV 61 Djupvika-Nykrem.
- 2 Referat frå medverknadsmøte 26.09.2013

Samandrag av saka:

Det er kome slikt innspel/forslag til vedtak frå folkelista/SP v/Bjarne Kvalsvik:

«1.

Herøy Kommunestyre vedtek å starte reguleringsarbeid på strekninga langs FV 61 Djupvika Nykrem, for å legge til rette for bygging av gang og sykkelveg. Reguleringsarbeidet vert utført i samarbeid med Statensvegvesen.

2.

Herøy Kommune søker Møre og Romsdal fylkeskommune om å få forskotere ny gang- og sykkelveg på strekninga Djupvika — Nykrem FV 61.

3.

Kostnadane stipulert til 20 mill. vert innarbeid i Herøy Kommune sitt budsjett /økonomiplan 2019—2022.»

Tiltaket er ikkje prioritert i kommunen sin gjeldande trafikktryggingsplan. Rådmannen meiner difor det vert feil å forskottere prosjektet. Statens vegvesen bør regulere og utføre tiltaket i samsvar med fylkeskommunen sitt vedtekne investeringsprogram.

Saksopplysningar:

Bakgrunnen for forslaget frå folkelista/SP er at tiltaket er prioritert som nummer 12 i fylket sitt investeringsprogram, der det er avsett 10 millionar i 2020 og 10 millionar i 2021.

Det er foreslått i henvendelsen at kommunen startar opp reguleringsplanarbeid og forskotterer arbeidet med utbygginga.

Vurdering og konklusjon:

Det var starta opp regulering av området i kommunen sin regi i juni 2013. Allereie i september 2013 ser det ut til at saka har stoppa opp. Det kan verke som det i utgangspunktet var sett på som ei enkel sak å regulere, men at det dukka opp problemstillingar i forhold til blant anna kryssproblematikk, avkøyrsløse, busslomme, fartsgrense, belysning og arkeologi.

I referat frå eit medverknadsmøte i september 2013 kjem desse tilhøva fram (vedlegg 2). Dette er tilhøve som Statens vegvesen rår over langs fylkesveg. Rådmannen meiner difor at Statens vegvesen sjølve må regulere denne gang-sykkelvegen og at arbeidet må få si framdrift i samsvar med planane i fylket sitt investeringsprogram.

Det går ikkje fram av investeringsprogrammet at det er ein føresetnad at det er kommunen som skal regulere gang-/sykkelvegen for at tiltaket skal verte gjennomført som planlagt. Vi forutset difor at tiltaket vert regulert og utført av Statens vegvesen/Møre og Romsdal fylkeskommune i samsvar med fylket sitt investeringsprogram.

I kommunen sin trafikktryggingsplan er tiltaket ikkje med i prioritert handlingsplan. Med bakgrunn i dette meiner vi det vert feil å gå inn å forskottere prosjektet. Herøy kommune har heller ikkje kapasitet til å gjennomføre dette reguleringsplanarbeidet no.

Rådmannen rår til at brevet frå Folkelista/SP vert tatt med som eit innspel til neste rullering av trafikktryggingsplanen. Samtidig kan kommunen gi eit signal til fylket/Statens vegvesen om forventningane til at tiltaket vert gjennomført i samsvar med vedtatt investeringsprogram.

Fosnavåg, 09.04.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

Gang og sykkelveg FV 61 Djupvika- Nykrem.

Herøy Kommune har mange gang og sykkelveg prosjekt, som ventar på realisering. For å sikre framdrift i desse viktige sakene, bør Herøy Kommune søkje om forskotering av gang og sykkelvegen langs FV 61 Djupvika-Nykrem. Slik det er i dag er dette det einast prosjektet som ligg så langt framme at det kan søkjast om forskotering, av dei gang og sykkelveg prosjekta som kommunen har.

Fylkestinget vedtok i T-sak 32/10 «Retningslinjer for forskotering av fylkesvegprosjekt»

Eit kriterium for kommunal forskotering av fylkesvegprosjekt, er at prosjektet har så høg prioritet at det kan påreknast å få løyving for heile prosjektet innanfor gjeldande handlingsprogram/Invisteingsprogram for fylkesvegar (10) år .

Gang og sykkelveg prosjektet langs FV 61 Djupvika – Nykrem , ligg inne med 10 mil i 2020 og 10 mil i 2021 og, stettar såleis krava til kommunal forskotering slik Herøy Kommune ser det.

Herøy Kommune søker såleis om å få forskotere prosjektet.

Vedtak.

1. Herøy Kommunestyre vedtek å starte reguleringsarbeid på strekninga langs FV 61 Djupvika Nykrem, for å legge til rette for bygging av gang og sykkelveg. Reguleringsarbeidet vert utført i samarbeid med Statensvegvesen.
2. Herøy Kommune søker Møre og Romsdal fylkeskommune om å få forskotere ny gang og sykkelveg på strekninga Djupvika – Nykrem FV 61
3. Kostnadane stipulert til 20 mil vert innarbeid i Herøy Kommune sitt budsjett /økonomiplan 2019-2022.

Folk/Sp

Bjarne Kvalsvik.

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2013/550	Saksbeh.
12 FEB. 2018	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2013/550

Arkivkode
L12

Dato
27.09.2013

REFERAT FRÅ MEDVERKNADSMØTE 26.09.2013

Deltakarar: Aleksander Zahl Tarberg – Planleggar, Herøy kommune
Jarl Martin Møller – Utviklingsleiar, Herøy kommune

Møtestad: Herøy rådhus, Møterom 1.etg. Tidspunkt: Kl 18 – 19.00 Oppmøte:
6 stk

Agenda: Reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg frå Nykrem til Djupvik –
Fylkesveg 61.

-
- Herøy kommune opna med ei orientering om bakgrunnen for møtet, agenda m.m. Der planleggar gav ein presentasjon til dei frammøtte om planarbeidet.
 - Frå kommunen ville ein innleiingsvis understreke at avkøyrsla til Svein Djupvik ved gnr 44 bnr 48 vil vere eit sentralt tema i den vidare planprosessen. Her må ein finne fram til ei funksjonell løysing for inn/utkøyring til Fylkesvegen, samstundes som ein vil lage ein reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs FV61
 - Det kom fram synspunkt om at ein bør vurdere å flytt vegen lengre mot aust for å skape avstand til eksisterande bebyggelse i området og betre den generelle trafikksituasjonen forbi eksisterande bustader i nærleiken. Det blei påpeika at ved å flytte vegen lengre mot aust, så vil ein også skaffe seg handlingsrom for å finne ei løysing i høve avkøyrsla til gnr 44 bnr 48.
 - Det blei vidare framheva at den aktuelle svingen i planområdet er vurdert til å vere farleg av dei som bur i området – det blei vist til fleire trafikkulukker på staden.
 - Det kom innspel om at det er ønskeleg med redusert fartsgrense til 60 km/t i dette området, og det blei vist til søknad til og avslag frå Statens vegvesen vedk denne problemstillinga.
 - Nokre av dei som hadde møtt fram, kom med innspel om at ny gangveg bør følgje avkøyrsla til Djupvika på Vestsida og sikre betre friskt i krysset mellom Djupvika og Fylkesvegen. Ein bør bearbeide terrenget i området for i sikre siktforholda inn/ut av FV61.

- Dei frammøtte kom med eit sterkt ønske om at det blir etablert ei busslomme på vestsida av fylkesvegen på motsett sida av dagens busslomme. Dette for å sikre ei trygg av/påstigning og unngå at bussen stoppar i krysset/avkøyrsla til Djupvika. Sistnemnde blir i dag oppfatta som eit trafikkproblem i dette området.
- Ein av dei som hadde møtt fram peika på at avkøyrsla til verksemda Vestsink AS i dag er problemfylt for større køyretøy. Ynskjer at det blir sett nærare på dette i planarbeidet.
- Nokre av grunneigarane peika på leidningar og kummar som i dag ligg i området – kommunen svarte med at desse blir teke opp til vurdering når det vert aktuelt med detaljprosjektering / utarbeiding av byggeteikningar for prosjektet.
- Nokre meinte at gangvegen bør leggst vest (bak) eksisterande bebyggelse (husa i området) opp mot fjellet. Kommunen understreka at ein ser dette som eit ikkje aktuelt alternativ i høve det formålet som gang- og sykkelvegen skal løyse – og mellom anna i høve gjennomgangstrafikk langs FV61.
- Grunneigarane ynskjer at fartsgrensa skal vere eit tema i den vidare planprosessen. Kommunen viste til at dette allereie har vore teke opp til vurdering og det er gjeve avslag frå Statens Vegvesen.
- Ein av grunneigarane vist til at det går ei hovudvassleidning i området – denne må ein vere obs på ved planlegging.
- Grunneigarane ynskjer at kommunen tek med i føresegene at det kan settast opp mur mellom evt ny busslomme og tilstøytande areal for å avgrense inngrepa.
- Nykrem Vel ynskjer gang- og sykkelveg for å binde saman bygdene med gatelys. Velforeininga ynskjer at det blir sett opp gatelys i krysset/avkøyrsla mot Budaneset grunna ferdsel til/frå fritidseigedomane i området.
- Kommunen vil ta med seg innspel vidare i prosessen og det vil gå fram av plandokumenta korleis innspela er blitt behandla.

Ref.

Aleksander Zahl Tarberg



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2018/455
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
84/18	Formannskapet	15.05.2018

BUDSJETTKONTROLL PER 31.03.2018

Tilråding:

Budsjettkontrollen vert teken til vitande.

Særutskrift:

- Vest kontroll IKS
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS
- Avdelingane, her

Vedlegg:

[Budsjettkontroll per 31.03.2018 - Avdelingane sine kommentarar](#)

Samandrag av saka:

Dei fleste avdelingar rapporterer at dei har kontroll og at dei skal klare å halde seg seg til budsjetttrammene.

Avdelingane Barn, familie og helse samt Eigedomsavdelinga seier at bildet er meir nyansert og at dei kan kome ut med meirforbruk i 2018. Barn, Familie og Helse viser til at kostnadsbildet innan spesielt Barnevern kan bli utfordrande.

Eigedomsavdelinga på si side har eit stort meirforbruk per rapporteringsdato knytt til uforutsette kostnader og mindreinntekter husleige. Sjå elles vedlagde kommentarar frå avdelingane.

Skatteinntektene er om lag som budsjettert, medan rammetilskottet er ein mindre enn budsjettert så langt. Det inntektsutjamnande tilskottet ligg ein mnd på etterskot og om noko av mindreinntektene vert kompensert i april får vi eit svar på i rapporteringa i april.

Per 31.03.2018 tyder prognosene på små avvik mellom rekneskap og budsjett.

Saksopplysningar:

Som normalt har Herøy kommune også i 2017 eit stramt budsjett. Dei budsjetterte inntektene er strekt så langt råd er og i tillegg er kostnadane på mange områder budsjettert lavt.

Per 31.03.2017 legg ein opp til ei enkel form for budsjettkontroll. Vi kjem tilbake med den ordinære budsjettkontrollen per 30.04.2017 som også skal handsamast i kommunestyret.

Alle avdelingane har gitt tilbakemelding/utført budsjettkontroll per 31.03.2017. Den vedtekte omorganiseringa har byrja og setje seg, men budsjettkontrollen er ikkje heilt i samsvar med den nye organiseringa bl.a. fordi budsjettet for 2017 er vedteke etter gamal organisering.

Oversikt per avdeling og seksjon per 31.03.2018. Alle tal i heile 1.000

Område	Konto	Rekneskap 2018	Rev.budsjett	Avvik i kr	Rekneskap 2017
13	Servicetorget	706	826	120	788
14	Dok.senter og politisk sekretariat	827	1 016	189	579
15	Økonomiavdeling	1 383	1 537	154	1 551
16	Personal- og org.avdelinga	3 701	3 048	-653	3 847
17	Informasjonsteknologi	4 171	1 662	-2 509	1 358
60	Eigedomsavdelinga	7 248	5 646	-1 601	6 579
	Sum Stab	18 036	13 735	-4 300	14 702
21	Barnehagar	16 537	17 210	673	15 939
22	Grunnskular,PPT,Kultursk. m.m.	30 189	29 992	-198	27 405
	Sum Oppvekst	46 726	47 202	475	43 344
30	Helse og omsorg leing	358	337	-22	
31	Barn, familie og helse	8 494	6 750	-1 744	7 584
32	Pleie og omsorg	28 890	27 965	-925	30 385
33	Bu- og habilitering	10 771	10 340	-431	10 374
34	Barnevernsavdelinga	3 461	3 511	50	2 903
35	Tenestekoordinerer	2 133	2 196	63	
38	Sosial og flyktning	5 716	1 976	-3 740	4 492
	Sum Helse og oppvekst	59 823	53 075	-6 749	55 738
40	Kulturavdelinga	2 381	2 216	-165	2 304
50	Utviklingsavdelinga	1 861	4 125	2 263	1 700
51	Anleggs- og driftsavdelinga	-3 612	2 160	5 772	-2 392
55	Brannvern og feiing	2 666	2 277	-389	2 231
	Sum Samfunnsutvikling	3 296	10 778	7 481	3 843
10	Folkevalde	594	1 020	655	762
12	Administrativ leing	553	463	-89	759
18	Overføringar	3 094	3 132	38	-8 602
70	Ø-hjelp, mottak	0	0	0	-534
90	Skatt, ramme, finans, tilskot	-144 291	-147 580	-3 288	-135 311
	Sum Andre områder	-140 050	-142 965	-2 684	-142 926
	Sum totalt	-12 167	-18 174	-6 007	-25 298

Det er litt for tidleg for avdelingane til å kome med prognoser for 2018. Det må vi kome attende til i rapporteringa per 30.04.2018. På to områder er sakshandsamaren uroa. Det gjeld Eigedomsavdelinga og forbruket der per 31.03 samt utbetalingar som gjeld sosialhjelp som har synt ein stor auke i februar og mars sett ihøve til tidlegare år. Det siste skuldast nok stor arbeidsløyse samt at fleire no ikkje lenger får arbeidsavklaringspengar frå NAV.

I utgangspunktet er det heller ikkje dei store skilnadane frå 2017 til 2018 heller. Det to store avvika her gjeld område 18 overføringar der det per 31.03.2017 var inntektsført ein stor sum med RDA midlar. I tillegg har IKT i år betalt tilskotet til SSIKT tidlegare i 2018 enn i 2017.

Tabell: Økonomisk oversikt drift per 31.03.2018 i 1.000 kr

Økonomisk oversikt - Drift				
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2018	Regulert budsjett 2018	Opprinnelig budsjett 2018	Regnskap 2017
DRIFTSINNTEKTER				
Brukerbetalinger	-7 246	-6 762	-6 762	-5 860
Andre salgs- og leieinntekter	-15 627	-12 055	-12 036	-14 287
Overføringer med krav til motytelse	-10 462	-8 025	-7 518	-10 497
Rammetilskudd	-59 371	-64 290	-64 290	-57 413
Andre statlige overføringer	-6 001	-9 479	-9 479	-28 545
Andre overføringer	-611	-16	-16	-224
Inntekts- og formuesskatt	-81 511	-81 509	-81 509	-80 315
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	-180 829	-182 136	-181 610	-197 141
DRIFTSUTGIFTER				
Lønnsutgifter	90 452	86 519	84 455	85 257
Sosiale utgifter	28 163	24 047	23 277	26 780
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. Tj.prod.	21 283	21 176	21 077	21 238
Kjøp av tjenester som erstatter komm tjensteprod.	23 884	22 919	23 250	20 893
Overføringer	8 770	6 575	6 546	15 594
Avskrivninger	0	8 450	8 450	0
Fordelte utgifter	-651	-1 531	-1 531	-589
Sum driftsutgifter	171 902	168 155	165 524	169 172
Brutto driftsresultat	-8 928	-13 981	-16 087	-27 968
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-260	-2 137	-2 137	-535
Gevinst finansielle instrumenter	-225	-1 025	-1 025	-636
Mottatte avdrag på lån	0	-51	-51	0
Sum eksterne finansinntekter	-485	-3 212	-3 212	-1 171
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter og låneomkostninger	-2 563	3 798	3 798	3 879
Tap finansielle instrumenter	0	50	50	50
Avdrag på lån	-185	5 905	5 905	362
Utlån	0	62	62	0
Sum eksterne finansutgifter	-2 748	9 816	9 816	4 291
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-3 233	6 604	6 604	3 120
Motpost avskrivninger	0	-8 454	-8 454	0
Netto driftsresultat	-12 160	-15 831	-17 937	-24 849
BRUK AV AVSETNINGER				

Bruk av tidl. års regnskapsmessige mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	-2 818	-2 818	0
Bruk av bundne fond	-9	-117	-117	-450
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	-9	-2 934	-2 934	-450
AVSETNINGER				
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0
Avsatt til dekning av tidl. års r.messige merforbruk	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	0	53	53	0
Avsatt til bundne fond	0	539	539	0
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetninger	0	591	591	0
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	-12 169	-18 174	-20 280	-25 298

Av tabellen ser ein at dei reine lønskostnadane har auka med nær 6,1% om lag frå 1 kvartal 2017 og til same periode i 2018. Det er vesentleg høgare enn ein normal lønsvekst og kan bety at kommunen har fleire sysselsett no enn for eit år sidan. Vi såg også ein liknande trend i 1 kvartal 2017 samanlikna med 1 kvartal 2016 (5,93%).

Ser ein samla reelle lønskostnadar (ink refusjonsjukeløn) er forbruket i 1 kvartal om lag 2,25 mill høgare enn budsjettet. Dette er ei litt dårlegare utvikling enn det vi såg for 1 år sidan då differansen var om lag 1,0 mill kr..

Avdelingane sine tilbakemeldingar

Innan sektor for stab er dei fleste i rute. Eigedomsavdelinga melder imidlertid om negativt avvik. Dette skuldast utfordringa i løpande drift.

Innan sektor for oppvekst melder begge avdelingane at dei trur at dei skal unngå meirforbruk i 2018.

Sektor for helse og omsorg melder at meste er i rute men at det er ufordringar innan avd for Barn Familie og Helse. Det er mest sannsyleg knytta til Barnevern og til sosialhjelpsutbetalingane.

Sektor for samfunnsutvikling meiner at ein skal unngå meirutgifter i 2018 og at dei har lagt opp eit løp der dei skal spare 1,75% av budsjettet

Når det gjeld skatt, rammetilskott, finans, pensjon med meir er det som vanleg mange usikre faktorar. Skatteinntektene er om lag som budsjettet, men arbeidsløysa i kommunen er stor og det kan gi utslag på sikt. Positivt her er det at skatteinntektene på landsbasis er høgare enn statsens prognoser noko som kan gi seg utslag i høgare rammetilskott. Rammetilskotet er imidlertid 4 mill lavare enn budsjettet og også i høve til KS sine prognoser. Litt av dette kan skuldast at det inntektsutjamnande tilskotet (både inntekt og trekk) først skjer eit par mnd på etterskot. Rentenivået vil mest sannsynleg bli uendra fram til 4 kvartal og då vil vi heller ikkje få dei store utslaga her. Pensjonskostnadane er den største usikre faktoren. Dei siste åra har kostnadane til dette blitt ein god del lavare enn budsjettet og vi vonar sjølvstøtt at det vil vere tilfelle også i 2018.

No tippa vi også at både 2015, 2016 og 2017 ville bli utfordrande, men for alle tre åra viste kommunerekneskapen overskott etter at mange fakturar slo positivt ut siste kvartal. Det har blitt hevda at dette er dei tre beste åra for kommuneøkonomien i dette årtusenet og det stemmer nok. Aldri før har det vore så få kommunar i registeret for ROBEK kommuner som det vil vere etter at rekneskapane for 2017 er ferdig godkjent i kommunane.

Vurdering og konklusjon:

Avdelingane ser ut til å kunne levere ein rekneskap om lag som budsjettet i 2018. Alle tal og statestikkar syner at vi har ei god og rimeleg drift. Sjukefråveret har vore litt høgare enn ynskjeleg så langt i 2018. Dei tilsette har synt stor forståing med utfordringane vi har stått ovanfor og som vi står ovanfor i tida som kjem.

Ein viser elles til vedlagte budsjettkontrollrapportar frå avdelingane for meir informasjon.

Fosnavåg, 04.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Folkevalde

Det er eit mindreforbruk på dette ansvaret så langt i år pga sjukemelding. Kor stort dette mindreforbruket vert i 2018, er det ikkje råd å ha noka prognose på.

Administrativ leing

Her er feilføring av løn som gjer det vanskeleg å kontrollere. Men det er likevel ikkje grunn til å tru atv det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2018.

Servicetorget

Avvik utgifter: Positivt resultat der det meste ligg i at det har vore lite kjøp av varer og tenester. Ein person er ute i permisjon. Løn til denne og til vikar vert ført på fast løn. Her vil det

etter kvart verte eit større overforbruk som vert refundert.

Avvik utgifter: Det er eit positivt resultat også her. Når det gjeld salsinntekter kjem dette av at forskot for skjenkeløyve er betalt inn samt rest avgift 2017.

Dokumentsenter og politisk sekretariat

Avvik i inntekter/utgifter: Har eit mindreforbruk på rett i underkant av 30 000,- kroner.

Prognose per 31.12.2018 i kr: Dokumentsenteret og politisk sekretariat vil halde budsjettet for 2018.

Kort forklaring på stoda per rapporteringsdato: Det er per mar eit mindreforbruk på om lag 5%.

Evt. ting som kan oppstå seinare i året: Samarbeidsprosjektet med Vanylven kommune kan få innverknad på utgifter og inntekter i løpet av året.

Økonomiavdeling

Avvik i utgifter: Vi har bokført utkjøp av kopimaskinavtaler på dette ansvaret for maskiner som ikkje høyrer til i avdelinga (nær kr 200.000,-)

Avvik i inntekter: Vi har inntektsført tilsvarande sum som nemnt ovanfor (fakturert til ny leverandør av kopimaskiner)

Prognose: Økonomiavdelinga vil gå i balanse i 2018 - evt eit mindreforbruk på opp mot kr 100.000,-.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Avvik i inntekter (kvifor):

Manglar førebels inntekter på forsikring, kollektiv- og fritidsforsikring på høvesvis 166.890,- og 42.810,-.

Det har heller ikkje kome in refusjon på lærlingar med om lag kr. 50.000,-.

Avvik i utgifter (kvifor):

Personal- og organisasjonsavdelinga har likevel eit lite meirforbruk på løn.

Faktura frå KS elektroniske tenester som omfattar Personalhandbok, særavtaler mm. er ført på konto med 0 i budsjett. Denne lisensavtalen vil opphøre i 2019 som følgje av at

vi seier opp avtalen.

Prognose per 31.12.2018:

Med utgangspunkt i rekneskapa for dei siste åra og resultatet sett for heile året, vil avdelinga samla sett kunne gå i ballanse. Det er likevel usikre moment, og resultatet er avhengig av at dei aktivitetane som er planlagde vert halde og at det ikkje oppstår uventa kostnader. Usikre moment her kan vere kostnader til samarbeidsprosjektet mellom Herøy og Vanylven.

Personal- og organisasjonsavdelinga hadde i perioden januar-mars eit meirforbruk på 8,79%.

Overføringer

Avvik i utgifter: Skuldast feil periodisering

Avvik i inntekter: Skuldast feil periodisering

Prognose: Det ser ikkje ut til at det vil bli eit vesentleg avvik mellom budsjett og rekneskap i 2018.

Barnehageavdelinga

Det er et positivt avvik som mest skuldast utbetaling refusjon sjukepengar og statstilskot minoritetspråklege barn.

Rekneskapen viser høgare lønnsutbetaling enn budsjettert, men dette blir kompensert av refusjon sjukepengar.

Utbetaling av kommunalt tilskot til private barnehagar er no rett periodisert, og er i balanse.

Det er noko lavare inntekt enn budsjettert på salsinntekter. Dette i hovudsak pga at kapasiteten ikkje er fylt opp i ein barnehage no på våren og at fleire småbarn kontra store barn gir lavare inntekt.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Netto forbruk 26,19%, mot 24,08% same periode i 2017

Utgifter 26,31%, mot 26,04% same periode i 2017

Inntekter 26,89%, mot 35,68% same periode i 2018

Lønnsutgiftene er høgare enn budsjettert, men må sjåast i forhold til refusjon sjukepengar og foreldrepengar, samt tilskot til vidareutdanning (nasjonal vikarordning) som ikkje er utbetalt for våren'18 enno.

Generelt er staten seine med utbetaling av tilskot, noko ein ser igjen i inntektsprosenten. Tilskot til vaksenopplæringa er såleis heller ikkje mottatt enno for 2018.

Prognose: På budsjett.

Helse og omsorg leiling

Vurderinga for helse og omsorg leiling, er at det vil vere eit negativt avvik på slutten av året knytt til utgifter kring planarbeid. Kjøp av ekstern konsulentbistand, er ikkje budsjettert på driftsbudsjettet.

Barn, familie og helse

Avdelinga har samla sett som ambisjon at forbruket for året 2018 skal vere i samsvar med det vedtekne budsjettet. Det er likevel mange forhold som kan gjere at det vert

vanskeleg. Mellom anna vanskelege barnevernsakar og utfordringar innan andre fagområde.

Pleie og omsorg

Pleie og omsorgsavdelinga har som mål å vere i balanse ved slutten av året.

Bu- og habilitering

Bu og habiliteringsavdelinga har eit lite negativt avvik per mars. Avdelinga vil arbeide for å kome i balanse ved slutten av året.

Tenestekoordinerer

Det vert vurdert, at avdelinga vil gå i balanse ved slutten av året.

Sektor Samfunnsutvikling

Generell vurdering:

Avdelingane har god kostnadskontroll

Prognose pr 31.03.2018:

Sektoren er i rute med omsyn til dei økonomiske målsetjingane som er satt for 2018 med mindreforbruk på 1,75%.

Område 50 (Utviklingsavdelinga)

Generell vurdering:

Samla sett viser rekneskapen for område 50 (ansvar 5011) eit mindreforbruk på 283.829.- pr. 31.03.2018. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.

Avvik i inntekter: Mindreinntekter på plan.

Avvik i utgifter: Meirutgifter til lisensar som kjem i starten av året.

Prognose pr 31.03.2018:

Totalsituasjonen er under kontroll

Område 51 (Anlegg og drift):

Generell vurdering:

Samla sett viser rekneskapen for område 51 eit mindreforbruk på om lag kr. 1.085.910.- pr. 31.03.2018. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.

Prognose pr 31.03.2018:

Totalsituasjonen er under kontroll. Ein gjer merksam på at delar av interne føringar ikkje er gjennomført.

Område 55 (Brann)

Generell vurdering:

Samla sett har område 55 eit overforbruk på 326 807 kroner (116,85%) av budsjettet pr. 31.03.18. I same periode i fjor var det eit mindreforbruk på 33 418 kroner (98,52%).

Grunnen til det høge forbruket er at kostnadar med årsavgifter, lisensar og anna må betalast i starten av året. I tillegg ser ein auka kostnadar på løn og sosiale utgifter i forhold til same periode i fjor.

Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.

Avvik i inntekter: Inntektene kjem først inn når rekning for feiling og tilsyn vert sendt ut.

Avvik i utgifter: Årsavgifter, kostnad med lisensar m.m. kjem i starten av året og fører til unormalt høge utgifter første månadar. Lønsutgifter

Prognose pr. 31.03.2018:

Totalsituasjonen for område 55 er førebels under kontroll, men vert følgt opp.

Område 40 (Kulturavdelinga)

Generell vurdering:

Samla sett viser rekneskapen for område 40 eit mindreforbruk på om lag 34' ved utgangen av mars 2018. Prognose ved årsslutt er budsjett i balanse.

Avvik:

Kulturkontoret:

- 4011: Kulturkontoret. Mindreforbruk grunna at tilskot ikkje er utbetalt.
- 4012: Museer. Mindreforbruk grunna at tilskot ikkje er utbetalt.

Frivilligsentralen

- 4021: Mindreforbruk på om lag 16'. Ikkje motteke faktura for husleige på kulturhuset.

Born og unge:

- 4031 Fritidsklubb/ungdomstiltak: Mindreforbruk på om lag kr. 21' grunna lågare kostnader på fleire postar, samt høgare salsinntektene enn budsjettet. I tillegg er der ei feilføring som inneber at faktisk resultat er eit mindreforbruk på om lag kr. 51'.
- 4032 Arrangement for ungdom: Mindreforbruk på om lag kr. 17'. Feilføring av kr. 30' ført på 4031 og som skulle vore belasta 4032. Faktisk resultat pr. mars er eit meirforbruk på kr. 7 500.
- 4033 MOT: Lite mindreforbruk. Kostnadane fordeler seg ikkje jamt gjennom året.

Bibliotek

- 4051 Folkebiblioteket har eit meirforbruk på om lag kr. 29'. Årsaka er at lisenskostnader og liknande vert belasta budsjettet på starten av året. I tillegg manglar det kostnader på om lag kr. 54', grunna at husleiga for januar og mars er belasta kulturhuset. Faktisk meirforbruk pr. mars er på om lag kr. 80'.

Kulturproduksjon:

- 4041 Kulturhus og idrettshall. Rekneskapet viser eit meirforbruk på om lag kr. 99'. Vedr. husleigeinntekter føreligg det ei feilføring (sjå bibliotek) som inneber at faktisk meirforbruk er på om lag kr. 53'. Meirforbruket skuldast i hovudsak høgare lønskostnader enn budsjettet.
 - 4061: Konserthus. Regnskapet viser eit meirforbruk på om lag kr. 149'. Tilskotet på kr. 100.000 frå Kulturrådet til vårprogrammet er ikkje inntektsført pr. mars, og faktisk meirkostnad er på om lag kr. 49'.
- Arrangementsrekneskapen for perioden jan-mars, inkl. tilskotet frå Kulturrådet, viser ei meirinntekt på om lag kr. 51'. Ikkje alle arrangement knytt til tilskotet er gjennomført pr. mars.
- 4062 Kino. Rekneskapet viser at inntekter og kostnader i hovudsak fylgjer budsjett.

Prognose pr 31.03.2018:

Prognose ved årsslutt er budsjett i balanse.

Område 5041 (Landbruk)

Historikk:

Budsjettet til landbruksavdelinga er ikkje periodisert. Årsaka er at budsjettet vart lagt inn i systemet etter at omorganiseringa av Søre Sunnmøre Landbrukskontoret var gjennomført. Økonomiavdelinga vart kontakta for å finne ei mellombels løysing for 2018. Det ser ut til at løysinga er på plass.

Budsjettet er lagt med bakgrunn i budsjett 2017 for Søre Sunnmøre Landbrukskontor og 2% framskriving. Budsjett 2018 vert då i sum kr. 3.119.384.

Generell vurdering:

Ut frå ei teoretisk periodisering med årsbudsjett delt på 12 månader vert kostnaden per månad på kr. 259.949. For tre månader kr. 779.847. Forbruket for januar til mars er på kr. 822.306. Det er eit meirforbruk på kr. 42.459 i forhold til budsjettet pr. 31.03.18. Årsaka til overforbruket er fortsatt at husleiga for fyste halvår er betalt no.

Det er betalt inn kr. 455.035 som er refusjon frå andre kommunar. Det er kvartalsvis betaling frå Hareid, Sande og Ulstein. Forbruket for januar til mars er på kr. 300.906.

Avvik i inntekter: Inntektene frå eigarkommunane er i samsvar med budsjettet. Det er etterslep på inntektene frå gebyra for sakshandsaming etter jordlova og konsesjonslova.

Avvik i utgifter: Det er betalt husleige for fyrste halvår. Andre mindre utgifter er og betalt for lengre periode enn 3 månader.

Prognose pr. 28.02.2018:

Inntekts- og kostnadssida for område 5041 er under kontroll. Vi må arbeide meir med å få oversikt over inntektene frå gebyra.

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga har i periodisert budsjett pr. 31.03.2018 eit meirforbruk på 27,42 % av totalt budsjettert ramme. Meirforbruket er knytt til ansvarsområda 6021, 6022, 6023 og 6031.

Ansvarsområde 6022 omhandlar løpande og uforutsette driftskostnader knytt til kommunale bygg. Meirforbruket indikerer – som for tidlegare år – at behovet for tiltak er større enn avsett budsjett. Meirforbruket innanfor ansvarsområde 6021 er også knytt til løpande og uforutsette driftskostnader som vi vil vurdere om eigentleg burde vore ført på 6022. I så fall vil meirforbruket knytt til uføresette kostnader vere høgre enn det ansvarsområde 6022 inneber åleine og føre til at vi må stramme inn resten av året for å kome i balanse.

Ansvarsområde 6031 omfattar planlagt vedlikehald. Her vil periodisert rekneskap alltid avvike frå periodisert budsjett då gjennomføringa og etterfylgjande fakturering ikkje er likt fordelt innanfor årets månader.

Feilføring av husleigeinntekter innanfor ansvar 6011 og 6023 påverkar inntektsbildet for begge desse ansvarsområda. Dette er meldt til økonomiavdelinga og er forhåpentlegvis korrigert til neste rapportering.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Avvik i utgifter: Avvika her er store. Det skuldast føringar mellom år. Det gjeld bl.a. rentekostnader og avdragskostnader. Desse blir retta opp etter kvart som året går.

Avvik i inntekter: Skatteinntektene er som budsjettert, medan rammetilskotet er om lag 5,0 mill lavare enn budsjettert. Kva som er grunnen til dette er vanskeleg å uttale seg om. Det er nok tidleg i året og dette med det inntektsutjamnande tilskotet kjem ikkje før 1 mnd i etterkant. Elles er det ført lite på renter, aksjeutpytte og pensjonsavvik med meir.

Prognose: For tidleg å kome med nokon prognose. Vi får kome attende til den når mai skatten er kjent.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2018/319
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
85/18	Formannskapet	15.05.2018

**SØKNAD OM OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSPLANARBEID.
FRITIDSBYGG BUDANESET.**

Tilråding:

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av privat reguleringsplanarbeid for fritidsbygg på Budaneseet, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3.

Særutskrift:
Dimco AS v/Dag Ivar Myrene

Vedlegg

- 1 Justert søknad om oppstart reguleringsplan for rorbuer Budaneset
- 2 20180323-D1-Skisse reguleringsplankart
- 3 20180220_Referat_oppstartsmøte_privat_reguleringsplan_fritidsbygg Budane...


Samandrag av saka:

Dimco AS v/Dag Ivar Myrene har søkt om løyve til oppstart av privat reguleringsplanarbeid for tre fritidsbygg på Budaneset på Leikong.


Området ligg inntil regulert område for Budaneset og vil ha delvis felles tilkomst.

I kommuneplanen er området sett av til naust. Dei tre eigarane av området ynskjer å etablere fritidsbustader. Difor prøver dei denne saka gjennom ein reguleringsplan.

Saksopplysningar:



Figur 1: Lokalisering av omsøkt område. Budaneset litt nord for Leikong..




Figur 2: Omsøkt planområde ligg sørvest for reguleringsplan for Budaneset der det er utbygd og regulert for konsentrert fritidsbebyggelse og småbåthamn.

Bakgrunnen for planforslaget er å legge til rette for bygging av tre rorbuer og tilhørende kaianlegg og småbåthamn i sjø. Området omfattar seks tomter, 76/92-97, der tre personar eig to tomter kvar: Dag Ivar Myrene, Nils Johan Myrene og Rachel Canedo Kleppe.

Planområdet er totalt på ca 1,6 daa, av dette utgjør området i sjø om lag 1 daa.

I søknaden er det gjort greie for at rorbuene skal ha maksimum bruksareal BRA inntil 130 m² kvar på inntil tre etasjer. Planområdet ligg i bratt terreng og rorbuene blir «felt inn» i terrenget med forstøtningsmur i bakkant av bygga.



Figur 3: Planavgrensing og føremål slik det framgår av søknaden.

Vurdering og konklusjon:

Området ligg i umiddelbar tilknytning til eksisterande og regulert område for fritidsbustader på Budaneset og vil falle godt saman med omgjevnadane. Rådmannen ser positivt på tiltaket og rår til at det vert gitt løyve til oppstart i samsvar med søknaden.

Fosnavåg, 10.04.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

Fra: Dag Ivar Myrene[dim@dimco.no]
Sendt: 30.03.2018 12:44:26
Til: Tanja Rafteseth
Tittel: Justert søknad om oppstart reguleringsplan for rorbuer Budanese

Hei !

Sender vedlagt justert søknad datert 23.03.2018 med vedlagt skisse for reguleringsplankart som avtalt i oppstartsmøtet 16.03.

Justert reguleringsgrense oversendes i SOSI-format neste uke.

Mvh

Dag Ivar Myrene

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Tanja Rafteseth [<mailto:tanja.rafteseth@heroy.kommune.no>]
Sendt: 16. mars 2018 15:25
Til: 'Dag Ivar Myrene'
Emne: VS: FRITIDSBYGG BUDANESET

Hei.

Vedlagt er kopi av referat fra oppstartsmøte. Då hører vi fra deg når du har justert søknaden i tråd med det som kom fram på oppstartsmøte.

Helsing

Tanja Rafteseth
Planleggar

Utviklingsavdelinga

Tlf. 70081300 Mob. 94160135

www.heroy.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: dokumentcenter.skanner@heroy.kommune.no
[<mailto:dokumentcenter.skanner@heroy.kommune.no>] På vegne av dokumentcenter.skanner@
Sendt: 16. mars 2018 15:22
Til: Tanja Rafteseth <tanja.rafteseth@heroy.kommune.no>
Emne: FRITIDSBYGG BUDANESET

Svar til: TANRAF <tanja.rafteseth@heroy.kommune.no>
Enhetsnavn: HERHU-CO-SKKM01
Enhetsmodell: MX-7500N
Plassering: 2. etasje rådhus

Filformat: PDF (Middels komprimering)
Oppløsning: 300dpi x 300dpi


Vedlagt fil er et skannet bilde i PDF-format.

Bruk Acrobat (R)Reader(R) eller Adobe(R)Reader(R) fra Adobe Systems Incorporated for å se på dokumentet.

Adobe(R)Reader(R) kan lastes ned fra følgende URL:

Adobe, Adobe-logoen, Acrobat, Adobe PDF-logoen og Reader er registrerte varemerker eller varemerker tilhørende Adobe Systems Incorporated i USA og andre land.

<http://www.adobe.com/>



Myrene - Kleppe	Tegn. DIM
Leikong	Saksb. DIM
Gnr:76 Bnr:92 - 97	Sign. DIM
Skisseforslag reguleringsplankart	Ark. nr.
Fritidsbygg Budaneset	Målestokk: 1:400 (A3)
	Dato: 23.03.18
	Tegn. nr.
	D1

SØKNAD OM OPPSTART AV ARBEID MED PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN

OG

FØREHANDSUTFYLT INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE

Etter plan- og bygningslov av 2008, med tilhørende forskrifter, sist tredd i kraft 01.01.2018, er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privat detaljreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlige føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at plankonsulent har levert tilstrekkeleg informasjon i tråd med krava i dette skrivet.

Dette skjemaet skal fyllast ut etter krava i [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven](#).

Søknad om oppstart med førehandsutfyllt referat skal sendast til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte. Oppstartsmøte skal gjennomførast innan rimeleg tid etter kommunen har motteke naudsynt informasjon. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet.

Søknad om oppstart av arbeid med privat detaljregulering skal i nødvendig grad omtale følgande:

- a. føremålet med planen
- b. planområdet og om planarbeidet vil få verknadar utanfor planområdet
- c. planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak
- d. utbyggingsvolum og byggehøgder
- e. funksjonell og miljømessig kvalitet
- f. tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar
- g. forholdet til kommuneplan, eventuell gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og pågåande planarbeid
- h. vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet
- i. korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit
- j. kva berørte offentlege organa og andre interesserte som skal varslast om planoppstart
- k. prosessar for samarbeid og medverknad fra berørte fagmyndigheiter, grunneigarar, festere, naboar og andre berørte
- l. vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivareteke.

INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE / REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE

Sak: Detaljreguleringsplan fritidsbygg Budaneset	
Møtestad: Herøy Rådhus	Møtedato: XX.03.2018
Deltakarar:	
Frå forslagsstillar Dimco as	Frå plan:
v/Dag Ivar Myrene	
	Frå drift:
	Andre:

1. Planføresetnader
Plantype
☒ Detaljregulering
☐ Endring av reguleringsplan
Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)
Kommuneplanen sin arealdel.....2013-2025 (201250).....
Kommunedelplan.....
Reguleringsplan.....-201103 Budaneset.....
Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....
☐ Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:
.....
☒ Planen vil erstatte delar av følgjande planar:
.....-201103 Budaneset.....
Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)
☒ Plankonsulent har levert forslag som del av samla søknad om planoppstart. Ev. forslag til justert avgrensing som avtalt i dette møtet må oversendast til kommunen i etterkant.
Mål for planarbeidet:
☒ Forslagsstillar har skildra mål med planarbeidet som del av søknad om planoppstart
Namn på planen:
Forslagsstillar sitt forslag til namn:.....Fritidsbygg Budaneset.....
Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.
☐ Planforslaget er i samsvar med overordna plan.
☒ Planforslaget er delvis i samsvar med overordna plan.
☐ Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.
Merknad:...Kommuneplanens arealdel (planid 201250) viser Andre typer bebyggelse (AN), mens forslag til reguleringsplan er fritidsbygg/rorbuer (FB)

Pågåande planarbeid

☒ Det pågår ikkje anna planarbeid i området

☐ Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:.....

Planprogram

Utløyser planen krav om planprogram? (jf. § 4-1 i planlova)

Merknad:.....Nei.....

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad og framdriftsplan:Nei

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad:.....Nei.....

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

☒ Kommunale vedtekter/forskrift

- parkeringsvedtekter

- forskrift om gebyrregulativ

☐ Kommunale retningslinjer

- kommuneplanen sine retningslinjer
- krav til leikeplassar

☒ Bestemmelsar i arealdel av k-plan

Merknad:

Sjå føreseigna til kommuneplanen sin arealdel

For private planarbeid skal det betalast to satsar. Første betaling er handsamingsgebyr og er ein fast sum. Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til varsel om oppstart. Andre betaling er arealgebyr og er todelt. Ein fast sum for planar opp til 5000 m². Andre del er eit beløp per påstarta 1000 m² over 5000 m². Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til offentleg ettersyn. Sjå Herøy kommune sitt gebyrregulativ på kommunen si heimeside for oppdatert prisar.

Sjå føreseigna til kommuneplanen sin arealdel.

3. Viktige vurderingar – Skal omtalast i <i>søknad om oppstart</i>	
3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.) 3.2. Strandsona til sjø og vassdrag 3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar 3.4 Miljøvern faglege vurderingar 3.5 Kulturlandskap og kulturminne 3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS) 3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser 3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafikksikkerheit, støy 3.9 Kommunaltekniske anlegg 3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen 3.11 Enkel trafikkanalyse (køyrevegar og sykkelvegar), dagens situasjon. 3.12 Kontroll av grenser innanfor planområdet og tilgrensande eigedomar 3.13 Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng? ☐ Anna:	Spesielle forhold – tilleggsopplysningar: Sjå omtale i søknad om oppstart datert 20.02.2018.

4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:	
Opplegg for samarbeid, medverknad og samfunnstryggleik? Skal det lagast utgreiingar eller rapportar om andre tema? Kommunalt bidrag i planarbeidet? Behov for dialogmøte med kommunen? Framdriftsplan:	Merknad: Sjå omtale i søknad om oppstart datert 20.02.2018. Rapport for private planar skal utarbeidast av plankonsulent eller fagkyndige. Sjå utkast til fremdrift i søknad om oppstart datert 20.02.2018. Plankonsulent presenterer planarbeidet for administrasjonen ved overlevering til offentlig ettersyn.
5. Kommunalteknisk anlegg	
Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket. ☐ Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget ☐ Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	Merknad: Sjå omtale i søknad om oppstart datert 20.02.2018.

6. Kommunen sine råd og vurderingar
Er det usemje om vesentlege punkt? Kva er det usemje om? Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan eller er det aktuelt å stoppe planarbeidet etter pbl. § 12-8, andre ledd? <i>Dersom det er usemje om vesentlege punkt eller administrasjonen foreslår å stoppe planarbeidet jf. § 12-8 kan forslagsstillaren krevje saka framlagt kommunestyret jf. delegeringsreglement for Herøy kommune.</i> Er plankonsulent registrert med sentral godkjenning? Er kravet til fagkyndigheit etter § 12-3 oppfylt? Skal planforslaget leggst fram for regionalt planforum?

Skal forslaget leggjast fram for formannskapet?

Vidare saksgang:

Anna:

7. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Endringar som må gjerast i planen etter offentlig ettersyn skal som hovudregel gjerast av konsulent.

Stad, dato.....

Representantar frå kommunen:.....

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar.....



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2017/1449
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
86/18	Formannskapet	15.05.2018

PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR NEDRE SØRLIA - PLANFORSLAG TIL HØYRING/OFFENTLEG ETTERSYN.

Tilråding:

Herøy formannskap vedtek å legge privat planforslag for Nedre Sørليا ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Plankart, føresegner og planomtale datert 24.04.2018 er gjeldande.

Særutskrift:
BT Utbygging AS
Plankonsulent Aleksander Tarberg

Vedlegg:**Vedlegg**

- 1 V1_Plankart nedre Sør lia rev 240418
- 2 Føresegner_rev 24042018
- 3 201725_V3_Planomtale_220318_PDF
- 4 Fråsegn etter arkeologisk registrering - Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan nedre Sør lia gbnr 36 2 m.fl
- 5 3. NVE generelle innspel 06.03.18
- 6 4. Geir Johan Bakke 1 kart
- 7 4. Geir Johan Bakke 1
- 8 4. Geir Johan Bakke 2 badestrand
- 9 4. Geir Johan Bakke 2 kart badestrand
- 10 4. Geir Johan Bakke
- 11 5. Kommentarer fra grunneiere i Nedre Sør lia 07.03 PDF
- 12 6. Fylkesmannen 07.03
- 13 Innspel i høve forslag til reguleringsplan Gnr 36 Bnr 2 mfl i Toftesøda
- 14 SV: Innspel Nedre Sør lia
- 15 201725_Vedlegg_behandling av innspel til oppstart_PDF


Samandrag av saka:

I F-sak 22/18 den 06.02.2018 vart det gitt oppstartsløyve for utarbeiding av privat reguleringsplan for Nedre Sør lia. Området omfattar eit avsett område for bustader i kommuneplanen og eit tilleggsareal for bustader og naust som i kommuneplanen er sett av til LNF-område.

Det ligg no føre eit planframlegg frå plankonsulent B. Tarberg AS i tråd med vedtatt avgrensing for planområde. Området legg til rette for 10 bustadtomter, 12 naust, to leikeområde, sti, fortau og køyreveg.


Rådmannen rår til at planforslaget vert lagt ut til høyring/offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:



Figur 1: Planområdet ligg i Vikane på Bergsøya, heilt ned mot Toftestøda.

I kommuneplanen er austlege del av området sett av til bustader. Sør-vestlege del er sett av til landbruk, natur og friluftsområde. Det er søkt om løyve til å planlegge for bustader/naust også i dette området.



Figur 2: Planområde omfattar område avsett til bustader og til landbruk, natur og friluftsområde.

Innkomne merknader til varsel om oppstart.

Til oppstartsvarket er det kome inn 7 merknader innan fristen og eitt innspel etter fristen.

Merknadane har slike hovudtrekk:

5 av merknadane er frå offentlege organ:

- 1) Fylkeskommunen vil ha og har utført arkeologisk registrering og frigitt området.
- 2) NVE har generelt innspel og ynskjer planen til offentlig ettersyn.
- 3) Statens vegvesen har ingen merknader.
- 4) Fylkesmannen ber og gode illustrasjonar for å vise korleis landskapet vert påverka. Dei rår til at leikeplassen vert flytta vekk frå vegen og nærare husa.
- 5) Landbrukskontoret har ingen merknader.


2 av merknadane er frå naboar

- 1) Geir Johan Bakke har diverse innspel til planarbeidet. Delar er imøtekome av plankonsulent, delar ikkje.
- 2) Grunneigarar i Nedre Sørliia ynskjer meir beskriving av byggjegranser, høgd på hus og hustype.

Innspel som er komne inn innan fristen er handsama av plankonsulent i vedlegg 15 som er lagt ved saka.

Det er i tillegg kome inn eit innspel ei stund etter fristen, frå Per Odd Paulsen. Innspelet kom etter at plankonsulent hadde levert forslag til høyring til kommunen. Plankonsulent har difor ikkje kommentert dette innspelet.

Planframlegget



Figur 3: Reguleringsplan for Nedre Sørliia. Høyringsforslag datert 24.04.2018.

Planforslaget har 10 bustadtomter, felles privat veg inn i området, fortau fram til leikeområde LP2, naustareal med plass til 12 naust og parkering i forkant og gangsti frå fellesveg fram til naturleikeområde LP1.

Det er fastsett møne- og gesimshøgder på husa og høgste kotehøgd på golv i nedste etasje. Dette gjer at ein ser kor høgt kvart hus på kvar tomt vil rage i terrenget. Det er også utarbeidd tverrsnitt og terrengmodellar (i planomtalen, vedlegg 3). Her ser ein korleis terrenget vil bli med skjeringar og fyllingar etter utbygging.

Leikeområde LP 1 skal ikkje opparbeidast, men vere ein naturleg klatreknaus for barna. Her skal opparbeidast ein grusa sti med 2 meter breidde mellom fellesvegen og leikeområdet. Denne stien går vidare nordvestover og opp til Nedre Sørli-vegen. Leikeområde LP2 skal opparbeidast og vere for dei minste barna. Her skal opp gjerde mot veg for tryggleik på plassen. LP1 er lett tilgjengeleg med fortau fram til plassen.

Vurdering/konklusjon

Det er utarbeidd eit planframlegg og føresegner i tråd med planavgrensinga i løyve til oppstart. Førstekastet har vore justert noko slik at ein del merknader er imøtekomne. Plankonsulent har vore i dialog med administrasjonen i kommunen og justert planen i samsvar med våre tilbakemeldingar.

Kommentar til innspelet frå Per Odd Paulsen:

I innspelet (vedlegg 13) viser Paulsen til at det tidlegare vart søkt om å byggje ut bustader her, men at dei då fekk avslag pga at det var friluftsområde. Han er kritisk til planering/terrassering av området, til planlagt trafikkavvikling, og om her er plass til fleire naust. Han viser til rettsbok frå Sunnmøre jordskifterett av 08.01.2009 og signaliserer at grunneigar av aktuelt utbyggingsområde ikkje har rettar i Toftestøda med tanke på naust eller båtplass. Dette ser vi på som eit privatrettsleg tilhøve som tiltakshavar må avklare med aktuelle partar.



Høyringa gir no høve til å kome med innspel med bakgrunn i eit konkret planforslag. Rådmannen rår til at planframlegget vert lagt ut til høyring slik det no ligg føre.

Fosnavåg, 03.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth



Teiknforklaring Nedre Sørليا bustadfelt

Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Boligbebyggelse - frittliggende småhusbebyggelse
- Uthus/naust/badehus
- Lekeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Veg
- Fortau
- Annen veggrunn - tekniske anlegg

Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

- Grønnstruktur

Linjesymbol

- Plangrense
- Regulert tomtgrense
- Byggegrense
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje i veikryss
- Måle-/avstandslinje
- Formålsgrense

Basiskart informasjon

EKVIDISTANSE: 1 M
NASJONAL AREALPLAN ID: 2018-01
KOORDINATSYSTEM NN 1954
HØGDEGRUNNLAG NN2000
DATO FOR BASISKART: 14.02.2018
KJELDE FOR BASISKART: GEOVEKST
KARTMÅLESTOKK 1:500 A1

SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAKSNR	DATO	SIGN
Kunngjøring oppstart		14.02.2018	AZT
1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker	2017/1149	06.02.2018	TR
Offentlig ettersyn fra			
til			
2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Kommunestyrets vedtak:			
PLANEN UTARBEIDET AV: B. TARBERG AS	SAKSNR	TEGNR.	SAKSBEH.
Ver. 24.04.2018	201725	001	AZT
Forlagstillar;	BT Utbygging AS		



Planident:
201801

Saksnummer:

Eigengodkjenningsdato:
xx.xx.xxxx

Eigengodkjent_av:
Herøy kommunestyre

DETALJREGULERINGSPLAN FOR NEDRE SØRLIA BUSTADOMRÅDE PLAN-ID: 201801

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1 – Avgrensing av planområdet

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemmingar

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - Privatrettslege avtalar

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 – Forhold til kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga vert oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast med ein gong, og regional kulturvern mynde skal varslast, jf. lov om kulturminne § 8, andre ledd.

§ 5 - REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12 – 5, nr.1)

- Bustader – frittliggjande småhus (BF1-3)
- Naust – (AN)
- Leikeplass (LP1-2)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)

- Køyreveg (V1-2)
- Fortau (F1-2)
- Annan veggrunn tekniske anlegg (AVG)

Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr 3)

- Grønnstruktur (Sti)

§ 6 – FELLESFØRESEGNER

- a.** Detaljreguleringsplanen fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. Dei viste vegane i plankartet ligg fast. I tillegg til dei viste vegane kan mindre korte tilkomstvegar etablerast innanfor BF-områda, som følgje av byggjesøknad.
- b.** Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillate bebyggd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.
- c.** Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Nye bustader skal vere tilpassa tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast slik at skjeringar som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå med etablert vegetasjon i kombinasjon med murer eller bart fjell.
- d.** Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.
- e.** Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.
- f.** For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side der støynivået er $L_{den}=55$ dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda.
- g.** Innanfor området kan det byggjast nødvendige bygg og installasjonar for el- og telenett. Bygg skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa busetnaden elles i området.
- h.** Vegareal er vist i plankartet. I tillegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggjast på tilgrensande tomtegrunn.

§ 7 – SITUASJONSPLAN / DETALJAR VED BYGGESØKNAD

Det skal utarbeidast ein situasjonsplan i samband med byggesøknad for kvar tomt innanfor BF-områda

Situasjonsplan skal handsamast av kommunen i samband med byggesøknad og skal vise:

- Tomtegrenser
- Grense mellom seksjonar
- Garasje og biloppstillingsplass
- Interne køyreveggar og gangveggar
- Murarar og nivåskilnader
- Minste ute opphaldsareal (MUA)
- Kotehøgder på utvendig terreng
- Terrengsnitt med kotehøgde for tak
- Plassering av bygning på tomta
- Avkøyrsløp

Som prinsipp for utbygging av konsentrerte småhusområde skal livsløpsstandard/universell utforming leggjast til grunn.

Universell utforming skal også leggjast til grunn for utforming leikeplassar og felles ute opphaldsareal, jf. TEK.

§ 8 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)**1. Generelt**

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks tillaten BYA for dei enkelte delområda:

- BF - område: maksimum BYA 35 %.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarende krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 18 m² pr. bilplass.

Parkeringsbehovet er føreset sett dekt på eige areal.

Bustadbygg skal oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. bueining pluss 0,5 bil pr. bueining til gjesteparkering.

For sjølvstendige einebustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vi likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. bueining.

- b. Som minste oppphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan BF-områda skal det setjast av min. 25 m² eigna areal for leik. Arealet skal gå fram av situasjonsplan ved byggesøknad.

2. Bustader – frittliggjande og konsentrerte småhus (BF1-3)

- a. I område merka BF1-3 kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt.

Til alle areala høyrer naudsyn te anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

- b. I område merka BF skal bygningar ha ei maksimal gesimshøg d på 6.5 m og maksimal mønehøg d 8.5 m. Maksimal kotehøg d for lågast golv på kvar tomt er vist på plankartet.
- c. I område merka BF skal garasjar ikkje byggjast større enn 49 m² grunnflate og då berre i ei høg d. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøg d enn 3 m og mønehøg d ikkje over 4,5 m. Garasje kan integrerast i bustaden eller vere frittliggjande på tomta.
- d. Plassering av garasje parallelt med veg kan førast opp med ein avstand på 3.0 meter frå vegkant. Plassering av garasje med portopning som er orientert vinkelrett på veg skal ha ein avstand på 5.0 meter frå vegkant.
- e. Val av takform og takvinkel skal fastsettast av kommunen ved byggjeløyve. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

3. Naustområde (AN)

- a. Innanfor område kan det førast opp naust i rekkjer. Her gjeld føresegnene for naust i kommuneplanen.

- b. Det vert tillate med planering og bearbeiding av terrenget, terrassering av terreng, for plassering av nye tomter.

c. Endeleg kotehøgde for nausta blir bestemt av kommunen ved byggjeløyve.

d. Nye naust skal plasserast innanfor formålsområde. I tillegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggest på tilgrensande tomtgrunn.

3. Leikeplass

LP1 – Frileik

a. Område merka med LP1 (LEIK) er felles privat leikeareal for frileik. Terrenget skal ikkje opparbeidast, men opparbeidd sti skal gå gjennom området som vist i planomtalen og knyte saman eksisterande og nytt bustadområde. Eksisterande terrengformasjon skal takast vare på som areal for fri leik og rekreasjon. Endeleg trase for sti gjennom leikeplass blir bestemt ved utbygging.

b. Leik for born i alderen over 7 år skal prioriterast.

LP2 – Leikeplass

a. Område merka LP2 (LEIK) er felles privat leikeplass som skal opparbeidast i samsvar med utformingskrav i kommunedelplanen slik at dei er eigna for leik og opphald. Leikearealet skal møblerast med minimum 3 leikeapparat. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd, leggjast til grunn slik at leikeplassane heilt eller delvis kan nyttast av alle.

b. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplass skal opparbeidast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr. Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring. Der leikeplassane grensar til trafikkareal (gangveg, veg, parkeringsplass etc.) skal det setjast opp klatresikkert gjerde.

§ 9 UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGEAREAL

a. For område BF1 skal dei ikkje utbygd delane av tomtene utformast tiltalande og terrenget mot eksisterande bustader skal i størst mogleg grad takast vare på.

b. For område BF2 vert det tillate med planering av tomtene til angitt kotenivå og ei terrassering av terrenget mot tilstøytande vegar og naustområde.

c. Det skal førast opp gjerde som sikring der dette er naudsynt.

d. Mot felles privatveg kan det førast opp mur.

e. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.

- f. Ved ev. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- g. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- h. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- i. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Innanfor frisisone skal det vere fri sikt over 0.5 meter frå vegnivå. Utover dette gjeld Herøy kommune sin eigen rettleiar for vegar og Statens Vegvesen sine krav til avkøyrslar i handbok N100.

§ 10 - SAMF.ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)

I trafikkområde skal det byggjast:

- køyreveg med tilhøyrande areal

Avkøyrslar for bustadtomtene skal vere frå felles privat veg.

Avkøyrslar for nausta skal vere frå Toftestøvegen.

Det er ikkje regulert inn avkøyrslar i planen. Desse skal godkjennast av kommunen ved handsaming av byggesøknad til kvar enkelt tomt.

Følgjande vegar er vist som felles private vegar

- f_V2

Følgjande vegar er vist som offentlege vegar.

- o_V1 (veg)
- o_F1-2 (fortau)

Felles privat veg f_V2 skal vere tilkomst for framtidige bustader i FS-områda.

Avkøyrslar skal leggjast til felles privat veg.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. kap. 16.

Fyllingar i tilknytning til vegareal skal tilplantast med stadeigen vegetasjon.

Skjeringar i tilknytning til vegareal kan bearbeidast med mur, tilplanting eller ein kombinasjon av dette saman med bart fjell.

I vegareal og areal for annan veggrunn kan det leggjast VA-leidningar, kummar, skap, EL-, tele- og fiberkablar, veglysmaster og andre installasjonar som er naudsynt for framføring av infrastruktur til bustadareala.

§ 11 – GRØNNSTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 3)

Innanfor området skal det opparbeidast ein 2 meter brei grusa sti mellom leikeplass og felles privat veg f_V2. Stien skal opparbeidast gjennom leikeområde L1 og møte tilsvarende sti i tilgrensande plan.

§ 12 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)


- a. Før det kan gjevast bruksløyve for nye bustader innanfor planområdet, skal felles privat veg f_V2 med tilhøyrande infrastruktur vere opparbeidd med grusdekke.
- b. Før det kan gjevast bruksløyve for nye bustader innanfor planområdet, skal offentlig veg o_V1 og fortau o_F1-2 vere opparbeidd etter kommunal standard av utbyggjar. Opparbeiding skal avklarast med kommunen i samband med utbygging av tekniske anlegg.
- c. Leikeplass LP2 skal opparbeidast, planerast og møblerast med minimum 3 leikeapparat som kan nyttast av born i alderen 0-7 år. Leikeplassen skal vere opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve for nye bustader innanfor området.
- d. Før det kan gjevast bruksløyve for nye bustader innanfor planområdet, skal sti i 2 meters breidde vere opparbeidd med grusdekke gjennom leikeplass LP1 fram til f_V2.

Føresegner utarbeidd 09.05.2018

Reguleringsplan godkjent av kommunestyret i k-sak xx/xx i møte XXXX/201X

Fosnavåg, _____

ordfører



Planområde

DETALJREGULERINGSPLAN – PBL § 12-3

«Nedre Sørli GNR. 36, BNR. 2 M:FL»

PLAN-ID: 201725

PLANOMTALE

22.03.2018

INNHALD

1. SAMANDRAG AV PLANFORSLAGET
2. NØKKELOPPLYSNINGAR
3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET
4. PLANPROSESS
5. PLANSTATUS OG RETNINGSLINJER
6. PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON
7. PLANFORSLAGET
8. KONSEKVENSAV AV PLANFORSLAGET
9. MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN
10. VEDLEGG

1. SAMANDRAG

Forslagsstillars BT utbygging AS ynskjer med dette planarbeidet å utvikle området B69 til frittliggjande småhusbebyggelse med tilhøyrande infrastruktur og leikeplass.

Endring av området til bustad - og naustføremål vil vere i samsvar med kommunens overordna planar og ønske om satsing på nye bustader sentralt på Bergsøya og det maritime med nye naust i Herøy kommune. Forslag til planavgrensing er vist på vedlagt kartskisse og omfattar eit areal på omlag 11,5 daa. Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for bustadformål B69, men planområdet omfattar også ein mindre del som er avsett til LNF-formål i kommuneplanen. Det er tenkt 10 bustadtomter og 12 nausttomter, samt leikeplass.

Området var tidlegare avsett til bustadområde i forslag til kommuneplanen i den delen som no er LNF-område. Utbyggar vil no regulere ein del av dette området for å oppnå eit meir heilheilskapleg område for utbygging. Formannskapet har vore positive til planavgrensinga og innspel basert på varsel om oppstart av planarbeid tilseier også at planområdet bør avgrensast slik det no er søkt om for å oppnå ei mest mogleg heilskapleg utnytting.

Framtidig tilkomst til området er tenkt frå felles veg som startar ved Toftestøvegen med ny avkøyrsløp. Alle bustadtomtene vil få tilkomst frå ein felles veg.

Forslagsstillar meiner denne utbygginga må sjåast i eit meir overordna perspektiv for styrking av busettingsgrunnlaget i kommunen. Her er det rom for både utvikling av bustader og naust i eit kvalitativt godt miljø med vekt på det lokale og maritime, med nærleik mellom bustad, naust, sjø og båtlev. Planane meiner vi vil passe godt inn i Herøy sin visjon og overordna målsettingar som lokalsamfunn.

Planarbeidet er utført av B. Tarberg AS v/ Aleksander Zahl Tarberg.

2. NØKKELOPPLYSNINGAR

Tettstad, bygd eller by:	Sørlia/Toftestøa (Bergsøya)
Adresse:	Nedre Sørlia, 6092 Fosnavåg
Eigedom (gnr / bnr):	Gnr.36 bnr.2 m.fl
Forslagstillar:	BT Utbygging AS
Plankonsulent:	B. Tarberg AS v/Aleksander Z. Tarberg
Eksisterande planstatus:	Kommuneplan for Herøy
Planområde sitt areal (daa):	11,5 daa
Nytt reguleringsføremål:	Bustad, køyreveg, , leikeplass m.m
Grad av utnytting:	35%
Tal på nye einingar:	10 nye bustadtomter, 12 naust
Aktuelle problemstillingar:	
Kunngjering, dato:	16.02.2018
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei
Medverknad	Ikkje særskilte tiltak utover varsling etter PBL

3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET


3.1 Planinitiativ

Forslagsstillar ynskjer å omregulere arealet B69 til bustadføremål og nausttomter. Framtidig tilkomst til området er tenkt frå sør mot vest med ny avkøyring frå den offentlege Toftestøvegen. Det er tenkt etablert leikeplass internt i bustadområdet, interne vegar, gangstiar/korridorar som gir grunnlag for framføring av infrastruktur.

3.2 Føremål med planforslaget

Føremålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan for nye bustadtomter innanfor eit avgrensa område B69 i Sørli. Forslagsstillar ynskjer å utvikle området (A) til bustadområde i samsvar med overordna kommuneplan.

Ein er ikkje kjend med at det er registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem i området. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, vil ein gå gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.



3.3 Krav om konsekvensutgreiing og planprogram

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området eller utvalde naturtypar. Vi kan ikkje sjå at planarbeidet vil ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og at det difor ikkje er naudsynt med konsekvensutgreiing (KU) utover det som er tenkt skildra av

konsekvensar av planforslaget i planomtalen. Kommunen har i oppstartsmøte vore samd i denne vurderinga og stadfesta dette. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database.

3.4 Tiltakshavar, plankonsulent og eigarskap

Tiltakshavar for planarbeidet er BT utbygging AS.

Planen er initiert som ein privat detaljreguleringsplan. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg i B. Tarberg AS. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL)

4. PLANPROSESS

4.1 Varsel om oppstart av planarbeid

I samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova (PBL) blei det den 12.02.2018 varsla oppstart av privat planarbeid med utarbeiding detaljreguleringsplan etter PBL § 12-3. Varslinga retta seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Oppstart av planarbeid blei varsla i form av varslingsbrev utsendt på e-post til grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter og relevante lag/organisasjonar. Varslingsdokumenta blei sendt til kommunen, men desse er ikkje registrert kunngjort på kommunen sine nettsider per dato. Varsel om oppstart av planarbeid blei kunngjort gjennom annonse i Vestlandsnytt 16.02.2018.



Bilete 1: Planområdet si avgrensing

4.2 Medverknad

I samband med oppstart av planarbeid er det kome i alt 7 innspel. Desse følgjer som vedlegg til planomtalen i sin heilskap. I vedlegg til planomtalen følgjer også forslagsstillar og plankonsulent sine vurderingar kring dei innspela som er kome. Det går der fram korleis innspela er teke omsyn til i planarbeidet.

I denne planen er det gjennomført tiltak for å sikre medverknad utover minstekrava i plan-og bygningslova (PBL). Det er den 01.03.2018 arrangert eit ope møte ute i planområdet, der utbyggar presenterte ein del tankar rundt korleis ein ynskjer å bygge ut planområdet. Referat frå møte ligg vedlagt. Hovudinntrykket frå møtet var at dei frammøtte i utgangspunktet er positive til planane, men at dei naturleg nok har innspel sett ut i frå sine interesser som etablerte innbyggjarar i området.


Vi viser elles til vedlagt referat frå møte og skjema for vurdering av innspel til planarbeidet for meir informasjon rundt medverknad.

5. PLANSTATUS OG AREALBRUK

5.1 Planstatus


Reguleringsplanar:

Det er per i dag ingen reguleringsplan som omfattar området B69, men området grenser til gjeldande plan for Sørli. PlanID 200205, vedtatt 17.08.2010.



Kartutsnitt med eksisterande plan for etablert bebyggelse i Sørli.

Kommuneplan:



Kartutsnitt med eksisterande arealstatus for kommuneplan for området i Sørliå.

Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er eit område for bustadformål B69, men planområdet omfattar også ein mindre del som er avsett til LNF-formål i kommuneplanen. Reguleringsplanen vil i hovudsak vere i samsvar med kommunens overordna planar og ønske om satsing på nye bustader sentralt på Bergsøya og det maritime med nye naust i Herøy kommune.

Intensjonen med denne reguleringa er soleis i samsvar med dei overordna målsettingane i kommuneplanens areal for Herøy.

Samfunnsdel

I gjeldande samfunnsdel er satsingsområdet «Verdiskaping» omtalt som relevant punkt for planarbeidet. Det blir vist til tekst i samfunnsplanen: *«Herøy kommune ynskjer å leggje til rette for at bygdene kan fortsetje utviklinga og vere eit fundament for verdiskapinga i kommunen. Herøy kommune vil leggje til rette for ei auka verdiskaping i kommunen ved å samarbeide med næringsliv og bygdelag om felles prosjekt og støtte opp under prosjekt som kan vere med å auke verdiskapinga i lokalsamfunnet utan at det går på bekostning av lokale eller regionale samfunnsinteresser»*

Temaplanar

Ingen særskilde.

Statlege planretningslinjer, bestemmelser og regionale planar med relevans for planarbeidet:

SPR Styrking av barn og unges interesser i planleggingen

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, bidrar til å oppfylle Norges forpliktelser etter FNs barnekonvensjon og skal synliggjøre og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.

SPR Samordnet bolig, areal og transportplanlegging

Hensikten med statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging er å oppnå samordning av bolig-, areal- og transport-planleggingen og bidra til mer effektive planprosesser. Retningslinjene skal bidra til et godt og produktivt samspill mellom kommuner, stat og utbyggere for å sikre god steds- og byutvikling.

SPR Differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen følger opp den nye plan- og bygningsloven, der byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen er videreført og strammet inn. Målet er å ivareta allmennhetens interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. I 100-metersbeltet skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Retningslinjene deler kysten inn i tre områder. Det er strengest føringer der det er størst press på arealene, mens det i mindre sentrale strøk er større rom for å vurdere utbygging gjennom kommunale planer, spesielt til næringsutvikling, som for eksempel sjørettede reiselivsbygg.

Vi ligg i sone 3: De mindre sentrale delene av kysten i Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Trøndelagskysten, og for alle kystkommunene i Sogn og Fjordane, Nordland, Troms og Finnmark: Ikke like strenge føringer.

6. PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON

6.1 Lokalisering

Planområdet er lokalisert i Toftestøa på Bergsøya i Herøy kommune. Det er i dag etablert bebyggelse nord- og aust for planområdet, samt naust sørvest for området. Vegen til nausta i Toftestøa blir naturleg tilkomstveg til planområdet.

6.2 Avgrensing av planområdet

Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for bustadformål B69, men planområdet omfattar også ein mindre del som er avsett til LNF-formål i kommuneplanen.


6.3 Dagens arealbruk og naboareal

Arealbruken for tilstøytande teigar og parseller blir i dag brukt til bustadføre mål, eksisterande bebygde bustadtomter og naust i sør mot Toftestøda.

6.4 Eksisterande busetnad i området


Det er ikkje lokalisert noko eksisterande busetnad innanfor planområdet.

6.5 Topografi og landskapstrekk



3D illustrasjon som viser dagens topografi i området.

Planområdet ligg i eit kuppert terreng, med tynt vegetasjonsdekke og grunnfjell i dagen. Kringliggjande bebyggelse har ved etablering gjort inngrep i terrenget for naboareal ved etablering. Dette gjeld både for naustområdet og for eksisterande bustadhus som er etablert i Sørli byggefelt.



3D illustrasjon som viser dagens topografi i området.



Landskapet i området er kuppert med ein typisk kystlandskap. Bart snaufjell er dominerande og med eit tynt vegetasjonsdekke. Det er frå eldre tider tippa noko steinmasser i området. Grunneigar opplyser at dette kjem frå gamle avtalar der området blei nytta som mellom lagring av stein for tidlegare entreprenør. Det er etablert ein markant fjellrygg i søndre, nordre og vestre del av planområdet.



Steinsprangskart frå NGU viser at det ikkje er fare for steinras i området.

6.7 Solforhold

Området ligg sørvendt med gode solforhold for både leikeplass, uteområde og nye bustadtomter.

6.8 Vegetasjon og dyreliv

Det er så vidt vi kjenner til ikkje utvalde naturtypar eller raudlista artar innanfor planområdet i dag. Området er etter vår kunnskap heller ikkje ferdselsområde for hjort eller småvilt.

6.9 Naturforhold

Etter ein gjennomgang i Direktoratet sin database og lokale kommunale rapportar, kan ein ikkje sjå at det føreligg kunnskap om utvalde naturtypar, sårbare områder eller områder med truga biologisk mangfald innanfor planområdet.

6.10 Barn og unge sine interesser

Deler av planområdet, det vil seie det som i plankartet er merka med LP1 vert i dag nytta av barn og unge. Området er tenkt bevart slik i reguleringsplanen ved at det blir regulert til leikeplass – frileik.

6.11 Kulturminneverdiar

Det er ikkje registrert arkeologiske funn i området eller automatisk freda kulturminne. Møre og Romsdal fylkeskommune v/kulturavdelinga har vore på synfaring i området og ynskjer å undersøke området med prøvestikk. Her er ikkje tidlegare gjort funn av kulturminne i området.

6.12 Veg og trafikkforhold

Det er i dag etablert ein veg i planområdet i nærleiken av planområdet og planlagt 1 ny veg. Veg 1 – Toftestøvegen (Kommunal veg). Denne vegen er tilkomst til naustområda i sør. Nye bustadtomter har tenkt å ha tilkomst frå ein felles privat veg (ny veg) som skal ha avkøyrse til Toftestøvegen.

Den etablerte Toftestøvegen har i dag ein varierende vegstandard og utbyggar er innstilt på ein dialog med kommunen rundt standard på vegen i samband med utbygginga.

6.13 Støy frå vegtrafikk

Det er ikkje registrert støykjelder i nærleiken av planområdet.

6.14 Offentleg kommunikasjon

Det er ikkje offentlig kommunikasjon eller bussforbindelse i området. Næraste er fylkesveg 654.

6.15 Vatn, avløp og overvatn

Vassleidningar: Det er i dag etablert private vassleidningar på sørsida av Toftestøvegen. Ein er ikkje kjend med at det går leidningar gjennom planområdet.

Dreneringssystemet: For nye tomter vert det planlagt system for handtering av overvatn som skal koplast til kommunalt ledningsnett. Detaljar kring dette vil gå fram av VA-plan for området.

Avløp: For nye tomter skal desse knytast til nytt felles avløpssystem som skal koplast til kommunalt hovudnett. Detaljar kring dette vil gå fram av VA-plan for området.

6.16 Energi- og teleløyisingar

Mørenett melder at dei kan forsyne feltet via straum frå sør RA2.

Utbyggar lokalisere trekkerør i Toftestøvegen og grave dette med seg fram til bustadfeltet for vidare fordeling av straumforsyning til feltet. I vidare offentlig høyring vil ein avklare behov for fiber. Detaljar rundt dette vil gå fram av IN-plan for området.

6.17 Privat og offentlig servicetilbod

Det eksisterer ikkje private eller offentlege servicetilbod innanfor eller i nærleiken av planområdet.

6.18 Risiko og sårbarheit (ROS)

Det er utarbeidd eiga risiko og sårbarheitsanalyse for denne reguleringsplanen. Analysen følgjer som vedlegg til denne planomtalen. Her er ingen særskilde moment.

6.19 Grunnforhold

Det er ikkje registrert særskilte forhold ved grunnforholda i området. Området er prega av eit tynt vegetasjonsdekke med grunnfjell i dagen mange stader i planområdet. Dette teikn på god byggegrunn. Ein har ikkje registrert at det er avsetningar som utgjer fare eller ustabile forhold kring utfylling og opparbeiding av terrenget i området. Tilgjengeleg kunnskap, erfaringar og kommunikasjon med kjentfolk i området kan heller ikkje peike på at det eksisterer usikre grunnforhold i nærområdet.

6.20 Havnivåstigning og bølgepåverknad


Området ligg såpass høgt over havet at dette ikkje er ei relevant problemstilling.

6.21 Luftforureining

Ein er ikkje kjend med at det er luftforureining innanfor eller i nærleiken av dagens planområde.

7. PLANFORSLAG

7.1 Arealbruk



Planforslaget legg til rette for totalt 10 områder for frittliggjande bustader. Det eine av desse områda omfattar to eksisterande bebygde bustadeigedomar, medan det andre område er tenkt som tilleggsareal til eksisterande bebyggelse. Dei to nye FS-områda omhandlar nye bustadtomter. Det vidare planlagt intern tilkomstveg med tilhøyrande annan veggrunn og nye leikeplassar.

7.2 Arealformål

Formål	Areal (daa)
BFF1 – Frittliggjande småhusbebyggelse	2,2
BFF2 – Frittliggjande småhusbebyggelse	2,4
BFF3 – Frittliggjande småhusbebyggelse	3,0
AN – Naustområde	1,1
f_V1 – felles privat veg	0,7
o_V1 – Offentleg veg	1,1
O_F1 – Fortau	0,2
O_F2 – Fortau	0,06
AVG – Annan veggrunn tekniske anlegg	0,2
LP1 – Leikeplass	0,3
LP2 – Leikeplass	0,2
Sti – Grønnstruktur	0,04


7.3 Byggeareal

BFF – frittliggjande bustader

I område merka FS kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon. Grad av utnytting for tomtene er maksimalt BYA= 35% pr tomt.

Beregning av bebygd areal (BYA)


Bebygd areal (BYA) for en tomt er summen av bebygd areal for alle bygninger, bygningsdeler og konstruksjoner over bakken, åpent overbygd areal og nødvendig areal for biloppstillingsplasser på tomta. Bebygd areal på en tomt skrives m²-BYA og angis i hele tall. Bebygd areal beregnes med utgangspunkt i NS 3940, tillegg nødvendig parkeringsareal etter TEK10 § 5-7.



Figur 2-4 Bebygd areal (BYA) for en tomt

I område merka FS skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m² grunnflate og då berre i ei høgd. I FS-områda skal garasjar ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m.

Det er planlagt i alt 10 tomter innanfor planområdet der det kan byggast anten to-mannsbustader eller einebustader med leilegheit på kvar tomt. Byggjehøgder og utnyttingsgrad er innanfor det som er normalt for eit frittliggjande bustadområde.



Illustrasjonsplan av ny planlagt utbygging.

Dei 10 tomtene i planforslaget varierer i storleik mellom 718 m² til 847 m² og er fint plassert innanfor byggegrensen på 5.0 meter frå formålsgrense veg og 4.0 meter frå formålsgrense byggeareal.

7.4 LP - Leikeplassar

I planforslaget er det vist to leikeplassar:

Leikeplass f_LP2 er tenkt møblert opparbeidd leikeplass og leikeplass f_LP1 som areal for fri lek/klatring og basert på eksisterande terrengformasjon (haug). Ved å sikre det mest brukte arealet av barna, så vurderer ein det slik at det kan forsvarast at det kan gjerast terenginggrep andre stader i planområdet.

Ved å legge tilrette for to ulike typar leikeareal, vil ein sikre mangfald og variasjon for barna som veks opp i det nye bustadområdet. Her vil barn i ulike alder få møte sine behov for nærleik. Leikeplassane ligg sørvendt og har gode solforhold. Ei opparbeiding av leikeplassen i sør med minimum 3 leikeapparat vil sikre at barn og unge får kvalitativt gode areal som vil styrke deira interesser.

Nærleikeplass i samsvar med krava i kommuneplanens arealdel og i samsvar med krava i innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre Romsdal fylkeskommune. Leikeplassen er over 200 m² stor. Leikeplassen blir definert som nærleikeplass og er i kort gåavstand frå bueiningane. Det er gjennomført ei sol/skuggeanalyse ved vårjamndøgn som syner at leikeplassen lengst mot sør har eit skuggeforhold under 50 % ved vårjamndøgn.

Leikeplassen er planlagt med rekkjefølgjekrav til møblering av leikeapparat og leikeplassane skal opparbeidast før nye bueningar kan takast i bruk.



Sol/skuggeanalyse leikeplass 1 og 2

Leikeplass LP2 er lokalisert slik i planområdet at den er tilgjengeleg frå vegen, noko som gir grunnlag for universell utforming og dei kan brukast av alle uansett funksjonsevne.

Etter vår vurdering er leikeplassen kvalitativt godt lokalisert og i samsvar med kommuneplanens arealdel, krav frå regionale og statleg instans, samt rikspolitiske retningslinjer for barn og unge. Leikeplassen ferdig opparbeidd vil styrke interessene for barn og unge i nærmiljøet.

7.5 – Veg


Vegen o_V1 i området er regulert som kommunal veg med o_F1 fortau. Vegen er regulert i ei breidde på 5.0 m og fortau 3.0 meter og anna veggrunn 1.0 meter. Dette vil gi moglegheit for ei vesentleg oppgradering av dagens vegstandard til Toftestøa.

Vegen f_V2 er regulert som felles privat med ei breidde på 4.0 meter.

Vendehammar er dimensjonert for LL (liten lastebil) utforma etter krava i rettleiaren.


Vegen har ei lengde på 117.4 meter og er planlagt med ei maksimal stigning på 12.5 %.

Det er innteikna frisishtslinjer i vegkryss mellom o_V1 og f_V2.




F v2 med profilmerking

Lengdeprofil for intern tilkomstveg – f V2



Lengdeprofil for snuplass tilkomstveg – f V2



7.7 Parkering

Parkering skal opparbeidast på eigen grunn og kommunen sine parkeringsvedtekter heimla i føresegnene til kommuneplanens arealdel for Herøy skal vere gjeldande.

7.8 Renovasjon

Området har i dag renovasjonsløyising frå søre Sunnmøre reinhaldsverk. Det er lagt til rette for vendehammar som er dimensjonert for liten lastebil etter kommunen sin vegnormal, slik at mellom anna renovasjonsbil skal kunne ha moglegheiter for tilkomst til å hente avfall i bustadområdet.

7.9 Risiko og sårbarheit (ROS)

Det er utarbeidd ei ROS-analyse etter sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Ved ein gjennomgang av sjekklista ser ein at det ikkje er særskilde forhold knytt til risiko og sårbarheit for dette planområdet.

7.10 Universell utforming

Området ligg i lågtliggjande terreng med vegar og opparbeidde flater. Tilkomstveg frå aust til vest, gir gode moglegheiter for universell utforming. Vedlagt vegprofilar viser at terrenget i området ikkje bør by på utfordringar knytt til i ivareta krava om universell utforming ved planlegging og bygging av nye bueiningar.

7.11 Naturmangfald

Kunnskap (§8):

Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldslova i denne saka.

Førevar prinsippet (§9):

Vi har undersøkt tilgjengelege databaser for naturmangfald og teke utgangspunkt i tilgjengeleg kunnskap frå Miljødirektoratet. Med bakgrunn i dette ser vi ikkje på inngrepet i planframlegget som vesentleg for naturmangfaldet i Nedre Sørria.

Samla belastning (§10):

Det er i Herøy kommune registrert om lag ca 160 andre førekomstar av artsområde. Sett i samanheng med dette vert den samla belastninga ikkje oppfatta som vesentleg.

Overvaking (§11):

Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert i dag.

Alternativ lokalisering (§12):

Alternativ lokalisering av utbygginga er ikkje aktuelt. Vi viser til at kommunen i gjeldande kommuneplan vurderte innspel om plassering av området.

Samla belastninga:

Basert på ovannemnde vurdering av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar


(§5).

7.12 Barn og unge

Nærleikeklassen i planområdet vil ivareta interessene til barn og unge. Det er stilt rekkjefølgjekrav til opparbeiding av leikeplassen for å sikre at den blir realisert og klargjort før nye innbyggjarane flyttar inn på tomtene. Dette vil bidra til å skape eit kvalitativt godt bumiljø.

7.13 Infrastruktur

Det vil vere naudsynt å bygge ut ny infrastruktur, særskilt leidningsnett for VA, EL/tele og veg, som følgje av nye bueiningar. Detaljar kring dette går fram av utarbeidd VA-plan for området. Endeleg detaljar rundt infrastruktur utover det som er fastsett i reguleringsplan vil kome fram i prosjektering og byggesøknad i forkant av utbygging.



VA-plan og IN-plan for området

Spillvann: Leidningsanlegget er planlagt ihht til vedlagt illustrasjon. Anlegget er tenkt felles privat og tilkople det kommunale leidningsanlegget i aust.

Overvatn: For tomtene vert dette leia i privat felleisleidningsnett til kommunalt tilkoplingspunkt i felles grøft med spillvatn.

Sandfangkummer i grøft.

Vassforsyning: Privat vassforsyningsanlegg med brannvatn til brannkum i kryss. I brannkum blir fordeling til bustadtomter og naust.

7.14 Rekkjefølgjekrav i plan

Ein viser her til vedlagt reguleringsføresegner.

8 KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET

8.1 Overordna planar og vedtak

Ingen særskilde. Planforslaget følgjer stort sett opp hovudtrekka i kommuneplanen, med unntak av at noko LNF-område blir omregulert til naust og bustadområde.

8.2 Eksisterande reguleringsplanar

Ingen særskilde. Planforslaget grensar inn til eksisterande plan.

8.3 Barn og unges interesser i nærmiljøet

Positivt, då ein legg til rette for både fri leik og moglegheit for tilrettelagt for at born og unge kan opphalde seg i området. Leikeplassar blir sikra gjennom arealstatus og rekkjefølgjekrav.

8.4 Estetikk, arkitektur og landskap




3D perspektiv av dagens situasjon

Utbygginga slik den er tenkt vil innebere 10 nye bustadtomter, 12 naust, 2 leikeplassar, sti og fortau/vegformål.


Plangrepet vil medføre inngrep i eksisterande terreng, noko anna vil vere bort i mot uråd dersom ein skal få til utbygging. Bustadfeltet er planlagt slik at byggeareala vil bli terrassert i terrenget med fleire nivå i forhold til veg og byggegropar. Dette vil mellom anna medføre ei endring av dagens landskap.




3D perspektiv utbygd område – søraust



3D perspektiv utbygd område – sør




3D perspektiv utbygd område – sørvest



3D perspektiv utbygd område – aust



3D perspektiv utbygd område – fjernverknad sør (skråfoto)



3D perspektiv utbygd område – fjernverknad ovanfrå (fugleperspektiv)



3D perspektiv utbygd område – vest (skråfoto)

Ved planlegging har ein lagt vekt på fleire element i forhold til høgdeskilnader mellom veg og tomteareal. Det er mellom anna forsøkt å legge vegen lågt i terrenget for å ta omsyn til etablert busetnad i Sørli, det vil seie dei bustadane som grenser inn mot bustadfeltet.

Ein har i planforslaget lagt vekt på innspela som har kome på den måten at ein har valt eit kotenivå for vegen som eit førande element for tomtene på begge nivå. Ein har her i størst mogleg grad valt å lytte til innspelet som har kome frå naboar i Sørli. Samstundes som kan få til ei fornuftig og økonomisk forsvarleg utbygging av bustadområdet slik planforslaget no er utforma. Vi meiner denne planen no er eit godt kompromiss mellom naboane sine interesser og utbygger sine interesser.


Plangrepet vil medføre ei utbygging etter trappetrinnsprinsippet, der tomtene i nord (nr 1-6) vil ligge på det høgaste nivået, deretter kjem vegkroppen med sitt stigande høgdenivå frå profil 0, for deretter å få tomtene i sør (nr 7-10) på eit lågare nivå enn vegen. Til slutt vil naustområdet vere lokalisert på det lågaste kotenivået ca kote + 2.3 moh og skape ei fin avslutning av terraseringa.

For å sikre at utbygginga resulterer i at området får ein estetisk god utsjånad etter utbygging, ser ein det som relevant å bruke tilbakefylling av jordmassar for å kle skråningar med solda (finbehandla) jordmassar og tilsåing som avbøtande tiltak. Særskilt vil dette gjelde etablering av ei skråning mellom naustområdet og tomtene nr 7-10. Men også øvrige overgangar mellom dei ulike nivå i landskapet vil jordskråning vere aktuelt. Dette er noko som vil medføre at dei områda som ikkje er bebygd areal vil framstå som grønne skråningar, framfor dominerande fjellskjeringar. I plasskrevjande tilfeller vil utbygger sjå dei grønne skråningane i kombinasjon med natursteinsmurar. Dette meiner ein vil vere eit rett grep når det kjem til avbøtande tiltak i forhold til terrengbearbeiding for dette prosjektet.

Ein viser elles til dei 3D illustrasjonar, planteikningar og terrengsnitt som følger planforslaget.

8.5 Naboar og tilstøytande areal

Det vil ikkje ha nemneverdige konsekvensar for naboane, då vi skal opparbeide tomtene etter «trappetrinns-prinsippet». Ingen av tomtene kjem på høgde med den bak, og husa vil såleis ikkje vere skjemma for husa bak. Sjå terrengsnitt nedanfor.




3D illustrasjon som viser at nye bygg kjem lågare i terrenget enn etablert bebyggelse.

TERRENGSNITT GJENNOM PLANOMRÅDE FRÅ NORD TIL SØR: A – H




For å illustrerer konsekvensane av ei mogleg utbygging for naboar til planområdet har ein her laga snitt A-J frå vest til aust. Her er bygg og vegar plassert inn i terrenget i riktig målestokk i høve føresegnene. NB! Høgder på tomter og bygg kan endre seg som følgje av seinare byggesak, men ein meiner at dette vil gi eit realistisk bilete av konsekvensane.


Terrengsnitt A




Terrengsnitt B




Terrengsnitt C




Terrengsnitt D




Terrengsnitt E




Terrengsnitt F,G




Terrenfsnitt H



Terrenfsnitt I



Terrenfsnitt J



8.6 Trafikk og parkeringsforhold

Offentleg veg fram til planområde, privat felles veg til tomtene. Parkering skal skje på eigedommane. Ved naustområde skal parkering skje framfor naustport. Sjå illustrasjonsplan.

8.7 Kulturminne og kulturmiljø

Vi har saman med kulturavdelinga hatt ei synfaring i området. Det skal gjennomførast ei avgrensa registrering i høve potensiale for automatisk freda kulturminne i området.

8.8 Friluftsliv

Ingen særskilde. Det går i dag ein privat sti gjennom området som rettighetshavar har avtale på skal fjernast ved utbygging. Kanalisering av trakk ynskjer ein skal skje på regulert sti.

8.9 Natur og miljøforhold

Ingen særskilde, ein viser til vedlagt vurdering i høve naturmangfald.

8.10 Privat og offentlege servicetilbod

Ingen særskilde

8.11 Risiko og sårbarheit (ROS)

Ingen særskilde, ein viser til vedlagt vurdering i sjekklister.

8.12 Infrastruktur

Planforslaget vil medføre bygging av ny felles privat infrastruktur. Reguleringsplan vil gi rom for oppgradering av offentlig veg og fortau.

8.13 Næringsinteresser

Ingen særskilde


8.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen særskilde

8 MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN

Vedlagt planomtalen følger dei innspela som har kome til planarbeidet og kommentar til korleis dei ulike innspela har blitt vurdert i høve utforming av planforslaget.

Det er gjennomført medverknadsmøte ute i planområdet. Sjå referat som oppsummerer dette møtet.


Aleksander Zahl Tarberg
Daglig leder / planleggar
B.TARBERG AS
Mob: 46674461
E-post: aleksander@btarberg.no

VEDLEGG

1. ROS-analyse
2. Vurdering av naturmangfald
3. Innspel til planarbeidet (samla)
4. Vurdering av innspel til varsel om oppstart
5. Referat frå medverknadsmøte
6. Referat frå oppstartsmøte
7. Varslingsdokument oppstart av planarbeid

B. TARBERG AS

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		52613/2018/REGULERINGSPLAN/1515	Arve Nytun, 71 28 03 25	24.04.2018

Fråsegn etter arkeologisk registrering - Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan nedre Sørliå gbnr 36/2 m.fl

Viser til vårt krav 22.03.2018 om arkeologisk registrering i samband med oppstart for reguleringsplanen i Sørliå gbnr 36/2 i Herøy kommune. Det vart 23.04.2018 utført ei mindre registrering på dei areala der det kunne vere noko potensiale for automatisk freda kulturminne. Resterande område vart også gjennomgått med jordbør og visuelt overflateregistrert. Området består i hovudsak av ein større bergknoll med torvlag som er av ulik djupt. På nokre område vart det satt prøvestikk der det låg jord/Sand/grus mellom torvlaget og berget, men det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne. Vi har derfor ingen merknadar til planen, men minner om at dersom det vert gjort funn av automatisk freda kulturminne, i form av kull, steinstrukturar eller gjenstandsfunn, skal arbeidet stoppast og ein skal ta kontakt med sakshandsamar ved kulturavdelinga på Møre og Romsdal fylkeskommune.

Med helsing

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator

Arve Nytun
Arkeolog/rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Herøy kommune Postboks 274 6099 Fosnavåg

Frå: [Sande Ole-Jakob](#)

Sendt: tirsdag 6. mars 2018 07:08

Til: [B. Tarberg AS](#)

Emne: NVE sitt generelle innspel - Varsel om planoppstart - Detaljreguleringsplan - Ytrehovdevegen 16 - GBnr 52/33 - Planid 201803 - Ørsta kommune

Viser til varsel om planoppstart datert 12.02.2018.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndighet innenfor saksområdene flaum- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområdene skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (pbl).

Flaum, erosjon og skred

God arealplanlegging er det viktigaste virkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelige krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte vere trøng for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store ålmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for ålmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter Vassressurslova (vrl). NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit velfungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må derfor ta omsyn til anlegg som har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga.

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiar og verktøy:


- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan vere eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy finnast på www.nve.no/arealplan.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.


Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. **Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta.** Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#).

Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.



Nordre Sørila bustadområde 362			
Områdesplan, 1:1250			
18.03.2018			
Drage	Skisse	Godkjent	Utskrift
Tegnet plan utst			
E. TARBORG AS			
A1 teknisk M 1:250			
Tegnet			
BT Utbygging AS			



Nedre Sørila bustadområde 362			
Områdesplanen del 123			
18.03.2018			
Drage	Skisse	Godkjent	Utskrift
Tegnet plan utst			
E. TARBORG AS			
A1 teknisk M 1:250			
Tegnet			
BT Utbygging AS			

Aleksander

Fra: Geir Johan Bakke <GeirJohan.Bakke@havyard.com>
Sendt: 6. mars 2018 19:31
Til: Aleksander Tarberg
Kopi: bjarne@btarberg.no
Emne: RE: Forslag badestrand
Vedlegg: Badestrand.jpg

Status for flagg: Flagget

Aleksander

Vi er som sagt positive til planene, vi ser at dette er et attraktivt område og bo i og nye naboer som positivt. Når det gjelder at du skriver at dere trenger all støtte dere kan få så opplever jeg ikke noen motstand, snakket etter at dere for med naboene og holdningen var etter min mening positiv og de innspill jeg har hørt de vil komme med er etter min mening ikke urimelige. Jeg har sendt nabolaget det forslaget jeg sendte dere og fått et forslag til brev som de vil sende dere og som jeg mener er rimelig, i allefall som utgangspunkt

Når det gjelder mitt forslag til å lage til området så kan en løsning være at dere tilbyr å gjøre det forutsatt at dere får godkjenning, det som bør være enkelt er å skifte ut sand og masse (merket I og II), molo kan være verre men det er nødvendig for å unngå at området blir fullt opp om vinteren av tare og boss. Men får dere gjøre I og II så er det nabolaget sin oppgave å rydde.....og dere har holdt det dere lovet

Kan du sende meg planene som du lovet?

Best regards

Geir Johan Bakke

From: Aleksander Tarberg [mailto:aleksander@btarberg.no]
Sent: tirsdag 6. mars 2018 19.03
To: Geir Johan Bakke <GeirJohan.Bakke@havyard.com>
Cc: bjarne@btarberg.no
Subject: Re: Forslag badestrand

Hei Geir Johan.

Takk skal du ha for eit konstruktivt innspel om badestrand. Dette ligg litt utanfor det området som vi skal regulere, men det er likevel noko vi kan sjå nærare på dersom prosjektet i Sørليا blir ein realitet.

Innspelet ditt er spennande, og eg ser heilt klart kva fordelar og glede dette tiltaket vil ha for heile nærområdet. Det kan bli ei perle. Området er eigd av staten og forvalta av Miljøverndepartementet via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Så et naturleg steg vil vere kanskje vere å innhente løyve frå grunneigar før vidare detaljplanlegging.

Eg opplever deg som positiv til utbyggingsplanane våre i Nedre Sørليا, og det ser ut til at vi kan trenge all den støtta vi kan få til prosjektet, så eg hadde håpt du kunne kome med eit positivt innspel til prosjektet innan fristen 7.mars.

Håper å høyre frå deg.

Med helsing

Aleksander Zahl Tarberg
B. Tarberg AS

+ 46674461

https://url12.mailanyone.net/v1/?m=1etGv7-000EAj-3f&i=57e1b682&c=iFHOj4U1nK9GwN7X86upqXtcPfW5KC0xkVuuVke9MLv3ymCdEH9tYbWh0foWx6pOs4M4yAUavWCz_QnSi5YF9hL7I5XN2Jlbowe79vAMKMozxBLnYuCL6CKEswJF2meOzT7oI524826ZNR4Bs-iVxPHyuF2m_hsn86wvpOgoqk36FxtFdxWy09VnqSMrKK1c1QV_TMsS95p4ye_pMpQHQ

6. mar. 2018 kl. 11:38 skrev Geir Johan Bakke <GeirJohan.Bakke@havyard.com>:

Aleksander

Vedlagt er en enkels skisse over forslag hva dere kan gjøre for å gjøre det mer attraktivt også for de som skal kjøpe nye tomter, og en kompensasjon for ulempene spesielt i byggeperioden for etter min mening rimelig penge.

En lager det da til og fyller på med skjellsand som det er firmaer som tilbyr.

- Der må lages en molo for å beskytte mot sjø som vil fjerne sanden og for å unngå at stranden fylles med tare og boss (som i dag).
- I: Fjerne sanden som er der i dag (det er elvesand og ikke bra)
- II: Her er myr og det må masse utskifting til før en fyller på med skjellsand
- III: Rense litt der en rekker før en fyller på med skjellsand

NB: https://url12.mailanyone.net/v1/?m=1etGv7-000EAj-3f&i=57e1b682&c=N2jxGwExidS608latBAz0_SCD2wY9cq_f9cMYiB0luy20qMPQPd3h1ylwHOf4DKqd_r3cV8fHvj2rYqbck6d82c33uzVDMKbClI6p0UL3bPDQ4ZQ_ckN-WlnsXHkDMt7_rrrDZ3-GxCposGF9EpBcuabTHeZK7OeM7ukxEclby5aNHKtd8_hTVEZovD9s4-9Ev5T-RJq4Y7SO8wqdwlg52BSGAHglXRzrjuMshuqeJE

Best regards

Geir Johan Bakke

<Badestrand.jpg>



Virus-free. www.avg.com



Toftestøda

Toftestøvegen

Toftestøa

Grønhaugvegen

Google

Fra: Geir Johan Bakke <GeirJohan.Bakke@havyard.com>

Dato: 7. mars 2018 kl. 11:19:23 CET

Til: Aleksander Tarberg <aleksander@btarberg.no>

Kopi: "bjarne@btarberg.no" <bjarne@btarberg.no>, 'Kristin Remøy (kristin@fship.no)' <kristin@fship.no>

Emne: RE: Forslag badestrand

Aleksander

Mine innspill basert på at vi ønsker at dere skal gjennomføre dette på en så god måte som mulig (se referanse til nummer på vedlagte tegning)

1. Tomt nr 6 MÅ flyttes slik at grense mot tomt fem blir rett linje mot de to foran (tomt 7 og 8). Det er ikke praktisk mulig å bygge på tomt 6 slik den er tegnet inn, da må de i allefall ha en stein kant på 8-10 meter både på siden (mot vest som er solsiden) og i bakkant. Det er negativt både for oss, de som kjøper tomten og for verdi på tomten. Vi kan være interessert i å kjøpe denne tomten, men ikke slik den er i dag
2. bevar haugen som friområde, eventuelt i kombinasjon med leikeplass og sti (se under)
3. leikeplassen er dårlig plassert. Kan den legges ved haugen (punkt ovenfor), den leikeplass som blir brukt dersom en skal bruke leker er Trollmyra barnehage, kanskje denne kan bli mer friareal? Eventuelt at den legges til den badeplass jeg forslø
4. Lag nauttomtene med to rekker på 6 naust med sti mellom (se neste punkt). Det vil se penere ut og billigere å bygge på same måte som rekken foran
5. lag sti frå fjøre til fjell slik eg har stiplet i rosa

Best regards

Geir Johan Bakke

Kommentarer til oppstart av reguleringsplan på gnr/bnr 36/2 mfl.

Gjelder for: Nytt boligområde i Nedre Sørli, utarbeidet av B. TARBERG AS

Kommentarer fra: Grunneiere i Nedre Sørli

Viser til varsel om oppstart av planarbeid datert 12.02.2018, åpent møte 01.03.2018 og teknisk planutkast datert 19.02.2018 (vist i det åpne møtet).

Innledningsvis vil vi takke for informasjon og dialog i det åpne møtet. Det kom fram der at dere ønsker å få innspill fra naboene og ba oss sende inn et samlet brev. Brevet er fra flere naboer langs hele grensa nord for området deres: Gnr 36, bnr 97, 101, 102 og 104.

Nedenfor er våre kommentarer til det videre planarbeidet.

1. Kommentarer

1.1 Byggegrenser:

- Byggegrenser må inn på tomteplan/reguleringsplan. Mest aktuelt med øvre byggegrense.
- Vi ønsker at boligene blir trekt så langt fram/ned som mulig

1.2 Høyder og plassering:

- Plassering av eventuelle garasjer må inn på kart og mønehøyde defineres
- Maks mønehøyde må defineres
- Maks **6,5 meter** mønehøyde på øverste tomtrekke

1.3 Standard:

- Vi ønsker at hustype skal defineres (*t.d. 2-etasjes hus med flatt tak*)

1.4 Friområde:

Det er i dag innregulert friområde «F3» med opparbeidet tilkomst/sti frem til B. Tarbergs nye boligområde. Det vil være en naturlig sammenkobling mot eksisterende område å la «knausen» forbli ett friområde, da inkludert resterende av «knausen» som er inntegnet på tomt 3 og 4 i tomteplanen. F3 er i dag ekstremt mye brukt til lek (knausen), blant nabolagets store og små. Den tradisjonen tror, og håper vi blir videreført til de nye naboene.

(Se kommentar i rødt, under bildet)



Inntegnet rød linje, med forslag om videreføring av eksisterende F3-friareal.

1.5 Sammenkobling mellom boligfelt:

Videreføring av opparbeidet sti (på F3) vil være en fin plass for en sammenkobling mellom det eksisterende, og de nye boligfeltet. På den måten får nye boliger tilgang til fjell, og eksisterende boliger får tilgang til fjøre. Det vil også gjøre områdene mer attraktive, i form av en «trafikkfri» ferdsel til natur og gi en enklere sosial kobling mellom feltene (spesielt for barn).

1.6 Klima:

- Vi ønsker kommentar fra utbygger rundt tiltenkte tiltak for klima. Spesielt med hensyn til sterke vindforhold, og opprettholde trygg ferdsel for de busatte ihht. løse gjenstander osv.

1.7 Avvik ihht. Arealplan

- B.Tarbergs kommentar til en regulering over ett større område enn hva Arealplanen sier.

1.8 Generelt (meint som informasjon)

- Vegen ned til Toftestøda er pr. i dag tidvis ganske trafikkert. Den er smal og det er ofte høg fart på strekningen. I tegningen dere viste i møtet er lekeplassen tegnet inn ned mot denne vegen.
- Vår erfaring fra lekeplass i Nedre Sørliia er at når den er plassert vekk fra de fleste hus så blir den ikke brukt.
- Området er ganske værhardt.

Vi håper på en videre god og åpen dialog.

Signert: Grunneiere i Nedre Sørliia



B. Tarberg AS
Sandvikvegen 174
6070 Tjørnvåg

Herøy kommune

Detaljregulering - reguleringsplan for Nedre Sørليا gnr36 bnr2 m.fl. - B. Tarberg AS Oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Saka gjeld detaljregulering av eit område på om lag 12 dekar. Om lag 7 dekar av dette er i overordna kommuneplan sett av til bustader, og resten til LNF-føremål. Tiltakshavar ønskjer å nytte området til bustader, naust, veg, leikeplass og grønstruktur.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Planområdet er kupert og knause, og ein bør så langt råd spele på lag med dei naturlege formasjonane og unngå store terrenginngrep. B69, som er avklåra i overordna plan, skjærer tvers gjennom ein større knaus, og tilgrensande område i sør er tenkt nytta til naust. Ei utnytting av området som skissert vil etter det vi kan sjå gi store utfordringar dersom ein samstundes skal unngå mykje fjellsprenging, stygge skjæringar og øydelegging av det naturlege landskapet. Det er difor nødvendig at det utarbeidast gode illustrasjonar slik at både naboar og beslutningsmynde har høve til å setje seg inn i landskapsverknadene av tiltaket.

Like vest for planområdet ligg ein sti som går frå eksisterande bustadfelt og ned i naustområdet. Denne stien må takast vare på og sikrast gjennom plankartet, og stien må også ha nødvendig rom rundt seg.

Rett sør for planområdet ligg det statleg sikra friluftsområdet Klubben/Toftestøa. Friluftsområdet er av svært viktig verdi og er mykje brukt. Vi er uroa for at den delen av planområdet som er sett av til naust, vil medføre så omfattande terrenginngrep at det vil

kunne forringe kvaliteten på friluftsområdet. Dette er også noko som må visualiserast i den vidare planprosessen.

Barn og unge

Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på, jf. § 5-1 i plan- og bygningslova. Rundskriv T-2/08 om barn og planlegging gir rammer for planarbeidet for dette tema, og fylkesmannen sine råd om leikeplassar gir også rammer og føringar for korleis barn og unge sine interesser skal ivaretakast i planar. I den vidare prosessen vil fylkesmannen legge vekt på følgjande:

- eigna areal til leikeareal må vere sikra i plankart og føresegner
- at det er eigna tyder mellom anna at det er stort nok, solrikt, ikkje for bratt eller smalt, skjerma mot sterk vind, forureining, sterke elektromagnetiske felt, trafikk og andre fareområde
- innan 50 m frå alle bueiningar skal det vere ein nærleikeplass på minimum 200 m²
- leikeplass skal setjast av i alle område der det blir etablert 5 eller fleire bueiningar. Nærleikeplassen dekkjer behovet for maksimalt 20 bueningar.
- Ved 25. bueining skal det etablerast ein kvartalsleikeplass, som dekker behovet for 200 bueiningar
- nye bustadområde skal ha minimum 50 m²/bueining til leikeplass og andre friområde
- opparbeiding av leikeareal må vere sikra gjennom rekkefølge- og funksjonskrav i føresegnene. Eksempel på tekst kan vere:
 - o Leikeareal skal vere opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk.
 - o Nærleikeplass skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.

Konklusjon

Vi viser til merknadene ovanfor. Det må ligge føre gode illustrasjonar og visualiseringar av planen slik at landskapsverknadane kjem fram i planprosessen. Når desse ligg føre, vil vi i større grad kunne ta stilling til om planframlegget kan akseptierast eller om vi vil fremje motsegn mot planen.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
Fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG

Per Odd Paulsen
Vikevegen 14
6092 Fosnavåg

Fosnavåg 17.04.2018

Herøy Kommune, Planavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Planavdelinga
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga
Klima- og Miljødepartementet

ANG. FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN PÅ GNR. 36 BNR 2 MFL. I HERØY

Vi viser til forslag til reguleringsplan for eit nytt bustadområde i Nedre Sørليا, utarbeidd av B. Tarberg AS.

Den 03.07.2014 sende vi inn eit brev til Herøy Kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal der vi påpeikte at vi på 80- og 90 talet gjorde forsøk på å få regulert inn dette området til bustadføremål. Dette fekk vi ikkje godkjent **då området var definert som friluftsområde**. Kvifor er haldninga til dette endra berre nokre få år seinare? Kva er grunnen til ulik handsaming?

Når det gjeld omsynet til friluftsområde og miljø, viser vi til følgande høyringsutalingar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

1. **Miljøvernleiaren hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Odd Høgset** rårde i brev av 22.01.1985 og 01.08.1986 at arealet mellom bustadfeltet Sørليا og Toftestøda skulle regulerast til friluftsområde. Han sa også vidare at det er også ønskeleg at det vert sett av parkeringsareal for Toftestøda friluftsområde.
2. **Fylkesfriluftsnemnda i Møre og Romsdal ved Harald Ørshal** sa i brev av 04.09.1986 at arealet ved sjøen (mellom bustadfeltet Sørليا og Toftestøda) kan regulerast til friluftsføremål.

Vi meiner det er særst uheldig at dette området som reguleringsforslaget omhandlar, skal planerast i den grad slik det er foreslått. Det særeigne landskapet med lave fjellknausar er eit kjennemerke for sørsida av Bergsøya som ein ikkje finn maken til, og bør bevarast for ettertida. Her må ein tenke området Eggesbønes, Grønhaug, Toftestøda, Vikane og mot lgesund (sørsida av Bergsøya) under eitt med tanke på bevaring av friluftsområde og natur.

I fylgje reguleringsforslaget er det planlagt 12 naust tett langs med Toftestøvegen. For det første så har ikkje eigar av Gnr 36 Bnr. 2/129 rettar i Toftestøda med tanke på naust eller båt plass. Toftestøda er allereie fylt opp til den maksimale grensa med tanke på kva som er og skal byggast av naust i høve til rettsbok frå Sunnmøre Jordskifterett datert 08.01.2009.

Vidare er vi særst bekymra for den branntekniske delen slik som nausta er teikna inn. Til informasjon er det ingen tilknytning til sløkkevatn i området verken for naust eller bustadar.

Vidare har vi ikkje sett informasjon om korleis det er tenkt at dreinsvatnet frå dette bustadfeltet inkl. nausta skal leiast.

Dersom reguleringsplanen vert godkjent som foreslått, vil det innsnevre trafikkavviklinga til/frå Toftestøda. Vi er særst bekymra for korleis dette evt. vil påvirke vår vegrett til eigedomen vår på Gnr 36 Bnr. 51. Vi kan ikkje akseptere at denne retten vert innskrenka som følge av dette. Vi ser også av planforslaget at det er avsett alt for liten plass til parkering av bilar/båtar framfor dei planlagde nausta. Dette kan lett bli konfliktfylt med tanke på passerande køyretøy.

Dersom desse planane vert realisert, vil det auke trafikkmengda til/frå Toftestøda og bustadfeltet i Sørli. Korleis er det tenkt med tanke på omsynet til mjuke trafikantar? Vi kan ikkje sjå av planforslaget at det vert lagt opp til utviding av eksisterande Toftestøveg frå krysset ved Kvithaugsmyrvegen, slik at ein kan få etablere gang og sykkelveg.

Med helsing



Per Odd Paulsen

Diverse vedlegg

Per Odd Paulsen
Vikevegen 14
6092 Fosnavåg

Fosnavåg 03.07.2014

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkesfriluftsnemnda i Møre og Romsdal
Herøy Kommune v/Planavdelinga

ANG. REGULERINGSPLAN AV 26/6 2014 FOR BERGSØYA, GNR. 36 BNR 2 I HERØY

Denne nye reguleringsplanen inneheld eit område (RP) som grensar til bustadfeltet Nedre Sørliå og land kommunevegen til Toftestøda.


På 80- og 90 talet fekk vi godkjent regulering for eit bustadfelt i dette området som fekk namnet «Sørliå». Vi prøvde å få regulert inn det same området som no er merka med RP i vår regulering. Vi fekk ikkje godkjenning av dette på grunn av at området vart definert som friluftsområde.

Vi kan ikkje sjå nokon grunn til grunngjevingane frå **Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesfriluftsnemna, Planavdelinga hos Fylkesmannen og Miljøverndepartementet** ikkje skal stå ved lag i dag også. Sjå vedlegg med kopi av denne korrespondansen.

Vi meiner at dette særeigne området med til dels store bergknausar og kupert terreng bør bevarast.

Vi vil difor med dette kome med ei formelt innspel i at området merka RP på reguleringskartet av 26.06.2014 vert regulert til friluftsområde.

Med helsing



Per Odd Paulsen

Vedlegg: Fleire innspel frå Fylkesmannen, Planavdelinga, Fylkesfriluftsnemnda og Miljøverndepartementet



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

TELEFON NR. (072) 84 111 (SENTRALBORD)
ADRESSE FYLKESHUSA, 6400 MOLDE

Herøy kommune
Teknisk etat
6090 FOSNAVÅG

Fylkesmannen i Møre og Romsdal		
J. nr.	Mottell	Arkiv
122	23 785	

DYKKAR
DERES REF.

VÅR REF. (BOR GJEVAST OPP VID SVAR)
(BOR OPPGJE VED SVAR)

DATO

A 17109, 17543/84/714/KL/OW

22. januar 1985

FRANLEGG TIL REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE I VIKANE

Vi viser til plan sist datert 20.11.84.

Fylkesmannen ved miljøvernavdelinga finn i prinsippet å kunne rå til at kommunen legg til rette for bustadbygging i området. Husa vil truleg ikkje kome i konflikt med spesielle natur- eller friluftsinteresser. Avstanden til Toftestøa friluftsområde skulle vere tilstrekkeleg, men vi ser det som ønskeleg at kommunen i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, Planavdelinga, vurderer grundig dei landskapsmessige konsekvensane ved bygging.

I plansamanheng vil vi rå til at arealet mellom bustadfeltet og sjøen blir regulert som friluftsområde og at behovet for naust blir vurdert. Det er også ønskeleg at det under det vidare reguleringsplanarbeidet blir sett av parkeringsareal for Toftestøa friluftsområde.

Vi har ikkje merknader til den aktuelle avløpsløyising.

Planframlegget vil bli lagt fram for fylkesfriluftsnemnda til fråsegn.

Etter fullmakt

Odd Høgset
miljøvernleiar

Kjell Lyse

Gjenpart:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Planavdelinga

Herøy kommune

6090 FOSNAVÅG

MOTTATT	
1640	12/5-86 504.23

2

TEKNIK ETAT HERØY		
J. nr.	Mottatt	Arkiv
941	14 5-86	

Dykkar ref.:

Vår ref.:
1014/714/86/EKB/AMS

Dato:
07.05.86

REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE PÅ VIKANE

I høve til vår tidlegare fråsegn, er det merknadane om utviding av planområdet som det ikkje er teke omsyn til i TU-sak 23/86.

Sjølv om denne merknaden berre gjeld størrelsen av eit reguleringsområde, er ein likevel inne på prinsippielt viktig plan- og regulerings spørsmål. Normalt bør reguleringsplanar for utbyggingsområda omfatte dei tilgrensande grøne områda, enten dette er jordbruksområde eller friområde. Uregulerte smale stiper mellom utbyggingsareal og sjøen vil lett bli utsett for utbyggingspress og ein meir tilfeldig utnytting. Dette er ikkje berre problematisk i høve til kommunens styrings- og reguleringsansvar men også i høve til dei som har busett seg i området, og dei krav desse har til å vite kva naboareala blir nytta til. Sjølv om vi ikkje vil gå imot eigengodkjenning, rår vi likevel til at spørsmålet om avgrensing av planområdet blir vurdert på nytt i dei kommunale organa.

Per Ekroll
Per Ekroll

Eiliv Berdal
Eiliv Berdal

Gjenpart:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvern avdelinga

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

TELEFON NR. (072) 58 000
ADRESSE FYLKESHUSA, 6400 MOLDE

RÅDMANNEN I HERØY		
J. nr.	Mottatt	Arkiv
2650	4/8-86	504.23

Herøy kommune

6090 FOSNAVÅG

4

TEKNISK ETAT HERØY		
J. nr.	Mottatt	Arkiv
1387	5/8-86	

Herøy I

6090 F

DVKKAR
DERES REF.

VÅR REF. (BOR GJEVAST OPP VED SVAR)
(BOR OPPGÅS VED SVAR)

DATE

6137/86/714 KL

1.8.86.

REGULE

REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE I VIKANE PÅ BERGSØYA

Fylkes
med sl

Vi vil vise til brev frå teknisk etat datert 22.4.86.

Miljøvernavdelinga har vurdert planen på nytt samt dei synspunkt som kjem fram av TU-sak 23/86. Vi kan ikkje sjå at det i saka har kome fram opplysningar av ein slik karakter at vi finn grunn til å endre vårt tidlegare standpunkt. Jf. vår fråsegn datert 22.1.85. til Herøy kommune. Vår føresetnad for eventuell kommunal eigengodkjenning av planen blir såleis at arealet mellom sjøen og bustadfeltet også blir regulert. Dette bør leggjast ut som friluftsansreal og eventuelt med plass for nokre nausttomter eller andre føremål som er ein klar planmessig konsekvens av at det legges til rette for bustadbygging i området.

Etter fullmakt

Odd Høgset
Odd Høgset
miljøvernleiar

Kjell Lyse
Kjell Lyse

Gjenf

Gjenpart : Møre og Romsdal fylkeskommune, planavdelinga

Post skal adresserast til kontoret og ikkje til den enskilde saksbehandlar.
Post skal adresseres til kontoret og ikke til den enkelte saksbehandler.

NEN I HERØY	
Mottatt	Arkiv
8-86	504.23

TAT
Arkiv

FY KESFRILUFTSNEMNDA
I
MØRE OG ROMSDAL

J. nr.	Mottatt	Arkiv
3159	12/9-86	504.23

5

SENTRALBORD (072) 58 000
FYLKESHUSET
6400 MOLDE

Herøy kommune
6090 FOSNAVÅG

TEKNISK ETAT HERØY		
J. nr.	Mottatt	Arkiv
1039	15/9.86	

Vår ref.
6137/86/714 KL

Dato
4.9.86

REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE I VIKANE PÅ BERGSØYA

Fylkesfriluftsnemnda vedtok samrøystes i møte 29.8.86, sak 279, å kome med slik fråsegn :

"Fylkesfriluftsnemnda har vurdert saka på nytt, men vi er framleis av den meining at reguleringsområdet må utvidast slik at ein del av arealet ved sjøen kan reguleraast til frilufsføremål. Jf. elles vår fråsegn i brev datert 28.2.85 til teknisk etat."

For fylkesfriluftsnemnda


Harald Ørsahl

Gjenpart : Herøy kulturstyre

t som
ome fram
vårt

av
blir
ed plass
essig
et.


/se

Fosnavåg, den 25. november 1986

TU-sak nr. 252/86

Ark.: 504

REGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE I VIKANE
PÅ BERGSØYA, framhald.....

Teknisk sjef viser til utgreiinga i TU-sak 23/86, der det vart rådd til at planområdet vart utvida til sjøen. Teknisk utval gjekk mot dette. Det har ikkje kome til nye vesentlege moment i saka om dette, og teknisk utval lyt vurdere om det er grunnlag for å endre vedtaket frå TU-sak 23/86 på dette punktet.

Etter at representantar frå fylkeslandbrukskontoret var på synfaring i området, den 7.4.-86, har fylkeslandbruksstyret handsama saka på nytt, under sak 439/86. Det vart gjort slikt vedtak:

"Fylkeslandbruksstyret viser til sin uttale i sak 271/85 som det held fast på."

I nemnde sak uttala fylkeslandbruksstyret m.a.:

".....Jordbruks-, natur- og friluftsområda under gnr. 36 Vike, bør derfor vurderast under eitt, anten som ein revisjon av soneplan for Bergsøy, eller som ein del av ei samla generalplan for kommunen."

Teknisk sjef viser også her til utgreiinga i TU-sak 23/86 og held fast ved at det aktuelle arealet bør vere utbyggingsområde. Arealet kan ikkje seiast å ha nokon verdi i jordbruks-samanheng.

Dette er også i samsvar med tidlegare uttalar frå landbruksstyresmaktene, som i frådelingssaker har uttalt at området er utan jordbruksmessig verdi. Ei arealvurdering som grunn-eigaren har fått utarbeidd konkluderer også med det same.

Fylkesmannen skriv i brev dagsett 1.8.-86 at miljøvern-avdelinga har vurdert planen på nytt. Dei kan ikkje sjå at det har kome fram opplysningar av ein slik karakter at dei finn grunn til å endre standpunkt. Dei held fast på at arealet mellom bustadfeltet og sjøen må regulerast, og det bør vere friluftssareal og naustområde.

Fylkesfriluftsnemnda har også vurdert planen på nytt i sak 279/86 og nemnda har same standpunkt som fylkesmannen. Teknisk sjef viser her til kommentarane til brevet frå plan-avdelinga som går på det same. Det er ikkje grunnlag for eigengodkjenning av denne planen.

Framhald.....

Kopi: teknisk,
Kartet " 

RÅDMANNEN I HERØY		
J. nr.	Mottatt	Arkiv
2197	6/6-88	50423

DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT

KONTOR: MYNTGT. 2 - TLF. (02) 34 90 90 - TELEFAKS (02) 34 95 60 - TELEKS 21480 env n
POSTADRESSE: POSTBOKS 8013 DEP., 0030 OSLO 1

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshusa

6400 MOLDE

TEKNISK ETAT HERØY		
J. nr.	Mottatt	Arkiv
778	9/6-88	

Deres ref.

6456/87/714/EKB/TOS

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)

87/5728 P JML/AaS/lsmc

Dato 26 MAI 1988

HERØY KOMMUNE - REGULERINGSPLAN FOR VIKANE

Fylkesmannen i sitt brev av 24. november 1987.

I medhald av § 27 i bygningslova av 18. juni 1965, jfr. § 120 i plan- og bygningslova av 14. juni 1985, stadfester Miljøverndepartementet Herøy kommunestyre sitt vedtak i møte 27. februar 1987 om nemnte reguleringsplan. Vidare dladfester departementet reguleringsføresegner tilknytta planen.

Vi viser elles til det som er sagt i merknadene nedanfor.

Miljøverndepartementet har desse merknadene:

Ovannevnte sak er sendt Miljøverndepartementet til avgjerd sidan fylkeslandbruksstyret hadde innvendingar mot planframlegget.

Av omsyn til landbruket sine interesser i planområdet har Miljøverndepartementet lagt saka fram for Landbruksdepartementet, som i brev av 8. mars 1988 har gjeve slik fråsegn:

"Landbruksdepartementet er i prinsippet enig med fylkeslandbruksstyret i at arealdisponeringen i området burde ha blitt avklart i oversiktsplan.

En har imidlertid merket seg at planområdet er et grunnlendt utmarksområde med små jordbruksinteresser og at det allerede er etablert noe boligbebyggelse i området. I det en ellers viser til vurderingen og tilrådingen fra fylkeskommunens planavdeling, jfr. skriv av 30. september 1987, finner Landbruksdepartementet ikke å ville reise innvendinger mot at reguleringsdforslaget

blir stadfestet."

Vi viser også til at fylkesmannen si miljøvernnavdeling og fylkesfriluftsnemnda under handsaminga av saka har hatt merknader til planframlegget, men ikkje så sterke at dei ville gå mot eigengodkjenning.

Miljøverndepartementet finn etter dette å kunne stadfeste reguleringsplanen for Vikane.


Vi vil elles vise til fylkeskommunen si fråsegn av 30. september 1987 til fylkeskommunen og rår til at areala mellom bustadområdet og sjøen vert teke opp til vurdering i plansamanheng så snart som mogleg.


Det stadfesta reguleringskartet følger vedlagt med påteikning om stadfestinga.

Vi ber om at kommunen vert gjort kjent med dette.

Gjenpart av brevet er lagt ved.

Med hilsen


Jens Michael Lund s.f.


Aasmund Stokke

Gjenpart:

- 1) Landbruksdepartementet
- 2) Herøy kommune, til foreløpig underretning
- 3) Møre og Romsdal fylkeskommune
- 4) Fylkeslandbrukskontoret i Møre og Romsdal, Jordbruksetaten

Fra: Aleksander[aleksander@btarberg.no]
Sendt: 18.04.2018 18:32:14
Til: Tanja Rafteseth
Kopi: bjarne@btarberg.no; Jarl Martin Møller
Tittel: SV: Innspel Nedre Sørليا

Hei Tanja.

Viser til oversendt innspel frå Per Odd Paulsen angående nedre Sørليا.

No er det slik at innspelet har kome langt etter fristen som var oppgitt i annonse og varslingsbrev (jfr. dato i brevet) og innspelet er stila til kommunen og ikkje oss som plankonsulent. Innspelet har også kome etter at vi har sendt inn eit planforslag til kommunen for handsaming til offentleg ettersyn. Med tilvising til dette så kan ikkje eg sjå at vi skal vere forplikta til å kommentere innspelet.

Vi har i dag fått knipsa nokre gode dronebileter av området. Om kommunen ynskjer å nytte nokre av desse i saksframlegg til formannskapet eller til presentasjon av planforslaget, så er det berre å sei i frå så kan vi sende over på Wee transfer.

Eg ser at neste møte til formannskapet er 15. mai. Er det sjangs for at planforslaget kan kome opp til behandling i dette møtet?

Høyrer frå deg.

Med vennlig hilsen

Aleksander Zahl Tarberg
B.TARBERG AS
Sandvikvegen 174
6070 Tjørnvåg
Mobil: 46674461


Fra: Tanja Rafteseth [mailto:tanja.rafteseth@heroy.kommune.no]
Sendt: 18. april 2018 15:26
Til: 'Aleksander Tarberg' <aleksander@btarberg.no>
Emne: SV: Innspel Nedre Sørليا

Her er det.

Helsing

Tanja Rafteseth
Planleggar
Utviklingsavdelinga

Tlf. 70081300 Mob. 94160135



www.heroy.kommune.no

Fra: Aleksander Tarberg <aleksander@btarberg.no>
Sendt: 18. april 2018 15:21
Til: Tanja Rafteseth <tanja.rafteseth@heroy.kommune.no>
Emne: Re: Innspel Nedre Sørليا

Hei.

Nei, har ikkje motteke det.

Med helsing

Aleksander Zahl Tarberg

B. Tarberg AS

+ 46674461

www.btarberg.no

18. apr. 2018 kl. 15:15 skrev Tanja Rafteseth <tanja.rafteseth@heroy.kommune.no>:

Hei Aleksander.

Eg mottok no eit innspel frå Per Odd Paulsen. Datert 17.04.2018. Har du mottatt dette innspelet sjølv?
Eg kan sende det til deg om ikkje.

Helsing

Tanja Rafteseth

Planleggar

Utviklingsavdelinga

Tlf. 70081300 Mob. 94160135

<image001.png>

www.heroy.kommune.no

B.TARBERG AS**VURDERINGAR AV INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID**

Plannamn	Nedre Sørli bustadområde	Plankonsulent	Aleksander Z. Tarberg
PlanID.	201801	Dato	22.03.201826.03.2018
Saksnummer.	2017-25 (vår ref)	Tal på innspel	7

Avsendar og dato	Hovudpunkt i innspel	Forslagstillars kommentar
1. Møre og Romsdal fylkeskommune 26.02.2018	Dei ønsker å gjennomføre ei arkeologisk synfaring, eventuelt påfølgande registrering. Planen kan ikkje eigengodkjennast før synfaring/registrering er gjennomført og området er frigitt etter kulturminnelova. Det vidare planarbeidet må sikre uteareal for felles opphald og leik ute i det fri på ein tilfredsstillande måte. Barnerepresentanten bør vere med i det vidare planarbeidet. Oppmoding om universell utforming, eks. planlegging av turveggar frå bustadområde inn i grøntdrag og felles uteområde med aktivitetsmoglegheiter.	<i>Forslagsstillar har gjennomført ei synfaring med arkeolog og det har kome krav om ei avgrensa registrering. Ein er kjend med at planen ikkje kan eigengodkjennast før registrering er fullført og området klarert i høve kulturminne. Ein føreset at registrering kan skje i løpet av offentleg ettersyn.</i> <i>Det er innarbeidd to leikeplassar i plan. Ein for frileik og ein som skal opparbeidast. Varsel om oppstart av planarbeid er sendt kommunen. Ein kan ikkje svar på kvifor barnerepresentanten ikkje har uttalt seg til oppstart. Momenta frå fylket vedkomande leikeplasser meiner ein å ha innarbeidd i planen.</i>
2. Noregs energi- og vassdragsdirektoratet 05.03.18	Generelle innspel. God arealplanlegging viktigaste virkemiddel for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Planen må ta omsyn til anlegg som har konsesjon etter energi- og vassdragslovgivinga. Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.	<i>Innspelet frå NVE er teke til vitande.</i>
3. Statens vegvesen 01.03.18	Ingen merknad/innspel	<i>Ingen kommentar. Teke til vitande</i>

4. Geir Johan Bakke	Ønsker at tomt nr 6 må flyttast, slik at grensa mot tomt 5 blir i rett linje mot tomtene framfor (7 og 8). Meiner det ikkje er mogleg å bygge på tomt 6 slik den no er teikna inn. Bevar haugen som friområde, evt. I kombinasjon med leikeplass og sti. Leikeplassen er dårleg plassert, kan den leggst ved haugen? Evt. Flytte den til badeplass. Lag nausttomtene med to rekker på 6 naust med sti i mellom. Lag sti frå fjøre til fjell (innstipla i kart). Innspel om badestrand	<i>Denne delen av innspelet er teke til vitande. Grensa er justert noko i høve opprinneleg avgrensing. Tomta vil kunne få ha noko naturterreng og vil ligge fint skjerma frå vest. Ein viser vidare til terrengsnitt som viser konsekvensar for nabo Bakke. Ein kan ikkje sjå at planforslaget vil påføre nabo negative konsekvensar utover det som ein må tole ved utbygging av eit bustadområde.</i> <i>Haugen som Bakke viser til er bevart og blir nytta som kombinasjon med frileikeplass. Ein må ha ein møblert leikeplass tilgjengeleg og ynskjer å legge den ved veg/fortau av omsyn til tilgjengelegheit. Både for rullestolbrukarar og dei med barnevogner.</i> <i>Naustområdet vil etter vår vurdering vere mest hensiktsmessig som samanhengande område. Dette vil også samsvare med korleis nausta er bygde i etablert naustområde i Toftestøda. Sti mellom nausta ser ein ikkje på som hensiktsmessig. Sti frå fjør til fjell fell utanfor planområdet og er ikkje ein del av denne reguleringa. Ein viser forøvrig til inngregulert sti til/frå felles veg og leikeplass som vil fungere som korridor.</i> <i>Utbyggjar er på generelt grunnlag positive til Bakke sine planar om etablering av badestrand, men vi ser på dette som noko som fell utanfor dette planarbeidet. Vi vil rå Bakke til å ta opp innspelet med kommunen som eit eige prosjekt for å undersøke om dette er mogleg å gjennomføre.</i>
5. Grunneigarane i Nedre Sørli 07.03.18	Må få på byggegrenser. Spesielt øvre byggegrense. Vil ha boligane så langt fram som mogleg. Plassering av garasjer må inn på kart og mønehøgde definerast. Maks 6.5 m mønehøgde på øverste tomterekke. Ønsker at hustype skal definerast. Ønsker at haugen (knausen) kan få vere eit friområde. Meiner vidareføring av opparbeida sti (F3) til det nye boligfeltet er fin plass for samankopling. Vil ha kommentar frå utbyggjar ang. Tiltak for klima (vind). Avvik ihht. Arealplan?	<i>Byggegrense er teikna inn på plankartet. Endeleg plassering av bustader på tomta blir bestemt i byggesak etter at planen er godkjent. Her meiner vi det må vere rom for dei som kjøper tomta å bestemme plassering ut i frå hustype. Reguleringsføresegner regulerer maksimal byggjehøgde, talet på bueiningar og etasjer. Å definere hustyper utover dette finn ein ikkje hensiktsmessig då det vil medføre for rigide føresegnar og vesentleg innskrenke tomtekjøparane sine valmoglegheiter ved bygging.</i>

	Bør flytte leikeplassen nærmare husa, og til ein mindre værhard og trafikkert plass.	<i>Dette finn ein ikkje teneleg og er heller ikkje praksis andre stader. Haugen er bevart og blir nytta som kombinasjon med frileikeplass. Det er innregulert sti til/frå felles veg og leikeplass som vil fungere som korridor.</i> <i>Vegen i Toftestøda har avgrensa trafikk og det er i planforslaget regulert eit fortausareal mellom privat tilkomstveg og nærleikeplassen. Vi ser det som viktig at nærleikeplassen er lokalisert slik at den møter krava til sol, storleik og tilgjengelegheit i kommuneplanen og retningslinjene til fylkesmannen. Særskilt viktig er dette sidan den andre leikeplassen skal fungere som frileik og ha avgrensa tilgjengelegheit, særskilt for småborn, rullestolar og barnevogner.</i> <i>Ein kan ikkje sjå at denne utbygginga skal medføre nemneverdige endringar i vindforholda for etablert bebyggelse. Området ligg skjerma frå herskande vindretning i vest ved fjellrygg i grense mot tomt nr 6. Friområdet som er sør for Toftestøvegen vil vere urørt og terrengformasjonane der vil framleis skjerme området for vind. Bygningar og konstruksjonar må elles prosjekterast etter dei vindlaster som er heimla i teknisk forskrift. Ein kan ikkje sjå at planforslaget skal ha særskilte negative konsekvensar for lokale vindforhold.</i>
6. Fylkesmannen i Møre og Romsdal 07.03.18	Bør unngå store terrenginngrep, unngå stygge skjæringar og fjellsprenging. Utarbeid gode illustrasjonar. Ta vare på stien vest for planområdet som går ned i naustområdet. Den må ha naudsynt rom rundt seg. Uroa for at omfattande terrenginngrep vil forringe kvaliteten på friluftsområdet i sør (Klubben/Toftestøa). Må visualiserast i den vidare prosessen. -Leikeplass. Må ha gode illustrasjonar og visualiseringar av planen slik landskapsverknadane kjem fram før dei kan akseptere / avvise planen.	<i>Plangrepet vil medføre inngrep i eksisterande terreng, noko anna vil vere bort i mot uråd dersom ein skal få til utbygging. Bustadfeltet er planlagt slik at byggeareala vil bli terrassert i terrenget med fleire nivå i forhold til veg og byggegroper. Dette vil mellom anna medføre ei endring av dagens landskap. Ved planlegging har ein lagt vekt på fleire element i forhold til høgdeskilnader mellom veg og tomteareal. Det er mellom anna forsøkt å legge vegen lågt i terrenget for å ta omsyn til etablert busetnad i Sørli, det vil seie dei bustadane som grenser inn mot bustadfeltet. Ein har i planforslaget lagt vekt på innspela som har kome på den måten at ein har valt eit kotenivå for vegen som eit førande element for tomtene på begge nivå. Ein har her i størst mogleg grad valt å lytte til innspelet som har kome frå naboar i Sørli. Samstundes som kan få til ei fornuftig og økonomisk</i>

		<i>forsvarleg utbygging av bustadområdet slik planforslaget no er utforma. Vi meiner denne planen no er eit godt kompromiss mellom naboane sine interesser og utbyggjar sine interesser.</i> <i>Plangrepet vil medføre ei utbygging etter trappetrinnsprinsippet, der tomtene i nord (nr 1-6) vil ligge på det høgaste nivået, deretter kjem vegkroppen med sitt stigande høgdenivå frå profil 0, for deretter å få tomtene i sør (nr 7-10) på eit lågare nivå enn vegen. Til slutt vil naustområdet vere lokalisert på det lågaste kotenivået ca kote + 2.3 moh og skape ei fin avslutning av terraseringa.</i> <i>For å sikre at utbygginga resulterer i at området får ein estetisk god utsjånad etter utbygging, ser ein det som relevant å bruke tilbakefylling av jordmassar for å kle skråningar med solda (finbehandla) jordmassar og tilsåing som avbøtande tiltak. Særskilt vil dette gjelde etablering av ei skråning mellom naustområdet og tomtene nr 7-10. Men også øvrige overgangar mellom dei ulike nivå i landskapet vil jordskråning vere aktuelt. Dette er noko som vil medføre at dei områda som ikkje er bebyggt areal vil framstå som grønne skråningar, framfor dominerande fjellskjeringar. I plasskrevjande tilfeller vil utbyggjar sjå dei grønne skråningane i kombinasjon med natursteinsmurar. Dette meiner ein vil vere eit rett grep når det kjem til avbøtande tiltak i forhold til terrengbearbeiding for dette prosjektet. Ein viser elles til dei 3D illustrasjonar, planteikningar og terrengsnitt som følger planforslaget.</i> <i>Planforslaget vil ikkje ha konsekvensar for friområde i Klubben/Toftsestøda.</i> <i>Stien som fylkesmannen viser til er ein privat sti som rettighetshavar og grunneigar har avtale om skal fjernast ved utbygging. Denne stien tener ikkje ålmenta.</i>
--	--	--

		<i>Utbyggjar ynskjer heller å legge til rette for ein ålment sti som går frå felles privat veg til leikeplass og vidare til øvre deler av Sørليا. Dette meiner vi er ei betre løysing enn i dag.</i>
7. Landbrukskontoret	Ingen merknader.	<i>Ingen kommentar. Teke til vitande</i>

Aleksander Zahl Tarberg

26.03.2018



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/612
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
87/18	Formannskapet	15.05.2018

NORDIC RESORT AS - KJØP NÆRINGSTOMT MJØLSTADNESET

Tilråding:

Nordic Resort AS får kjøpe industriareal på Mjølstadneset for etablering av erstatningstomt for Vikane eigedom AS som omsøkt.

Særutskrift:
Nordic Resort AS
Vikane eigedom AS

Vedlegg:

Vedlegg


1 Søknad om tomt, NG 27.04.18

Samandrag av saka:


Nordic Resort AS ønskjer å erverve areal på Mjølstadneset for etablering av erstatningstomt for Vikane eigedom AS.

Saksopplysningar:

Nordic Resort AS har søkt om å erverve areal på Mjølstadneset for etablering av erstatningstomt for Vikane eigedom AS i søknad datert 26.4.2018.



Industriområdet

Omsøkt areal, om lag 3255m²

Området er taksert i 2013 med ein pris på 300kr pr.m².

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at Nordic Resort AS får kjøpe industriareal på Mjølstadneset for etablering av erstatningstomt for Vikane eigedom AS som omsøkt.

Prisfastsetjinga vert med bakgrunn i takst, men justert iht.konsumprisindeksen som gir ein salgspris pr. m² på 336 kroner. Dette gir ein salgspris på om lag 3255m² x 336 kr = 1 093 680 kroner + omkostningar med sal, oppmåling mm.

Fosnavåg, 30.04.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



Søknaden sendast til:

Herøy kommune – Servicetorget
Postboks 274
6099 Fosnavåg

postmottak@heroy.kommune.no

SØKNAD OM KJØP/RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT

☒ Kjøp

☐ Reservasjon

SØKJAR:

Firma/Navn:

NORDIC RESORT AS

Org.nr/personnr.:

988 236 799

Adresse:

Tollbugt 49

Postnr.:

3044

Poststad:

Drammen

Telefon:

970 59 300

Epost:

Nils@NORDICRESORT.NO

SØKNADEN GJELD:

☒ Mjølstadneset

☐ Dragsund

☐ Leine

PLAN FOR TOMTA:

(Skriv her om kva tomte skal nyttast til og kor mykje areal det er behov for. Legg ved kart der arealet er avmerka)

Tomta skal benyttes som erstatningsbrot for
Vikane Eiendom AS sin etablering i Tokvik.

26/4-2018

Dato

Tilbod:

Grunnpris fulldyrket mark, 3.237 m² á kr. 40,- Kr. 129.480

GNR 27 BNR 3- OVERSENDING

Tilbod:

Etter ei heilskapleg vurdering har takstmann vurdert verdien pr. m2 fulldyrka jord på 27/6 til kr. 30,-.

Grunnpris fulldyrket mark, 6313 m2 á kr. 30,- Kr. 189 390

10.4.2017 Svar frå sameige på Flusund

Den 10.4.2017 mottok vi epost frå styreleiar i sameiget Flusund 27/3 der ein informerte om følgjande:

Vi viser til tilbod m/takst framsatt i brev frå Herøy kommune datert 5. april, 2017. Saksnr. 2016/476. Sameiget Flusund 27/3 har som intensjon å avholde sameigemøte i løpet av april, der tilbodet m/takst frå Herøy kommune vil bli tatt opp som eiga sak. Svar til Herøy kommune vil bli sendt etter dette møtet.

10.5.2017 Adv.Hove vert engasjert

Den 10.5.2017 mottok vi epost frå adv. Bjørn Kristian Hove der han informerte om:

Eierne av Sameiget Flusund 27/3 , samt grunneier Terje Paul Flusund har tatt kontakt hit for bistand knyttet til mottatte tilbud i anledning kommunalt ønske om utviding av Flusund kyrkjegard.

Jeg tør på slik bakgrunn be oversendt hit de dokumenter og planer som måtte foreligge i kommunen relevante for min bistand.

Relevante dokumenter i saka vart sendt til adv. Hove kort tid etter henvendelsen.

29.6.2017 Adv. Hove held fast på avtale

Den 29.6.2017 mottok vi brev frå adv.Hove der ein viste til avtaleforpliktelsar og peikte på at avtaleteksten er entydig klar og ikkje var til å misforstå.

Konklusjon frå adv.Hove var :

På vegne av mine parter fremholdes at Herøy kommune er bundet av inngåtte avtaler og korresponderende også en avskåret fra å gjøre ytterligere erverv innen bnr. 3 og bnr. 6 for utvidelse av Flusund gravplass.

Adv.Hove ba om ytterligere saksdokumenter på formannskap/kommunestyrebehandling av avtalane i si tid. Dette var ettersendt den 4.7.2017.

16.10.2017 Møte mellom Herøy kommune og grunneigarar

Kyrkjeverja orienterte om situasjonen for Flusund gravplass, herunder utvidingsbehovet. På spørsmål om kommunen hadde vurdert andre alternativ viste kyrkjeverje til prosessane kring Eggesbømyra, Demingane og Frøystadmyrane utan å gå i detalj. Kommunen har i dag 8 gravplassar fordelt utover ulike grendalag i kommunen.

Advokat Hove peikte på, frå hans ståstad og vurdering, så hadde ikkje kommunen adgang til å oreigne. Han peikte vidare på ulike moment ved kommuneadvokat Andresen sine juridiske vurderingar som tidlegare er lagt fram for formannskapet utan å gå i detalj.

Advokat Hove meiner at avtalen som i si tid er inngått er klar, entydig og at beslutningsorganet hadde kompetanse til å inngå ein slik avtale.

Frå advokat Hove si side så er partane klare og entydige på at ein ikkje vil gi slepp på areal til utviding av gravplass.

Kommuneadvokat Andresen spurte om det var mogleg med mellomløyising og kompenseringar tiltak for å kunne kome fram til ein minneleg avtale. Dette avviste dei frammøtte partane.

Advokat Hove viste til at kommunen må utrede andre alternativ til gravplass.

24.01.2018 Vedtak i Herøy kyrkjelege fellesråd

Herøy kyrkjelege fellesråd bed om at Herøy kommune startar arbeidet med ei gravplassanalyse for framtidig areal til gravplass for Bergsøya og Leinøya

12.03.2018 Vedtak i Eldrerådet

1. Eldrerådet viser til tidlegare vurderingar vedkomande gravplass, seinast til den store og kostnadskreivande utgreiinga som vart gjort vedkomande muleg gravplass på Eggesbømyra. Etter vedtak i kommunestyret i 1987 vart denne planen lagt til sides og kommunestyret gjekk inn for vidare bruk av Flusund gravplass.

2. Vidare viser Eldrerådet til kommunestyret si godkjenning av utvidingsareal ved Flusund gravplass i gjeldande kommuneplan for 2013 – 2025.

Etter eldrerådet sitt skjønn er det her gjort eit klart politisk vedtak om at Flusund gravplass framleis skal nyttast vidare. Her har ein også fordelen av å kunne knytte seg til eksisterande infrastruktur som igjen vil være kostnadsbesparande ved opparbeiding av tilleggsarealet.

3. Slik situasjonen er no er det ledig areal til ca. 2 års bruk.

Eldrerådet meiner det hastar med å kome vidare med grunnkjøp, detaljprosjektering og opparbeiding av tilleggs-areal for Flusund gravplass. Eldrerådet vil difor be om at denne saka får høgste prioritet i det kommunale plan- og utbyggingsarbeidet.

Dersom det ikkje er mogleg å oppnå privatrettslege avtaler oppmodar eldrerådet om at eksproprieringsforretning vert igongsett omgåande.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen har saman med kyrkjeverje vore i dialog med aktuelle firma som kan gjennomføre ei analyse der ein vurderar ulike alternativ med omsyn til gravplass-spørsmålet.

Aktuelle moment i ei utgreiing er (ikkje uttømande) :

- Registrering
- Krav og kriterier for valg av areal
- Idéskisser for hvert enkelt alternativ med kortfattet beskrivelse
- Kostnadsoverslag
- Sammenstilling av alternativer
- Positive og negative sider ved de ulike alternativene.
- Anbefaling

Med omsyn til kostnadar er det ikkje enkelt å kome med nokon eksakte tal, men til samanlikning så kosta detaljplanar/andbodsdocumenta ved utviding av Moltu gravplass om lag 350 000 + mva. Kostnaden med planane for utviding av Moltu gravplass vart om lag 300 000 + mva.

På denne bakgrunn vil rådmannen tru at ein kunne budsjettere med om lag 400 000 +mva for ei gravplassanalyse. Noko eksakte tal kan ein ikkje legge fram før ein har lagt arbeidet ut aktuelle firma i ein konkurranse.

Rådmannen rår til at ein går ut i marknaden og får inn prisar for å gjennomføre ei gravplassanalyse slik det går fram av saksutgreiinga. Når kostnadane ligg føre legg rådmannen fram saka for kommunestyret for godkjenning.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 07.05.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/589
		Arkiv:	Q52

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
92/18	Formannskapet	15.05.2018

ETABLERING AV LADESTASJON I PARKERINGSBUS

Tilråding:

Herøy formannskap etablerar hurtigldestasjon i eigen seksjon i Fosnavåg parkingshus. Total kostnad for prosjektet er 420 000 kroner.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Til konto 02300 (Nybygg/nyanlegg/rehabilitering), ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 50017 kr 420 000,-

Frå

konto 02300 (Nybygg/nyanlegg/rehabilitering), ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 70008 (Byutvikling Fosnavåg - Sentrumstiltak) – kr 220 000,- (Kjøpet vert belasta prosjekt «Byutvikling Fosnavåg - Sentrumstiltak» som tidlegare er lånefinansiert)

Konto 08100, ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 50017 - tilskot frå Energifondet 200 000 kroner, til delvis finansiering av prosjektet hurtiglader. Tilskotet er gitt under støtteprogrammet : **Støtte til ladeinfrastruktur.**

Særutskrift:
Økonomi

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Herøy kommune fekk tilskot på 200 000 kr for etablering av hurtigladerstasjon i Fosnavåg sentrum. Kommunen hadde ønske om å etablere ladestasjonen ved rådhuset, men pga. store kostnader med ombygging (1 mill.kr) vart dette ikkje prioritert i budsjettet for 2018.

I samtale med Fosnavåg vekst har ein kome fram til ei mogleg løysing med å etablere ein ladestasjon til ein vesentleg lavare kostnad

Saksopplysningar:

Enova har innvilga tilskot til Herøy frå Energifondet oppad begrensa til 200 000 kroner, til delvis finansiering av prosjektet hurtiglader ved rådhuset i Fosnavåg sentrum. Prosjektet må vere ferdigstilt innan 19.10.2018. Tilskotet er gitt under støtteprogrammet : **Støtte til ladeinfrastruktur.**

Herøy kommune hadde til hensikt å etablere ladestasjonen ved rådhuset , men prosjektet vart ikkje prioritert opp i budsjettprosessen 2018. Hovudårsak er store kostnader med ombygging av trafo ved rådhuset for å auke straumforsyninga.

Ein har i etterkant av budsjettvedtaket hatt dialog med Fosnavåg vekst med tanke på om ein kan etablere ein hurtigladerstasjon i parkeringshuset ved hotellet. Etter nærare undersøkelser vil det vere mogleg med omsyn til straumforsyning.

Ein har og vore i dialog med revisor med omsyn til lånefinansiering av restbeløpet utover støttebeløpet frå Enova. Svaret frå revisor er at så lenge etableringa skjer i eigen seksjon er dette ok og innanfor regelverket.

Ladestasjonen som er tenkt etablert er ein **Pulse Multistandard DC 50kW hurtiglader, Chademo / CCS.**

Frå leverandør er det oppgitt følgjande:

Pulse 50 er en serie hurtigladere som er kompatible med alle ladbare biler med mulighet for hurtiglading.

Produktene er spesielt utviklet med tanke på:

- Driftssikkerhet
- Skalerbarhet
- Fleksibilitet
- Stilrent design
- Lav vekt og minimalt fotavtrykk
- Imøtekommer alle relevante standarder
- Full åpenhet for integrasjon mot 3. parts software løsninger

Ein har sjekka opp om krav til Enova er stilt og leverandør bekreftar dette i eigen epost.

Med omsyn til kostnader vil totalkostnaden (alt inkludert) for prosjektet vere 420 000 kr

Kostnader:

Ladestasjon, komplett (eks.mva)	350 000 kr (eks.mva)
Arbeid og materiell	70 000 kr (eks.mva)
Sum	420 000 kr (eks.mva)

Finansiering:

Bruk av byutviklingsmidler (eks.mva)	220 000 kr (eks.mva)
Tilskot Enova	200 000 kr (eks.mva)
Sum	420 000 kr (eks.mva)

Ladestasjonen vil vere kommunal eigd, men all drift og vedlikehald skal skje av Fosnavåg vekst og vil ikkje vere ei utgift for kommunen.

Det skal utarbeidast eigen avtale mellom kommunen og Fosnavåg vekst som regulerer avtaleforholdet.

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig for ålmenta at ein har ladestasjonar tilgjengeleg i sentrumsområde av kommunen. Ein må tenkje heilheitleg for å sikre etablering av miljøretta tiltak og syte for ei berekraftig utvikling. Det vil heilt klart også ha ein positiv effekt for byutviklinga ein ser føre seg i Fosnavåg.

Rådmannen rår til at ein etablerar hurtigladestasjon i eigen seksjon i Fosnavåg parkingshus.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 25.04.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Servicetorget

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr:	2016/277
		Arkiv:	U63

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
93/18	Formannskapet	15.05.2018

SØKNAD OM UTVIDA SKJENKEAREAL UTEOMRÅDE - THON HOTEL FOSNAVÅG

Tilråding:

Alternativ 1:

Formannskapet opprettheld tidlegare vedtak gjort i F-sak 173/16 og gir ikkje Thon hotel Fosnavåg, org.nr. 913969529, skjenkeløyve for omsøkte uteareal ved hovudinngang.

Grunngjeving: Dette er eit område der det ferdast mange barn og unge som skal på kino og nytte leikeapparata som er ved hotellet.

Vedtaket er gjort med heimel i alkohollova §4 og alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020.

Dette vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker. Klaga skal vere skrifteleg og grunngjevast. Klaga sendast Herøy kommune, p.b. 274, 6090 Fosnavåg.

Alternativ 2:

Thon hotel Fosnavåg, org.nr. 913969529, får skjenkeløyve for uteområde ved hovudinngang som omsøkt.

Løyvet vert ein del av hotellet sitt faste løyve og rammer sett i F-sak 173/16 vert gjeldande.

Vedtaket er gjort med heimel i alkohollova §4 og alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020.

Dette vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker. Klaga skal vere skriftleg og grunngjevast. Klaga sendast Herøy kommune, p.b. 274, 6090 Fosnavåg.

Særutskrift: Thon hotell Fosnavåg, Gerhard Voldnes veg 7, 6090 Fosnavåg
Servicetorget

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Bevilling - melding om endringer
- 2 Firma og skatteattest - Thon
- 3 Info - skjenk ute
- 4 Tegning - utvendig - skjenk - front THF
- 5 Tegning - utvendig - skjenk - front THF_2
- 6 Uttale i samband med utvida skjenkeareal - Thon hotel Fosnavåg
- 7 F-sak 173/16: Søknad om skjenkeløyve - Thon hotel Fosnavåg

Samandrag av saka:

Thon hotell Fosnavåg har søkt om utvida skjenkeareal ute som ei fast løysing. Område er imot Gerhard Voldnesveg, frå inngang til område der «hoppebingen» er. Då Thon hotel Fosnavåg fikk handsama sitt ordinære løyve fikk dei avslag for blant anna denne delen av uteområde (F-sak 173/16). Det er no levert ny søknad.

Saksopplysningar:

Thon hotell Fosnavåg v/ Günther Dahler har levert søknad om skjenkeløyve for uteområde imot Gerhard Voldnesveg.

I søknaden skriv Dahler at dette arealet ikkje er tiltenkt passasje/gangveg eller liknande.

Område strekkjer seg frå inngangsdør, 24 meter imot sentrum og 2 meter ut ifrå vegg (stopper ved «hoppebingen»).

Borda som er tenkt nytta skal vere tilpassa 2 personar og stå inntil veggen. Søkjar meiner at det framleis vil vere plass til å passere og at dei få ein vil få plass til ikkje vil vere til sjenanse for forbipasserande.

Området vil verte tydeleg avgrensa etter gjeldande reglar for merka skjenkeareal. Søkjar håper på ei positiv handsaming av søknaden og meiner at dette vil vere med å heve opplevinga for besøkande i Fosnavåg (Jf. vedlegg 3).

Då det ordinære skjenkeløyve vart handsama i F-sak 173/16 (Jf vedlegg 7) vart det for dette område gjort slikt vedtak:

«Det vert ikkje gitt skjenkeløyve for uteservering ved hovudinngang. Grunngeving: Dette er eit område der det ferdast mange barn og unge som skal på kino og nytte leikeapparata som er ved hotellet.»

Det vart gitt skjenkeløyve for uteareal i 1. og 2. et. Som ligg imot sjøen (F-sak 173/16 punkt 5).

Søknaden er sendt NAV Herøy, politiet og kulturavdelinga for uttale. Frist for tilbakemelding vart sett til 22.04.2018 Det er eit krav at politi og NAV uttaler seg i saka. Kulturavdelinga har nærliggande lokalitet og ein har difor bedt om uttale i saka.

NAV Herøy uttaler:

«NAV Herøy støtter kommunestyret sitt tidligere avslag i saken. Vi legg til grunn at alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 blir fulgt i den videre sakshandsaminga.»

Politiet har ikkje sendt inn uttale. Pr. telefon seier lensmannen at dei ikkje har merknad til at løyve vert gitt. Vil ettersende uttalen.

Kulturavdelinga har ikkje sendt inn uttale i saka. Kommunalsjef for samfunnsutvikling er positiv til at løyve vert gitt.

I K-sak 101/16 punkt 6 heiter det: «*Delegasjonsløyve til rådmann i høve permanente skjenkesaker vert trekt attende. Formannskapet skal ta stilling til slike søknadar.*»

Søknaden gjeld permanent løyve for uteareal. Gjeldande løyveperiode er 01.10.2016-30.09.2020. Nye løyve etter 30.09.2020 skal handsamast etter at nytt kommunestyre har vedteke ny alkoholpolitisk plan.

Vurdering og konklusjon: (skal slettast om saka ikkje har konsekvensar for....)

Konsekvensar for folkehelse: Vart vurdert i samband med alkoholpolitisk plan for perioden.

Konsekvensar for beredskap: Ingen konsekvensar

Konsekvensar for drift: Ingen

Formannskapet har for løyveperioden gitt avslag for gjeldande areal og NAV Herøy støttar tidlegare vedtak. Politi og seksjon for samfunnsutvikling er positive til at løyve vert gitt.

I gjeldande vedtak vart det teke omsyn til barn og unge som ferdas i området. Ved å søkje på nytt ber søkjar om ei ny vurdering av saka. Saka vert lagt fram med to alternative innstillingar.

Fosnavåg, 24.04.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Wenche Moltu



Innsendt: 11.04.2018 19:04

Ref.nr: YFCZXG

Herøy kommune

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>

Bevilling - melding om endringer

Informasjon og type bevilling

Har du en serverings-, salgs- eller skjenkebevilling og gjør endringer i driften, plikter du å melde fra til kommunen innen 30 dager. Kommunen kan enten godkjenne endringene, eller kreve at du søker om ny bevilling. Dersom du lar være å melde fra eller melder fra for sent, kan du miste bevillingen.

Bevillingstype

- ☒ Skjenkebevilling
☐ Serveringsbevilling
☐ Salgsbevilling

Opplysninger om bevillingshaver

Bevillingshaver er

- ☒ organisasjon registrert i Enhetsregisteret
☐ enkeltpersonforetak eller forening uten organisasjonsnummer

Org.nr. 913969529	Navn på virksomhet THON HOTEL FOSNAVÅG	
Adresse Gerhard Voldnes' veg 7	Postnr. 6090	Poststed FOSNAVÅG
Telefon 23 08 00 00	E-postadresse firmapost@olavthon.no	
Skattekommune HERØY		
Innsender er		
Fornavn og ev. mellomnavn Gunther	Etternavn Dahler	Fødselsnr. 08027332375
E-postadresse gunther.dahler@thonhotels.no		Mobilnr. 92245649

Opplysninger om skjenkestedet/salgsstedet

Navn Thon Hotel Fosnavåg		
Stedsadresse Gerhard Voldnes Veg 7	Postnr. 6090	Poststed Fosnavåg
E-postadresse gunther.dahler@thonhotels.no		Nettadresse
Telefon 70081000	Gnr.	Bnr.

Endringen gjelder

Type endring

- ☐ Ny daglig leder (gjelder serveringsbevilling)
- ☐ Ny styrer og/eller stedfortreder (gjelder salgs- og skjenkebevilling)
- ☒ Utvidelse av arealet inne eller ute
- ☐ Endring av driftskonsept
- ☐ Ny styreleder og/eller daglig leder i driftsselskapet
- ☐ Mindre endringer i eierandeler
- ☐ Andre endringer

Vedlegg

Plantegninger

Tegning - utvendig - skjenk - front THF_2.pdf

Adkomstdokumenter (f.eks. leiekontrakt eller skjøte)

Firma og skatteattest - Thon.pdf

Beskriv	Last opp vedlegg	Ettersendes
Tegning - front	Tegning - utvendig - skjenk - front THF.pdf	☐
Beskriv	Last opp vedlegg	Ettersendes
Tilleggsinfo	Info - skjenk ute.pdf	☐

Herøy Kommune
6090 Fosnavåg

Fosnavåg 10.04.2018

Thon Hotel Fosnavåg
V/ Direktør
Gerhard Voldnes Veg 7
6090 Fosnavåg

Tilleggsinformasjon vedrørende søknad om endret skjeneareal ute – Thon Hotel Fosnavåg

Ønsker med dette å søke om muligheten til å skjenke / servere i henhold til vedlagt tegning. Det er her snakk om i fremkant av hotellet – dvs på den siden som hovedinngang er.

Som det fremgår av vedlagt tegning som er signert av Herøy kommune i forbindelse med ansvarsområder i tilknytning til fellesarealer – så er det klart at det område som vi nå søker om ikke er en del av område som er tiltenkt passasje / gangvei eller lignende. Da dette har vært et tema tidligere.

Det er her snakk om å ha et område som strekker seg fra inngangsdøren og 24 meter mot sentrum og 2 meter ut fra vegg. Og som det fremgår av skisse, så stopper det tiltenkte området før vi er inne på «hoppebingen». Det er tenkt å ha bord tilpasset 2 personer og stilt opp inntil hotellkroppen – på denne måten vil det fortsatt være plass å passere for de som ønsker det, vi tar ikke hele arealet – og det beskjedne antallet vil ikke føre til sjenanse for de passerende som da går i god avstand fra hotellkroppen og det tiltenkte området.

Området blir selvfølgelig avgrenset tydelig i henhold til de krav som stilles om tydelig merket område for skjenking.

Vi håper på et positivt svar fra Herøy kommune på dette tiltaket, da det vil være med på å heve opplevelsen som besøkende i Fosnavåg.

Skulle det være ønskelig med mer eller annen utfyllende informasjon, så er det bare å ta kontakt.

Mvh:

Gunther Dahler
Thon Hotel Fosnavåg

— Augrensing
diffisjonsar

4/6-13 buskudd

— = direkte areal
418 m²

18 siltphaser

— = 9 bord a 2 stoler


FOREGRIP TEIUNG - ANBUO



KONVAIA VEG
KONVAIAHOTELL
LANDSKAPSPLAN - OVERSIKTSPLAN

**SMEDS
VIG**

UTGITT: 2010
1:2500
A1=1200 3471* 42
VERSJA 0



Handwritten signature and date: 15/12

— Augrensing
diffisjonsur

4/6-13 buskudd

— = direkte areal
418 m²

18 siltphaser

— = 9 bord a 2 stoler


FOREDRIG TEGNING - ANBUD



KONVALENT
KONVALENTHOTELL
LANDSKAPSPLAN - OVERSIKTSPLAN

**SMEDS
VIG**

Skala: 1:500
A1=1200 3471x 42
VERSJA 0



Handwritten signature and initials.



Herøy kommune
Pb.274

6099 Fosnavåg

Deres ref.: 2016/277 U63

Vår ref.: 2018/04/JST

Dato: 18.04.2018

Uttale i samband med skjenkesak – THON HOTEL FOSNAVÅG, utvida skjenkeareal

NAV Herøy viser til brev fra Herøy kommune v/Wenche Moltu datert 12.04.2018.

Kommunen ber om uttale i samband med skjenkeløyve fra Thon Hotel Fosnavåg, som søker om utvida skjenkeareal.

NAV Herøy støtter kommunestyret sitt tidligere avslag i saken.

Vi legg til grunn at alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 blir fulgt i den videre sakshandsaminga.

Med helsing

Jarle Stordal
Kontorsjef NAV Herøy

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



RAINBOW HOTELS AS

Postboks 790 Sentrum
0106 OSLO

Saksnr
2016/277

Arkiv
U63

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
DOK / LME

Dato
08.09.2016

F-SAK 173/16: SØKNAD OM SKJENKELØYVE - THON HOTEL FOSNAVÅG

Vedlagt følgjer:

- F-sak 173/16.

Herøy formannskap har den 06.09.2016 gjort slikt vedtak i saka:

«Rainbow Hotels AS, org.nr. 939579338, sin søknad om skjenkeløyve ved Thon hotell Fosnavåg vert delvis imøtekomen. Det vert gitt slikt løyve:

1. Det vert gitt skjenkeløyve, varegruppe 1,2 og 3 for 1 et. som omfattar redar- rommet, restaurant, vrimleområde og backstage.
2. Det vert gitt skjenkeløyve, varegruppe 1,2 og 3 for 2 et. som omfattar lobby, bar og møteroma.
3. Det vert gitt skjenkeløyve i konsertsalen til eigne arrangement i hotellet sin regi, varegruppe 1,2 og 3, og til konsertar der hotellet samarbeider med andre for varegruppe 1 og 2. Skjenkeløyve gjeld ikkje når amfi vert nytta.
4. Det vert gitt skjenkeløyve i kinosalen når kinosalen og vrimleområdet utanfor kinoen vert nytta av hotellet til eigne gjestar.
5. Det vert gitt skjenkeløyve til uteservering i 1. og 2. etg. som ligg imot sjøen. Løyvet gjeld varegruppe 1,2 og 3.
6. Skjenketidene er innanfor kommunen sine maksimaltider slik:
 1. **Varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa til mellom kl 09.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 09.00 og kl 02.30 fredag og laurdag.
 2. **Varegruppe 3** skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar.
 3. Det er generell utvida skjenketid til kl 02.30 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).

4. Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 01.00 alle dagar. Etter kl. 01.00 skal alkoholhaldig drikke takast med inn.
7. Styrar for skjenkeløyvet er Gunther Dahler
8. Stedfortredar er Per Wennerhorn.
9. Løyveperiode er 01.10.2016 -30.09.2020
10. Vilkår for løyvet er:
- o Internkontrollrutinar for skjenking skal leverast kommunen innan 01.10.2016
 - o Styrar og stedfortredar skal delta på kurs i ansvarleg vertskap når dette vert arrangert.
11. Det vert ikkje gitt skjenkeløyve for uteservering ved hovudinngang.
Grunngjeving: Dette er eit område der det ferdast mange barn og unge som skal på kino og nytte leikeapparata som er ved hotellet.
12. Det vert ikkje gitt skjenkeløve til vrimleområdet ved kinoen (Jf. unnatak i punkt 4).
Grunngjeving: Når kinoen vert nytta til filmframvising er dette ei sone for dei som skal på kino. Kinoen har ikkje løyve og det er naturleg at dette området derfor er utan løyve.
- Vedtaket er gjort med heimel i alkohollova § 4 og alkoholpolitisk plan for perioden 2016-2020.
- Dette vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker. Klaga skal vere skrifteleg og grunngjeven. Klage sendast Herøy kommune, p.b. 274, 6099 Fosnavåg.»

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Kopi:

Thon Hotel Fosnavåg	Gerhard Voldnesveg 7	6090	FOSNAVÅG
SECURITAS AS	Postboks 35 Grønland	0133	OSLO
SUNNMØRE	Postboks 1353 Sentrum	6001	ÅLESUND
POLITIDISTRIKT			
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Servicetorget

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr:	2016/277
		Arkiv:	U63

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
173/16	Formannskapet	06.09.2016

SØKNAD OM SKJENKELØYVE - THON HOTEL FOSNAVÅG

Tilråding:

Rainbow Hotels AS, org.nr. 939579338, sin søknad om skjenkeløyve ved Thon hotell Fosnavåg vert delvis imøtekomen. Det vert gitt slikt løyve:

1. Det vert gitt skjenkeløyve, varegruppe 1,2 og 3 for 1 et. som omfattar redarrommet, restaurant, vrimleområde og backstage.
2. Det vert gitt skjenkeløyve, varegruppe 1,2 og 3 for 2 et. som omfattar lobby, bar og møteroma.
3. Det vert gitt skjenkeløyve i konsertsalen til eigne arrangement i hotellet sin regi, varegruppe 1,2 og 3, og til konsertar der hotellet samarbeider med andre for varegruppe 1 og 2. Skjenkeløyve gjeld ikkje når amfi vert nytta.
4. Det vert gitt skjenkeløyve i kinosalen når kinosalen og vrimleområdet utanfor kinoen vert nytta av hotellet til eigne gjestar.
5. Det vert gitt skjenkeløyve til uteservering i 1. og 2. etg. som ligg imot sjøen. Løyvet gjeld varegruppe 1,2 og 3.
6. Skjenketidene er innanfor kommunen sine maksimaltider slik:
 1. **Varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa til mellom kl 09.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 09.00 og kl 02.30 fredag og laurdag.
 2. **Varegruppe 3** skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar.

3. Det er generell utvida skjenketid til kl 02.30 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
 4. Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 01.00 alle dagar. Etter kl. 01.00 skal alkoholhaldig drikke takast med inn.
 7. Styrar for skjenkeløyvet er Gunther Dahler
 8. Stedfortredar er Per Wennerhorn.
 9. Løyveperiode er 01.10.2016 -30.09.2020
 10. Vilkår for løyvet er:
 - o Internkontrollrutinar for skjenking skal leverast kommunen innan 01.10.2016
 - o Styrar og stedfortredar skal delta på kurs i ansvarleg vertskap når dette vert arrangert.
 11. Det vert ikkje gitt skjenkeløyve for uteservering ved hovudinngang.
Grunngjeving: Dette er eit område der det ferdast mange barn og unge som skal på kino og nytte leikeapparata som er ved hotellet.
 12. Det vert ikkje gitt skjenkeløve til vrimleområdet ved kinoen (Jf. unnatak i punkt 4).

Grunngjeving: Når kinoen vert nytta til filmframvising er dette ei sone for dei som skal på kino. Kinoen har ikkje løyve og det er naturleg at dette området derfor er utan løyve.
- Vedtaket er gjort med heimel i alkohollova § 4 og alkoholpolitisk plan for perioden 2016-2020
- Dette vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker. Klaga skal vere skrifteleg og grunngjeven. Klage sendast Herøy kommune, p.b. 274, 6099 Fosnavåg.

Møtebehandling:

Servicetorgleiar Wenche Moltu møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 1 røyst.
Ole Brubakk (Krf) røysta imot av edruskapspolitisk syn.

Vedtak i Formannskapet - 06.09.2016

Rainbow Hotels AS, org.nr. 939579338, sin søknad om skjenkeløyve ved Thon hotell Fosnavåg vert delvis imøtekomen. Det vert gitt slikt løyve:

1. Det vert gitt skjenkeløyve, varegruppe 1,2 og 3 for 1 et. som omfattar redarrommet, restaurant, vrimleområde og backstage.
2. Det vert gitt skjenkeløyve, varegruppe 1,2 og 3 for 2 et. som omfattar lobby, bar og møteroma.

3. Det vert gitt skjenkeløyve i konsertsalen til eigne arrangement i hotellet sin regi, varegruppe 1,2 og 3, og til konsertar der hotellet samarbeider med andre for varegruppe 1 og 2. Skjenkeløyve gjeld ikkje når amfi vert nytta.
4. Det vert gitt skjenkeløyve i kinosalen når kinosalen og vrimleområdet utanfor kinoen vert nytta av hotellet til eigne gjestar.
5. Det vert gitt skjenkeløyve til uteservering i 1. og 2. etg. som ligg imot sjøen. Løyvet gjeld varegruppe 1,2 og 3.
6. Skjenketidene er innanfor kommunen sine maksimaltider slik:
 1. **Varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa til mellom kl 09.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 09.00 og kl 02.30 fredag og laurdag.
 2. **Varegruppe 3** skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar.
 3. Det er generell utvida skjenketid til kl 02.30 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
 4. Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 01.00 alle dagar. Etter kl. 01.00 skal alkoholhaldig drikke takast med inn.
7. Styrar for skjenkeløyvet er Gunther Dahler
8. Stedfortredar er Per Wennerhorn.
9. Løyveperiode er 01.10.2016 -30.09.2020
10. Vilkår for løyvet er:
 - o Internkontrollrutinar for skjenking skal leverast kommunen innan 01.10.2016
 - o Styrar og stedfortredar skal delta på kurs i ansvarleg vertskap når dette vert arrangert.
11. Det vert ikkje gitt skjenkeløyve for uteservering ved hovudinngang.

Grunngjeving: Dette er eit område der det ferdast mange barn og unge som skal på kino og nytte leikeapparata som er ved hotellet.
12. Det vert ikkje gitt skjenkeløve til vrimleområdet ved kinoen (Jf. unnatak i punkt 4).

Grunngjeving: Når kinoen vert nytta til filmframvising er dette ei sone for dei som skal på kino. Kinoen har ikkje løyve og det er naturleg at dette området derfor er utan løyve.

Vedtaket er gjort med heimel i alkohollova § 4 og alkoholpolitisk plan for perioden 2016-2020

Dette vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker. Klaga skal vere skriftleg og grunngjeven. Klage sendast Herøy kommune, p.b. 274, 6099 Fosnavåg.

Særutskrift: Rainbow Hotels AS, Stenersgt. 2, 0184 Oslo

Thon hotel Fosnavåg

Securitas

Sunnmøre politikammer

Mattilsynet Søre Sunnmøre, Industriveien 19, 6080 Gurskøy

Vedlegg:

- 1 Servering- og/eller skjenkebevilling - søknad
- 2 Kunnskapsprøve om alkohollova, Attest og restansar og Vandelsvurdering
- 3 Kunnskapsprøve om alkoholloven, attest for skatt og mva
- 4 Uttale
- 5 Uttale vedk. søknad om skjenkelyve
- 6 Herøy Kommune - skriv - skjenk i Konserthus.
- 7 Tillegsinfo - Skjenkeareal Thon Hotel Fosnavåg
- 8 2092_001
- 9 Om skjenkeløyve i forb m arr i konserthus/kino

Saksopplysningar:

Rainbow Hotels AS, org.nr. 939579338, søker om skjenkeløyve ved Thon hotel Fosnavåg slik:

- Alminneleg løyve for varegruppe 1, 2 og 3 innanfor kommunen sin maksimaltid for skjenking
- Styrar for løyvet er Gunther Dahler(har kunnskapsprøven)
- Stedfortredar er Per Wennerhorn (har kunnskapsprøven)
- Konsept vert i søknaden sagt å vere hotell, restaurant, bar, arrangement, konsert, konferanse og selskap.
- Søknaden inne gjeld:
 - o Restaurant i 1 etg., redarrommet, vringleområde ved konsersalen. Konsertsalen og roma for artistane (backstage). (sjå vedlegg)
 - o I 2. etg. Gjeld søknaden lobby, bar, konsertsal. Møteroma og kino. (sjå vedlegg)
- Uteservering slik:
 - o i 1. etg. ved utgangen til kaiområdet, eigen platting med høgdeforskjell.
 - o i 2. etg. uteservering vendt mot havet som tidlegare- er på innsida av offentleg gangareal/område ved hovudinngangen. Det er sendt over skisse for korleis arealet skal avgrensast. (sjå vedlegg)

Det nye ved søknaden, i forhold til gjeldande løyve, er uteareal ved hovudinngang og at løyve skal gjelde konserthus, backstage og i kinosalen. Tidlegare har hotellet hatt løyve til eigne arrangement i kinosal og konsertsal.

Både hotellet og kulturavdelinga ønskjer desse endringane.

Med bakgrunn i endringane har ein bede hotellet og kulturavdelinga gjere greie for desse ønska.

I brev til kommunen skriv Dahler dette:

- Som tidlegare under eigne arrangement
- Ved samarbeidsprosjekt i lag med Fosnavåg konserthus
- Under felles arrangement der ein sel «pakker»

For meir informasjon sjå brev frå Thon hotel datert 07.07.2016 og e-post datert 18.07.2016.

Kulturavdelinga seier at det er ønskeleg med skjenkeløyve ved konserthuset og kino ved enkelte høve og at dette at det er behov for å få dette innarbeida i hotellet sitt løyve. Det vert sagt at det er viktig å endre ordlyden slik at det gjeld alle arrangement. Kulturavdelinga ser det naturleg med skjenking i desse settingane:

- Arrangement i konsertsalen i klubboppsett, det vil sei glatt golv med småbord
- Arrangement i kinoen ved spesielle høve. For eksempel premierer, strikkekino, og liknande
- Når øvre amfi vert nytta og resten er flatt golv er det ønske om skjenkeløyve på golvdelen(ståande/småbord) og ikkje i øvre amfi.

Meir informasjon i e-post frå Bjørn Holum datert 19.07.2016.

Holum opplyser pr. tlf i tillegg at kommunen ikkje lenger kjøper inn til artistar backstage og at det derfor er naturleg at hotellet får løyve også der.

Hotellet i Ulsteinvik har same samlokalisering med konsertsal og kino som i Herøy. Skjenkeløyve har hotellet på eigne arrangement og konsertar i kommunal regi. Det er ikkje skjenkeløyve når amfi vert nytta, berre ved arrangement med småbord. Det er heller ikkje løyve ved kinoen.

Alkoholpolitisk plan for 2016- 2020 vart vedteken 22.06.2016. I denne planen vart det gjort vedtak vedkomande skjenketid slik:

«Normal skjenketid:

1. **Varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa til mellom kl 10.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 10.00 og kl 02.30 fredag og laurdag.
2. **Varegruppe 3** skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar.
3. Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.
4. Det er generell utvida skjenketid til kl 02.30 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
5. Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 01.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad.
6. For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs.
7. Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal.

Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut, dette gjeld ikkje uteareal der alkohol må takast med inn i skjenkelokalet»

Når det gjeld konsept står der i planen:

«Det vert ikkje gitt alminneleg løyve:

- Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknanda konsept
- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Undervisningsbygg
- Mosjon- og Idrettsarenaer

- Konditori
- Galleri og utstillingar
- Kulturbbygg- og grendehus
- Campingsplasser
- Soner som elles vert rekna som rusfrie
- Bensinstasjonar
- Kioskar
- Arenaer som elles vert rekna som rusfrie

Det skal førast ein restrektiv line til nye konsept.»

I planen står det at ein skal sette vilkår til løyve. Vilkåret er:

«Desse er:

- *Skjenkestaden skal delta på første mulige kurs, ansvarleg vertskap, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.*
- *Internkontrollrutiner skal innleverast til kommunen seinast 1 mnd etter vedtak er gjort*
- *Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.»*

Alle vedtak, der søkjar hadde søkt om forlenga løyve, vart forlenga til 01.10.2016. Søknaden no gjeld for 4 nye år. Søkjar har hatt løyve og det er her snakk om ei fornying.

I tidlegare løyveperiode har det vore kontrollar. Hotellet fikk merknader til skjenkekontroll utført ved festival i 2015. Det har ikkje vore merknadar ved kontrollar utført ved hotellet.

Søknaden har vore sendt politiet og NAV- Herøy, sosialtenesta. Det har ikkje vore merknadar til søknaden.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse: Dette vart vurdert i samband med alkoholpolitisk plan 2016-2020.

Søkjar har dokumentert kompetanse og det er ikkje merknader til saka. Løyve kan derfor verte gitt. Spørsmålet vert i kva omfang ein ønskjer løyve skal ha.

Når det gjeld uteserveringa ser ein det vanskeleg å skulle imøtekome skjenking ved eit uteområde ved inngangen. Bakgrunnen til dette er at dette er ferdselsåra for barn og unge som skal på kino, samt dei som skal til leikeapparata ved hotellet. Hotellet har elles store gode område for uteservering/skjenking som besøkande kan nytte både i 1. og 2 et.

I alkoholpolitisk plan heiter det at det ikkje vert gitt alminneleg løyve til kulturbygg og grendehus, i soner som elles vert rekna som rusfrie og på arenaer som elles vert rekna som rusfrie.

Konserthuset og kinoen kjem innunder desse punkta og skal då i utgangspunktet, med bakgrunn i planen ikkje ha eit alminneleg løyve. Ein ser at samarbeid mellom hotellet og kulturavdelinga kan vere positiv. At det vert gitt løyve i konsertsalen til konsertar der amfiet ikkje vert nytta finn ein rimeleg. Dette vil også samsvare med det ein har i nabokommunen. Ved slike arrangement bør løyvet kun gjelde varegruppe 1 og 2 (drikke med mindre enn 22 volumprosent alkohol).

Når det gjeld kinoen finn ein ikkje å kunne tilrå skjenkeløyve. Kinoen er ein rusfri arena/sone. Ein bør framleis ha dette som rusfri sone under kinoframvisingar i kommunal regi. Dersom kino og konsert vert halde samtidig, bør ikkje vrimleområde ved kinoen nyttast som skjenkeareal. Nyttar hotellet kinoen til eigne arrangement finn ein det naturleg at løyve vert gitt og at dette også gjeld for vrimleområdet.

Fosnavåg, 18.07.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Wenche Moltu
Avd.leiar



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IDAMYK	Arkivsaknr:	2018/350
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
94/18	Formannskapet	15.05.2018

GODKJENNING AV LÅNEOPPTAK I HUSBANKEN - STARTLÅN 2018

Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner låneopptak i Husbanken, stort kr. 12 000 000,- til vidare utlån som startlån på dei vilkår som går fram av tilsagnsbrev og låneavtale frå Husbanken.

Særutskrift:
Eigedomsavdelinga, her
Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

1. Tilsagn frå Husbanken på låneopptak
2. Låneavtale og betalingsplan

Samandrag av saka:

Saka gjeld låneopptak i Husbanken for vidareutlån av startlån.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Herøy kommune har søkt Husbanken om startlånmidlar for vidaretildeling for 2018 og fått innvilga kr. 12 000 000,-. Låneopptak føreset kommunestyrets etterfylgjande godkjenning. Godkjenning må ligge føre innan 07.06.2018, sjå prenta vedlegg 1.

Lov og føreskrift om startlån

Startlån er regulert i forskrift om startlån frå Husbanken av 01.04.2014. Forskrifta må sjåast i samanheng med Husbankens tilhøyrande retningslinjer og rettleiar, samt forskrift om krav til nye utlån med pant i bustad av 15.06.2015 frå Finansdepartementet.

Formålet med startlån

Startlån skal «bidra til at personer med langvarige boligfinansieringsproblemer kan skaffe seg egnet bustad og beholde den», jf. forskrift om startlån § 1.

Husbankens føringar gitt i tildelingsbrev

Eit av Husbankens mål er å medverke til at fleire langvarig vanskelegstilte på bustadmarknaden skal kunne eige sin eigen bustad. Eit nasjonalt mål er å hjelpe vanskelegstilte barnefamiliar til å kjøpe eigen bustad. Dette gjeld særleg familiar som leiger kommunal bustad, men også familiar som har ein ustabil busituasjon i ein ueigna privat utleigebustad.

Startlån og tilskot til etablering er viktige verkemiddel for å busetje flyktingar. Flyktingar som leiger bustad og som har ein stabil økonomisk situasjon bør få høve til å kjøpe sin eigen bustad. Flyktingar vert rekna som vanskelegstilte på bustadmarknaden, og skal prioriterast ved tildeling av startlån og tilskot.

Det konkrete målet for 2018 er at minst 50 % av alle startlån og tilskot til etablering skal tildelast barnefamiliar.

Grunnvilkår

Kommunen kan gi startlån til einskildpersonar som ikkje får lån eller tilstrekkeleg lånebeløp i ordinære kredittinstitusjonar, jf. forskrifta § 2 og 3 fyrste ledd. Søkaren må ha evne til å betene lånet over tid samt ha midlar att til livsopphald, jf. forskrifta § 3 tredje ledd.

Behovsvurdering

Startlån skal tildelast etter behovsvurdering, jf. forskrifta § 3 andre ledd. I tillegg til grunnvilkåra ovanfor skal kommunen i vurderinga leggje vekt på om søkjaren forventast å ha langvarige problem med å finansiere eigd bustad og har nytta

moglegheita for sparing innanfor dei økonomiske moglegheitene søkerens inntekt gir.

Vurdering og konklusjon

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne låneopptak i Husbanken, stort kr. 12 000 000,- for vidareutlån som startlån.

Husbankens startlån-ordning er eit av regjeringas velferdspolitiske verkemiddel. Den nasjonale strategien for bustadsosialt arbeid «Bolig for velferd» (2014-2020) angir retninga for det bustadsosiale arbeidet fram mot 2020. Visjonen til bustadpolitikken er at «alle skal kunne bu trygt og godt». Startlån kan bidra til å betre busituasjonen for vanskelegstilte på bustadmarknaden, samt betre oppvekstvilkåra for barn som er i ein utsett situasjon.

Rutinane for tildeling av startlån har dei siste åra blitt stramma inn av Husbanken, og lånet omfattar ikkje lenger *unge i etableringsfasen*, men heller personar som er varig vanskelegstilt på bustadmarknaden. Sett i samanheng med forskrift om krav til nye utlån med pant i bustad av 15.06.2015 frå Finansdepartementet er det no i større grad snakk om søknadar om fullfinansiering i staden for topplån og samfinansiering med ordinær bankar.

I tråd med kommunestyrets vedtak for sal av kommunale gjennomgangsbustadar er startlån eit viktig verkemiddel for å kunne gjennomføre eventuelle sal til eksisterande leigetakarar.

Konsekvensar for økonomi

Herøy kommune har disponibelt kr. 1 906 416,- i startlånmidlar for vidaretildeling overført frå 2017.

Herøy kommune har restgjeld til Husbanken pålydande kr. 61 mill. Samla utlån med startlån/tilskot er kr. 58 mill. Differansen her skuldast overføring av startlånmidlar frå førreår, samt ulik nedbetalingstid mellom Husbanken/Herøy kommune og Herøy kommune/privat låntakar.

Av totalt 89 utlån melder Lindorff låneadministrasjon om at 5 lån er meldt til inkasso grunna restanse, samt er det rapportert restanse av mindre omfang på 8 lån. Risiko for tap er tidligare år vurdert som liten, men det kan tenkjast at risikoen for tap er noko aukande dei komande åra grunna antal innvilga lån til fullfinansiering samt den økonomiske situasjonen knytt til ein utfordrande arbeidsmarknad.

Konsekvensar for folkehelse

Startlån kan medverke til at personar som fell utanfor dei ordinære finansieringsordningane kan skaffe seg ein eigen plass og bu. Utan bustad er det vanskeleg å delta i samfunnet, i arbeidslivet og i sosiale relasjonar. Eit forsvarleg butilbod er difor eit av fundamenta i den norske velferdspolitikken.

Konsekvensar for drift

Startlån kan bidra til å frigjere kommunale bustadar.

Fosnavåg, 12.04.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Ida Myklebust

HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Tildeling av startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing av bustad for 2018

Husbanken viser til søknad om vidaretildelingsmiddel for 2018.

Kommunar med dei største bustadsosiale utfordringane blir prioritert når Husbanken behandlar søknaden om startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing av bustad. Ramma for tilskot til etablering og tilskot til tilpassing er avgrensa, og kommunar med dei største bustadsosiale utfordringane blir prioritert.

Husbankens vedtak

Husbanken har bevilga kommunen

- **12.000.000,- kr** i startlånsmidlar
- **200.000,- kr** i tilskot til etablering
- **100.000,- kr** i tilskot til tilpassing

Husbanken tildeler heile søknadsbeløpet med ein gong. Om behovet for startlån endrar seg i løpet av året kan de søkje om ytterlegare midlar. Søknadsfristen er **15. september**.

Kva må de gjere for å få startlånet utbetalt?

Tilskot vil bli utbetalt innan kort tid, dersom Husbanken har motteke

- underskrevet låneavtale
- stadfesta på kommunestyret sitt lånevedtak

Dersom kommunen er oppført i registeret for godkjenning og kontroll, må òg Fylkesmannens godkjenning leggjast ved som dokumentasjon. Dokumenta skal sendast til:

Husbanken, Postboks 1404, 8002 BODØ

De har tre månaders frist frå bevillinga er gitt. Etter dette fell bevillinga bort.

Kunngjering

Kommunane skal kunngjere tilskot til etablering og tilskot til tilpassing. Korleis de kunngjer ordningane finn de på side 21 i «Veileder frå Finansdepartementet - om etablering og forvaltning av tilskuddsordningar i staten». Vi ønskjer òg at startlånet vert kunngjert, slik at denne ordninga blir betre kjent blant kommunen sine innbyggjarar.

Overføring mellom føremåla

Frå 2016 kan kommunane kunne overføre mellom tildelte midlar på tilskot til etablering og tilskot til tilpassing.

Kva skal startlånet og tilskot til etablering brukast til?

Eit av Husbankens mål er å medverke til at fleire langvarig vanskelegstilte på bustadmarknaden skal kunne eige sin eigen bustad. Eit nasjonalt mål er å hjelpe fleire vanskelegstilte barnefamiliar til å kjøpe eigen bustad. Dette gjeld særleg familiar som leiger kommunal bustad, men også familiar som har ein ustabil busituasjon i ein ueigna privat utleigebustad. Startlån og tilskot brukt i refinansiering er gode verkemiddel for å unngå at barnefamiliar mister bustaden på grunn av høge buutgifter.

Startlån og tilskot til etablering er også viktige verkemiddel for å busetje flyktningar. Flyktningar som leiger bustad og som har ein stabil økonomisk situasjon, bør få høve til å kjøpe sin eigen bustad. Flyktningar reknast som vanskelegstilte på bustadmarknaden, og skal prioriterast ved tildeling av startlån og tilskot.

Det konkrete målet for 2018 er at kommunane skal gi minst 50% av alle startlån og tilskot til etablering til barnefamiliar.

Frå 2017 kan ein og gje tilskot til etablering til utbetring av bustad som er nødvendig for at bustaden fortsatt skal være mogleg å bu i og egna for bebuar over tid. Måretta bruk av startlån, tilskot og bustønad, der verkemidla blir sett i samanheng, er viktig for å nytte seg av potensialet i ordningane. De bør nytte dykk av mogelegheita for lang nedbetalingstid på startlånet ved utmåling av tilskot. Ved risiko for redusert inntekt i kortare eller lengre periodar i framtida, vil bustønad vere eit risikodempende verkemiddel saman med mogelegheit for forlenga nedbetalingstid og/eller avdragsfrihet i ein periode. Meir informasjon finner de i [«veileder for saksbehandling av startlån i kommunene»](#) (HB 7.C.17).

Kva skal tilskot til tilpassing brukast til?

Tilskotet skal medverke til at personer med behov for tilpassa bustad får finansiering til dette, samt auke tilgjengelegheit i bustadmassen. Det skal leggjast vekt på at behovet for tilpassinga er av varig karakter. Tilskotet kan heilt eller delvis dekkje godkjente kostnader ved tilpassinga, og kan bli gitt både til nye og eksisterande bustader.

Familiar med funksjonshemma barn skal vere høgt prioritert ved tildeling av tilskot. Det er vidare klart at søkjar som har eit dokumentert behov skal prioriterast framfor dei som ønskjer å leggje til rette for eit framtidig behov. Dei som har størst behov skal prioriterast. For meir informasjon om korleis kommunen skal prioritere tilskotet, sjå [«Rettleiar for tilskot til tilpassing»](#) (HB 8.B.27).

Rente- og avdragsvilkår

Startlån er gitt med flytande rente som serielån med totalt 30 års løpetid, jamfør vedlagte betalingsplan. Dersom kommunen ønskjer fastrente, ta kontakt med Husbanken etter utbetaling.

Avsetting til tapsfond

I 2018 kan det berre unntaksvis setjast av midlar til eit tapsfond. Husbanken vil gå grundig gjennom kommunen sin låneportefølje før ein søknad blir løyvd. Kommunar som har behov for å setje av midlar i eit tapsfond må søkje Husbanken om dette innan **01.09.18**.

Rapportering og kontroll

Kommunen skal rapportere om bruken av startlån og tilskot.

- Saker som ikkje er registrert i StartSak eller StartSkudd skal fortløpande rapporterast i StartRap.
- Alle kommunar må sende inn årsrapportering for 2018 i StartRap i februar 2018. Rapporten skal òg innehalde opplysningar om tap, tapsfond, rentepåslag og gebyr.

Dei som er usikre på korleis det rapporterast i StartRap, finn informasjon om dette rettleiaren [«Veileder for rapportering på startlån og tilskot til tilpasning og etablering»](#) (HB 7.C.19) Husbanken og Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan kontrollere at kommunane tildeler og forvaltar midlane i samsvar med forskrift om startlån, og forskrift om tilskot til etablering og tilpassing av bustad med meir.

Ikkje mogelegheit til å klage

Husbankens avgjerd er ikkje eit enkeltvedtak, og dette vedtaket kan difor ikkje klagast på.

Informasjon

Ta gjerne kontakt med dykkar regionale kontor for meir informasjon. De kan òg lese meir om ordningane på www.husbanken.no.

Aktuelt regelverk

- Startlån skal vidaretildelast i samsvar med [forskrift om startlån](#).
- Rente- og avdragsvilkåra er regulert i [forskrift om rente- og avdragsvilkår for lån i Husbanken](#) og utfyllande avgjerder i [retningslinjer om rente- og avdragsvilkår](#) (HB 4.B.5).
- Tilskota skal vidaretildelast i samsvar med [forskrift om tilskot til etablering og tilpasning av bolig, med mer](#).
- [Retningslinjer om tilskot til tilpasning av bolig med mer](#) (HB 8.B.28).
- [Retningslinjer om tilskudd til etablering i egen bolig](#) (HB 8.B.29).

Helsing
HUSBANKEN

Per Ove Jensen
Avdelingsdirektør

Vigdis Ulleberg
Rådgiver

Vedlegg
Låneatale og betalingsplan



Undertegnede **Herøy kommune**, org.nr. 964978840,
erkjenner å skyldes Husbanken, org.nr. 942114184,

kr 12 000 000,- tolvmillioner kroner.

Rente- og avdragsvilkårene fastsettes av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Husbanken etter retningslinjer vedtatt av Stortinget. For tiden fastsettes renten på grunnlag av renteutviklingen i markedet. Stortinget kan endre retningslinjene.

Rentevilkår

Flytende rente - nominell rente 1,584 % pr. år. - effektiv rente 1,592 % pr. år.

Den oppgitte renten er gyldig fram til neste justering. Den flytende renten i Husbanken kan endres inntil seks ganger i året. Renten beregnes og forfaller til betaling etterskuddsvis. I beregning av effektiv rente inngår for tiden termingebyr. Effektiv rente beregnes i samsvar med Forskrift om låneavtaler.

Husbanken kan ensidig endre renten på grunnlag av renteutviklingen i markedet og/eller etter vedtak av departementet eller Stortinget. Ved renteendringer reguleres terminbeløpet slik at avtalt løpetid opprettholdes. Renteendringer varsles minst 6 uker før iverksettelse. Renteendringer, som skjer før lånet er utbetalt, må låntaker selv holde seg orientert om på www.husbanken.no eller ved å kontakte Husbanken.

Nedbetalingsvilkår

Lånet gis som serielån uten avdragsfri periode og med en total løpetid på 30 år. Etter avtale med Husbanken kan nedbetalingsvilkårene eventuelt endres. Ytterligere opplysninger om nedbetaling av lånet framgår av vedlagte betalingsplan.

Renter og avdrag betales uoppfordret innen forfallsdager som banken bestemmer. Lån med flytende rente kan til enhver tid innfris helt eller delvis uten at det påløper ekstra kostnader.

Gebyrer

Hver termin belastes med et gebyr. Gebyret er for tiden kr 30,-.

Husbanken kan ensidig endre og innføre nye gebyrer når endringen er saklig begrunnet ut fra endringer i bankens kostnader eller i omlegging av bankens gebyrstruktur. Endringer varsles minst 6 uker før iverksettelse.

Forsinket betaling

Innbetalinger anses først å være skjedd når beløpet er godskrevet Husbankens konto. Betales ikke renter og avdrag i rett tid, skal det fra forfall svares forsinkelsesrente fastsatt med hjemmel i forsinkelsesrenteloven av 17. desember 1976.

Låntakerens plikter

Låntakeren forplikter seg til å oppfylle de vilkår som fremgår av bevilgningsbrev og låneavtale.

Husbankens rett til å kreve full innfrielse

Husbanken har rett til å kreve full innfrielse straks hvis

- låntaker vesentlig misligholder låneavtalen
- det er gitt uriktige eller ufullstendige opplysninger til Husbanken som låntaker forsto eller burde ha forstått kunne ha vesentlig betydning for Husbanken

Dersom låntaker ikke straks betaler Husbankens kostnader, herunder gebyrer ved eventuell inndrivelse av gjelden (purregebyr og lignende), kan banken belaste lånekontoen for utgiftene eller kreve utgiftene dekket på annen måte.

Utbetalingsfullmakt

Husbanken har ugjenkallelig fullmakt til å utbetale lånet til kommunen på konto nr. 8647.11.04800.

Aksept av lånevilkår

Vedlagt betalingsplan er en del av låneavtalen. Undertegnede bekrefter å ha mottatt betalingsplan.

Denne låneavtalen er utferdiget i to eksemplarer hvorav låntaker beholder det ene. Undertegnede aksepterer med dette vilkårene i denne avtalen.

(Sted)

(Dato)

(Stempel og underskrift av ordfører)

(Gjentas med blokkbokstaver)

Dersom andre enn ordføreren undertegner avtalen, skal det legges ved dokumentasjon som viser at vedkommende kan forplikte kommunen.

Ved retur av låneavtalen skal kommunen legge ved:

Utskrift av kommunestyrets lånevedtak datert, sak nr.....

Kopi av Fylkesmannens godkjenning datert, hvis kommunen i henhold til kommuneloven §60 nr. 1 er oppført i registeret om betinget godkjenning og kontroll.

Vedlegg: Betalingsplan

Dato: 06.03.2018

HTVU

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Saksnr
14638314 6

STARTLÅN VIDEREUTLÅN - SERIELÅN - FLYT

Lånebeløp i kr 12,000,000

		Effektiv rente i %	1.592
Løpetid i år	30	Gebyr pr. termin i kr	30.00
Avdragsfri periode i år	0	Totalkostnad	14,914,255.74
Terminer pr år	2	Herav renter og gebyrer	2,914,255.74

For tiden er den flytende renten 1,584%. Denne betalingsplanen forutsetter uendret rente resten av lånets løpetid.

Rente- og avdragsvilkårene fastsettes av departementet og Husbanken etter retningslinjer vedtatt av Stortinget.

For tiden fastsettes renten på grunnlag av renteutviklingen i markedet.

Betalingsplanen viser terminbeløp/årlige beløp for et lån som blir utbetalt inneværende måned. Endelig betalingsplan utstedes først ved utbetaling av lånet.

Tabellen nedenfor viser hva som må betales i renter, avdrag og evt. gebyrer for hver termin i hele lånets løpetid.

TERMIN/ÅR	RENTER/GEBYR	AVDRAG	Å BETALE	RESTGJELD
-----	-----	-----	-----	-----
01.10.2018	108,870	200,000	308,870	11,800,000
01.04.2019	93,229	200,000	293,229	11,600,000
01.10.2019	92,153	200,000	292,153	11,400,000
01.04.2020	90,442	200,000	290,442	11,200,000
01.10.2020	88,733	200,000	288,733	11,000,000
01.04.2021	86,791	200,000	286,791	10,800,000
01.10.2021	85,800	200,000	285,800	10,600,000
01.04.2022	83,751	200,000	283,751	10,400,000
01.10.2022	82,623	200,000	282,623	10,200,000
01.04.2023	80,592	200,000	280,592	10,000,000
01.10.2023	79,446	200,000	279,446	9,800,000
01.04.2024	77,752	200,000	277,752	9,600,000
01.10.2024	76,061	200,000	276,061	9,400,000
01.04.2025	74,171	200,000	274,171	9,200,000
01.10.2025	73,093	200,000	273,093	9,000,000
01.04.2026	71,114	200,000	271,114	8,800,000
01.10.2026	69,916	200,000	269,916	8,600,000
01.04.2027	67,955	200,000	267,955	8,400,000
01.10.2027	66,740	200,000	266,740	8,200,000
01.04.2028	65,063	200,000	265,063	8,000,000
01.10.2028	63,389	200,000	263,389	7,800,000

14638314 6 forts. SERIELÅN

TERMIN/ÅR	RENTER/GEByR	AVDRAG	Å BETALE	RESTGJELD
01.04.2029	61,551	200,000	261,551	7,600,000
01.10.2029	60,386	200,000	260,386	7,400,000
01.04.2030	58,477	200,000	258,477	7,200,000
01.10.2030	57,210	200,000	257,210	7,000,000
01.04.2031	55,318	200,000	255,318	6,800,000
01.10.2031	54,033	200,000	254,033	6,600,000
01.04.2032	52,373	200,000	252,373	6,400,000
01.10.2032	50,717	200,000	250,717	6,200,000
01.04.2033	48,931	200,000	248,931	6,000,000
01.10.2033	47,680	200,000	247,680	5,800,000
01.04.2034	45,840	200,000	245,840	5,600,000
01.10.2034	44,503	200,000	244,503	5,400,000
01.04.2035	42,680	200,000	242,680	5,200,000
01.10.2035	41,326	200,000	241,326	5,000,000
01.04.2036	39,684	200,000	239,684	4,800,000
01.10.2036	38,045	200,000	238,045	4,600,000
01.04.2037	36,311	200,000	236,311	4,400,000
01.10.2037	34,973	200,000	234,973	4,200,000
01.04.2038	33,202	200,000	233,202	4,000,000
01.10.2038	31,796	200,000	231,796	3,800,000
01.04.2039	30,043	200,000	230,043	3,600,000
01.10.2039	28,620	200,000	228,620	3,400,000
01.04.2040	26,995	200,000	226,995	3,200,000
01.10.2040	25,373	200,000	225,373	3,000,000
01.04.2041	23,692	200,000	223,692	2,800,000
01.10.2041	22,266	200,000	222,266	2,600,000
01.04.2042	20,565	200,000	220,565	2,400,000
01.10.2042	19,090	200,000	219,090	2,200,000
01.04.2043	17,406	200,000	217,406	2,000,000
01.10.2043	15,913	200,000	215,913	1,800,000
01.04.2044	14,305	200,000	214,305	1,600,000
01.10.2044	12,701	200,000	212,701	1,400,000
01.04.2045	11,072	200,000	211,072	1,200,000
01.10.2045	9,560	200,000	209,560	1,000,000
01.04.2046	7,928	200,000	207,928	800,000
01.10.2046	6,383	200,000	206,383	600,000
01.04.2047	4,768	200,000	204,768	400,000
01.10.2047	3,206	200,000	203,206	200,000
01.04.2048	1,616	200,000	201,616	0

Lengden på første termin avhenger av utbetalingsdato og vil variere fra 6 til 7 måneder. Renten beregnes etterskuddsvis.

Av renter og avdrag som ikke betales i rett tid, betales det forsinkelsesrente.

Post: Postboks 2438 Sluppen
7005 TRONDHEIM
Besøk: Peter Egges plass 2

Kontonr: 6345 05 03594 Tlf: 22961600
Org. nr: 942 114 184 Fax:
firmapost.trondheim@husbanken.no

Delegerte saker frå avdelingane

**DS 8/18 Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 -
Madelynn Coffee Strand 11.04.2018 00:00:00**

**DS 9/18 Skjenkebevilling - søknad om å ta med skjenkeløyvet til
Mulevika 07.05.2018 30.04.2018 00:00:00**

**DS 10/18 Tildeling av prikkar ved manglande innrapportering av
omsetning alkohol - Spar Fosnavåg 18.04.2018 00:00:00**

**DS 11/18 Skjenkebevilling - Moltustranda mosjonsfestival - godkjenning
av søknad for 26.05.2018 04.05.2018 00:00:00**

**DS 12/18 Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 -
Yong Hong Restaurante AS 11.04.2018 00:00:00**

**DS 13/18 Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 -
Kami Skotholmen AS 11.04.2018 00:00:00**

**DS 14/18 Tildeling av prikkar for manglande omsetningsoppgåve 2017 -
Prego restaurante AS 11.04.2018 00:00:00**

**DS 15/18 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement
(enkelt, bestemt anledning) Bobiltreff 27 og 28 april 2018. 23.04.2018
00:00:00**

**DS 16/18 Kjøp av bustadtomt på gnr 45 bnr 188 i Dragsund 23.04.2018
00:00:00**

Referatsaker

**RS 19/18 Oversending av sak for handsaming av Vanylven kommune -
refusjon i Myklebuståsen Oversending av sak for handsaming av
Vanylven kommune - refusjon i Myklebuståsen 17.04.2018 00:00:00**

NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Samfunnsutvikling

Saksnr
2017/1580

Arkivkode
233

Dato
17.04.2018

OVERSENDING AV SAK FOR HANDSAMING AV VANYLVEN KOMMUNE - REFUSJON I MYKLEBUSTÅSEN

Herøy kommune har motteke søknad om å handsame sak vedrørende refusjon av kostnader til infrastruktur i Myklebuståsen frå Myklebuståsen Utbygging as.

Før sakshandsaming vart søknaden sendt til advokat for uttale og vi har fått eit klart råd om å la ei anna kommune handsame saka då Herøy kommune som grunneigar er part i saka. Det fyl av **Forvaltningsloven § 6, 1. ledd bokstav a), jfr. § 10** at Herøy kommune er inhabil.

Vanylven kommune har sagt seg positive til å handsame denne saka for Herøy kommune og søknaden med vedlegg vert å sende vidare til dei.

Med helsing

Jarl Martin Møller



Herøy kommune postmottak

Saksbehandlar:
Synnøve Vasstrand Synnes

Dykkar referanse:

Vår referanse:
NYÅK/18/37-1

Journalpost:
18/238

Arkivkode:
FE-026

Dato:
24.04.2018

Nye Ålesund kommune – deltaking i interkommunale samarbeid etter 01.01.2020

Dei fem kommunane som frå 01.01.2020 skal etablere nye Ålesund kommune deltek i dag i ei rekke interkommunale samarbeid, i ulike konstellasjonar og med ulike former for organisering.

Nye Ålesund kommune er i utgangspunktet positiv til å delta i interkommunale samarbeid også i framtida.

Fellesnemnda handsama i møte 15.02.18 sak om framtidig deltaking i interkommunalt samarbeid, samt kva for prinsipp som skal vere førande for slike samarbeid. Følgjande vedtak vart gjort:

- Fellesnemnda for nye Ålesund kommune har etter oppdrag gitt i sitt mandat pkt. 3.7.5 vurdert interkommunale samarbeid som noverande kommunar Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund deltek i. Som eit ledd i arbeidet med å gjere nye Ålesund operativ frå startstidspunktet 01.01.20, jf. pkt. 3.8 i mandatet, og etter delegert fullmakt gitt i mandatet pkt. 3.9.1 og 3.9.8, gjer fellesnemnda slikt vedtak:

1. Fellesnemnda vil at nye Ålesund kommune kan delta i følgjande samarbeid utan endring i anna enn nye juridiske partar:

a. *Administrativt vertskommunesamarbeid:*

- Overgrepsmottak

b. *Interkommunale selskap:*

- IKA (Interkommunalt arkiv)
- Sunnmøre regionråd

c. *Felles styre:*

- IUA (Interkommunalt utval for akutt forureining)



2. Fellesnemnda vil at nye Ålesund kan delta i følgjande samarbeid, men med nye avtalar:

a. Administrativt vertskommunesamarbeid:

- i. Barnevern
- ii. Brannvern
- iii. Kemner
- iv. Krisesenter
- v. IT, drift
- vi. Landbrukskontor
- vii. Legevakt
- viii. PPT

b. Interkommunale selskap:

- i. Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal
- ii. Sunnmøre kontrollutvalsekretariat
- iii. ÅRIM

c. Felles styre:

- i. Ålesundregionens havnevesen

3. Fellesnemnda vil at nye Ålesund ikkje fører vidare følgjande samarbeid slik det er i dag:

a. Interkommunale selskap:

- i. SAHARA

b. Felles styre:

- i. IT, strategi og bestilling

4. Samarbeid som krev nærare kartlegging:

a. Fellesnemnda tek til vitande det er nødvendig å gjere ei nærare kartlegging av samarbeid om følgjande oppgåver (jf. delprosjektgruppe P3 si utgreiing om felles råd (pkt. I) og om NAV (pkt. G)):

- i. Forliksråd
- ii. NAV

iii. Politiråd

IV. Åknes/Tafjord beredskap

b. Prosjektleiaren blir bedt om å starte denne kartlegginga så snart som råd og kome tilbake til fellesnemnda med si tilråding.

5. Administrativt vertskommunesamarbeid:

a. Denne samarbeidsforma blir avgrensa til tilfelle der ein kommune (samarbeidskommunen) let ein annan kommune (vertskommunen) utføre lovpålagte oppgåver på sine vegne og delegerer mynde til å gjere vedtak som omtala i forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav a.

b. Der det er aktuelt at nye Ålesund deltek i vertskommunesamarbeid om ei lovpålagt oppgåve, som vertskommune for fleire enn éin samarbeidskommune, legg fellesnemnda til grunn at alle samarbeidskommunane skal delta i same omfang.

c. Fellesnemnda ber prosjektleiaren følgje opp samarbeida nemnt i pkt. 2 a ovanfor, ved å be eigne faggrupper legge fram sine vurderingar av vilkåret sett i pkt. 5 b ovanfor og kva administrative og økonomiske rammer som bør leggjast til grunn for samarbeidet. Faggruppene sine vurderingar med prosjektleiaren si tilråding blir å legge fram for fellesnemnda.

6. Interkommunale selskap og samarbeid med felles styre:

a. Fellesnemnda legg til grunn at vilkåret for deltaking i samarbeid nemnt i pkt. 2 b og 2 c ovanfor, er utarbeiding av nye avtalar med hovudvekt på

i. formålet med samarbeidet

ii. oppgåver og mynde som skal ligge hos samarbeidsorganet

iii. sikring av god deltakarstyring

iv. grunnlag for det økonomiske oppgjeret mellom samarbeidskommunane – kost /nytte, grunnkostnad/meirkostnad, mv.

v. samsvar mellom økonomisk ansvar/plikter og representasjon i styrande organ

b. Fellesnemnda ber arbeidsutvalet om snarast å opprette komité(ar) med administrativ støtte for å vurdere dei nemnte samarbeida med utgangspunkt i pkt. 6 i. – v. ovanfor, og legge fram si tilråding for fellesnemnda.

7. Anna samarbeid:

a. Fellesnemnda er positiv til å føre vidare andre samarbeid dei fem kommunane i nye Ålesund i dag deltek i. Dette kan vere samarbeid om ulike oppgåver av meir eller mindre permanent karakter, kjøp og sal av tenester, medlemskap i foreiningar og lag, og inngåtte partnerskap. Dette vil fellesnemnda ta nærare stilling til på eit seinare tidspunkt.

b. Fellesnemnda er kjent med at staten kan kome til å gi pålegg til små kommunar om å samarbeide med andre kommunar for å utføre oppgåver og gi tenester som kvar kommune er pålagt eit direkte ansvar for. Dersom dette skjer, er fellesnemnda positiv til at nye Ålesund kan vere vertskommune.

8. **Grunngjeving** for fellesnemnda sitt vedtak i pkt. 1 - 7 ovanfor går fram av delprosjektgruppe P3 si utgreiing og tilråding datert 09.01.18.

Leiaren i fellesnemnda saman med prosjektleiaren blir bedt om å orientere noverande samarbeidskommunar om fellesnemnda sitt vedtak ovanfor.

Nye Ålesund kommune vil i løpet av kort tid ta kontakt med aktuelle kommunar med tanke på vidareføring av interkommunalt samarbeid på ulike område. Vi vil i første omgang prioritere dei administrative vertskommunesamarbeida, då desse i stor grad omfattar kjernetenester til innbyggjarane og det er viktig å få på plass avklaringar snarast.

Ansvar for koordinering av vidare prosess på dei ulike områda er fordelt slik:

- Barnevern
 - o Storfjorden barnevern: Kristian Skålhavn
 - o Advokattenester: Olav Aarø/Kristin Otterlei
 - o Barnevernsvakt: Reidun Trones Vikan
- Brannvern: Geir Thorsen
- Kemner: Lindis S. Nyland
- IT drift: Are Staurset
- Landbrukstenester: Helga Færøy
- Legevakt, ØHD, nødnett, overgrepsmottak: Torfinn Vingen/Tom Christiansen
- Krisesenter: Reidun Trones Vikan
- PPT: Hilde Sjørdal
- NAV/sosialteneste: Eige prosjekt i nye Ålesund – Ørjan Haram leiar arbeidsgruppa

Med helsing

Synnøve Vasstrand Synnes
assisterande prosjektleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Anny Sønderland
Bente Glomset Vikhagen
Kristian Skålhavn
Liv Stette
Turid Hanken

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]

Sendt: 08.05.2018 15:02:25

Til: Lisbeth Moltu Espeseth

Tittel: Nye Ålesund kommune - deltaking i interkommunale samarbeid etter 01.01.2020

Fra: Synnøve Vasstrand Synnes <Synnove.Vasstrand.Synnes@alesund.kommune.no>

Sendt: 24. april 2018 14:23

Til: Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>

Emne: 18/238 Nye Ålesund kommune - deltaking i interkommunale samarbeid etter 01.01.2020

Se vedlegg



Foto: Kristin Myrene

Årsmelding 2017

for

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Innhold

Føremålet til Søre Sunnmøre Landbrukskontor	2
Styret for SSL for 2015 - 2019	2
Styret sitt arbeid	2
Økonomi.....	3
Rekneskapen	3
Tilsette.....	4
SSL sine oppgaver innafor jord,- skog og viltforvaltning.....	4
Produksjonstilskot og avløysartilskot.....	4
Regionalt miljøprogram – RMP.....	5
SMIL-midlar	5
Tilskot til drenering.....	6
Gjødselplanar.....	7
Avløysing under sjukdom.....	7
Søknaden i Ulstein vart handsama før årsskiftet i 2016 og refusjonen utbetalt i 2017.....	7
NMSK midlar.....	7
Hogst og skogforvaltning	8
Jord- og konsesjonslovsaker, reguleringsplanar og kommuneplanar	8
Planlegging og rettleiing	9
Tilskot til utsiktrydding	9
Viltforvaltning.....	10
Oppsummering.....	10

Føremålet til Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Søre Sunnmøre Landbrukskontoret (SSL) er eit interkommunalt selskap som vart etablert 01.01.1994. Kommunane Herøy, Ulstein og Hareid er eigarar. Selskapet er organisert etter § 27 *interkommunalt samarbeid* i Kommunelova.

Føremålet med SSL er å vidareføre verksemda til det statlege landbrukskontoret. Kontoret arbeider med rådgjeving og sakshandsaming etter gjeldande lover og regelverk, og oppgåver som er vedteke særskild for SSL.

Styret for SSL for 2015 - 2019

Kommune	Medlem	Personlege vara medlem
Hareid	Annika Hove, leiar 2015 - 2017 Anders Riise, nestleiar 2015 - 2017	Annika Brandal Hallgeir Teigene
Ulstein	Lisa-Mari Breivik Andersson Trond Berg	Wenche Osnes Låbakk Magnus Kleven Eriksen
Herøy	Marie Runde Svein Ulrik Helt Brubakk	Ingebjørg Lyster Tor Sindre Steinsvik

Styret vel eit forhandlingsutval som i hovudsak har ansvaret for lønnsforhandlingane. Styreleiar er leiar i utvalet, og kvar av dei andre kommunane har eit styremedlem i utvalet. Utvalet er vald for perioden 2015-2017.

Styret sitt arbeid

Styret skal vedta budsjett, årsmelding og rekneskap. I tillegg skal styret opprette eller inndra stillingsheimlar og fastsette løn til dei tilsette. Styret kan godkjenne arbeidsoppgåver og oppdrag ut over dei lovpålagde oppgåvene, og fastsette gebyr for desse tenestene.

Etter kommunevalet i 2015 peika kommunane ut medlemmene i styret for 4 år. Kjønnsbalansen i styret er 50/50. Styret konstituerer seg sjølv, men leiar og nestleiarvervet går på omgang mellom kommunane. Det var Hareid kommune sin tur til å ha leiarverva i 2015-17.

Styret har halde 2 styremøte i løpet av året og handsama 11 saker. Kvart halvår går styret gjennom ein budsjettkontroll av rekneskapen. Forhandlingsutvalet gjennomførde drøftingsmøte 19.09 og lokale lønnsforhandlingar 27.09 med Fagforbundet og Nito. Nito i Herøy kommune tok på seg å føre forhandlingane for medlemmene i Naturviterne.

Oppfølging av Fylkesmannen sin forvaltingskontroll av organiseringa av SSL vart følgt opp av arbeidsgruppa som Rådmennene sette ned 02.12.2016. Det vart halde to arbeidsmøte i gruppa den 13.03. og 21.06. I tillegg var det drøftingsmøte med tilsette den 21.03.

Arbeidsgruppa la fram eit likelydande saksframlegg og utkast til vertskommuneavtale. Rådmennene i samarbeidskommunane tok saka til politisk handsaming i si kommune og det vart fatta likelydande vedtak. Samarbeidet om SSL vert oppheva frå 01.01.2018. Det vert inngått vertskommuneavtale mellom kommunane Hareid, Herøy og Ulstein om felles landbrukskontor i samsvar med kommunelova §28-1b. Herøy vert vertskommune med Hareid og Ulstein som samarbeidskommunar.

Økonomi

Drifta av SSL vert fullfinansiert ved at eigarkommunane betalar sin budsjetterte del av utgiftene til SSL, jmf. § 4b i vedtektene. Fordelinga mellom kommunane er slik: Herøy kommune: 43 %, Ulstein kommune: 29 %, Hareid kommune: 28 %. Andre inntekter går til fråtrekk på det eigarkommunane betalar inn. I 2017 var andre inntekter: utarbeiding og sal av gjødselplanar og sal av kommunal skogforvaltingsteneste til Sande kommune. Disposisjonsfondet skal vere ein buffer for uventa kostnader i løpet av året. Vi kan ikkje sjå at det er fare for endra økonomisk situasjon for kontoret.

Rekneskapen

Pr 31.12.17 var disposisjonsfondet for SSL på kr. 875.411. I tillegg kjem det bunde fondet Fiskarbonden på kr. 5.000,-. Midlane har vorte ståande att etter at prosjektet vart avslutta.

Rekneskapen for 2017 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 358 480,-. Overføringane frå eigarkommunane og Sande kommune er i samsvar med budsjettet. Mindreforbruket skuldast i hovudsak vakanse i ei 50 %-stilling. Det vart budsjetttert med denne stillinga også i 2017 då styret avventa resultatet av omorganisering av SSL.

Sum driftsinntekter	kr. 3 077 200,-
<u>Sum driftsutgifter</u>	<u>kr. - 2 877 545,-</u>
Brutto driftsresultat	kr. 199 655,-
Sum eksterne finansinntekter	kr. 6 420,-
<u>Sum eksterne finansutgifter</u>	<u>kr. - 940,-</u>
Resultat eksterne finanstransaksjonar	kr. 5 480,-
Netto driftsresultat	kr. 205 135,-
Sum bruk av avsettingar	kr. + 689 614,-
<u>Sum avsettingar</u>	<u>kr. - 536 269,-</u>
Driftsmesseg meir/-mindreforbruk	kr. 358 480,-

Tilsette

Stilling	Tilsett
Landbrukssjef – 100 % stilling	Anne Kathrine Løberg
Landbruksrådgjevar – 100 % stilling	Oddvar Gjerde
Fagkonsulent – 100% stilling	Kristin Myrene
Konsulent – 50 % stilling	Marianne S. Nerland

Det er 4 tilsette ved kontoret i 3,5 stillingar. Kontoret har stabil bemanning og halvparten av dei tilsette har vore ved kontoret i godt over 30 år. Viss det blir tale om tilsetting av nye medarbeidarar vert det lagt vekt på balanse i kjønn og etnisk bakgrunn i tillegg til fagleg utdanning og erfaring.

Landbrukssjefen har gjennomført to formelle medarbeidersamtalar med kvar tilsett, ein i januar og ein i oktober/ november. Sjukefråværet gjennom året har vore på 4,4 % (6,3 % i 2016). Fråveret gjeld berre korttids fråver.

SSL er IA-bedrift og det er vedteke mål for verksemda sitt IA arbeid. Arbeidsmiljøet ved kontoret vert følgt opp gjennom samarbeidsplanen mellom SSL og bedriftshelsetenesta Medi3. Planen vart revidert og gjeld no for 2016-2017.

Fram til det er vedtatt eigen lønnspolitikk for SSL vert lokal lønnspolitikk for Herøy kommune nytta. Det er utarbeidd eige personalhandbok for SSL med retningslinjer for arbeidstid, velferdsordningar og reiseregulativ. For ordningar som ikkje er omtalt i personalhandboka vert retningslinjer og ordningar som gjeld Herøy kommune nytta.

SSL sine oppgåver innafor jord,- skog og viltforvaltning

Kontoret leverer lovpålagde kommunale tenester innafor landbruksforvaltning og viltforvaltning til dei tre eigarkommunane. I tillegg kjøper Sande kommune dei kommunale skogforvaltningstenestene. Ut over dei lovpålagde tenestene gir kontoret og rettleiing til gardbrukarar innafor kontoret sine fagområde. I tillegg lagar vi gjødselplanar på bestilling frå gardbrukarane. Dette arbeidet vert fakturert.

Produksjonstilskot og avløysartilskot

I 2017 vart det omlegging av søknadsomgangane for produksjonstilskot og avløysartilskot. I frå å søkje 20. januar og 20. august vart søknadsfristane endra til 15. mai for husdyr og 15. oktober på søknad om Areal- og kulturlandskapstilskot og Avløysartilskotet. På grunn av omlegginga, vart det fortsatt søknadsfrist 20. januar. Fram mot fristane er det stor pågang med spørsmål frå gardbrukarane. Alle må frå no av søkje elektronisk og vi har ein PC tilgjengeleg for brukarane slik at dei kan kome til landbrukskontoret for å fylle ut søknaden. Talet søkjarar var ganske likt året før.

Søknadane vert sakshandsama etter oppsette fristar og 10 % av søknadane vert kontrollert ved gardsbesøk.

Kommune	Produksjonstilskot utbetalt juni 2017		Produksjonstilskot søknadsomgang 15.mai og 15.oktober 2017	
	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot	Tal på søkjarar	Utbetaling Februar 2018
Herøy	65	3 009 325	68	
Ulstein	32	1 969 835	33	
Hareid	17	960 720	20	

Regionalt miljøprogram – RMP

Ordninga har som føremål å fremje tiltak som tek i vare kulturlandskapet og som reduserer forureining. Kva tiltak som gir tilskot vert stadig endra og ordninga krev difor god rettleiing. Søknadsfrist på RMP er 20. august.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på søkjarar i 2017	21	7	3
Utbetalt tilskot februar 2017	175 966	57 277	84 714

SMIL-midlar

Gjennom ordninga med Særskilde miljøtiltak i jordbruket (SMIL) vert det løyvd tilskot til tiltak i kulturlandskapet og til tiltak mot forureining.

Innanfor tiltak i kulturlandskapet kan nemnast gamal kulturmark/ tiltak mot attgroing av utmark, freda og verneverdige bygningar, tilgjenge/ oppleving, kulturminne/ naturmiljø, biologisk mangfald, leskur for dyr på beite og tiltak som fremjar organisert beitebruk.

Innanfor tiltak mot forureining kan nemnast grøfting i innmarksbeite, hydrotekniske anlegg (kanalar), høytørke til erstatning for gamle siloar og klimatiltak/ leplanting. Tilskotsprosenten for dei ulike ordningane er frå 30 – 50 % med inntil 60% for samarbeidstiltak. Til rydding av gamal piggtråd og gjerde vert det gitt 70 %i tilskot.

Dei som får løyvd SMIL-midlar har frist på 3 år for å gjennomføre tiltaket. Om nødvendig kan fristen forlengast med 2 år. Søkjarar som ikkje får løyvd midlar eine året vert vurdert for tildeling året etter.

SMIL forskrifta vart sist endra den 01.01.2017. Gardbrukarar som fyller krava til å søkje om produksjonstilskot som kan søkje på ordninga, samt grunneigarar som leiger ut all dyrka jord med 5-årig leigeavtale. Endringa har ført til at lag og foreiningar ikkje kan søkje på ordninga.

Lokal strategi for tildeling av midlar vert revidert kvart fjerde år. Det vart vedteken ny strategiplan i 2017 for økonomiske verkemiddel i jordbruket 2017 – 2020. Planen er lik i Herøy, Ulstein og Hareid.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Inndregne midlar frå tidlegare år	0	20 000	0
Tildelte midlar	160 000	90 000	50 000
Ekstra tildelte midlar i 2017	45 200	44 200	0
Sum midlar for tildeling i 2017	205 200	154 200	50 000
Tal på nye søkjarar i 2017	9	3	1
Tal på søknadar frå tidlegar år handsama i 2017	6	2	0

Etter førespurnad frå Fylkesmannen om behov for ekstra SMIL-midlar i 2017 fekk vi tildelt kr. 45 200,- til Herøy kommune og kr. 44 200,- til Ulstein kommune. To fellestiltak vart prioritert her.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på søknader som fekk løyving	6	5	1
Tal på søknadar som fekk avslag	0	1	0
Tal søknader utsett til 2018	9	1	0
Tal på søknader for sluttutbetaling	6	1	0
Tal på søknader for delutbetaling	1	0	0
Sum SMIL-midlar til utbetaling i 2017	113 030	6 100	0

Tilskot til drenering

Tilskot til drenering av jordbruksjord vart innført i 2013. Føremålet med tilskotet er å auke kvaliteten på jordbruksareal som er grøfta tidlegare. Det er og eit mål å redusere faren for erosjon og overflateavrenning. Frå og med 01.07.2017 vart tilskotssatsane for drenering auka.

Det vart brukt kr. 8 100,- i unyttta midlar til drenering frå Hareid kommune i 2017.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Tildeling for 2017 i kroner	30 000	30 000	30 000
Tal på søknader	0	2	2
Areal i dekar	0,0	24,0	11,0
Løyvd tilskot i kroner	0	38 100	22 050
Tal søknadar for sluttutbetaling	0	1	0
Sum tilskot utbetalt i 2017	0	7 000	0

Gjødselplanar

Det vart utarbeid 12 gjødselplanar i løpet av året. Vi er ein av fleire tilbydarar som lagar gjødselplanar. Gardbrukaren kan velje om han vil take jordprøvene sjølv eller om vi skal gjere arbeidet. Prøvene blir sendt inn for analyse og gjødselplanen vert så utarbeidd ved landbrukskontoret. Kostnaden med utarbeiding av gjødselplan vert fakturert gardbrukaren.

Avløyasing under sjukdom

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Handsama saker	2	0	2
Utbetalt refusjon 2017	86 091	10 500	94 770

Søknaden i Ulstein vart handsama før årsskiftet i 2016 og refusjonen utbetalt i 2017.

NMSK midlar

Næring- og miljøtilskot i skogbruket vert i all hovudsak nytta til skogplanting og stell av ungsog. Løyvinga gjekk noe ned i forhold til 2016. Då det var eit større etterslep på planting i Hareid kommune etter Dagmar-hogstane vart det løyvd ekstra midlar frå Fylkesmannen på tampen av året. Nokre hogstfelt vart trekt ut i foryngingskontroll og skogeigarane vart følgt opp med synfaring og/eller personleg kontakt. Det er særskilt viktig at skogeigarane forstår kvifor det skal plantast til med ny skog. Planting på dei eldste felta vart prioritert seinhausten 2017.

NMSK strategien vart revidert etter møte med faglaga. Gjeldande startegi er for perioden 2017 - 2020. Strategien for Sande kommune vart tilpassa denne strategien. Som del av strategien kan tilskotsmidlane flyttast mellom kommunane.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid	Sande
Tildelte midlar i 2017	0	0	40 000	0
Løyvde midlar i 2017	0	0	79 622	0
Tal planter gran	0	0	27 880	0
Planta areal i dekar	0	0	125	0

Hogst og skogforvaltning

Det er starta opp ny hogstaktivitet i Hareid kommune dette året. Starten på arbeidet vart initiert gjennom «sikrings-hogt» i regi av Mørenett. Det har vore hogd på Nesset, Snipsøy, Bigset og Riise. I tillegg har det vore hogd mindre volum i Ulstein og Sande.

Kommune	Hareid	Ulstein	Sande
Sagtømmer i m3	5 840	404	0
Massevirke og anna i m3	3 583	248	69
Sum volum i m3	9 423	652	69
Del sagtømmer/ massevirke i %	64/36	62/38	0/100
Brutto verdi i kroner	2 948 508	165 705	12 871

Bigset skogsveg søkte om tilskot til oppgradering av snuplassen på Bigset. Vi heldt orienteringsmøte for skogeigarane i samband med søknaden. I tillegg vart det søkt om tilskot til nybygging av ein tung traktorveg i Sande kommune. Vi deltok på skogkveld i regi av Søre Sunnmøre Skogeigarlag den 13.12 på Ishavsmuseet i Brandal.

Jord- og konsesjonslovsaker, reguleringsplanar og kommuneplanar

Kontoret gir fagleg uttale i søknader som skal handsamast etter jordlova i Herøy og Ulstein kommune. I Herøy vert sakene handsama politisk i Maritim- og teknisk komité. I Ulstein kommune vert sakene handsama i Teknisk utval. Enkle saker vert avgjort administrativt i begge kommunane etter uttale frå landbrukssjefen. Vi skriv saksutgreiing på søknader om konsesjon og legg dei fram for politisk handsaming i dei same utvala. I Hareid kommune skriv vi saksutgreiing til alle saker etter jord- og konsesjonslova. Sakene vert handsama i Næring- og miljøutvalet.

Frå 18.04.2018 fekk kommunane ansvaret for å føre konsesjonsvedtaka i Matrikkelen. Vi hadde møte med kollegar ved rådhusa for og samordne rutinar for sakshandsaminga. I praksis handsamar SSL alle konsesjonssøknadane og vi stadfestar eigenfråsegn om konsesjonsfridom i LNF område.

Vi har mange spørsmål knytt til fradeling av areal, overdraging eller sal av landbrukseigedomar. Her gir vi rettleiing om lovverk og hjelper til med utfylling av skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom og søknad om konsesjon.

Vi gir uttale til reguleringsplanar i alle kommunane og er del av kommunane sitt arbeid med kommuneplanane. Utarbeiding av Landbruksplan har vorte sett på den politiske dagsorden både i Herøy og Ulstein. Vi har diverre ikkje hatt tid til å prioritere arbeidet dette året.

Saker som gjeld planering og massedeponi tek ofte lang tid då sakene vert handsama etter ulike lovverk. Det er naudsynt å avklare kven som skal handsame saka, vi eller kollegar på rådhusa. Det vart starta på to saker i løpet av året, ein i Herøy og ein i Ulstein.

Tal på uttale i saker	Herøy	Ulstein	Hareid
Omdisponering av dyrka mark	0	1	0
Deling etter jordlova	15	3	5
Konsesjonslova	5	1	1
Reguleringsplanar	8	1	2
Vegar, planering, naust, flytebrygger, bygg m.m.	9	4	3

Planlegging og rettleiing

Vi gir uttale til alle søknadar om investeringstilskot og lån som går til Innovasjon Norge om BU-midlar. I 2017 gav vi uttale til to søknader. Den eine søknaden gjaldt midlar til ombygging av eit hønsehus på Leikong, der ombygginga besto i å bytte ut miljøbur og leggje om til frittgåande høner. Det vart løyvd tilskot og lån til ombygginga. Den andre søknaden gjaldt bygging av nytt kufjøs med mjølkerobot på Flø. Vi gav vår anbefaling til søknaden. Endeleg avgjerd vert teken av Innovasjon Norge i 2018. Det er og teikna eit mindre påbygg til eit reiskapshus på Dimna.

Vi har ansvar for registeret over personar med Autorisasjonsbevis (sprøytesertifikat). Gjennom året arrangerer vi eksamen for dei som skal ta bevis for fyrste gong eller som skal fornye beviset.

Vi sende ut informasjonsskriv i juli og desember til alle gardbrukarar som mottar produksjonstilskot. I tillegg vert det lagt inn aktuell informasjon på heimesida www.landbrukskontoret.no.

Tilskot til utsiktrydding

Tilskotsordninga var ny i 2016. Føremålet med tilskotet er å kombinere utsiktrydding i landbruket sitt kulturlandskap med auka verdiar knytt til kulturlandskapet. I tillegg vert det lagt vekt på å nytte rydningsvirke til bioenergiføremål. Vi fekk ikkje inn søknadar om tilskot til utsiktrydding i 2017.

Viltforvaltning

Kontoret er sekretær i Nemnd for vilt, fiske og friluft i Herøy kommune, og sekretær for Viltnemnda i Ulstein kommune. I Hareid kommune legg vi fram viltsaker for Næring- og miljøutvalet.

Det er ikkje halde særskilde informasjonsmøte dette året grunna vakanse i stillinga som rådgjevar naturforvaltning.

	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på politisk handsama saker	16	27	6
Tal på delegerte saker	11	3	7

Oppsummering

Det vert store endringar ved å gå over til vertskommunesamarbeid frå neste år. Nye rutinar og endra struktur vil sette krav til tilsette i forhold til omstillingar. I løpet av 2018 vert kontoret flytta frå bygget til S-Flis og over til Fristadbygget. Leigeforholdet frå 1990 vart sagt opp i haust. Styret såg likevel på omorganiseringa av landbrukskontoret som ei viktig og god løysing.

Dragsund, den 26.03.2018




Anne Kathrine Løberg

Landbrukssjef

ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor
fram til 01.01.2018

SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR

Rekneskap for år 2017



Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Rekneskap for år 2017

Innholdsliste

- Vedlegg 1: Oversikt balanse
- Vedlegg 2: Detaljer balanse
- Vedlegg 3: Oversikt drift
- Vedlegg 4: Detaljer drift
- Vedlegg 5: Oversikt investering
- Vedlegg 6: Notar
- Vedlegg 7: Revisjonsmelding

Fosnavåg 31.12.17/22.02.18



Anne Kathrine Løberg



Linda Kristin Kvalsvik

Vedlegg 1

Oversikt balanse

Balanseregnskapet

Tall i 1 kroner

Note Regnskap 2017 Regnskap 2016

EIENDELER

ANLEGGSMIDLER

Faste eiendommer og anlegg	0	0
Utstyr, maskiner og transportmidler	0	0
Utlån	0	0
Aksjer og andeler	98 983	86 806
Pensjonsmidler	0	0
Sum anleggsmidler	98 983	86 806

OMLØPSMIDLER

Kortsiktige fordringer	82 030	57 156
Premieavvik	0	0
Aksjer og andeler	0	0
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	1 599 922	1 353 970
Sum omløpsmidler	1 681 952	1 411 126

Sum eiendeler	1 780 935	1 497 932
----------------------	------------------	------------------

EGENKAPITAL OG GJELD

EGENKAPITAL

Disposisjonsfond	-875 411	-400 001
Bundne driftsfond	-5 000	-158 345
Ubundne investeringsfond	0	0
Bundne investeringsfond	0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	-358 480	-486 269
Regnskapsmessig merforbruk	12 177	10 859
Udisponert i investeringsregnskapet	0	0
Udekket i investeringsregnskapet	0	0
Likviditetsreserve	0	0
Kapitalkonto	-131 135	-118 958
Endring rekneskapsprinsipp AK (drift)	0	0
Endring rekneskapsprinsipp AK (investering)	0	0

Sum egenkapital	-1 357 849	-1 152 714
------------------------	-------------------	-------------------

GJELD

LANGSIKTIG GJELD

Pensjonsforpliktelser	0	0
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	0	0

Sum langsiktig gjeld	0	0
-----------------------------	----------	----------

KORTSIKTIG GJELD

Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-423 086	-345 218
Premieavvik	0	0

Sum kortsiktig gjeld	-423 086	-345 218
-----------------------------	-----------------	-----------------

Sum egenkapital og gjeld	-1 780 935	-1 497 932
---------------------------------	-------------------	-------------------

Ubrukte lånemidler	0	0
Andre memoriakonti	0	0
Motkonto for memoriakontiene	0	0

Sum memoriakonti	0	0
-------------------------	----------	----------

Vedlegg 2

Detaljer balanse

T	Konto	Konto (T)	Beløp
	21000010	KASSAKONTO	197,00
	21020100	3909.07.55580 SPAREBANKEN MØRE	1 525 110,02
	21098100	3909.07.55599 Skattekonto, Spareb. Møre	74 615,00
	21310011	REFUSJON FRÅ NAV (FERIEPENGAR)	0,00
	21310100	KORTSIKTIG FORDR.NAV - INTERIMSKONTO	0,00
	21310800	OPPGJ.REFUSJON MOMSKOMPENSASJON	48 413,00
	21314010	Ref. momskompensasjon	0,00
	21314080	GRUNNLAG MOMSKOMPENSASJON	0,00
	21350000	KORTSIKTIG FORDRING DIV	33 617,00
	21375100	Kundereskontro	0,00
	22141000	EIGENKAPITALTILSKOT KLP	98 983,00
	23214000	Oppgjerskonto mva § 11.1	0,00
	23214002	Utgående mva. §11.2	0,00
	23214080	GRUNNLAG MVA-KOMP MOTKONTO	0,00
	23275017	AVSATT FERIELØN	-201 459,58
	23275018	FERIEPENGAR UTBETALES I FERIEÅRET	0,00
	23275067	AVSATT ARB.GJ.AVGIFT FERIELØN	-22 643,90
	23414000	OPPGJ. KONTO SKATTETREKK	-71 229,00
	23414100	FORSKOTSTREKK SKATT	0,00
	23414200	PÅLEGGSTREKK	0,00
	23414300	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	-26 289,00
	23468100	KLP - ARBEIDSGJEVARARS DEL	0,00
	23468101	KLP - ARBEIDSTAKARS DEL, FELLESORDNING	0,00
	23468200	KLP - OPPGJERKONTO	0,00
	23468300	KLP-FORSIKRING, ULYKKE/GRUPPELIV	0,00
	23499000	INTERIMSKTO. FOR UTBET. LØN	0,00
	23499001	ØREAVRUNDING LØN/KOMM.FAKT.	0,00
	23499010	OU-TREKK, KS	0,00
	23499011	FAGFOREININGSTREKK, OU-TREKK	0,00
	23499501	Leverandørreskontro	-101 464,24
	25150000	BUNDE FOND - FISKARBONDEN	-5 000,00
	25199102	Bunde fond Hjorteviltutvalet for Søre Sunnmøre	0,00
	25600100	DISPOSISJONSFOND	-875 411,41
	25600101	DISPOSISJONSFOND, LEIGE DATAUTSTYR	0,00
	25900995	UNDERSKOT INVESTERINGSREKNESKAPEN	12 177,00
	25950590	REKNESKAPSMESSIG OVERSKOT	-358 479,59
	25990100	KAPITALKONTO	-32 152,30
	25990400	KAPITALKONTO AKSJER OG ANDELER	-98 983,00
			0,00

Vedlegg 3

Oversikt drift

Økonomisk oversikt - Drift

Tall i 1 kroner	Note	Regnskap 2017	Regulert budsjett 2017	Opprinnelig budsjett 2017	Regnskap 2016
DRIFTSINNTEKTER					
Brukerbetalinger		0	0	0	0
Andre salgs- og leieinntekter		-4 367	-15 000	-15 000	-28 034
Overføringer med krav til motytelse		-3 072 833	-3 068 220	-3 068 220	-3 080 242
Rammetilskudd		0	0	0	0
Andre statlige overføringer		0	0	0	0
Andre overføringer		0	0	0	0
Innteks- og formuesskatt		0	0	0	0
Eiendomsskatt verk og bruk		0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom		0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter		0	0	0	0
Sum driftsinntekter		-3 077 200	-3 083 220	-3 083 220	-3 108 276
DRIFTSUTGIFTER					
Lønnsutgifter		1 807 539	2 061 100	2 061 100	1 768 936
Sosiale utgifter		460 011	577 210	577 210	450 685
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.		403 135	408 910	408 910	364 208
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.		5 982	0	0	4 788
Overføringer		200 878	49 000	49 000	512 566
Avskrivninger		0	0	0	0
Fordelte utgifter		0	0	0	0
Sum driftsutgifter		2 877 545	3 096 220	3 096 220	3 101 184
Brutto driftsresultat		-199 655	13 000	13 000	-7 092
EKSTERNE FINANSINNTEKTER					
Renteinntekter og utbytte		-6 420	-13 000	-13 000	-7 541
Gevinst finansielle instrumenter		0	0	0	0
Mottatte avdrag på lån		0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter		-6 420	-13 000	-13 000	-7 541
EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og låneomkostninger		940	0	0	253
Tap finansielle instrumenter		0	0	0	0
Avdrag på lån		0	0	0	0
Utlån		0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter		940	0	0	253
Resultat eksterne finanstransaksjoner		-5 480	-13 000	-13 000	-7 288
Motpost avskrivninger		0	0	0	0
Netto driftsresultat		-205 135	0	0	-14 380
BRUK AV AVSETNINGER					
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk		-486 269	0	0	-349 108
Bruk av disposisjonsfond		-50 000	0	0	-471 889
Bruk av bundne fond		-153 345	0	0	0
Bruk av likviditetsreserven		0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger		-689 614	0	0	-820 997
AVSETNINGER					
Overført til investeringsregnskapet		0	0	0	0
Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk		10 859	0	0	8 478
Avsatt til disposisjonsfond		525 410	0	0	340 630
Avsatt til bundne fond		0	0	0	0
Avsatt til likviditetsreserven		0	0	0	0
Sum avsetninger		536 269	0	0	349 108
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk		-358 480	0	0	-486 269

Vedlegg 4

Detaljer drift

Konto	Konto (T)	Beløp	Budsjett vedtatt
10100	Fast lønn	1 758 933,16	1 980 000,00
10108	Pensjonsgjevande tillegg	2 024,65	2 100,00
10400	Overtid	0,00	18 000,00
10801	Møtegodtgjersle	22 000,00	38 000,00
10900	Pensjon	241 023,50	326 700,00
10902	Kollektiv ulykkes- og gruppelivsforsikring	4 632,00	6 000,00
10990	Arbeidsgiveravgift	214 355,40	244 510,00
11000	Kontormateriell	11 760,87	20 000,00
11002	Abonnement aviser og fagtidsskrifter	11 628,00	12 000,00
11003	Faglitteratur	875,00	5 000,00
11151	Servering møter, kurs, representasjon	5 578,43	7 000,00
11201	Arbeidskle	0,00	5 000,00
11202	Velferdstiltak	6 823,00	4 000,00
11203	Anna forbruksmateriell	90,48	0,00
11208	Diverse utgifter	4 843,66	2 000,00
11300	Porto	6 096,00	17 000,00
11301	Telefoni	4 058,97	7 000,00
11302	Banktenester og gebyr	3 575,00	4 500,00
11303	Datakommunikasjon	10 100,00	10 000,00
11400	Annonser og reklame	20 605,10	16 000,00
11500	Kursutgifter	5 878,82	15 000,00
11501	Opphaldsutgifter kurs	1 405,00	0,00
11600	Reiseutgifter, oppgavepliktige	21 062,70	20 000,00
11601	Diettgodtgjersle, oppgavepliktige	0,00	2 000,00
11603	Km godtgjersle skattepliktig del	3 518,64	1 000,00
11703	Reiseutgifter, ikke oppgavepliktige	3 794,60	5 000,00
11800	Straum	26 724,13	30 000,00
11850	Forsikring	9 570,00	11 000,00
11900	Husleige	146 663,00	141 610,00
11950	Avgifter på eieendom	0,00	500,00
12000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	16 252,00	0,00
12001	Verktøy og utstyr	0,00	2 000,00
12200	Leie (operasjonell leasing) av driftsmidler	41 813,40	25 000,00
12400	Serviceavtaler og reparasjoner	0,00	7 000,00
12600	Renhold, vaskeri- og vaktmestertjenester	53 400,71	50 000,00
12700	Konsulenttjenester	11 598,80	12 300,00
13700	Kjøp fra andre (private)	5 982,00	0,00
14290	Moms generell kompensasjonsordning	47 491,77	49 000,00
14500	Overføringer til kommunar	153 345,00	0,00
14702	Div. øre/kroneavrund.-øre/kronebalanse	41,11	0,00
15001	Morarenter	940,28	0,00
15300	Dekning tidlegare års rekneskapsunderskudd	10 859,00	0,00
15400	Avsetning til disposisjonsfond	525 410,00	0,00
15800	Årets rekneskapsmessige overskot	358 479,59	0,00
16200	Avgiftsfrie salsinntekter	-4 089,00	-15 000,00
16201	Gebyrinntekter Avgiftsfritt	-134,00	0,00
16500	Avgiftspliktig sal av varer og teneste	-144,00	0,00
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-47 491,77	-49 000,00

Periode=[201700,201712]

Konto	Konto (T)	Beløp	Budsjett vedtatt
17500	Refusjon frå andre kommuner	-3 019 221,00	-3 019 220,00
17700	Refusjon frå andre (private)	-6 120,00	0,00
19000	Renteinntekter	-6 420,00	-13 000,00
19300	Disponering av rekneskapsmessig overskot	-486 269,00	0,00
19400	Bruk av disposisjonsfond	-50 000,00	0,00
19500	Bruk av bundne fond	-153 345,00	0,00
		0,00	0,00

Vedlegg 5

Oversikt investering

Skjerm bilde: GL30
Bruker : LINDKV

Søre Sunnmøre landbrukskontor
(CEKF) Spørring saldotabell

Side: 1
13.03.2018 11:23:55

Konto	Konto (T)	Beløp	Budsjett vedtatt
05290	Kjøp av aksjer og andelar	12 177,00	0,00
09800	Udekket meirforbruk	-12 177,00	0,00
		0,00	0,00

Vedlegg 6

Notar

Noter til årsrekneskapet 2017

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

NOTE 1 Rekneskapsprinsipper

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med lov og avtaleverk, og god kommunal rekneskapsskikk.

NOTE 2 Lønskostnader, møtegodtgjersle:

Konto	Konto (T)	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Budsjett 2017
10100	Fast lønn	1701342,59	1758933,16	1980000,00
10108	Pensjonsgjevande tillegg	2024,65	2024,65	2100,00
10300	Ekstrahjelp	0	0	0
10400	Overtid	0	0	18000,00
10801	Møtegodtgjersle	46000,00	22000,00	38000,00
10888	Påløpte lønskostnader utbetalt neste år	0	0	0
10900	Pensjon	239616,00	241023,50	326700,00
10902	Kollektiv ulykke- og gruppelivforsikring	4632,00	4632,00	6000,00
10990	Arbeidsgiveravgift	206437,39	214355,40	244510,00

NOTE 3 Fond

Konto	Konto (T)	Saldo 01.01	Saldo 31.12	Endring
25150000	Bunde fond Fiskarbonden	5000,00	5000,00	0,00
25199102	Bunde fond Hjorteviltutvalet for Søre Sunnmøre	153344,61	0	-153344,61
25600100	Disposisjonsfond	350001,41	875411,41	525410,00
25600101	Disposisjonsfond, leige datautstyr	50 000,00	0	-50000,00

NOTE 4 Kapitalkonto

	Debet	Kredit
Inngående balanse pr. 01.01.17		118 958,30
Kjøp av aksjer og andeler		12 177,00
Utgående balanse pr. 31.12.17	131 135,30	

NOTE 5 Oversikt over aksjer og andelar

Andelar

Kontonummer i balansen	Selskap / Firma	Bokført verdi 2017	Bokført verdi 2016
2.2141.000	Eigenkapitaltilskot	98 983,00	86806,00

NOTE 6 Kretsløp 1 Arbeidskapital

Frå balansen	Kapittel	Saldo 01.01	Saldo 31.12	Endring
Omløpsmidler	2.1	1 411 126	1 681 952	270 826
Kortsiktig gjeld	2.3	-345 218	-423 086	77 868
Sum endring i balansen for avstemming mot drift og investering				192 958
Frå drift og investering		Frå drift	Frå investering	
Sum inntekter		-3 077 200		
Sum utgifter		2 877 545	12 177	
Avskrivninger				
Eksterne finansieringsinnt.		-6 420		
Eksterne finansieringsutg.		940		
Sum diff. Drift/investering		-205 135	12 177	-192 958
Differanse				0


NOTE 7 Rekneskapsmessig mindreforbruk

Konto	Konto (T)	2015	2016	2017
15800	Rekneskapsmessig mindreforbruk	349108,14	486269,07	358479,59

NOTE 8 Overføring frå deltakande kommune

Herøy kommune:	kr 1.289.665,-	(43%)
Hareid kommune:	kr 839.782,-	(28%)
Ulstein kommune:	kr 869.774,-	(29%)
Sande kommune:	kr 20.000,-	

Fosnavåg, 22.02.2018


Linda Kristin Kvalsvik

Vedlegg 7

Revisjonsmelding

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til Søre Sunnmøre landbrukskontor

6080 GURSKØY

REVISJONSUTTALE 2017

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Søre Sunnmøre landbrukskontor for 2017.

Årsrekneskapen består av årsmelding, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og balanse pr 31.12.2017, samt notar som beskriv nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysingar.

Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 205.135,- og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 358.480,-.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Styret og dagleg leiar har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgave er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utførelse av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet sin utarbeidelse av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Revisjonen omfatter og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Revisjon

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Uttale om andre forhold

Budsjettkontroll:

Basert på vår revisjon av rekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at regulert budsjett er i samsvar med budsjettvedtak, og beløpa i årsrekneskapen er i timeleg i samsvar med budsjett (mindreforbruk).

Årsmelding:

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga er konsistente med årsrekneskapen og dekkande for krav i lov og forskrift.

Opphøyr av selskapet som eiga eining:


Det er gjort vedtak om at selskapet skal opphøyra frå 31.12.2017, og vert ein del av Herøy kommune frå 01.01.2018 etter vertkommunemodellen med Hareid og Ulstein som samarbeidskommune

Konklusjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som skildra ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Søre Sunnmøre landbrukskontor sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Søre Sunnmøre landbrukskontor pr 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Ulsteinvik/Herøy 26.mars 2018


Bodill Skeide

Reg. revisor

SØRE SUNNMØRE
KOMMUNEREVISJON IKS



HERØY KOMMUNE